

LENIN

UTVALGTE VERKER I 12 BIND

OKTOBER



Oppbygginga
av Sovjet-
økonomien

12

Mars 1921–Mars 1923

LENIN
Utvalgte verker i 12 bind
Band 12

Arbeidarar i alle land, stå saman!


LENIN

Utvalgte verker i 12 bind

Band 12

Overgangen til fredeleg arbeid med
å gjenoppbyggja nasjonaløkonomien

Lenins skrifter i perioden for overgangen til fredeleg arbeid
med å gjenoppbyggja nasjonaløkonomien er samla i band 12
og dekkjer tida frå 1921 til 1923.



FORLAGET OKTOBER A/S
OSLO 1978

LENIN: UTVALGTE VERKER I 12 BIND

Utgjeve i samsvar med 4. russiske utgåva
frå Marx-Engels-Lenin-instituttet
Moskva 1946

Band 12

Overgangen til fredeleg arbeid med å gjenoppbyggja
nasjonaløkonomien

© Forlaget Oktober A/S 1978

1. opplag, oktober 1978, 5000

Prenta i offset hjå A/S Duplotrykk

ISBN 82-7094-991-4

Lenins skrifter i dette bandet er omsett
etter den engelske teksten i Lenin,
Collected Works, volumes 32 og 33,
Moskva 1973

INNHold

FØREORD FRÅ FORLAGET.....	s.	9
DEN TIANDE KONGRESSEN TIL RKP(b)		
8. — 16. mars 1921.....	s.	11
8. Fyrste utkast til resolusjon på tiande kongressen til RKP(b) om einskap i partiet	s.	11
9. Fyrste utkast til resolusjon på den tiande kongressen til RKP(b) om det syndikalistiske og anarkistiske avviket i partiet vårt.	s.	15
TALE PÅ DEN ALLRUSSISKE TRANSPORTARBEIDARKONGRESSEN 27. mars 1921	s.	20
TIL KAMERATANE KOMMUNISTAR I AZERBAIDSJAN, GRUSIA, ARMENIA, DAGESTAN OG FJELLREPubLIKKEN..	s.	35
OM NATURALSKATTEN		
<i>Kva den nye politikken tyder og vilkåra for han</i>	s.	38
I staden for ei innleiing	s.	38
Den russiske økonomien i våre dager <i>(utdrag frå brosjyren frå 1918)</i>	s.	39
Naturalskatt, fridom til å driva handel og konsesjonar	s.	52
Politisk oppsummering og slutningar	s.	72
Konklusjon	s.	80

DEN TREDJE KONGRESSEN TIL DEN KOMMUNISTISKE INTERNASJONALEN

22. juni — 12. juli 1922 s. 82

1. Tesar til ei melding om taktikken til
RKP s. 82

1. Den internasjonale stillinga til RSFSR . s. 82

2. Korleis klassekreftene er stilte opp in-
ternasjonalt s. 83

3. Korleis klassekreftene er stilte opp i
Russland s. 84

4. Proletariatet og bøndene i Russland .. s. 85

5. Militæralliansen mellom proletariatet
og bøndene i RSFSR s. 86

6. Overgangen til høvelege økonomiske
tilhøve mellom proletariatet og bøndene s. 86

7. Vilråa som skal til for at sovjetregje-
ringa kan tillata kapitalisme og konse-
sjonar, og kva dette tyder s. 87

8. Framgangen for matforsyningspolitik-
ken vår s. 88

9. Det materielle grunnlaget for sosialis-
men og planen om å elektrifisera Russ-
land s. 89

10. Rolla til «det reine demokratiet», Den
andre- og To-og-ein-halv-internasjonala-
len, dei sosialrevolusjonære og mensje-
vikane som allierte for kapitalen s. 90

NYE TIDER OG GAMLE FEIL I NY

SKAPNAD s. 92

OM Å REINSA PARTIET s. 103

FIREÅRSDAGEN FOR OKTOBER-

REVOLUSJONEN s. 106

KVA SOM ER VIKTIG MED GULLET NO

ETTER AT SOSIALISMEN HAR

SIGRA FULLSTENDIG s. 117

OM ROLLA OG OPPGÅVENE TIL FAG- FOREININGANE UNDER DEN NYE ØKONOMISKE POLITIKKEN

Vedtak i sentralkomiteen i RKP(b)

12. januar 1922.....	s. 127
1. Den nye økonomiske politikken og fagforeiningane	s. 127
2. Statskapitalismen i den proletariske staten og fagforeiningane	s. 128
3. Statsføretaka som vert drivne på profittgrunnlag og fagforeiningane	s. 129
4. Den vesentlege skilnaden mellom klassekampen til proletariatet i ein stat som godkjenner privat eigedomsrett til jord, fabrikkar osb., og der den politiske makta ligg i hendene på kapitalistklassen, og den økonomiske kampen til proletariatet i ein stat som ikkje godtek privat eigedomsrett til jorda og fleirtalet av dei store føretaka, og der den politiske makta ligg i hendene på proletariatet	s. 130
5. Tilbakevending til frivillig medlemskap i fagforeiningane	s. 132
6. Fagforeiningane og styringa med industrien	s. 133
7. Rolla og oppgåvene til fagforeiningane i forretningsorganisasjonane og dei administrative organisasjonane til den proletariske staten	s. 134
8. Kontakten med massane — det grunnleggjande vilkåret for all verksemd i fagforeiningane	s. 136
9. Motseiingane i stillinga til fagforeiningane under proletariatets diktatur	s. 138
10. Fagforeiningane og specialistane	s. 139
11. Fagforeiningane og småborgarleg innverknad på arbeidarklassen	s. 140

DEN ELLEVTE KONGRESSEN TIL RKP(b)

27. mars — 2. april 1922	s. 142
2. Politisk melding frå sentralkomiteen til RKP(b) 27. mars	s. 142
4. Tale ved avslutninga av kongressen til RKP(b) 2. april.	s. 195

OM «DOBBEL»UNDERORDNING OG LEGALITET

<i>Til kamerat Stalin for bruk i politbyrået</i>	s. 198
--	--------

DEN FJERDE KONGRESSEN TIL DEN KOMMUNISTISKE INTERNASJONALEN

5. november — 5. desember 1922	s. 204
2. Fem års russisk revolusjon og utsiktene for verdsrevolusjonen <i>Melding til den fjerde kongressen til den kommunistiske internasjonale</i> 13. november 1922	s. 204

MERKNADER TIL OPPGÅVENE TIL

DELEGASJONEN VÅR I HAAG	s. 221
BLAD FRÅ EI DAGBOK	s. 226
OM KOOPERASJONEN.	s. 232
I	s. 232
II	s. 236

REVOLUSJONEN VÅR

<i>(Apropos oppteikningane til N. Sukhanov).</i>	s. 241
I	s. 241
II	s. 244

KORLEIS VI BØR OMORGANISERA ARBEIDAR- OG BONDE- INSPEKSJONEN

<i>(Tilråding til den tolvte partikongressen). . . .</i>	s. 246
BETRE FÆRRE, MEN BETRE.	s. 252

NOTAR	s. 273
PERSONREGISTER	s. 291

FØREORD FRÅ FORLAGET

Denne boka er eit band i Lenin-serien *Utvalgte verker i 12 bind* frå Forlaget Oktober.

Dette bandet går inn som nummer 12 i serien og dekkjer perioden for overgangen til fredeleg arbeid med å gjenoppbyggja nasjonaløkonomien, dvs. perioden frå 1921 til 1923.

Utvalet i dette bandet og i serien som heilskap svarar til det som vart laga av Marx-Engels-Lenin-instituttet under rettleiing frå Stalin fyrst i trettiåra.

Den utgåva vi gjev ut no, fylgjer den 4. russiske utgåva frå 1946.

Notane og personregistret bak i boka står forlaget til svars for. Av notane nedst på sidene er Lenins eigne notar ført opp utan signatur, medan notane frå forlaget er merkte med — *Red.*

DEN TIANDE KONGRESSEN TIL RKP(B)¹

8. — 16. mars 1921

FYRSTE UTKAST TIL RESOLUSJON PÅ 10. KONGRESSEN TIL RKP OM EINSKAP I PARTIET

1. Kongressen vil gjera alle medlemmer av partiet merksame på at nett no, når ei rekkje omstende får den småborgarlege folkesetnaden i landet til å vakla sterka-re, då er det særskilt avgjerande med einskap og sam-hald i rekkjene til partiet, at det rår full tillit mellom partimedlemene og at det vert drive eit retteleg sam-stemmig arbeid som verkeleg er uttrykk for den sam-stemte viljen til proletariatets fortropp.

2. Utan omsyn til dette har det jamvel før den all-menne diskusjonen i partiet om fagforeiningane kome til syne ein del teikn på fraksjonsverksemd i partiet. Det har vorte skipa grupper med eigne plattformer, og dei har til ei viss mon freista skilja seg ut og skapa sin eigen gruppedisiplin. Slike teikn på fraksjonsverksemd kom t.d. til synes på ein partikonferanse i Moskva (i novem-ber 1920) og på ein partikonferanse i Kharkov², frå gruppa i den såkalla «arbeidaropposisjonen»³ og delvis frå gruppa av dei såkalla «demokratiske sentralis-tane»⁴.

Alle klassemedvitne arbeidrarar må få det klårt for seg at all slags fraksjonsverksemd er skadeleg og utilla-teleg. I praksis leier fraksjonsverksemd uunngåeleg til at det samstemmige arbeidet vert svekkja, utan omsyn til om medlemmer i einskilde grupper ynskjer å verna om einskapen i partiet. Fraksjonsverksemd leier til at fien-dane til regjeringspartiet, dei som har klengd seg innpå det, styrkjer seg og tek opp att freistnadene sine på å auka kløyvinga og å nytta henne til kontrarevolusjonæ-re føremål.

Korleis fiendane til proletariatet dreg føremon av kvart avvik frå ei gjennomført heilskapleg kommunis-tisk line, synte seg kanskje mest slåande i samband med mytteriet på Kronstadt⁵. Då gav borgarlege kontrarevo-lusjonære og kvitegardistar i alle land i verda uttrykk for at dei var klære til å godta parolane til sovjetsyste-met, dersom dei berre med det kunne sikra at proletari-atets diktatur i Russland vart styrta. Og på Kronstadt tydde dei sosialrevolusjonære og dei borgarlege kontra-revolusjonære som heilskap til parolar som oppmoda til oppreist mot sovjetregjeringa i Russland, tilsynela-tande i interessene til sovjetmakta. Desse kjensgjernin-gane provar fullt ut at kvitegardistane strevar etter — og er i stand til — å forkle seg som kommunistar, og jamvel som kommunistar som står lengst til venstre, berre for å kunne svekkja og øydeleggja bolverka til den proletariske revolusjonen i Russland. Flygeblad som mensjevikane delte ut i Petrograd like før mytteriet på Kronstadt syner på same måten korleis mensjevika-ne drog føremon av meiningsskilnader og visse tillaup til fraksjonsverksemd innafor Russlands kommunisti-ske parti. Nett slik fekk dei høve til å eggja og stø myt-teristane på Kronstadt, dei sosialrevolusjonære og kvi-tegardistane, samstundes som dei hevda at dei var imot mytteriet og stødde sovjetmakta, berre med tilsynela-tande små endringar.

3. I dette spørsmålet burde propagandaen på den eine sida innehalda ei uttømmande forklåring på kor skade-leg og farleg fraksjonsverksemd er, sett ut ifrå einska-pen i partiet, og ut ifrå at det er eit grunnleggjande vil-kår for at proletariatets diktatur skal ha framgang at fortroppen til proletariatet når fram til ein einskapleg vilje. På den andre sida må propagandaen innehalda ei forklåring over kva som særskilt særmerkjer dei siste taktiske påfunna til fiendane av sovjetmakta. Desse fiendane har innsett at kontrarevolusjonen er vonlaus under eit ope kvitegardistisk flagg, og gjer no det dei kan for å dra nytte av meiningsskilnadene innan

Russlands kommunistiske parti. Dei gjer det dei kan for å fremja kontrarevolusjonen på den eine eller den andre måten, med å overføra makt til ei politisk gruppe som utetter står nærast til å godkjenna sovjetmakta.

Propagandaen må og ta for seg lærdomane frå tidlegare revolusjonar, der kontrarevolusjonen la vinn på å stø den opposisjonen som stod nærast det mest ytterliggåande revolusjonære partiet. På denne måten ville kontrarevolusjonen undergrava og styrta det revolusjonære diktaturet, og såleis gjera veg for at kontrarevolusjonen, kapitalistane og godseigarane, seinare kunne sigra fullstendig.

4. I den praktiske kampen mot fraksjonsverksemda må alle partiorganisasjonane ta strenge åtgjerder for å forhindra alle fraksjonelle handlingar. Kritikkk mot manglane ved partiet er absolutt naudsynt. Men han må førast fram på ein slik måte at kvart einaste praktisk framlegg straks, utan utsetjing og så nøyaktig som mogleg, vert sendt over til dei leiande lokale og sentrale partiorgana, slik at dei kan vurdera dei og avgjera dei. Vidare må kvar einaste kritikar sjå til at kritikken hans får ei form der det vert teke omsyn til at partiet står i ei stilling der det er innringa av ein krins av fiendar. Innhaldet i kritikken må vera slik at kritikaren med å ta direkte del i arbeid i sovjeta og i partiet kan få prøvd ut i praksis om partiet eller einskilde partimedlemmer rettar feila sine.

Analysar av den allmenne partilina, vurderingar av dei praktiske røynslene til partiet, kontrollar med om avgjerdene er sette ut i livet, studiar av metodar for å retta feil osv., må under ingen omstende leggjast fram til førehandsdiskusjon i grupper som er skipa på grunnlag av «plattformer» osv. Dei må alltid leggjast fram til beinveges diskusjon for alle partimedlemene. For å få dette til må kongressen gjera vedtak om at *Diskussioni Listok*⁶ skal koma ut meir regelmessig. Særskilte samlinger av diskusjonsnummer skal og gjevast ut. På dette viset må ein heile tida fremja arbeidet med å tryggja at

kritikken vert konsentrert om viktige saker, og ikkje får ei form som kan vera til hjelp for klassefiendane til proletariatet.

5. Kongressen går prinsipielt imot avviket i retning av syndikalisme og anarkisme, som vert teke opp i ein særskilt resolusjon⁷, og gjev sentralkomiteen instruks om å sjå til at all fraksjonsverksemd vert fullstendig fjerna. Samstundes kunngjer kongressen at alle praktiske framlegg som gjeld spørsmål som t.d. den såkalla «arbeidaropposisjons»-gruppa har vore særleg opp-teken av, slike som å reinsa partiet for ikkje-proletariske og upålitande element, å kjempa mot byråkratisk praksis, å utvikla demokrati og initiativet til arbeidarane osv., må vurderast særskildt og prøvast ut i praksis. Partiet må vita at vi ikkje har teke alle naudsynte åtgjerder når det gjeld desse spørsmåla på grunn av ymse hindringar. Men samstundes som partiet utan nåde avviser upraktisk og fraksjonistisk kvasikritikk, vil det utan opphald halda fram å kjempa med alle middel — og prøva ut nye metodar i kampen — mot dei byråkratiske plagene, for å utvida demokratiet og initiativet, for å oppdaga, avsløra og utvisa frå partiet folk som har snei seg inn i rekkjene, osv.

6. Kongressen kunngjer difor med dette at alle grupper som er skipa på grunnlag av ei eller anna plattform (slik som «arbeidaropposisjons»-gruppa, gruppa av dei «demokratiske sentralistane») utan unntak er oppløyste, eller straks må oppløysast. Den som ikkje rettar seg etter denne avgjerda frå kongressen, skal utan vilkår og straks ekskluderast frå partiet.

7. For å sikra ein streng disiplin innan partiet og i alt sovjetarbeid, og for å sikra så stor einskap som råd i å fjerna all fraksjonsverksemd, gjev kongressen sentralkomiteen fullmakt til å ta i bruk alle partistrafkar, medrekna eksklusjon, i tilfelle med brot på partidisiplinen eller med gjenoppliving eller godtaking av fraksjonsverksemd. Når det gjeld medlemmer av sentralkomiteen, kan dei degraderast til varamedlemmer og som eit siste

tiltak ekskluderast frå partiet. Eit naudsynleg vilkår for at eit slikt siste tiltak kan nyttast mot medlemmer av sentralkomiteen, varamedlemmer av sentralkomiteen og medlemmer av kontrollkommisjonen, er at det vert kalla inn til plenumsmøte i sentralkomiteen. Der skal alle varamedlemmer av sentralkomiteen og alle medlemmer av kontrollkommisjonen kallast inn. Dersom ei slik generalforsamling av dei mest ansvarlege leiarane i partiet med to tredels fleirtal avgjer at det er naudsynt å degradera ein medlem av sentralkomiteen til varamedlem eller å ekskludera han frå partiet, skal dette tiltaket setjast i verk straks.⁸

Prenta i boka: *Den tiande kongressen til RKP(b). Stenografisk referat*
(8.—16. mars 1921)

Prenta i samsvar med manuskriptet

9

FYRSTE UTKAST TIL RESOLUSJON
PÅ DEN TIANDE KONGRESSEN TIL RKP
OM DET SYNDIKALISTISKE OG ANARKISTISKE
AVVIKET I PARTIET VÅRT

1. Dei siste månadene har det kome klårt til syne eit syndikalistisk og anarkistisk avvik i partiet vårt. Dette krev at det vert teke særse faste åtgjerder med ideologisk kamp, og at partiet vert reinsa og gjort sunt att.

2. Avviket som er nemnd, kjem delvis av at tidlegare mensjevikar har kome inn i partiet saman med arbeidarar og bønder som enno ikkje har teke fullt opp i seg den kommunistiske verdsåskådinga. Men i hovudsak kjem dette avviket av at proletariatet og Russlands kommunistiske parti har vorte utsett for innverknad frå det småborgarlege elementet som er uvanleg sterkt i landet vårt. Dette fører uunngåeleg med seg vakling i retning av anarkismen, særleg i tider då vilkåra for massane har vorte svært forverra som fylgje av feilslegne avlingar og dei øydeleggjande fylgjene av krigen,

og då demobiliseringa av hæren på fleire millionar slepte laus hundretusenvis av bønder og arbeidarar som ikkje var i stand til å finna seg ein normal måte å skaffa seg levebrødet på straks.

3. Det teoretisk mest fullstendige og klårt definerte uttrykket for dette avviket (*eller*: eitt av dei mest fullstendige osb. uttrykka for dette avviket) er tesane og andre litterære produkt frå gruppa i den såkalla «arbeidaropposisjonen». Fylgjande tese som denne gruppa har lagt fram, er tilstrekkeleg illustrerande for dette: «Det er oppgåva til ein allrussisk produsentkongress å organisera styringa av den nasjonale økonomien. Produsentane er organiserte i industrielle fagforbund som skal velja eit sentralt organ til å styra heile den nasjonale økonomien i republikken.»

Tankane som ligg til grunn for denne og ei rekkje tilsvarende utsegner, er grunnleggjande feil i teorien. Dei tyder eit fullstendig brot med marxismen og kommunismen, og med dei praktiske røynslene frå alle halvproletariske revolusjonar og frå den proletariske revolusjonen vi står oppe i no.

For det fyrste. Omgrepet «produsent» slår proletarar saman med halvproletarar og små vareprodusentar. Det skil seg såleis radikalt frå det grunnleggjande klassekampomgrepet og frå det grunnleggjande kravet om at det skal trekkjast eit presist skilje mellom klassane.

For det andre. Freistnaden på å vinna, setja dei partilause massane fremst, flørten med dei, som kjem til uttrykk i tesen som er sitert ovanfor, skil seg i like stor grad frå marxismen.

Marxismen lærer — og denne læra har ikkje berre fått formell stadfesting frå heile Den kommunistiske internasjonale⁹ i avgjerdene på den andre kongressen til Komintern (1920) om rolla til det politiske partiet til proletariatet, men ho er og stadfest i praksis gjennom revolusjonen vår — at berre det politiske partiet til arbeidarklassen, dvs. det kommunistiske partiet, er i

stand til å samla, skolera og organisera ein fortropp for proletariatet og for heile massen av det arbeidande folket. Berre denne fortroppen er i stand til å stå imot dei uunngåelege småborgarlege vaklingane til denne massen, og dei uunngåelege tradisjonane og tilbakefalla til laugsmessig sneversyn eller faglege fordomar i proletariatet. Berre denne fortroppen kan leia den samla verksemda til heile proletariatet, dvs. leia det politisk, og gjennom det leia heile massen av det arbeidande folket. Utan dette er proletariatets diktatur umogleg.

Den urette forståinga av kva for rolle det kommunistiske partiet spelar i forhold til proletariatet utanfor partiet, og kva den fyrste og andre faktoren har å seia for heile massen av det arbeidande folket, vender seg teoretisk radikalt bort frå kommunismen og er eit avvik i retning av syndikalisme og anarkisme. Dette avviket gjennomsyrrar alle synspunkta til «arbeidaropposisjons»-gruppa.

4. Den tiande kongressen til Russlands kommunistiske parti kunngjer at han òg ser som radikalt feil alle freistnader frå den nemnde gruppa og frå andre personar på å forsvara dei urette synspunkta sine med å syna til paragraf 5 i den økonomiske delen av programmet til Russlands kommunistiske parti. Han tek for seg rolla til fagforeiningane. Denne paragrafen seier: «Fagforeiningane bør til sist nå fram til at all administrasjon av heile den nasjonale økonomien *de facto* vert samla på deira hender, som ein einaste økonomisk heilskap.» Paragrafen seier og at fagforeiningane «på denne måten må sikra uløysande band mellom den sentrale statsadministrasjonen, den nasjonale økonomien og dei breie massane av arbeidande menneske», med det dei «dreg» desse massane «med i beinveges økonomisk styring».

Denne paragrafen i programmet til Russlands kommunistiske parti seier og at ein føresetnad for den tilstanden fagforeiningane «til sist bør nå fram til», er den prosessen der dei i stendig aukande grad «legg av

seg den snevre laugstenkinga» og femnar fleirtalet av «og til sist heile» det arbeidande folket.

Til sist legg denne paragrafen i programmet til Russlands kommunistiske parti vekt på at med «grunnlag i lovene til RSFSR* og rotfest praksis tek fagforeiningane del i alle lokale og sentrale styringsorgan for industrien».

I staden for å studera dei praktiske røynsleane med å vera med å administrera og i staden for å utvikla desse røynsleane vidare i strengt samsvar med den framgangen som er oppnådd og dei feila som er retta, legg syndikalistane og anarkistane beinveges fram parolen: «kongressar eller ein kongress av produsentar» som skal «velja» organa for økonomisk styring. Såleis vert den leiande, oppsedande og organiserande rolla til partiet overfor fagforeiningane og proletariatet, og rolla til proletariatet overfor dei halvt småborgarlege og jamvel heilt småborgarlege massane av arbeidande menneske, fullstendig unngått og fjerna. Og i staden for å halda fram med og retta på det praktiske arbeidet med å byggja nye former for økonomi som sovjetstaten alt har teke til med, får vi ei småborgarleg-anarkistisk nedbryting av dette arbeidet, og det kan berre føra til at den borgarlege kontrarevolusjonen sigrar.

5. I synsmåtane til denne og liknande grupper og personar ser kongressen til Russlands kommunistiske parti ikkje berre teoretiske feilslutningar og ei grunnleggende feil haldning til dei praktiske røynsleane med økonomisk organisering som sovjetstyret alt har teke til med. Kongressen ser og eit stort politisk mistak og ein beinveges politisk fare for sjølv eksistensen til proletariatets diktatur.

I eit land som Russland, der dei småborgarlege elementa er i overveldande overvekt, og der krigen uunngåeleg har ført med seg øydeleggingar, utarming, epidemiar, feilslegne avlingar og ekstrem naud og tyngsle, vil

* RSFSR — Den russiske sosialistiske føderasjonen av sovjetrepublikkar. — *Red.*

dette gje opphav til særleg stor vakling i lynnet til dei småborgarlege og halvproletariske massane. Denne vaklinga går fyrst i retning av å styrkja alliansen mellom desse massane og proletariatet, og så i retning av borgarleg gjenreising. Røynslene frå alle revolusjonane i attande, nittande og tjuande hundreåret syner særskilt og overtydande at det einaste moglege resultatet av denne vaklinga — dersom einskapen, styrken og innverknaden til den revolusjonære fortroppen til proletariatet vert svekkja det aller minste — er at kapitalistane og godseigarane får att makta si og eigedomen sin.

Av dette fylgjer at synspunkta til «arbeidaropposisjonen» og likesinna element ikkje berre er feil i teorien, men og i praksis er eit uttrykk for småborgarleg og anarkistisk vakling. I røynda svekkjer dei den leiande og konsekvente lina til det kommunistiske partiet og hjelper klassefiendane til den proletariske revolusjonen.

6. På grunnlag av alt dette avviser kongressen til RKP på det sterkaste dei nemnde ideane som eit uttrykk for eit syndikalistisk og anarkistisk avvik, og meiner det er naudsynt:

For det fyrste å føra ein fast og systematisk kamp mot desse ideane.

For det andre å sjå på propaganda for desse ideane som uforeinleg med medlemskap i RKP.

Kongressen gjev sentralkomiteen i partiet i oppdrag å setja desse avgjerdene strengt i verk. Samstundes peikar kongressen på at spesielle artikkelsamlingar, diskusjonshefte osb. kan og må gje rom for ei så uttømmande meiningsutveksling som mogleg mellom partimedlemene om alle spørsmåla som det med dette er peika på.

Prenta i boka:
Den tiande kongressen
til RKP(b) stenografisk referat
(8.—16. mars 1921)

Prenta i samsvar
med manuskriptet

TALE PÅ DEN ALLRUSSISKE TRANSPORTARBEIDAR- KONGRESSEN¹⁰

27. mars 1921

Kameratar. Eg vil få takka dykk for helsingane dykkar, og bed dykk ta imot helsingane mine til kongressen dykkar. (*Stormande applaus.*) Lat meg få ta eit sidesprang før eg tek for meg det emnet som beinveges gjeld arbeidet og oppgåvene til denne kongressen og kva sovjetstaten ventar av han.

Då eg kom inn gjennom salen dykkar nett no, fekk eg auga på ein plakat der det stod skrive: «Arbeidar- og bonderiket vil vara evig.» Då eg las denne snodige plakaten, som rett nok ikkje hang på den vanlege plassen, men stod i eit hjørne — kan hende hadde det gått opp for nokon at han ikkje var særleg høveleg, slik at dei hadde sett han til sides — då eg las denne snodige plakaten, tenkte eg for meg sjølv: Her har vi nokon av dei grunnleggjande og elementære sakene som vi framleis er forvirra over. Faktisk er det slik at dersom arbeidar- og bonderiket skulle vara evig, ville vi aldri få sosialismen, for den inneber at klassane vert avskaffa. Og så lenge som det er arbeidarar og bønder, vil det vera ulike klassar, og såleis ingen full sosialisme. Og medan eg grunna over dette at vi enno tre og eit halvt år etter Oktoberrevolusjonen kan ha slike snodige plakatar (jamvel om dei vert sette godt til sides), kom det for meg at det framleis kan rå store misforståingar når det gjeld dei mest vanlege og populære parolane. Ta ein av dei mest populære parolane våre, som vi alle stendig tek opp att: Vi syng om at den kampen vi står oppe i no, vil verta den siste og avgjerande. Men eg er redd for at

dersom vi spurde ein stor del av kommunistane om kven det er dei no strir dette siste slaget imot (sjølvsagt ikkje det siste, det vil vera å slå litt for stort på det, men eitt av dei siste og avgjerande), då er eg redd berre nokre få ville gje det rette svaret som synte ei klår forståing for kva, eller kven, det no er vi strir eitt av dei siste og avgjerande slaga imot. Når vi ser det ut ifrå dei politiske hendingane som dei breie massane av arbeidrarar og bønder er vortne opptekne av, synest det og for meg som om vi bør slå fast, eller i alle fall freista slå fast, kven det er vi strir eitt av dei siste og avgjerande slaga våre imot no i vår, nett i denne stunda. Lat meg gå over til dette punktet.

For å klåra opp i dette, trur eg vi kan ta til med så nøyaktig og klårt som mogleg å gå igjennom dei motstridande kreftene som fører ein strid som lagnaden til sovjetmakta avheng av, og, i det store og heile, retninga og utviklinga til den proletariske revolusjonen, som er ein revolusjon for å styrta kapitalistane i Russland og andre stader. Kva krefter er dette? Korleis grupperer dei seg mot kvarandre? Korleis er dei stilte opp nett no? Kvar markert tilstramming i den politiske stoda, kvar ny vending dei politiske hendingane tek, jamvel om ho ikkje er så stor, må alltid få kvar tenkjande arbeidrar og bonde til å spørja seg: Kva slags krefter er på ferde her? Korleis er dei grupperte? Og fyrst når vi er i stand til å vurdera desse kreftene korrekt og heilt klårt, utan omsyn til våre eigne sympatiar og ynskje, vil vi vera i stand til å dra dei høvelege konklusjonane for politikken vår som heilskap, og for dei oppgåvene som står straks framom særskilt. Lat meg difor gje eit stutt oversyn over desse kreftene.

I grunndraga er det tre slike krefter. Fyrst kan vi ta proletariatet, som er den krafta som står oss nærast. Det er den fyrste krafta, den fyrste særskilde klassen. De veit alle dette svært godt, sidan de lever midt oppe i han. Kva er vilkåra for han no? I Sovjetrepublikken er han den klassen som tok makta for tre og eit halvt år si-

dan, og som etter den tid har utøvd herredømet — diktaturet — sitt, og har gått igjennom større uttrøyting, naud og saknad enn nokon annan klasse. I størstedelen av denne tida stod sovjetstaten oppe i ein hard borgarkrig mot heile den kapitalistiske verda, og for arbeidarklassen, for proletariatet, førte denne tida med seg ulykker, saknad, offer og hard naud i ein målestokk som verdshistoria ikkje har sett maken til før. Og noko merkeleg hende. Den klassen som tok den politiske makta, visste då han gjorde det, at han var åleine om det. Det ligg i sjølve omgrepet proletariatets diktatur. Det får meining berre når ein klasse veit at han tek politisk makt åleine, og ikkje narrar andre eller seg sjølv med snakk om «folkeleg regjering ved folkeleg samtykke gjennom allmenn røysterett». De veit alle at det er svært mange — altfor mange — menneske som held det gåande med tomt prat om dette emnet. Men i alle høve vil de ikkje finna dei mellom proletarane. For dei har forstått at dei har proletariatets diktatur, og det seier dei frå om i konstitusjonen, grunnlova til republikken. Denne klassen var fullt klår over at han tok makta åleine, under sær sars vanskelege tilhøve. Han har utøvd den politiske makta si slik kvart diktatur gjer, det vil seia med ubøyeleg fastleik. I desse tre og eit halvt åra har han gått igjennom lidingar, naud, hungersnaud og ei forverring av den økonomiske stillinga si slik ingen annan klasse i historia har gjort det. Det er ikkje overraskande at arbeidarklassen som ei fylgje av dette overmenneskelege strevet er uvanleg sliten, uttrøytta og utkøyrd.

Korleis var ein einskild klasse i stand til å utøva makta si beint imot motstanden og åtaka frå verdsborgarskapet i eit land der proletariatet tel så mange færre enn resten av folkesetnaden? Korleis var han i stand til å gjera dette i eit tilbakeliggjande land som med våpenmakt var kunstig avskore frå land med eit meir talrikt, klassemedvite, disiplinert og organisert proletariat? Korleis kunne han halda fram i tre og eit halvt år? Kva

var beste stønaden hans? Vi veit at det var bonde-massane innanlands. Denne andre krafta skal vi koma nærare innpå om litt, når vi har gjort ferdig gjennomgangen av den fyrste. Eg har sagt at aldri har lidinga til arbeidarklassen vore så stor og så sterk som i denne perioden med diktaturet hans, og dette veit de alle, for de har kunna sjå livet til kollegane dykkar i fabrikkane, i lagerhallane og verkstadene. Aldri har landet vore så uttrøytta og utslite før. Kvar fekk klassen den moralske styrken til å bera all denne nauda? Det er klårt at han måtte lita på ei kjelde for å få moralsk styrke til å vinna over denne materielle nauda. Som de veit er spørsmålet om moralsk styrke og stønad heller uklårt, og ein kan leggja det ein vil inn i moralsk styrke. For å unngå faren med å lesa noko som helst uklårt eller fantastisk inn i «morsalsk styrke», spør eg meg: Finst det nokon presis definisjon på det som gav proletariatet den moralske styrken til å bera den uhøyrde materielle nauda som hang saman med det politiske herredømet deira? Eg trur dette vil gje oss eit presist svar. Spør dykk sjølve: Kunne Sovjetrepublikken ha bore påkjenningane sine i tre og eit halvt år og stått imot dei ville åtaka frå kvitegardistane som hadde stønad frå kapitalistane i heile verda, om han hadde måtta stå imot tilbakeliggjande i staden for framskridne land? De kan berre stilla spørsmålet for å sjå det sjølvsagde svaret.

De veit at dei rikaste maktene i verda kjempa mot oss i tre og eit halvt år. Dei væpna styrkane som var sette opp imot oss og som stødde Koltsjak, Judenitsj, Denikin og Wrangel var endelaust og klårt overlegne styrkane våre. Det veit de alle svært godt, for de kjempa alle i krigen. De veit særst godt at desse statane framleis er svært mykje sterkare enn oss. Korleis har det seg då at dei gav seg ut på å vinna over sovjetmakta og mislykkast? Korleis gjekk det til? Vi har eit presist svar: Proletariatet i alle dei kapitalistiske landa stod på vår side. Jamvel når proletariatet stod openbert under innverknaden til mensjevikaner og dei sosialrevolusjonære

— i dei europeiske landa går dei under andre namn — nekta det å stø kampen imot oss. Til sist vart leiarane tvinga til å gje etter for massane, og arbeidarane øydela for krigen. Det var ikkje vi som vann, for dei væpna styrkane våre tydde ikkje stort. Sigeren kom fordi maktene ikkje kunne kasta inn alle dei væpna styrkane sine mot oss. Korleis ein krig skal utvikla seg, avheng i så stor mon av arbeidarane i dei framskridne landa, at han ikkje kan førast mot deira vilje, og den passive og halvpassive motstanden deira øydela til sist for krigen mot oss. Denne tvillause kjensgjerninga gjev oss det nøyaktige svaret på spørsmålet om kva kjelde det russiske proletariatet nytta seg av for å få moralsk styrke til å halda ut i tre og eit halvt år og vinna. Den moralske styrken til den russiske arbeidaren låg i at han visste om og var klår over den merkbare hjelpa og stønaden som proletariatet i alle dei framskridne landa i Europa gav han i denne kampen. Kva for retning arbeidarrørsla i desse landa går i, får vi ein peikepinn om av ei svært viktig hending nyleg: Kløyvinga i sosialistpartia i Storbritannia, Frankrike, Italia og andre land (både overvunne og sigerherrar) som står på ulikt kulturelt og økonomisk utviklingssteg. Viktigaste utviklinga dette året har i alle land vore at det er skipa kommunistiske parti, som har stønad frå alle dei mest framskridne innan arbeidarklassen, på ruinane til dei sosialistiske og sosialdemokratiske partia — som i Russland vert kalla mensjevikar og sosialrevolusjonære. Og det kan sjølv sagt ikkje vera tvil om at dersom vi hadde vorte utsette for åtak frå tilbakeliggjande land utan mektige proletarmassar, og ikkje frå framskridne land, ville vi ikkje ha vore i stand til å halda ut i tre og ein halv månad, for ikkje å seia i tre og eit halvt år. Ville proletariatet vårt ha hatt den moralske styrken om det ikkje hadde hatt sympati frå arbeidarane i dei framskridne landa å lita på, dei som støtta oss trass i alle løgnene som imperialistane spreidde om sovjetmakta i millionar av eksemplar, og trass i strevet til «arbeidarleiarane» —

mensjevikaner og dei sosialrevolusjonære — som gjorde det ein kunne venta og hindra striden arbeidarane førte for oss? Med denne stønaden vann proletariatet vårt, av di det hadde den moralske styrken — om enn det var talmessig svakt og pint av fattigdom og naud.

Det er den fyrste krafta.

Den andre er den som står mellom den utvikla kapitalen og proletariatet. Det er småborgarskapet, småeigarane, som i Russland er eit overveldande fleirtal av folkesetnaden — bøndene. Dei er i hovudsak småeigarar og småbønder. Det gjeld for ni tidelar av dei, og dei kan ikkje vera anna. Dei tek ikkje del i den tilkvesste kampen som kapitalen og arbeidet fører dagleg. Dei har ikkje fått noko opplæring. Dei økonomiske og politiske vilkåra fører dei ikkje saman, men skil dei heller, gjer dei framande for einannan og skaper dei om til millionar av einsame ulvar av småeigarar. Dette er kjensgjerningane, og de er alle fullt klår over dei. Kollektiv, kollektivbruk og kommunar vil trenga år på å forandra dette. Takk vere den revolusjonære energien og heilhuga innsatsen til proletariatets diktatur, var denne krafta i stand til å kvitta seg med fiendane sine til høgre, godseigarklassen, å kasta dei rett ut og avskaffa herredømet deira snøggare enn det nokon gong har vore gjort før. Men di fortare dei avskaffa styret til gods-eigarane, di fortare dei sette i gang med å dyrka den nasjonaliserte jorda, di meir fullradd dei gjorde opp med det vesle kulakkmindretalet*, di snøggare vart dei sjølv gjorde om til småeigarar. Som de veit, har det vore ei utjamning på den russiske landsbygda i denne tida. Talet på bønder med store areal dyrka jord og utan dyrka jord i det heile har minka, medan talet på middelstore gardar har auka. Landsbygda har vorte meir småborgarleg. Bøndene her er ein sjølvstendig klasse, som straks godseigarane og kapitalistane er utviste og fjer-

* *Kulakk* — russisk storbonde, borgarskapet på den russiske landsbygda. — *Red.*

na, er den einaste klassen som er i stand til å gå imot proletariatet. Dette er grunnen til at det er meningslaust å skriva på plakatar at styret til arbeidarane og bøndene vil vara evig.

De kjenner den politiske sinnsstemninga til denne krafta. Det er ei vaklevoren kraft. Vi såg at det stemte over heile landet medan revolusjonen stod på. Det fanst ein del lokale særdrag i sjølve Russland, Sibir og Ukraina, men resultatet var det same overalt: Det er ei vaklande kraft. Lenge vart dei førte i band av dei sosial-revolusjonære og mensjevikane. Dette gjekk føre seg både med hjelp frå Kerenski og i Koltsjak-perioden. Det gjekk føre seg både på den tida då det fanst ei grunnlovgjevande forsamling i Samara*, og då mensjeviken Maiski var minister hos Koltsjak eller hos ein av forgjengarane hans, osb. Denne krafta vakla mellom leiarskapen til proletariatet og leiarskapen til borgarskapet. Kvifor leidde ho ikkje seg sjølv? Trass i alt er ho det overveldande fleirtalet. Faktum er at dei økonomiske vilkåra for desse massane er slik, at dei ikkje er i stand til å organisera seg og samlast med eiga hjelp. Det er klårt for alle som ikkje er ført på avvegar av tomt prat om «allmenn røysterett», ei grunnlovgjevande forsamling og liknande «demokrati» som har tent til å narra folket i alle land i hundrevis av år, og som dei sosial-revolusjonære og mensjevikane i vårt eige land ivra for i hundrevis av veker, men fall igjennom «kvar einaste gong på same flekken». (*Applaus.*) Vi veit av eigne røynsler — og revolusjonar over heile verda stadfester det om vi tek for oss den moderne tidbolken — at dei siste eitt hundre og femti år — at resultatet alltid har vorte det same overalt: Småborgarskapet i det heile, og bøndene særskilt, har mislykkast i alle freistnader dei har gjort på å nytta ut styrken sin og leia øko-

* *Ei grunnlovgjevande forsamling i Samara* — ei kontrarevolusjonær samling av kvitegardistiske, mensjevikiske og sosialrevolusjonære medlemmer frå Den grunnlovgjevande forsamlinga, som kom saman i juni 1918 og vart knust same hausten. — *Red.*

nomien og politikken på sin eigen måte. Dei har måtta la seg leia anten av proletariatet eller av kapitalistane — nokon mellomveg finst ikkje for dei. Kvar den som trur på ein mellomveg, er ein tanketom draumar. Det finst mykje politikk, økonomi og historie som kan prova dette. Læra til Marx syner at straks småeigarane vert eigarar av produksjonsmiddel og jord, gjev varebytet mellom dei uvilkårleg opphav til kapital, og samstundes til motsetningane mellom kapital og arbeid. Kampen mellom kapitalen og proletariatet er uunngåeleg. Det er ei lov som kjem til uttrykk over heile verda. Dette må kvar og ein som ikkje vil narra seg sjølv godta.

Desse grunnleggjande økonomiske kjensgjerningane forklårar kvifor denne krafta ikkje kan gjera seg gjeldande gjennom eigen innsats, og kvifor ho alltid har mislykkast i alle freistnader ho har gjort på dette i historia til alle revolusjonar. Kvar gong proletariatet har vore ute av stand til å leia revolusjonen, har denne krafta alltid late seg leia av borgarskapet. Slik var det i alle revolusjonar. Russarane er sjølv sagt av same ulla, og dersom dei vel å lata som dei er noko anna, vil dei berre gjera seg til lått. Historia går fram på same vis mot alle. For vår del fekk vi særleg sjå denne sanninga under styret til Kerenski. På den tida vart regjeringa stødd av langt fleire politiske leiarar enn bolsjevikane vart. Dei var dugande menn med god utdanning og omfattande røynsle i politikk og statsadministrasjon. Skulle vi rekna alle tenestemennene som saboterte oss, men ikkje gjorde det til si sak å sabotera Kerenski-regjeringa som leit på mensjevikane og dei sosialrevolusjonære, ville vi finna ut at dei var eit overveldande fleirtal. Like fullt braut den regjeringa saman. Det syner at det fanst faktorar som motverka den veldige overvekta av intellektuelle og utdanna krefter som var vant med å administrera staten — ein kunst dei hadde tileigna seg fleire tiår før dei verkeleg tok over. Hendingane gjekk same vegen med ein del variantar i Ukraina, i Don og Kubanområda, og resultatata var nett dei same. Det kunne ikkje

ha vore eit samantreff. Slik er den økonomiske og politiske lova som styrer den andre krafta: Anten leiinga til proletariatet — ein hard veg, men han kan gje hjelp til å koma vekk frå herredømet til godseigarane og kapitalistane — eller leiinga til kapitalistane, slik det skjer i dei framskridne demokratiske republikkane, og jamvel i Amerika, der den fri tildelinga av jord (kvar nybyggjar fekk tildelt 60 desjatinar* utan vederlag — betre vilkår kan knapt tenkjast!) enno ikkje er heilt stansa, og der dette har ført til at kapitalen dominerer fullstendig.

Dette er den andre krafta.

Her hos oss vaklar ho, og ho er særskilt utsliten. Ho måtte bera børenes ved revolusjonen, og i dei siste par åra har det vorte lagt nye bører på henne: Eit år med avlingssvikt, innleveringsplikt for overskotskorn, krøtter som døydde på grunn av førmangel, osb. Under desse omstenda er det ikkje overraskande at denne andre krafta, bondemassane, tok til å verta fortvila. Det var uråd for dei å ha nokon tanke på å betra vilkåra for seg, sjølv om det var gått tre og eit halvt år sidan gods-egigarane var jaga bort. Like fullt tek det til å verta tvingande naudsynt med forbetringar. Soldatane som vender heim frå hæren, finn ingen stad å nytta arbeidskrafta si på skikkeleg vis, og slik vert denne småborgarlege krafta gjort om til eit anarkistisk element som uttrykkjer krava sine med uro.

De kjenner alle den tredje krafta: Godseigarane og kapitalistane. Ho merkjer seg ikkje lenger ut i dette landet. Men ei avgjerande hending, ein kritisk lærdom dei siste vekene — hendingane i Kronstadt — kom som ein lynblink som kasta meir lys over røyndomen enn noko anna.

Det er ikkje noko land i Europa no utan element frå kvitegardistane. Det har vorte rekna at det er i alt kring 700 000 russiske emigrantar i Europa. Dette er land-

* *Desjatin* — russisk arealnemning, ca. 640 mål. — *Red.*

flyktige kapitalistar og den massen av funksjonærar som ikkje kunne innordna seg under sovjetstyret. Vi ser ingen ting til denne tredje krafta. Ho har emigrert, men ho lever og verkar i allianse med kapitalistane i verda, som hjelper henne liksom dei hjelpte Koltsjak, Judenitsj og Wrangel, med pengar og på andre måtar, for dei har sine internasjonale samband. Vi hugsar alle desse menneska. De må ha lagt merke til den store straumen av utdrag frå kvitegardistpressa i avisene våre dei siste dagane, der hendingane i Kronstadt vert forklåra. Dei siste dagane har Burtsev, som gjev ut ei avis i Paris, skildra dei, og Miljukov har vurdert dei — de må ha lese alt dette. Kvifor har avisene våre ofra så stor merksemd på dette? Var det rett å gjera det? Det var det, for vi må ha eit klårt bilete av fienden vår. Utanlands legg vi ikkje så godt merke til dei, men de kan sjå at dei har ikkje flytta så svært langt vekk, i høgda nokre få tusen verst*. Når dei har drege så langt, har dei lagt seg i dekning. Dei lever i full vigør, og ligg og ventar. Dette er grunnen til at vi må halda godt auga med dei, særleg fordi dei er meir enn berre flyktningar. I røynda er dei agentar for verdskapitalen, som har eit svært nært samarbeid med dei.

De må ha lagt merke til at desse utdraga frå dei avisene kvitegardistane gjev ut utanlands, vart attgjevne side om side med utdrag frå britiske og franske aviser. Dei er eitt kor, eitt orkester. Det er rett at slike orkester ikkje vert dirigerte av ein mann med partitur* framfor seg. Den internasjonale kapitalen nyttar mindre synberre middel enn ein taktstokk. Men at det er eitt orkester, går fram av kvart eitt av desse utdraga. Dei har vedgått at dersom parolen lyder «sovjetmakt utan bolsjevikane», vil dei alle godta han. Miljukov forklårar dette særleg klårt. Han har studert historia grundig og har

* *Verst* — russisk lengdemål — 1 066,77 m. — *Red.*

* *Partitur* — framstilling av orkesterverk der kvar stemme har ein særskild plass. — *Red.*

gått igjennom eit fyrstehands oppfriskingskurs i russisk historie. Han har supplert dei tjue åra sine med bokleg lærdom med tjue månaders personleg røynsle. Han seier han er budd på å godta parolen «sovjetmakt utan bolsjevikane». Han kan ikkje sjå heilt frå Paris om dette vil verta ei lita dreining til høgre eller til venstre, til anarkistane. Frå der han er kan han ikkje sjå kva som går føre seg i Kronstadt, men han oppmodar monarkistane om ikkje å forhasta seg og øydeleggja det som skjer med å skrika opp om det. Han kunngjer at jamvel om dreininga vert til venstre, er han budd på å stø sovjetmakta mot bolsjevikane.

Dette seier Miljukov, og det er heilt rett. Når han seier at hendingane i Kronstadt avslører ein trong til å skipa eit sovjetstyre utan bolsjevikane, syner han at han har lært noko av russisk historie og av godseigarane og kapitalistane. Det er eit krav om ei lita dreining til høgre, med ein litt friare handel og lite grann grunnlovgevendande forsamling. Høyr på kva mensjevik som helst, og du vil få høyra alt i hop, kan hende jamvel utan at du går ut av dette romet. Dersom parolen frå hendingane i Kronstadt er eit lite avvik til venstre — sovjetmakt med anarkistane, avla av naud, krig, demobiliseringa av hæren — kvifor går då Miljukov inn for det? Av di han veit at eit avvik anten leier til proletariatets diktatur eller til kapitalistane.

Politisk makt kan ikkje finnast på nokon annan måte. Jamvel om vi ikkje fører det siste slaget vårt, men eitt av dei siste og avgjerande slaga, så er det einaste rette svaret på spørsmålet «Kven skal vi føra eitt av dei avgjerande slaga mot i dag?» dette: «Mot småborgarleg anarki innanlands.» (*Applaus.*) Når det gjeld godseigarane og kapitalistane, slo vi dei i det fyrste felttoget, men berre i det fyrste. Det andre må førast i internasjonalt omfang. Den moderne kapitalismen kan ikkje kjempa mot oss, jamvel om han hadde vore hundre gonger sterkare, for der ute i dei framskridne landa øydela arbeidarane for krigen hans i går, og dei vil

øydeleggja endå meir effektivt for han i dag, for der ute vert fylgjene av krigen stendig meir og meir merkbare. Vi har slege det småborgarlege elementet innanlands, men det vil gjera seg gjeldande att. Og det er noko som godseigarane og kapitalistane tek omsyn til, særleg dei som er dyktige, slike som Miljukov, som har sagt til monarkistane: «Sit stille, hald dykk i ro, elles vil de berre styrkja sovjetmakta.» Dette er prova gjennom den allmenne utviklinga av revolusjonane der arbeidsfolk med mellombels stønad frå bøndene har fått i stand kortliva diktatur, men ikkje har hatt noka grunnfesta makt, slik at alt har sklidd attende til det gamle etter kort tid. Dette hende av di bøndene, arbeidsfolk, småeigarane, ikkje kan ha nokon eigen politikk, og må dra seg attende etter ei tid med vakling. Slik var det i den store franske revolusjonen, og i mindre målestokk i alle revolusjonar. Og sjølvsagt har alle lært denne lærdomen. Kvitegardistane våre kryssa grensa, reiste tre dagsreiser bort, og med hjelp og stønad frå vest-europeisk kapital ligg dei og ventar og passar på. Slik er stoda. Ho gjer oppgåvene og pliktene til proletariatet klåre.

Når nokon er trøytt og utslitne, fører det med seg ei viss stemning, og av og til fører det til fortvilning. Som vanleg vil dette gjerne ala fram anarkisme mellom dei revolusjonære elementa. Slik var det i alle dei kapitalistiske landa, og dette er det som skjer i vårt eige land. Dei småborgarlege elementa vert haldne fast i ei krise av di dei har hatt det hardt dei siste par åra, rett nok ikkje så hardt som proletariatet hadde det i 1919, men like fullt hardt. Bøndene måtte berga staten med å godta innleveringsplikta for overskotskorn utan vederlag, men dei kan ikkje lenger tola presset. Dette er grunnen til at det rår forvirring og vakling mellom dei, og dette gjer den kapitalistiske fienden rekning med. Han seier: «Alt som skal til er ein liten puff, så vil snøballen ta til å rulla.» Det er dette som ligg i hendingane i Kronstadt sett i lys av korleis klassekreftene er stilte opp i heile

Russland og i internasjonal målestokk. Det er dette som ligg i eitt av dei siste og avgjerande slaga våre, for vi har ikkje slege dette småborgarleg-anarkistiske elementet, og lagnaden til revolusjonen i næraste framtida avheng av om vi lykkast i dette eller ikkje. Dersom ikkje, vil vi falla attende like eins som den franske revolusjonen gjorde. Dette er uunngåeleg, og vi må ikkje la frasar og orsakingar leia oss på avvegar. Vi må gjera alt vi kan for å letta stillinga for desse massane og tryggja den proletariske leiarskapen. Dersom vi gjer det, vil det gje aukande styrke til den veksande rørsla for den kommunistiske revolusjonen i Europa. Det som enno ikkje har hendt der i dag, kan vel skje i morgon eller i overmorgon. Men i verdshistoria tyder slike periodar som mellom i dag og i morgon ikkje mindre enn nokre år.

Dette er svaret mitt på spørsmålet om kva vi kjempar for no i eitt av dei siste og avgjerande slaga våre. Dette er korleis eg les dei siste hendingane og kva klassekampen i Russland tyder. Det er no klårt kvifor han har vorte så tilspissa og kvifor det er så vanskeleg for oss å sjå at hovudfienden ikkje er Judenitsj, Koltsjak eller Denikin, men vilkåra i vårt eige miljø.

Eg kan no gå over til avslutninga på talen min (som alt er vorten for lang), nemleg stoda for jarnbanane og skipsfarten og oppgåvene for denne kongressen til folk som arbeidar på jarnbanen og i sjøtransporten. Eg trur at det eg har måtta skildra her, er svært nær knytt til desse oppgåvene. Det er knapt nokon annan del av proletariatet som kjem i så nær kontakt med industrien og jordbruket i den kvardagslege økonomiske verksemda si som jarnbane- og sjøtransport-arbeidarane. De må forsyna byane med matvarer, og gje nytt liv til landsbygda med å føra fabrikkvarer til dei. Dette er klårt for alle, men det er mykje klårare for jarnbane- og sjøtransportarbeidarane, for det er dette dei arbeider med kvar dag. Og eg trur at ut frå dette fylgjer dei uvanleg viktige oppgåvene og ansvaret som no fell på jarnbane- og sjøtransportarbeidarane.

De veit alle at kongressen dykkar har kome saman nett etter ein del gnissingar mellom toppane og medlemsmassen i forbundet. Då dette spørsmålet vart teke opp på siste partikongressen, vart det gjort vedtak om at det skulle skapast semje med at toppsjiktet underordna seg medlemsmassen, med å retta på mistaka til toppane. Eg trur det var små mistak, men dei trong å rettast på. De veit at partikongressen retta på desse mistaka, at kongressen slutta i teiknet til ein større solidaritet og einskap enn før i rekkjene til kommunistpartiet. Dette er eit rettkome svar, det naudsynte og einaste rette svaret som fortroppen, dvs. den leiande delen av proletariatet, kan gje rørsle til det småborgarleg-anarkistiske elementet. Om vi klassemedvitne arbeidarar innser faren frå denne rørsle, om vi samlar styrkane våre, dreg mykje betre saman og syner ein god del større solidaritet, då vil vi mangedobla styrkane våre. Etter at vi har sigra over det militære åtaket, skal vi vinna over vaklinga og vinglinga til denne rørsle som forstyrrar heile kvardagslivet vårt, og av den grunn — eg tek opp att — er farleg. Avgjerdene frå partikongressen, som retta opp att det han var gjort merksam på, tyder eit stort steg frametter når det gjeld å auka solidariteten og einskapen i den proletariske hæren. Kongressen dykkar må gjera det same, og utfylla avgjerdene frå partikongressen.

Eg tek opp att: Lagnaden til revolusjonen avheng meir beinveges av arbeidet til denne delen av proletariatet enn av nokon annan. Vi må byggja opp att varebyttet mellom jordbruk og industri, og vi treng eit materielt grunnlag for å gjera det. Kva er det? Det er jarnbane og sjøtransport. Dette er grunnen til at det er plikta dykkar å ta arbeidet dykkar alvorleg. Og det gjeld ikkje berre dei av dykk som er medlemer av kommunistpartiet og av den grunn medvite kjempar for proletariatets diktatur, men og for dei av dykk som ikkje er med i partiet, men representerer eit fagforbund for transportarbeidarar med ein million eller ein og ein halv million

medlemer. Alle dei, som dreg lærdomane frå revolusjonen vår og frå alle tidlegare revolusjonar, må forstå det fulle alvoret i stoda no. Dersom de ikkje let alle salgs parolar blinda dykk, slik som «fridom», «grunnlovgjevande forsamling», «frie sovjet» — det er så enkelt å byta merkelapp at jamvel Miljukov har dukka opp som tilhengjar av sovjeta i ein Kronstadt-republikk — dersom de ikkje let att augo for korleis klassekreftene er oppstilte, vil de få eit sunt og fast grunnlag for alle dei politiske konklusjonane dykkar. Då vil de sjå at vi går igjennom ein kriseperiode då det kjem an på oss om den proletariske revolusjonen vil halda fram å marsjera mot siger like sikkert som før, eller om vaklinga og vinglinga fører til at kvitegardistane sigrar. Det er klårt at dette ikkje vil gjera stoda lettare, men vil føra Russland mange tiår bakover frå revolusjonen. Einaste konklusjonen de som representerer jarnbane- og sjøtransportarbeidarane kan og bør dra, er denne: Lat oss få meir proletarisk solidaritet og disiplin. Kameratar, vi må for kvar pris nå fram til dette, og vinna. (*Stormande applaus.*)

Pravda nr. 67 og 68
29. og 30. mars 1921

Prenta i samsvar
med *Pravda*-teksten

TIL KAMERATANE KOMMUNISTAR I AZERBAIDSIJAN, GRUSIA, ARMENIA, DAGESTAN OG FJELLREPUBLICKEN

Eg sender mine varmaste helsingar til sovjetrepublikane i Kaukasus, og ynskjer å uttrykkja von om at den nære alliansen mellom dei vil tena som førebilete for ein nasjonal fred som aldri har funnest under borgarskapet og som er umogleg under det kapitalistiske systemet.

Men same kor viktig den nasjonale freden mellom arbeidarane og bøndene i dei kaukasiske nasjonalitetane er, så er det endå meir viktig å halda ved lag og utvikla sovjetmakta som overgang til sosialismen. Oppgåva er vanskeleg, men fullt gjennomførleg. Det som er viktigast for at ho kan fullførast framgangsrikt, er at kommunistane i Transkaukasus vert fullt ut merksame på det *særeigne* ved stillinga si, stillinga til republikkane sine, til skilnad frå stillinga og vilkåra til RSFSR. Dei må skjøna at dei ikkje kan kopiera taktikken vår, men må variera han med omtanke for å tilpassa han til dei ulike konkrete vilkåra.

Den russiske sovjetrepublikken fekk inga politisk eller militær hjelp utanfrå. Tvert om kjempa han i fleire år mot militære invasjonar og blokade frå ententen*.

Sovjetrepublikkane i Kaukasus har fått politisk og noko militær hjelp frå RSFSR. Dette åleine har vore ein svær skilnad.

For det andre er det ingen grunn til å vera redd for at

* *Ententen* — dei imperialistiske maktene Storbritannia, Frankrike, Japan og USA som opererte saman mot Sovjetrepublikken i intervensjonskrigane etter Oktoberrevolusjonen. — *Red.*

ententen skal gå til invasjon eller gje militær hjelp til dei grusiske, azerbajdsjanske, armenske og dagestanske kvitegardistane eller kvitegardistane i fjellområda. Ententen «brende fingrane sine» i Russland, og det vil truleg tvinga dei til å vera meir varsame ei tid frametter.

For det tredje er dei kaukasiske republikane endå meir utprega bondeland enn Russland.

For det fjerde har Russland vore og er i stor mon framleis økonomisk isolert frå dei framskridne kapitalistiske landa. Kaukasus står i den stillinga at dei snarare og meir lettvtint kan ta til å handla og «leva i lag» med det kapitalistiske Vesten.

Dette er ikkje alle skilnadene, men dei strekkjer til for å syna at det trengst ein ulik taktikk.

Det vil verta naudsynt for dykk å gå meir lempelig og varsamt fram, og syna dykk meir budde på å vera ettergeevande overfor småborgarskapet, dei intellektuelle og særleg bøndene. De må så snøgt som råd, så sterkt som råd og på alle moglege måtar dra økonomisk nytte av det kapitalistiske Vesten gjennom ein politikk med konsesjonar* og handel. Olje, mangan, kol (Tkvartsjeli-gruvene) og kopar er nokre av dei umåtelege mineralressursane dykkar. Det er på alle vis mogleg for dykk å utvikla ein omfattande politikk med konsesjonar og handel med framande land.

Dette må gjerast i stor målestokk, fastrådd og med dugleik og omtanke, og det må nyttast ut til det ytste for å forbetra vilkåra for arbeidarane og bøndene, og for å verva dei intellektuelle til arbeid for den økonomiske oppbygginga. Gjennom handel med Italia, Amerika og andre land må de gjera alt de kan for å utvikla produktivkreftene til det rike landområdet dykkar, vassressursane og vatningsanlegga som er særleg viktige som eit middel til å hjelpa fram jordbruk og husdyrhald.

Det republikane i Kaukasus kan og må gjera, til skilnad frå RSFSR, er å setja i verk ein meir langsam,

* *Konsesjon* — (lat.) løyve til å setja i gang økonomiske forretningsverksemdar. — *Red.*

meir varsam og meir systematisk overgang til sosialismen. Det er dette de må forstå og vera i stand til å setja i verk til skilnad frå vår eigen taktikk.

Vi kjempa for å slå den fyrste sprekken i muren til verdskapitalismen. Denne sprekken er no slegen. Vi har halde stillingane våre i ein vill og overmenneskeleg krig mot dei kvite, dei sosialrevolusjonære og mensjevikaner, som fekk stønad frå ententelanda, blokaden deira og den militære hjelpa deira.

De, kameratar kommunistar i Kaukasus, treng ikkje slå ein sprekk. De må dra fordel av den gunstige internasjonale stoda i 1921 og læra å byggja det nye med større varsemd og meir systematisk.

I 1921 er ikkje Europa og verda det dei var i 1917 og 1918.

Ikkje kopier taktikken vår, men analyser årsakene til det som særmerkjer han, dei vilkåra som gav opphav til han og resultatene av han. Gå bak bokstavane, og gjer bruk av ånda, kjernen og lærdomane og røynsla frå 1917—21. De må straks gjera handel med dei kapitalistiske landa til økonomisk grunnlag for dykk. Gjer inga innvending av kva det kostar, jamvel om det tyder at de let dei få verdifulle mineral for dusinvis av millionar.

De må straks ta til å arbeida for å betra vilkåra for bøndene og setja i gang omfattande prosjekt med å byggja ut elektrisk kraft og vatningsanlegg. Det de treng mest er vatningsanlegg, for meir enn noko anna vil det gje landområdet nytt liv og ny vokster, gravleggja det som har vore og gjera overgangen til sosialismen meir viss.

Eg vonar de orsakar den sjuskete forma mi. Eg måtte skriva brevet med svært kort frist for å kunne senda det med kamerat Mjasnikov. Eg sender endå ein gong mine beste helsingar og ynskje til arbeidarane og bøndene i sovjetrepublikane i Kaukasus.

Moskva 14. april 1921

N. Lenin

Pravda Grusii nr. 55
8. mai 1921

Prenta i samsvar
med avisteksten.

OM NATURALSATTEN¹¹

*Kva den nye politikken tyder
og vilkåra for han*

I STADEN FOR EI INNLEIING

Spørsmålet om naturalskatten dreg for tida til seg svært stor merksemd og gjev opphav til mykje diskusjon og argumentering. Dette er heilt naturleg, for slik tilhøva er nett no, er det i røynda eitt av dei viktigaste spørsmåla i politikken.

Diskusjonen er noko uryddig, og vi må alle ta på oss skulda for det, ut ifrå grunnar som er heilt opplagde. De meir nyttig ville det difor vera om ein freista gå inn på spørsmålet ikkje ut ifrå den «aktuelle» sida, men ut ifrå ei allment prinsipiell side. Med andre ord: Å undersøka den allmenne, grunnleggjande bakgrunnen for det biletet det vi no søker etter mønsteret for bestemte praktiske tiltak i dagspolitikken.

For å gjera denne freistnaden vil eg vera så fri at eg gjev att eit langt utdrag av brosjyren min: *Hovudoppgåva i vår tid. «Venstre»-barnestrekar og den småborgerlege mentaliteten*. Han vart gjeven ut av Petrograd-sovjetet av arbeidar- og soldatrepresentantar i 1918, og inneheld for det fyrste ein avisartikkel frå 11. mars 1918 om freden i Brest, og for det andre polemikken min mot den gruppa som då var av venstre-kommunistar. Den er datert 5. mai 1918. Polemikken trengst ikkje no, så eg let han liggja. Då står det att som vedkjem diskusjonen om «statskapitalismen» og hovudelementa i den noverande økonomien vår, som er ein overgang frå kapitalisme til sosialisme.

Her er det eg skreiv den gongen:

DEN RUSSISKE ØKONOMIEN I VÅRE DAGAR

(Utdrag frå brosjyren frå 1918)

Statskapitalismen ville vera eit steg frametter jamført med stoda i Sovjetrepublikken vår nett no. Dersom det vart oppretta statskapitalisme i republikken vår på eit halvårs tid, ville det vera ein stor framgang og ein sikker garanti for at sosialismen innan eit år vil ha fått varig fotfeste, og vil ha vorte uovervinneleg i landet vårt.

Eg kan tenkja meg korleis sume menneske vil vika attende i edel forarging frå desse orda ... Kva! Ville overgangen til statskapitalisme i Den sosialistiske sovjetrepublikken vera eit steg frametter? ... Er ikkje dette å svika sosialismen?

Vi må ta for oss dette punktet grundigare.

For det fyrste må vi undersøkje grunndraga i den *overgangen* frå kapitalisme til sosialisme som gjev oss rett og grunn til å kalla landet vårt ein sosialistisk sovjetrepublikk.

For det andre må vi avsløra mistaka til dei som ikkje greier sjå at dei småborgarlege økonomiske vilkåra og dei småborgarlege elementa er den *viktigaste* fienden til sosialismen i landet vårt.

For det tredje må vi forstå fullt ut kva skiljet mellom *sovjetstaten* og den borgarlege staten inneber på det økonomiske området.

Lat oss undersøkje desse tre punkta.

Eg trur ingen som har studert spørsmålet om det økonomiske systemet i Russland, har nekta for at det har ein overgangskarakter. Heller ikkje trur eg nokon kommunist har nekta for at omgrepet sosialistisk sovjetrepublikk ber i seg at sovjetmakta er fast meint på å gjennomføra overgangen til sosialismen, og ikkje at det rådande økonomiske systemet vert sett på som sosialistisk.

Men kva tyder ordet «overgang»? Tyder ikkje det når vi nyttar det på ein økonomi at det systemet ein har

inneheld element, delar, bitar av både kapitalisme og sosialisme? Alle vil gå med på at slik er det. Men ikkje alle som går med på dette tek seg bryet med å tenkja over kva slag element dei ulike samfunnsøkonomiske strukturane som finst i Russland nett no, i røynda er sette saman av. Og det er dette som er kjernen i spørsmålet.

Lat oss rekna opp desse elementa:

- 1) Patriarkalsk bondejordbruk, som i vesentleg grad er naturaljordbruk.
- 2) Liten vareproduksjon (her er fleirtalet av dei bøndene som sel kornet sitt, tekne med).
- 3) Privatkapitalisme.
- 4) Statskapitalisme.
- 5) Sosialisme.

Russland er så stort og så samansett at alle desse ulike typene samfunnsøkonomiske strukturar er blanda ihop. Det er dette som utgjer det særmerkte ved stoda.

Spørsmålet reiser seg: Kva element er dei dominerande? Det er klårt at i eit småbondeland dominerer det småborgarlege elementet, og det må dominera, for det store fleirtalet, dei som arbeider på jorda, er små vareprodusentar. Skalet av statskapitalisme (kornmonopol, statskontrollerte entreprenørar* og kjøpmenn, borgarlege kooperatørar) vert slege hol på av *profitørar* snart her, snart der, og viktigaste emnet for verksemda deira er *korn*.

Det er på dette området viktigaste kampen vert førd. Kva element er det denne kampen vert førd imellom dersom vi ser det ut ifrå økonomiske kategoriar som «statskapitalisme»? Mellom den fjerde og den femte i rekkja slik eg nett har nummerert dei? Sjølvsaft ikkje. Det er ikkje statskapitalismen som er i krig med sosialismen, men småborgarskapet og privatkapitalismen som kjempar i lag mot statskapitalismen og sosialis-

* *Entreprenør* — fr., person som investerar kapital i jord, maskinar og arbeidskraft for å produsera for ein marknad. — *Red.*

men. Småborgarskapet går imot *all slags* statleg innblanding, rekneskapsførsel og kontroll, same om ho er statskapitalistisk eller statssosialistisk. Dette er ei udiskutabel kjensgjerning frå røyndomen, og mange økonomiske mistak skriv seg frå at ho er misforstått. Profitøren, handelsutpressaren, han som bryt monopollet — dette er dei viktigaste «indre» fiendane, fiendane til dei økonomiske åtgjerdene sovjetmakta tek. For hundre og tjuefem år sidan ville det ha funnest orsaking for dei franske småborgarane om dei, som var dei mest brennande og heilhuga revolusjonære, freista knusa profitørane med å avretta nokre få «utvalde» og senda ut tordnande fråsegner. Men i dag kan den reine franske tilnærmingsmåten som sume venstresosialrevolusjonære har lagt seg til i dette spørsmålet, berre vekke avsky og motvilje hos kvar einaste politisk medviten revolusjonær. Vi veit til fulle at det økonomiske grunnlaget for profitørverksemda både er småeigarane, som det er uvanleg mange av i Russland, og privatkapitalismen, som kvar einaste småborgar er agent for. Vi veit at den småborgarlege blékkspruten frå tid til anna legg seg rundt ymse lag av arbeidarane med ein million fangar, og at profitørverksemda trengjer seg inn i staden for statsmonopolet i kvar einaste pore av den økonomiske og sosiale organismen.

Dei som ikkje ser dette, syner med blindskapen sin at dei er slavebundne av småborgarlege fordomar...

Småborgarskapet har lagt til sides pengar, dei få tusena dei gjorde under krigen på «ærleg» og særleg uærleg vis. Dei er den særmerkte økonomiske typen, dvs. grunnlaget for profitørverksemd og privatkapitalisme. Pengar er ein attest som gjev eigaren rett til å ta imot samfunnsmessig rikdom, og den svære gruppa av småeigarar — på fleire millionar — klengjer seg til denne attesten og løyner han unna for «staten». Dei trur ikkje på sosialismen eller kommunismen, og «rir på ankeret» til den proletariske stormen går over. Anten underordnar vi småborgarskapet under vår kontroll og

rekneskapsførsel (det kan vi gjera om vi organiserer dei fattige, dvs. fleirtalet av folkesetnaden eller halvproletarane kring den politisk medvitne proletariske fortroppen), eller så styrtar dei arbeidarmakta vår like sikkert og like uunngåeleg som revolusjonen vart styrta av folk som Napoleon og Cavaignac, som jo nett sprang ut frå dette småeigarjordsmonnet. Slik står spørsmålet. Dette er det einaste synet vi kan ha på saka ...

Småborgaren som hamstrar tusenlappane sine, er ein fiende av statskapitalismen. Han ynskjer å nytta desse tusenlappane berre for seg sjølv, mot dei fattige, i motstrid til all slags statskontroll. Og den samla summen av desse tusenlappane kjem opp i mange milliardar og legg grunnlaget for profitørverksemda som undergrev den sosialistiske oppbygginga vår. Lat oss tenkja oss at eit visst tal arbeidarar på nokre dagar produserer verdier som vi set lik 1000. Lat oss så tenkja oss at 200 av alt dette forsvinn som fylgje av småspekulasjon, ulike former for underslag og at småeigarane omgår dekret og føresegner frå sovjetmakta. Kvar politisk medviten arbeidar ville seia at dersom ein kunne oppnå betre orden og organisasjon til ein pris på 300 av dei 1000, ville han gladeleg gje 300 i staden for 200. For det vil vera temmeleg lett under sovjetmakta å minska denne «tributten»* seinare til lat oss seia 100 eller 50, straks det er oppretta orden og organisasjon og vi har vunne heilt over den småborgarlege nedbrytinga av statsmonopolet.

Dette enkle taldømet, som eg med vilje har forenkla så mykje som mogleg for å gjera det fullstendig klårt, forklårar det gjensidige samsvaret mellom statskapitalismen og sosialismen slik det er no. Arbeidarane har heile statsmakta i sine hender og har legalt sett fullt høve til å «ta» heile tusenlappen utan å gje frå seg ein einaste kopek utan til sosialistiske føremål. Dette legale

* *Tributt* — skadebot, lydskatt som den sigrande parten i ein krig til vanleg legg på dei som er slegne. — *Red.*

høvet, som kviler på at makta verkeleg er ført over til arbeidarane, er eit sosialistisk element. Men på mange måtar underminerer småeigarelementa og dei privatkapitalistiske elementa denne legale stillinga, dei dreg med seg profitørverksemd og hindrar at dekreta frå sovjetmakta vert sette ut i livet. Statskapitalismen ville vera eit kjempesteg frametter *jamvel om* vi betalte *meir* enn vi betaler no (eg tok taldøme med vilje for å stilla dette skarpare). Det løner seg å betala for «opplæring». Dette er nyttig for arbeidarane. Siger over uorden, økonomisk ruin og likesæle er det som tel mest, for den største og mest alvorlege faren er at småeigaranarkiet held fram. Og det vil *tvillaust* føra til at vi vert knuste (dersom vi ikkje vinn over det). Medan det å betala ein større tributt til statskapitalismen derimot, vil slett ikkje knusa oss, men leia oss den sikraste vegen til sosialismen. Når arbeidarklassen har lært korleis han skal forsvare statssystemet mot småeigaranarkiet, når han har lært å organisera storproduksjonen i nasjonal målestokk etter statskapitalistiske prinsipp, då vil han ha alle trumfkorta på handa, om eg kan nytta dette uttrykket, og grunnfestinga av sosialismen vil vera tryggja.

For det fyrste står statskapitalismen *økonomisk sett* umåteleg mykje høgare enn det økonomiske systemet vi har no.

For det andre er det ikkje noko forferdeleg i han for sovjetmakta, for sovjetstaten er ein stat der makta til arbeidarane og dei fattige er sikra.

For å gjera alt endå klårare kan vi fyrst ta det mest konkrete dømet på statskapitalisme. Alle veit kva døme dette er. Det er Tyskland. Her har vi «det aller siste» i moderne storkapitalistisk teknikk og planlagt organisering, *underordna ein junker*-borgarleg imperialisme*. Stryk over dei utheva orda, og set inn i staden for den

* *Junker* — tysk godseigar. — *Red.*

militaristiske, junker-borgarlege, imperialistiske staten, ein stat av eit ulikt sosialt slag med eit ulikt klasseinnhald — ein sovjetstat, dvs. ein proletarisk stat, og vi vil ha den samla summen av dei vilkåra som er naudsynte for sosialismen.

Sosialisme er utenkjeleg utan kapitalistisk teknikk i stor målestokk på grunnlag av dei siste oppdagingane i moderne vitenskap. Han er utenkjeleg utan planlagt statleg organisering som får titals millionar menneske til å halda seg så strengt som råd til ein eins standard i produksjon og fordeling. Vi marxistar har alltid tala om dette, og det har ingen verdi å kasta bort to sekund på å snakka med folk som ikkje skjønar dette eingong (anarkistar og vel halvparten av dei venstresosialrevolusjonære).

Til same tid er sosialismen utenkjeleg utan at proletariatet rår over staten. Dette er og ABC. Og historia (som ingen utanom mensjevikiske treskallar av fyrste klasse venta skulle føra med seg sosialismen glatt, mjukt, lett og enkelt) har teke ei slik særmerkt vending at ho i 1918 har gjeve opphav til to halvpartar av sosialismen som ikkje er bundne i hop, men finst side om side liksom to uutklekte kyllingar under skalet til den internasjonale imperialismen. I 1918 har Tyskland og Russland vorte eit særslåande uttrykk for korleis dei økonomiske, produksjonstekniske og samfunnsøkonomiske vilkåra for sosialismen på den eine sida, og dei politiske vilkåra på den andre, vert gjort til materiell røyndom.

Ein sigerrik proletarisk revolusjon i Tyskland ville straks og svært lett knusa kva som helst imperialistisk skal (som uheldigvis er laga av beste sort stål, og såleis ikkje kan knusast av kva som helst kylling som strevar med det), og det ville tvillaust føra til at verdssosialismen sigra utan vanske, eller berre med liten vanske — sjølv sagt dersom vi med «vanske» meiner vanske i verdshistorisk målestokk og ikkje i den trongsynte tydinga til spissborgaren.

Medan det framleis tek si tid før revolusjonen «bryt fram» i Tyskland, er det oppgåva vår å *studera* statskapitalismen til tyskarane. Vi må *satsa det vi kan* på å kopiera han, og ikkje vika attende frå å ta i bruk diktatoriske metodar for å setja fart på at det barbariske Russland skal kopiera den vestlege kulturen. Vi må ikkje tvika med å ta i bruk barbariske metodar for å kjempa mot barbariet. Dersom det finst anarkistar og venstre-sosialrevolusjonære (eg kjem straks til å tenkja på talane til Karelin og Ghe i den sentrale eksekutivkomiteen) som godgjer seg med å tenkja som Karelin og seier at det ikkje sømer seg for oss revolusjonære å «ta lærdom» av den tyske imperialismen, då er det berre ein ting vi kan svara: Den revolusjonen som skulle ta desse folka på alvor, ville (og det fullt fortent), gå tapt for godt.

For tida er det den småborgarlege kapitalismen som har overtaket i Russland, og frå han leier *ein og same vegen* både til statskapitalisme i stor målestokk og til sosialisme. Han går gjennom *ein og same* mellomstasjonen, og den heiter «nasjonal rekneskapsførsel og kontroll med produksjon og fordeling». Dei som ikkje kan forstå dette, gjer eit utilgjeveleg økonomisk mistak. Anten kjenner dei ikkje kjensgjerningane i livet, dei ser ikkje kva som verkeleg finst og er ikkje i stand til å sjå sanninga i augo, eller dei avgrensar seg til å jamføra «sosialisme» med «kapitalisme» på abstrakt vis, og let vera å studera dei konkrete formene og stega i den overgangen som går føre seg i landet vårt.

Lat det i parentes vera sagt at dette er nett det teoretiske mistaket som leidde dei beste folka i *Novaja Zjizn* og *Vperjod-leiren*¹² på villspor. Dei dårlegaste og dei middelmådige av dei er både dumme og prinsipplause, og diltar etter borgarskapet som dei held høgt i ære. Dei beste av dei har ikkje makta forstå at det ikkje var utan grunn at dei sosialistiske læremeistrane tala om ein heil periode med overgang frå kapitalismen til socialismen,

og la vekt på dei «langvarige fødselsveane»* til det nye samfunnet. Og dette nye samfunnet er igjen ein abstraksjon som berre kan verta til røyndom om det går igjennom ein serie varierte, ufullkomne og konkrete freistnader på å skapa denne eller hin sosialistiske staten.

Når det er reint teoretisk tullprat å freista skremma andre så vel som seg sjølv med «utvikling i *retning* av statskapitalisme», kjem det av at Russland ikkje kan koma vidare frå den økonomiske tilstanden som no rår her, utan å gå gjennom det området *som er sams* for statskapitalismen og sosialismen (nasjonal rekneskapsførsel og kontroll). Det vil vera å la tankane sine vandra av garde frå den rette vegen med «utvikling», og ikkje makta forstå kva denne vegen er. I praksis vil det seia det same som å *trekkja oss attende* til småeigarkapitalismen.

For å overtyda lesaren om at dette ikkje er fyrste gongen eg gjev ei slik «høg» vurdering av statskapitalismen, og eg gjorde det *før* bolsjevikane tok makta, tek eg den fridomen å sitera fylgjande utdraget frå brosjyren min: *Den trugande katastrofen og korleis vi skal kjempa mot han*, som vart skriven i september 1917:

«Prøv no å setja ein revolusjonær-demokratisk stat i staden for junker-kapitalist-staten for godseigar-kapitalist-staten. Det vil seia ein stat som avskaffar alle privilegium på revolusjonært vis og ikkje er redd for å innføra så fullstendig demokrati som råd på ein revolusjonær måte. Du kjem til å få sjå at med ein verkeleg revolusjonær-demokratisk stat, vil statsmonopolkapitalisme uunngåeleg og uomgjengeleg seia eit steg, og meir enn eit steg, mot sosialismen! ... For sosialismen er ikkje anna enn det neste steget frametter etter det statskapitalistiske monopolet. ... Statsmono-

* Sjå Marx, *Kritikk av Gothaprogrammet*, Forlaget Oktober 1977.
— Red.

polkapitalismen er ei fullstendig materiell førebuing for sosialismen, dørstokken til sosialismen, eit steg i stigen til saga der det ikkje er nokre mellomsteg til det steget som heiter sosialisme.»*

Legg merke til at dette vart skrive medan Kerenski sat med makta, at vi *ikkje* diskuterer proletariatets diktatur, *ikkje* den sosialistiske staten, men den «revolusjonære-demokratiske» staten. Er det ikkje klårt at *di høgare* vi står på denne politiske stigen, *di meir fullstendig* vi sameinar den sosialistiske staten og proletariatets diktatur i sovjeta, *di mindre* treng vi vera redde «statskapitalismen»? Er det ikkje klårt at ut ifrå ein *materiell*, økonomisk og produksjonsteknisk synsstad står vi enno ikkje på «dørstokken» til sosialismen? Er det ikkje klårt at vi ikkje kan gå gjennom døra til sosialismen utan å gå over den «dørstokken» vi enno ikkje har nådd? ...

Det fylgjande er og særst lærerikt.

Då vi diskuterte med kamerat Bukharin i den sentrale eksekutivkomiteen, kunngjorde han mellom anna at i spørsmålet om høge løner til spesialistar stod «dei» «til høgre for Lenin», for i dette tilfellet såg «dei» ikkje noko avvik frå prinsippet, med di dei hugsa orda til Marx om at det under visse vilkår er meir tenleg for arbeidarklassen å «kjøpa ut heile bunten av dei»** (nemleg heile bunten av kapitalistar, dvs. å *kjøpa* jorda, fabrikkane, verkstadene og andre produksjonsmiddel av borgarskapet).

* Sjå Lenin: «Den trugande katastrofen og korleis vi kan kjempa mot han» (1917) i *Utvalgte verker i 12 bind*, b.7., Forlaget Oktober 1977 s. 151—53. — Red.

** Sjå Engels, *Bondespørsmålet i Frankrike og Tyskland i Marx-Engels Werke*, b. 22, s. 504. — Red.

Det er ei svært interessant utsegn ...

Lat oss sjå grundig på ideen til Marx.

Marx tala om Storbritannia i syttiåra i førre hundreåret, om lag då den førmonopolistiske kapitalismen hadde utvikla seg til sitt høgste. På den tida var det mindre militarisme og byråkrati i Storbritannia enn i noko anna land, det var eit land der det var svært gode høve til at sosialismen kunne sigra «fredeleg» i den tydinga at arbeidarane «kjøpte ut» borgarskapet. Og Marx sa at under visse vilkår ville arbeidarane sikkert ikkje avslå å kjøpa ut borgarskapet. Marx batt korkje seg eller framtidige leiarar for den sosialistiske revolusjonen i spørsmålet om former, framgangsmåtar og middel for å få til revolusjonen. Han forstod særst godt at det ville melda seg ei veldig mengd nye problem, at heile situasjonen ville forandra seg etter som revolusjonen gjekk fram, og at situasjonen ville forandra seg radikalt og ofte etter som revolusjonen gjekk fram.

Vel, og kva så med Sovjet-Russland? Er det ikkje klårt at *etter* at proletariatet har teke makta og *etter* at den væpna motstanden og sabotasjen til utbytтарane er knust, rår det *visse* vilkår som samsvarar med dei som kunne ha funnest i Storbritannia for eit halvt hundreår sidan, dersom ein fredeleg overgang til sosialismen hadde teke til der? Ein kunne på den tida ha sikra at kapitalistane hadde underordna seg arbeidarane ut ifrå dei fylgjande omstenda: 1) Arbeidarane, proletarane, hadde absolutt overvekt i folkesetnaden ettersom det ikkje fanst bønder (i Storbritannia fanst det i 1870-åra teikn som gav von om at sosialismen spreidde seg særst snøgt mellom landarbeidarane). 2) Proletariatet var framifrå organisert i fagforeiningar (Storbritannia var på den tida det leiande landet i verda på dette området). 3) Proletariatet hadde fått øving gjennom fleire hundreårs utvikling av den politiske fridomen, og låg på eit etter måten høgt kulturelt nivå. 4) Dei velorganiserte britiske kapitalistane var frå gammalt av vane med å løysa politiske og økonomiske spørsmål gjennom kompromiss —

på den tida var dei britiske kapitalistane betre organiserte enn kapitalistane i noko anna land i verda (no har Tyskland tatt over leiinga her). Dette var dei omstenda som på den tida gav opphav til ideen om at det var mogleg dei britiske kapitalistane ville la seg undertvinga av arbeidarane på *fredeleg* vis.

I vårt land er ei slik undertvinging for tida sikra gjennom visse grunnleggjande viktige føresetnader (sigeren i oktober og undertrykkinga av den væpna motstanden og sabotasjen til kapitalistane frå oktober til februar). Men *i staden for* at arbeidarane, proletarane, var i absolutt overvekt i folkesetnaden, og *i staden for* at dei hadde høgt organisasjonsnivå, så var den viktige faktoren bak sigeren i Russland den stønaden som proletarane fekk frå dei fattige bøndene og dei som brått hadde vorte ruinerte. Til sist har vi korkje eit høgt kulturelt nivå eller er vane med kompromiss. Dersom vi vurderer desse konkrete omstenda nøye, vil det verta klårt at vi no både kan og bør ta i bruk ein *kombinasjon* av to metodar. På den eine sida må vi nådeløst undertrykkja dei ukultiverte kapitalistane som nektar å ha noko å gjera med «statskapitalismen» eller å vurdera noko form for kompromiss, eller som med å driva som profittørar, med å muta dei fattige bøndene osv. held fram med å hindra at dei åtgjerdene sovjeta tek vert sette ut i livet. På den andre sida må vi nytta *metoden med kompromiss*, eller med å kjøpa ut dei kapitalistane som har kultur og går med på «statskapitalismen», som er i stand til å setja han om i praksis, og som gjer nytte for proletariatet som intelligente og røynde organisatorar av føretak av største slaget, slike som verkeleg forsyner titals millionar menneske med produkt.

Bukharin er ein sær sars velskolert marxistisk økonom. Han hugsa difor at Marx hadde grundig rett då han lærte arbeidarane at det var viktig å halda ved lag organiseringa av storproduksjonen, nett for å gjera overgangen til sosialismen lettare. Marx lærte at det (unntaksvis, og Storbritannia var på den tida eit unntak) var

ein tenkjeleg idé å *betala kapitalistane godt*, å kjøpa dei ut, dersom omstenda var slik at det tvinga kapitalistane til å gje seg fredeleg og gå over til sosialismen på ein kultivert og organisert måte, føresett at dei fekk god betaling.

Men Bukharin fór vill av di han ikkje gjekk djupt nok inn på det som særmerker stoda i Russland nett no — ein unntakssituasjon der vi, det russiske proletariatet, ligg *framom* noko Storbritannia eller noko Tyskland når det gjeld politisk system, når det gjeld kor sterk politisk makt arbeidarane har, men ligg *bak* det mest tilbakeliggjande landet i Vest-Europa når det gjeld å organisera ein god statskapitalisme, når det gjeld det kulturelle nivået vårt og i kor stor mon vi materielt og produksjonsteknisk er budde på at sosialismen vert «innført». Er det ikkje klårt at situasjonen nett no har ein særskild natur som gjer det naudsynt med eit særskilt slag «utkjøpings»-tiltak som arbeidarane må tilby dei kapitalistane som har høgast kultur, mest talent og største organisasjonsevne, og er budde på å gå inn i tenesta til sovjetmakta og hjelpa til på ærleg vis å organisera «statleg» produksjon i størst mogleg målestokk? Er det ikkje klårt at i denne særskilde situasjonen må vi gjera alt vi kan for å unngå to mistak som bae er av småborgarleg art? På den eine sida ville det vera eit katastrofalt mistak å kunngjera at sidan det er eit mishøve mellom dei økonomiske «kreftene» våre og den politiske styrken vår, «fylgjer» det at vi ikkje skulle ha gripe makta. Berre eit «menneske i Futteral»* kan leggja fram eit slikt argument. Berre eit slikt menneske vil gløyma at det alltid vil vera eit slikt «mishøve», at det alltid vil finnast både i utviklinga av naturen og i samfunnsutviklinga, og at berre eit slikt menneske kan gløyma at den fullstendige sosialismen berre kan skapast gjennom revolusjonært samarbeid mellom prole-

* *Mennesket i Futteral* — ein person i forteljinga av Tsjekov som er redd alt nytt og alt som smakar av initiativ. — *Red.*

tarane i *alle* land, gjennom ei rad freistnader — der kvar og ein i seg sjølv vil vera einsidig og lir av visse manglar på samsvar.

På den andre sida ville det vera eit openbert mistak å gje frie taumar til kjeftsmeller og frasemakarar som let seg riva med av den «oppglødde» revolusjonære stemninga, men er ute av stand til å driva uthaldande, gjennomtenkt og medvite revolusjonært arbeid som tek omsyn til dei vanskelegaste stega i overgangen.

Heldigvis har historia om utviklinga av revolusjonære parti og om den kampen bolsjevismen førte mot dei, late etter seg ein arv av skarpt opptrekte typar, der dei venstresosialrevolusjonære og anarkistane er slående døme på dårlege revolusjonære. No skrik dei hysterisk, dei mistar pusten og skrik seg håse mot «kompromisset» til «høgrebolsjevikane». Men dei er ute av stand til å forstå *kva* som er dårleg i «kompromisset», og *kvifor* «kompromiss» med rette har vorte fordømd av historia og utviklinga til revolusjonen.

På Kerenskis tid tydde kompromiss å gje over makta til det imperialistiske borgarskapet, og spørsmålet om makta er det grunnleggjande spørsmålet i alle revolusjonar. Kompromiss frå ein del bolsjevikar i oktober-november 1917 tydde anten at dei var redde for at proletariatet greip makta, eller at dei ynskte å *dela* makta likt — ikkje berre med «upålitande medløparar» som dei venstresosialrevolusjonære, men og med fiendar, med tsjernovittane og mensjevikane. Dei siste ville uunngåeleg ha hindra oss i grunnleggjande saker, slik som å oppløysa den grunnlovgjevande forsamlinga, undertrykkja Bogajevski-tilhengjarane nådelast, byggja opp sovjetinstitusjonane overalt, og i å gjennomføra alle slags beslagleggingar.

No har eitt einskild parti, partiet til proletariatet, gripe, halde på og grunnfesta makta i sine hender, jamvel utan dei «upålitande medløparane». Å tala om kompromiss no — når det ikkje er spørsmål og ikkje kan vera spørsmål om å dela *makta*, om å gje slepp på proleta-

riatets diktatur over borgarskapet — det er berre å ta opp att på same måten som ein papegøye ord ein har lært utanåt, men ikkje skjøna. Vi har no kome i ein situasjon der vi kan og må styra landet. Utan å tenkja på kva det kostar må vi vinna dei mest effektive menneska som kapitalismen har skolert over på vår side. Desse menneska må vi setja inn i vår teneste imot oppløysinga til småeigarane. Å kalla dette eit «kompromiss» avslører fullstendig mangel på evner til å tenkja over dei økonomiske oppgåvene i den sosialistiske oppbygginga.

NATURALSKATT, FRIDOM TIL Å DRIVA HANDEL OG KONSESJONAR

I drøftinga frå 1918 som er sitert ovanfor, er det ein del mistak når det gjeld dei tidbolkane det er tale om. Det synte seg at dei vart lengre enn vi venta oss den gongen. Det er ikkje overraskande. Men grunnelementa i økonomien vår er framleis dei same. I svært mange tilfelle har dei «fattige» bøndene (proletarar og halvproletarar) vorte mellombønder. Dette har ført til at småeigar-, småborgar-«elementet» har auka. Borgarkrigen i 1918—20 øydela landet endå meir, han forseinka gjenoppbygginga av produktivkreftene og fekk proletariatet til å blø meir enn nokon annan klasse. Attåt dette kom avlingssvikten i 1920, fôrmangelen og krøttertappet, noko som førte til at gjenreisinga av transport og industri vart endå meir seinka, av di det m.a. verka inn på kor mykje hestane til bøndene kunne brukast til å dra fram ved, som er viktigaste brensla vår.

Som fylgje av dette var den politiske stoda våren 1921 slik at det straks måtte takast svært faste og heilt naudsynte åtgjerder for å forbetra vilkåra for bøndene og auka produktivkreftene deira.

Kvifor bøndene og ikkje arbeidarane?

Fordi det trengst korn og brenslé for å betra vilkåra

for arbeidarane. Dette er det største «hinderet» nett no, sett ut ifrå økonomien som heilskap. Men det er umogleg å auka produksjon og innsamling av korn og lagring og utlevering av brenslé utan at vilkåra for bøndene vert betra og produktivkreftene deira auka. Vi må ta til med bøndene. Dei som ikkje kan forstå dette og meiner at å setja bøndene i fremste rekkje på denne måten er å «fornekta» proletarietets diktatur, eller noko liknande, dei tek seg rett og slett ikkje tid til å tenkja, og let orda ta makta over seg. Proletarietets diktatur tyder at proletariet har leiinga over politikken. Proletariet som den leiande og herskande klassen må vera i stand til å leia politikken på ein slik måte at dei fyrst løyser det mest tvingande og «plagsame» problemet. Det som er mest tvingande nett no, er å ta åtgjerder som med ein gong aukar produktivkreftene i bondejordbruket. *Berre på denne måten* vil det verta mogleg å betra vilkåra for arbeidarane, styrkja alliansen mellom arbeidarane og bøndene og grunnfesta proletarietets diktatur. Den proletaren eller representanten for proletariet som *nekta* å betra vilkåra for arbeidarane *på denne måten*, ville i *røynda* syna seg som ein medskuldig med kvitegardistane og kapitalistane. Å nekta gjera dette på denne måten tyder å setja dei snevre gruppeinteressene til arbeidarane over klasseinteressene deira, og å ofra interessene til heile arbeidarklassen, diktaturet hans, alliansen hans med bøndene mot godseigarane og kapitalistane, og den leiande rolla hans i kampen for å frigjera arbeidet frå åket til kapitalen — det er å ofra alt dette for å få ein beinveges, kortsiktig og delvis fordel for arbeidarane.

Såleis vert det fyrste vi treng beinveges og alvorlege tiltak for å auka produktivkreftene til bøndene.

Dette kan ikkje gjerast utan at det vert gjort viktige endringar i matvarepolitikken vår. Ei slik endring var å byta ut innleveringsplikta for overskotet med naturalskatten, som inneber ein fri marknad, i det minste i det lokale økonomiske varebytet, etter at skatten er betalt.

Kva er kjernen i denne endringa?

Galne idear er utbreidde på dette punktet. Dei kjem hovudsakleg av at det ikkje vert gjort nokon freistnad på å studera kva overgangen tyder eller slå fast kva han inneber. Såleis vert det trudd at endringa er frå kommunisme allment sett til det borgarlege systemet allment sett. For å motverka dette mistaket må ein visa til det som vart sagt i mai 1918.

Naturalskatten er ei av overgangsformene frå den særmerkte krigskommunismen som vart tvinga på oss av den ytste naud, utarming og krig, til eit vanleg sosialistisk produktbyte. Det siste er i sin tur ei av overgangsformene frå sosialisme med dei særdraga som kjem av at folkesetnaden i hovudsak er småbønder, til kommunismen.

Under denne særmerkte krigskommunismen tok vi i røynda alt overskotet frå bonden — og stundom jamvel ein del av det som var naudsynt for han sjølv — for å møta krava frå hæren og syta for arbeidarane. Det meste av det tok vi som lån, for papirpengar. Hadde vi ikkje gjort det, kunne vi ikkje ha slege godseigarane og kapitalistane i eit øydelagt småbondeland. Den kjensgjerninga at vi sigrar (trass i den hjelpa utbytтарane våre fekk frå dei mektigaste landa i verda), syner ikkje berre dei mirakla av heltemot arbeidarane og bøndene kan utføra når dei kjempar for å verta frie. Det syner og at når mensjevikaner, dei sosialrevolusjonære og Kautsky & Co. *klandra* oss for denne krigskommunismen, handla dei som lakeiar for borgarskapet. Vi fortener heider for det.

Kor mykje heider vi fortener, er eit like viktig spørsmål. Det var krigen og utarminga som tvinga oss inn i krigskommunismen. Han var ikkje, og kunne ikkje vera, ein politikk som samsvara med dei økonomiske oppgåvene til proletariatet. Han var ei naudråd som ikkje kunne vara. Den rette politikken for proletariatet som set i verk diktaturet sitt i eit småbondeland, er å skaffa korn i byte med dei fabrikkvarene bøndene

treng. Dette er den einaste matvarepolitikken som samsvarar med oppgåvene til proletariatet og som kan styrkja grunnlaget for sosialismen og føra han til full siger.

Naturalskatten er ein overgang til denne politikken. Vi er framleis så utarma og nedtyngde etter bøkene i krigen (som stod på enno i går og kan bryta ut att på ny i morgon av di kapitalistane er så griske og fulle av vondskap) at vi ikkje kan gje bøndene fabrikkvarer i byte for *alt* det kornet vi treng. Sidan vi er klår over dette, innfører vi naturalskatten, dvs. vi skal ta det minstemålet med korn som vi treng (til hæren og arbeidarane) i form av ein skatt, og skaffa resten i byte for fabrikkvarer.

Det er noko anna vi ikkje må gløyma. Fattigdomen og utarminga er så stor hos oss at vi ikkje kan byggja opp att ein sosialistisk statsindustri i stor målestokk *i ei vending*. Det kan gjerast med store lager av korn og brenslé i dei store industrisentra, med å skifta ut utbrukt maskineri og så frametter. Røynsla har overtydd oss om at dette ikkje kan gjerast i ei vending, og vi veit at etter den øydeleggjande imperialistiske krigen vil jamvel dei rikaste og mest framskridne landa fyrst vera i stand til å løysa dette problemet etter ei nokså lang rekkje år. Fylgjeleg er det i ei viss mon naudsynt å hjelpa til å byggja opp att *småindustrien*, som ikkje krev maskinar, store råvarelager, brenslé og matvarer av staten, og som straks kan gje ei viss hjelp til bondejordbruket og auka produktivkreftene her med ein gong.

Kva vil så verta verknaden av alt dette?

Det er at småborgarskapet og kapitalismen vert vekt til live att på grunnlag av ein viss fridom i handelen (om enn han berre er lokal). Så mykje er sikkert, og det ville vera tåpeleg å lata att augo for det.

Er det naudsynt? Kan det rettferdiggjast? Er det ikkje farleg?

Det vert stilt mange slike spørsmål. Dei fleste tydar berre på godtruenskap, for å seia det mildt.

Sjå på den definisjonen eg gav i mai 1918 av elementa (dei grunnleggjande delane) som finst i dei ulike samfunnsøkonomiske strukturane i økonomien vår. Ingen kan nekta for at alle desse fem stega (eller grunnleggjande delane) av dei fem økonomiske formene er til — frå det patriarkalske, dvs. halvbarbariske, til det sosialistiske systemet. Det er sjølvinnlysande at småbonde«strukturen», som er dels patriarkalsk, dels småborgarleg, dominerer i eit småbondeland. Det er ei tvillaus sanning — som er elementær i den politiske økonomien, og som jamvel den daglege røynsla til folk flest kan stadfesta — at straks det kjem i gang byte, er småøkonomien nøydd til å utvikla seg i småborgarleg-kapitalistisk retning.

Kva politikk kan det sosialistiske proletariatet fylgja når det er stilt andsynes ein slik økonomisk røyndom? Er det å gje småbonden *alt* han treng av varer som er produserte av den sosialistiske storindustrien i byte for kornet og råvarene hans? Det ville ha vore den mest ynskjelege og «korrekte» politikken — og vi har teke til med han. Men vi kan ikkje skaffa *alle* varene, så langt ifrå. Heller ikkje vil vi verta i stand til å gjera det med det fyrste, i alle høve ikkje før vi har gjort unna fyrste etappen for å skaffa heile landet elektrisitet. Kva må gjerast? Ein måte er fullstendig å forby å setja stengsel for all utvikling av privat, ikkje-statleg varebyte, dvs. handel, dvs. kapitalisme, som er uunngåeleg med millonar av småprodusentar. Men ein slik politikk ville vera tåpeleg, og sjølv mord for det partiet som freista gjennomføra han. Det ville vera tåpeleg av di det er økonomisk umogleg. Det ville vera sjølv mord av di det partiet som freista gjennomføra han ville gå ein uunngåeleg katastrofe i møte. Lat oss vedgå det: Nokre kommunistar har synda «i tankar, ord og gjerningar» med å gjera nett ein *slik* politikk til sin. Vi skal freista retta på desse mistaka, og det må gjerast utan nokon glipp, for elles kan det gå temmeleg gale.

Alternativet (og dette er den einaste politikken som er

fornuftig og den siste som er *mogleg*) er ikkje å freista forby eller setja stengsel for utviklinga av kapitalismen, men å kanalisera han inn i *statskapitalismen*. Dette er økonomisk mogleg, for statskapitalismen finst — i ulike former og ulik grad — overalt der det finst element av uhindra handel og kapitalisme i det heile.

Kan sovjetstaten og proletariatets diktatur sameinast med statskapitalismen? Kan dei høva i hop?

Sjølvsagt kan dei det. Det var nett dette eg hevda i mai 1918. Eg vonar eg prova det då. Eg prova og at statskapitalismen er eit steg framover jamført med småeigarelementet (som både er småpatriarkalsk og småborgarleg). Dei som berre jamfører statskapitalismen med sosialismen gjer ei mengd mistak, for under dei politiske og økonomiske omstenda som no rår er det vesentleg å jamføra statskapitalismen med småborgarleg produksjon òg.

Heile problemet er — både teoretisk og praktisk — å finna dei rette metodane for å styra utviklinga av kapitalismen (som i ei viss mon og ei viss tid er uunngåeleg) inn i kanalane til statskapitalismen, og å avgjera korleis vi skal setja vilkåra for denne utviklinga for å sikra at ho går over i sosialismen i nær framtid.

For å koma fram til løysinga på dette problemet, må vi aller fyrst gjera oss opp eit så klårt bilete som mogleg av korleis statskapitalismen vil og kan verta i praksis innanfor sovjetsystemet og innan ramene til sovjetstaten.

Det enklaste dømet på korleis sovjetregjeringa styrer utviklinga av kapitalismen inn i kanalane til statskapitalismen og «podar inn» statskapitalisme, er konsesjonane. Vi er alle no samde om at konsesjonar er naudsynte, men har vi alle tenkt over kva dei inneber? Kva er konsesjonar under sovjetsystemet, sett i lys av dei økonomiske formene som er nemnde ovanfor og det gjensidige tilhøvet mellom dei? Dei er ei semje, ein allianse, ein blokk mellom sovjetmakta, dvs. den proletariske statsmakta og statskapitalismen, mot småeigarelemen-

tet (som både er patriarkalsk og småborgarleg). Konsejnsinnehavaren er ein kapitalist. Han driv verksemda si etter kapitalistiske liner, for profitten, og er villig til å gå inn i ein avtale med den proletariske regjeringa for å skaffa seg superprofittar eller råvarer som han ikkje kan få tak i på andre måtar, eller berre kan få med store vanskar. Sovjetmakta vinn ved at produktivkreftene vert utvikla, og ved at det straks, eller innan svært kort tid, vert sikra ei større varemengd. Vi har, lat oss seia, eitt hundre oljefelt, gruver og skogområde. Vi kan ikkje utvikla dei alle, for vi manglar maskinane, matvarene og transportmidla. Dette er og grunnen til at vi gjer så godt som ingen ting for å utvikla dei andre landområda. Som fylgje av at dei store føretaka er utilstrekkeleg utvikla, er småeigarelementet meir markert i alle formene sine. Dette gjev seg utslag i at det omliggjande (og seinare alt) bondejordbruket vert svekkja. Produktivkreftene i det vert brotne ned, tilliten til sovjetmakta minka, og det gjev seg utslag i småtjuveri og vidspreidd profitørverksemd i det små (som er den farlegaste) osb. Med å «poda inn» statskapitalisme i form av konsesjonar, styrkar sovjetmakta storproduksjonen imot småproduksjonen, den framskridne produksjonen imot den tilbakeliggjande produksjonen og maskinproduksjonen imot produksjonen for hand. Ho får og ei større mengd av produkta frå storindustrien (sovjetmakta sin del av produksjonen), og styrkar statsregulerte økonomiske tilhøve imot anarkiet i småborgarlege tilhøve. Ei slik moderat og varsam tillemping av konsesjonspolitikken vil tvillaust hjelpa oss å få ei rask betring (eit lite stykke på veg) i stoda for industrien og vilkåra for arbeidarene og bøndene. Prisen vi må betala for dette vil sjølvsagt vera visse offer og å gje over til kapitalistane mange millionar pud* særse verdifulle produkt. Omfanget og vilkåra konsesjonane må ha for at dei ikkje lenge skal vera til fare og vert vende til vår fordel, avheng

* *Pud* — russisk vekteining, ca. 16,4 kg. — *Red.*

av tilhøvet mellom kreftene, og vert avgjort i striden, for konsesjonar er og ei form for strid, og er eit framhald av klassekampen i ei anna form. Og under ingen omstende tyder dei å byta ut klassekrig med klassefred. Praksis vil avgjera metodane i striden.

Jamført med andre former for statskapitalisme innan sovjetsystemet er kan hende konsesjonar den enklaste og mest endeframme forma for statskapitalisme. Det inneber ein formell skriven avtale med den mest siviliserte, framskridne, vest-europeiske kapitalismen. Vi veit nøyaktig kva vi vinn og kva vi tapar, kva rettar og plikter vi har. Vi veit nøyaktig for kor lang tid konsesjonane er gjevne. Vi kjenner vilkåra for tilbakekjøp før avtalen går ut, dersom han gjev høve til slikt tilbakekjøp. Vi betaler ein viss «tributt» til verdskapitalismen, vi «kjøper oss fri» med visse ordningar, og med det gjer vi straks sovjetmakta stødigare og forbetrar dei økonomiske vilkåra våre. Det som er vanskeleg med konsesjonar, er å vurdera og verdsetja alle omstenda grundig når vi går inn i ein konsesjonsavtale, og så å sjå til at han vert oppfylt. Sjelvsagt er der vanskar, og til å byrja med vil det truleg uunngåeleg verta gjort mistak. Men dette er mindre vanskar jamført med dei andre problema i den sosiale revolusjonen, og særleg jamført med dei vanskane som kjem av andre former for å utvikla, tillata og poda inn statskapitalisme.

Den viktigaste oppgåva alle parti- og sovjettenestemennene står framfor i samband med at naturalskatten vert innført, er å nytta prinsippa for «konsesjons»-politikken (dvs. ein politikk som liknar på «konsesjons»-statskapitalisme) på dei andre formene for kapitalisme — handel utan restriksjonar, lokalt varebyte, osb.

Lat oss ta kooperativa. Det er ikkje overraskande at dekretet om naturalskatten straks gjorde det naudsynt å revidera føresegnene for kooperativa og å utvida «fri-
domen» og rettane deira i ei viss mon. Kooperativa er og ei form for statskapitalisme, men ho er ikkje så enkel. Ho har ikkje så klåre konturar, ho er meir innfløkt

og skaper difor større praktiske vanskar for styresmaktene. Kooperativa til dei små vareprodusentane (og det er dei det er snakk om som den dominerande og typiske forma i eit småbondeland), gjev uunngåeleg opphav til småborgarlege kapitalistiske tilhøve, gjer det enklare for dei å utvikla seg, skubar dei små kapitalistane i framgrunnen og er til størst fordel for dei. Det kan ikkje vera annleis, sidan det er småeigarane som dominerer, og varebyte er naudsynt og mogleg. Under dei tilhøva som rår i Russland no, tyder fridom og rettar for kooperative selskap fridom og rettar for kapitalismen. Det ville vera tåpeleg eller kriminelt å lata att augo for denne berrsynte sanninga.

Men til skilnad frå privatkapitalismen er den «kooperative» kapitalismen under sovjetsystemet ein variant av statskapitalismen, og såleis er han til fordel og nytte for oss nett no — sjølv sagt i ei viss mon. Sidan natural-skatten tyder fritt sal av overskotskorn (etter og utover det som vert teke som skatt), må vi gjera alt vi kan for å styra *denne* utviklinga av kapitalismen — for ein fri marknad *er* utvikling av kapitalismen — inn i kanalane til den kooperative kapitalismen. Han liknar statskapitalismen med di han gjer det lettare med rekneskapsførsel, kontroll, ettersyn og å få i stand kontrakttilhøve mellom staten (i dette tilfellet sovjetstaten) og kapitalisten. Kooperativhandel er til større fordel og nytte enn privat handel ikkje berre av dei grunnane som er nemnde ovanfor, men og av di han gjer det lettare å samla og organisera millionar av menneske og etter kvart heile folkesetnaden, og dette er i sin tur ei enorm vinning sett ut ifrå den seinare overgangen frå statskapitalisme til sosialisme.

Lat oss jamføra konsesjonar og kooperativ som former for statskapitalisme. Konsesjonar er grunna på maskinell storindustri. Kooperativ er grunna på småindustri, handverk, og til dels jamvel på patriarkalsk industri. Kvar konsesjonsavtale får verknad for ein kapitalist, eit firma, syndikat, kartell eller trust. Kooperati-

ve selskap femner om mange tusen og jamvel millionar av småeigarar. Konsesjonar tillet og jamvel føreset ein klår avtale for ei fastsett tid. Kooperative selskap gjev ikkje rom for nokon av delane. Det er langt enklare å trekkja attende lova om kooperativa enn å oppheva ein konsesjonsavtale. Men å oppheva ein avtale tyder at ein brått bryt av dei praktiske banda i ein økonomisk allianse eller økonomisk sameksistens med kapitalisten. Å trekkja attende lova om kooperativa, eller kva lov som helst for den saks skuld, vil derimot ikkje straks bryta av den praktiske sameksistensen mellom sovjetmakta og småkapitalistane. Heller ikkje er dette allment sett i stand til å bryta av dei faktiske økonomiske tilhøva. Det er enkelt å «halda eit auge med» ein konsesjons-haldar, men ikkje med kooperatørane. Overgangen frå konsesjonar til sosialisme er ein overgang frå ei form for storproduksjon til ei anna. Overgangen frå småeigarkooperativa til sosialisme er ein overgang frå småproduksjon til storproduksjon. Det vil seia at han er meir komplisert, men dersom han lykkast, er han i stand til å femna større massar av folkesetnaden og dra opp dei djupare og seigare røtene frå dei gamle før-sosialistiske og jamvel førkapitalistiske tilhøva, som gjer stri motstand mot alle «nyvinningar». Konsesjons-politikken vil, dersom han lykkast, gje oss nokre få store — jamført med våre eigne — modellføretak som byggjer på nivået til den moderne framskridne kapitalismen. Etter nokre få tiår vil desse føretaka gå fullstendig over på våre hender. Kooperativpolitikken vil, dersom han lykkast, føra med seg utvikling i småøkonomien, og på stuttare eller lengre sikt letta overgangen hans til storproduksjon på grunnlag av frivillig samanslutning.

Lat oss ta ei tredje form for statskapitalisme. Staten vervar kapitalisten som handelsmann og betaler han fast provisjon for sal av statsvarer og kjøp av produktet til småprodusenten. Ei fjerde form: Staten leiger ut til den kapitalistiske entreprenøren eit industriføretak,

oljefelt, skogstrekningar, jord osv. som høyrer staten til; leigeforholdet liknar svært på ein konsesjonsavtale. Vi snakkar ikkje om, vi tenkjer ikkje over eller bryr oss med desse to siste formene for statskapitalisme, ikkje fordi vi er sterke og flinke, men av di vi er svake og dumme. Vi er redde for å sjå den «simple sanninga» rett i augo, og vi gjev altfor ofte etter for «jublande narrekvad»*. Vi tek stadig vekk opp att at «vi» går over frå kapitalismen til sosialismen, men bryr oss ikkje med å skaffa oss eit skikkeleg bilete av dette «vi». For å halda dette biletet klårt, må vi til kvar tid hugsa heile lista — utan unntak — over dei grunnleggjande delane i den nasjonale økonomien vår, over alle dei ulike formene eg sette opp i artikkelen min frå 5. mai 1918. «Vi», fortroppen, den framskridne avdelinga til proletariatet, går beinveges over til sosialismen. Men den framskridne avdelinga er berre ein liten del av heile proletariatet, og det er i sin tur berre ein liten del av heile folkesetnaden. Dersom «vi» har framgang med å løysa problemet med overgangen vår til sosialismen straks, må vi forstå kva slags *mellomliggjande* vegar, metodar, middel og instrument som krevst for overgangen frå *førkapitalistiske* tilhøve til sosialismen. Det er dette som er poenget.

Sjå på kartet over RSFSR**. Dusinvis av store siviliserte statar kan få rom i dei enorme områda som strekkjer seg nord for Vologda, søraust for Rostov ved Don og Saratov, sør for Orenburg og Omsk, og nord for Tomsk. I desse områda rår patriarkalske tilstandar, og halvt og regelrett barbari. Og kva med dei fjerne bondeområda i resten av Russland, der sneisvis av verst***

* *Jublande narrekvad* — omskriving av diktet «Helten» av Pusjkin, der han seier at han heller vil ha jublande narrekvad enn simpel sanning. — *Red.*

** *RSFSR* — Den russiske sosialistiske føderasjonen av sovjetrepublikkar. — *Red.*

*** *Verst* — russisk lengdemål, 1 066,77 m. — *Red.*

med krøtterstig — eller rettare land utan stigar — ligg mellom landsbyane og jarnbanane, dvs. det materielle bandet med dei store byane, storindustrien, kapitalismen og kulturen? Er ikkje det og eit område med fullstendig patriarkalske tilstandar, oblomovisme* og halvbarbari?

Er det tenkjeleg at det kan koma ein overgang straks til sosialismen frå dei tilstandane som dominerer i Russland? Ja, det er det til ei viss mon, men berre på eitt vilkår, som vi no kjenner nøyaktig til takk vere eit stort og avslutta vitskapleg arbeid.¹³ Det er elektrifisering. Der-som vi byggjer opp fleire dusin kraftverk i distrikta (no veit vi kvar og korleis dei kan og må konstruerast) og overfører elektrisk kraft til kvar einaste landsby, der-som vi skaffar oss tilstrekkeleg mange elektriske motorar og anna maskineri, då vil vi ikkje trenga, eller vil knappast trenga, noko overgangsstadium eller mellomliggjande ledd mellom dei patriarkalske tilstandane og sosialismen. Men vi veit framifrå godt at det vil ta i det minste ti år berre å fullføra fyrste steget av dette «eine» vilkåret. Denne tida kan verta monaleg mindre berre dersom den proletariske revolusjonen sigrar i slike land som Storbritannia, Tyskland eller USA.

I åra som kjem må vi læra å tenkja på dei mellomliggjande ledda som kan letta overgangen frå patriarkalske tilstandar og småproduksjon til sosialismen. «Vi» held av og til fram med å seia at «kapitalismen er ei ulykke, sosialismen er ei signing». Men eit slikt argument er feil, av di det ikkje maktar fanga opp i seg heile mengda av eksisterande økonomiske former og blinkar ut berre to av dei.

Kapitalismen er ei ulykke jamført med sosialismen. Kapitalismen er ei signing jamført med mellomaldertilhøve, småproduksjon og dei byråkratiske plagene som skriv seg frå at småprodusentane er så splitta. I den

* *Oblomov* — hovudperson, og godseigar i ein roman av Gontsjarov, symbol på stagnasjon, snyltarverksemd og tilbakeståande patriarkalske tilstandar. — *Red.*

mon vi enno er ute av stand til å gå beinveges over frå småproduksjon til sosialisme, er det uunngåeleg med noko kapitalisme som grunnproduktet av småproduksjon og varebyte, slik at vi må nytta ut kapitalismen (særleg med å leia han inn i kanalane til statskapitalismen) som mellomledd mellom småproduksjon og sosialismen, som eit middel, ein veg og ein metode for å auka produktivkreftene.

Sjå på den økonomiske sida ved dei byråkratiske plagene. Vi ser ingen ting til dei den 5. mai 1918. Seks månader etter Oktoberrevolusjonen, med det gamle byråkratiske apparatet knust frå topp til botn kjende vi ingen av plagene med det.

Eitt år seinare vedtok den åttande kongressen til Russlands kommunistiske parti (18.—23. mars 1919)¹⁴ eit nytt partiprogram der vi talar rett ut om «*ei delvis fornying av byråkratiet innanfor sovjetsystemet*», utan å vera redde for å vedgå plagene, men med ynskje om å avsløra dei, avdekkja dei og setja dei i gapestokken og stimulera tanke, vilje, energi og handling for å kjempa mot dei.

To år seinare, våren 1921, etter den åttande sovjetkongressen (desember 1920), som diskuterte plagene med byråkratiet, og etter den tiande kongressen til Russlands kommunistiske parti (mars 1921), som summerte opp dei ordsifta som hang nært i hop med ein analyse av desse plagene, ser vi at *dei* er endå tydelegare og uhyggelegare. Kva slag økonomiske røter har dei? Dei har for det meste ein dobbelt karakter: På den eine sida treng eit utvikla borgarskap eit byråkratisk apparat, i fyrste rekkje eit militærapparat, og så eit rettsvesen, osb., som dei kan nytta mot den revolusjonære rørsle til arbeidarane (og delvis til bøndene). Dette er noko vi ikkje har. Domstolane våre er klassesdomstolar som er retta mot borgarskapet. Hæren vår er ein klassehær som er retta mot borgarskapet. Plagene med byråkratiet er ikkje i hæren, men i dei institusjonane som tenar han. I landet vårt har byråkratiske framgangsmåtar

andre økonomiske røter. Det er den atomiserte og splitta stillinga til småprodusenten, fattigdomen og analfabetismen hans, mangelen på kultur og vegar, og mangel på varebyte mellom jordbruk og industri, mangel på samband og gjensidig kontakt mellom dei. Dette er i stor mon ein fylgje av borgarkrigen. Vi kunne ikkje byggja opp att industrien når vi stod under blokade og var kringsette på alle sider, og var skorne av frå heile verda og seinare frå det kornrike sør, Sibir og koldistrikta. Vi hadde ikkje råd til å tvika med å innføra krigskommunismen, eller med å våga gå til dei mest fortvila ytterkantane: For å berga arbeidar- og bondestyret måtte vi gå igjennom eit tilvere i halvveges svelt-ihel eller verre enn det, men for kvar pris, trass i øydeleggingar utan måte og mangel på økonomisk samkvem, måtte vi halda fram. Vi let oss ikkje skremma, slik dei sosialrevolusjonære og mensjevikane gjorde (dei fylgde i røynda borgarskapet hovudsakleg av di dei var redde). Men den faktoren som var avgjerande for sigeren i eit land under blokade — ei kringsett festning — avslørte den negative sida si våren 1921, nett då dei siste kvitegardiststyrkane endeleg vart drivne bort frå jorda til RSFSR. I den festninga var det mogleg og tvingande naudsynt å «låsa fast» alt varebyte. Med det uvanlege heltemotet massane la for dagen kunne dette tolast i tre år. Etter dette auka øydelegginga av småprodusentane, og gjenreisinga av storindustrien vart endå meir forseinka og utsett. Byråkratiske framgangsmåtar kom no fullt til syne som ein arv etter «kringsettinga» og den overbygninga som var sett opp over den isolerte og nedtrakka tilstanden til småprodusenten.

Vi må læra oss å vedgå ei plage utan frykt, for å kjempa di fastare mot henne, for å byrja frå botn om att og om att. Vi vil måtte gjera dette mange gonger på alle område av det vi driv med, gjera ferdig det som stod att å gjera, og velja ulike måtar for å gå inn på problemet. Ut ifrå at gjenreisinga av storindustrien er tydeleg forseinka, har det vorte utoleleg at varebyttet mel-

lom industrien og jordbruket er «fastlåst». Fylgjeleg må vi konsentrera oss om det vi kan gjera: Byggja opp att småindustrien og hjelpa på tilhøva frå den kanten med å stø opp den sida av byggverket som er halvt øydelagt av krigen og blokaden. Vi må gjera alt som gjerast kan for å utvikla handelen for kvar pris utan å vera redde for kapitalismen, for dei grensene vi har sett for han (godseigarane og borgarskapet er eksproprierte i økonomien, arbeidarane og bøndene rår i politikken), er tilstrekkeleg tronge og «moderate». Dette er den grunnleggjande tanken med naturalskatten, og det han tyder økonomisk.

Alle parti- og sovjettenestemenn må retta arbeidet og merksemda si inn på å skapa så stort lokalt initiativ som råd i den økonomiske utviklinga, i guvernementa*, endå meir i ojestane**, og endå meir i volostene*** og landsbyane. Dette må dei gjera med det særskilte føremålet å gje betre vilkår for bondejordbruket straks, sjølv om det vert med «små» middel, i liten målestokk, med å hjelpa til med å utvikla lokal småindustri. Den samordna statlege økonomiske planen krev at dette kjem i sentrum for merksemda, og at arbeidet med det får høg «prioritet». Ein del betring her, nært inntil det breiaste og djupaste «grunnlaget», vil gjera det mogleg å gå svært raskt over til ei kraftigare og meir framgangsrik gjenreising av storindustrien.

Fram til no har den som arbeider med matvareforsyningane berre kjent til eit grunnleggjande pålegg: Få samla inn 100 prosent av det innleveringspliktige kornet. No har han eit anna pålegg: Få samla inn 100 prosent av skatten på kortast mogleg tid, få deretter samla

* *Guvernement* — nemning på dei største administrative einingane i Russland under tsarane. Dei vart styrde av guvernørar med stor lokal makt. — *Red.*

** *Ojest* — russisk administrativ eining som tilsvarar herred, distrikt, område. — *Red.*

*** *Volost* — ein kommune, ein mindre stad. — *Red.*

inn 100 prosent til i byte for varene frå storindustri og småindustri. Dei som samlar inn 75 prosent av skatten og 75 prosent (av dei neste hundre) i byte for varene til storindustrien og småindustrien, gjer nyttigare og nasjonalt viktigare arbeid enn dei som samlar 100 prosent av skatten og 55 prosent (av dei neste hundre) med hjelp av byte. Oppgåva for den som arbeider med matvareforsyningane vert no meir komplisert. På den eine sida har dei ei fiskal* oppgåve: Få samla inn skatten så snøgt og effektivt som råd. På den andre sida er det ei allmenn økonomisk oppgåve: Prøv å rettleia kooperativa, gje hjelp til småindustrien, få til ei utvikling av lokalt initiativ på ein slik måte at det aukar varebyttet mellom jordbruket og industrien og gjev det eit sunt grunnlag. Dei byråkratiske framgangsmåtane våre provar at vi framleis gjer eit særleg dårleg arbeid med dette. Vi må ikkje vera redde for å vedgå at *vi enno har mykje å læra av kapitalistane* på dette området. Vi skal samanlikna dei praktiske røynslene frå dei ymse guvernementa, ojestane, volostene og landsbyane: Ein stad har små og store privatkapitalistar oppnådd så og så mykje; om lag så stor er profitten deira. Dette er tributten, avgifta, vi må betala for «opplæringa». Det gjer oss ikkje noko å betala for dette dersom vi lærer eitt eller anna. Ein stad like ved har dei oppnådd så og så mykje gjennom kooperativ verksemd. Det er vinsten til kooperativa. Og ein tredje stad har dei oppnådd så og så mykje med reine statlege og kommunistiske framgangsmåtar (nett no vil dette tredje dømet vera eit sjeldant unntak).

Det må verta hovudoppgåva for kvart einaste sentrum for økonomien i eit område og kvar einaste økonomiske konferanse i eksekutivkomiteane i guvernementa straks å organisera ulike eksperiment eller «byte»-system for dei overskotslagra som er att etter at naturalskatten er betalt. Om nokre månader må vi skaffa oss

* *Fiskal* — har med pengar å gjera. Ofte nytta i samband med statleg skatte- og avgiftspolitik.

praktiske resultat for å jamføra og studera dei. Lokalt eller importert salt, parafin frå næraste byen, treindustri på handverksbasis, handverk som nyttar lokale råvarer og produserer visse varer som kan hende ikkje er særleg viktige, men naudsynte og nyttige for bøndene, «kvitt kol» (utnytting av små lokale vasskraftressursar til elektrisk kraft), osb. osb. — alt dette må setjast i verksemd for å stimulera bytet mellom industrien og jordbruket for kvar pris. Dei som får beste resultata på dette området, jamvel om det er med hjelp av privatkapitalisme, jamvel utan kooperativ eller utan å omforma denne kapitalismen beinveges til statskapitalisme, dei gjer meir for saka til den sosialistiske oppbygginga i Russland enn dei som «grunnar over» reinleiken til kommunismen og set opp reguleringar, reglar og direktiv for statskapitalismen og kooperativa, men ikkje gjer noko praktisk for å stimulera handelen.

Er det ikkje eit paradoks at privatkapitalen skal hjelpe sosialismen?

Ikkje i det heile. Det er faktisk ei økonomisk kjensgjerning som ikkje kan tilbakevisast. Sidan dette er eit småbondeland der transportapparatet er i særskild dårleg stand, eit land som reiser seg frå krig og blokade under den politiske leiinga til proletariatet — som har kontrollen over transportsystemet og storindustrien — så fylgjer det uunngåeleg for det fyrste at det lokale bytet nett no vert det aller viktigaste, og for det andre at det vert mogleg å hjelpa fram sosialismen med hjelp av privatkapitalismen (for ikkje å snakka om statskapitalismen).

Lat oss ikkje stridast om ord. Vi har framleis altfor mykje av den slags. Vi må ha meir varierte praktiske røynsler, og vi må studera dei breiare. Under visse omstende er ei mønstergyldig organisering av lokalt arbeid, jamvel i den minste målestokk, langt viktigare for nasjonen enn mange greiner med sentralt statleg arbeid. Nett slike omstende er det som no rår i jordbruket allment, og særleg når det gjeld å byta overskotsprodukt i

jordbruket med industrivarer. Ei mønstergyldig organisering av dette, jamvel i ei einaste volost, er langt viktigare for nasjonen enn ei «mønstergyldig» forbetring av det sentrale apparatet i eit eller anna folkekommissariat. Dei siste tre og eit halvt åra har det sentrale apparatet vårt vorte bygd ut så sterkt at det har greidd å leggja seg til ein god del skadelege rutinar. Vi kan ikkje betra raskt på det i noko særleg mon, vi veit ikkje korleis vi skal gjera det. Hjelpa i arbeidet med å betra radikalt på det, med å sikra at friske krefter strøymar til, med å kjempa effektivt mot byråkratiske framgangsmåtar og vinna over denne skadelege rutinen, må koma frå lokalmiljøa og dei lågare rekkjene, frå den mønstergyldige organiseringa av ein «heilskap», jamvel i liten målestokk. Når eg seier «heilskap» meiner eg ikkje berre eit gardsbruk, ei industrigrein eller ein fabrikk, men *summen* av alle økonomiske tilhøve, *summen* av heile det økonomiske bytet, jamvel om det berre er i eit lite lokalsamfunn.

Dei av oss som er nøyddde til å halda fram med å arbeida i sentrum, vil halda fram med oppgåva å betra på apparatet og reinsa ut dei byråkratiske plagene frå det, jamvel om det berre er i ein liten målestokk som vi lett kan oppfylla. Men den største hjelpa til denne oppgåva kjem, og vil koma, frå lokalsamfunna. Allment sett er tilstandane, så vidt eg kan sjå, betre i lokalsamfunna enn i sentrum. Og det er forståeleg, for dei byråkratiske plagene er sjølvstøtt fortetta i sentrum. Såleis er det ikkje til å unngå at Moskva er den verste byen, og allment sett det verste «lokalsamfunnet» i republikken. I lokalsamfunna har vi avvik frå gjennomsnittet både i god og dårleg retning, det siste er mindre vanleg enn det fyrste. Avvika til den dårlege sida er det misbruket som vert drive av tidlegare embetsmenn, godseigarar, borgarar og anna avskum, som sleikar for kommunistane og stundom gjer seg skuld i avskyelege overgrep og tyrannisk framferd mot bøndene. Slikt krev ei utreinsking med terrorismidlar, summarisk rettssak og avrettings-

pelotong. Lat slike som Martov, Tsjernov og partilause spissborgarar som dei slå seg for bringa og ropa: «Eg takkar deg, Gud, for at eg ikkje er som 'desse', og aldri har godteke terror.» Desse dumskallane «godtek ikkje terror» av di dei vel å verta underdanige medskuldige med kvitegardistane i å narra arbeidarane og bøndene. Dei sosialrevolusjonære og mensjevikane «godtek ikkje terror» av di dei no under flagget til «sosialismen» fullfører oppgåva si med å gjera massane *avhengige av nåden til kvitegardistterrororen*. Dette vart prova av Kerenski-regimet og Kornilov-kuppet i Russland, av Koltsjak-regimet i Sibir og av mensjevismen i Grusia. Det vart prova av heltane i Den andre internasjonale og To-og-ein-halv-internasjonale¹⁵ i Finland, Ungarn, Austerrike, Tyskland, Italia, Storbritannia osv. Lat dei smiskete medskuldige i kvitegardistterrororen breia seg i si fornektning av all terror. Vi skal seia den bitre og tvilause sanninga: I land der det rår ei krise utan like, der gamle band er brotne og klassekampen er skjerpa etter den imperialistiske krigen frå 1914 til 1918 — og det vil seia alle land i verda — kan ein ikkje greia seg utan terror, same kva hyklarar og frasemakarar seier. Anten borgarleg kvitegardistterror slik som i Amerika, Storbritannia (Irland), Italia (fascistane), Tyskland, Ungarn og andre stader, eller raud, proletarisk terror. Nokon mellomveg, nokon «tredje» veg finst ikkje, og kan heller ikkje finnast.

Avvika til den gode sida er den framgangen som er oppnådd i å kjempa mot dei byråkratiske plagene, at det vert synt stor merksemd mot det arbeidarane og bøndene treng og at det vert teke grundig på å utvikla økonomien, auka arbeidsproduktiviteten og stimulera det lokale varebyttet mellom jordbruk og industri. Jamvel om det er fleire av dei gode døma enn av dei dårlege, er dei likevel sjeldne. Like fullt er dei der. Unge, friske kommunistiske krefter som er stålsette av borgarkrig og saknad, står fram i alle lokalsamfunn. Vi gjer framleis reint for lite for å forfremja desse kreftene regelmessig

frå lågare til høgare postar. Dette kan og må gjerast meir iherdig og i langt større omfang enn no. Sume tenestemenn kan og bør overførast frå arbeid i sentrum til lokalt arbeid. Som leiande personar i ojestar og voloster, der dei kan organisera *heile* det økonomiske arbeidet etter *mønstergyldige* liner, vil dei gjera langt meir som er bra, og utføra arbeid som er langt viktigare *for nasjonen*, enn om dei skjøttar ein eller annan funksjon i sentrum. Den *mønstergyldige* organiseringa av arbeidet vil hjelpa til å trena opp nye tenestemenn og gje føredøme som andre distrikt kan fylgja relativt lett-vint. Vi som sit i sentrum vil verta i stand til å gjera temmeleg mykje for å oppmuntra dei andre distrikta over heile landet til å «fylgja» dei gode føredøma, og jamvel setja det som ei plikt for dei å gjera dette.

Det ligg i sjølve den naturen det har at arbeidet med å utvikla «varebyte» mellom jordbruk og industri, å byta overskotet etter at skatten er betalt mot det som vert produsert av ein hovudsakleg handverksprega småindustri, krev sjølvstendig, dyktig og intelligent *lokalt initiativ*. Det er grunnen til at det no er særskild viktig sett frå nasjonal synsstad å organisera arbeidet i ojestane og volostene etter *mønstergyldige* liner. På det militære området var vi t.d. under siste krigen mot Polen ikkje redde for å avvika frå den byråkratiske rangordninga og «degradera» eller overføra medlemer av det revolusjonære militærrådet i republikken til lågare postar (samstundes som dei fekk ha den høge rangen sin i sentrum). Kvifor skulle vi ikkje no overføra ei rekkje medlemer i den allrussiske sentrale eksekutivkomiteen, eller medlemer av kollegia, eller andre kameratar med høg rang, til arbeid i ojestar eller jamvel i voloster? Vi har då vel ikkje vorte så «byråkratiserte» at vi «skjemmest» over det? Og vi vil finna mengdevis av tenestemenn i dei sentrale organa som gladeleg vil godta dette. Den økonomiske utviklinga til heile republikken vil vinna enormt, og mønstervolostene, eller -ojestane, vil ikkje berre spela ei stor, men ei retteleg avgjerande og historisk rolle.

Elles må vi merka oss som ei lita, men viktig sak, at det vert naudsynt å forandra haldning i spørsmålet om å stri mot profitørverksemd. Vi må dyrka fram «skikkeleg» handel, dvs. ein handel som ikkje dreg seg unna statskontroll. Det lønar seg for oss å utvikla han. Men i den politisk-økonomiske tydinga si kan *ikkje* profitørverksemd skiljast frå «skikkeleg» handel. Handelsfridom er kapitalisme, kapitalisme er profitørverksemd. Det ville vera latterleg å oversjå dette.

Kva må så gjerast? Skal vi kunngjera at profitørverksemd ikkje lenger er straffbart?

Nei. Vi må revidera og skriva om alle lovene om profitørverksemd, og kunngjera at all *nasking* og all beinveges eller omveges, open eller løynt *unndraging frå statleg kontroll, oppsyn og rekneskapsførsel* er eit straffbart brotsverk (som i røynda vil gje dobbelt så streng straff som før). Det er når vi legg fram spørsmålet på denne måten (rådet av folkekommissærar har alt teke til, det vil seia det har gjeve ordre om at arbeidet med å revidera lovene mot profitørverksemda skal ta til) at vi vil lykkast i å styra den heller uunngåelege, men naudsynte utviklinga av kapitalismen inn i kanalane til *statskapitalismen*.

POLITISK OPPSUMMERING OG SLUTNINGAR

Eg må enno — i det minste kort — gå inn på den politiske stoda, og korleis ho vart slik og korleis ho endra seg i samband med den økonomiske utviklinga som er skissert ovanfor.

Eg har alt sagt at dei grunnleggjande særdraga i økonomien vår i 1921 er dei same som i 1918. Våren 1921 førte — i hovudsak som fylgje av avlingssvikta og tapet av krøtter — med seg ei brå forverring i vilkåra for bøndene, som var ille nok på grunn av krigen og blokaden.

Dette førte til politisk vakling, som allment sett er uttrykk for sjølve «naturen» til småprodusenten. Det mest slåande uttrykket for dette var mytteriet i Kronstadt.

Vaklinga til det småborgarlege elementet var det mest særmerkte draget med hendingane i Kronstadt. Det var svært lite der som var klårt, avgjort og fullt utforma. Vi fekk høyra tåkete slagord om «fridom», «handelsfridom», «frigjering», «sovjet utan bolsjevikane», eller nyval til sovjeta, eller berging frå «partidiktatur», og så vidare. Både mensjevikane og dei sosialrevolusjonære kunngjorde at Kronstadt-rørsla var «deira eiga». Viktor Tsjernov sende ein bodberar til Kronstadt. Etter framlegg frå han, røysta mensjeviken Valk, ein av leiarene på Kronstadt, for den *grunnlovgjevande forsamlinga*. På ein blunk, med lynande fart kan ein seia, mobiliserte kvitegardistane alle kreftene sine «for Kronstadt». Militærekspertane deira i Kronstadt, ei rekkje ekspertar, og ikkje berre Koslovksi, sette opp ein plan for ei landsetjing ved Oranienbaum, noko som skremde dei vaklande massane av mensjevikar, sosialrevolusjonære og partilause element. Meir enn femti russiske kvitegardistaviser som kom ut utanlands, førte ein rasande kampanje «for Kronstadt». Storbankane, alle kreftene til finanskapitalen, samla inn pengar for å hjelpa Kronstadt. Den dyktige leiaren til borgarskapet og godseigarane, kadetten Miljukov, forklåra tolmodig beinveges for dumskallen Viktor Tsjernov (og omveges for mensjevikane Dan og Rosjkov, som sit fengsla i Petrograd for kontaktane sine med Kronstadt-hendingane) at ein treng ikkje skunda seg med den grunnlovgjevande forsamlinga, og at *sovjetmakta* kan få og må få stønad — *berre utan bolsjevikane*.

Sjølvsagt er det lett å vera flinkare enn innbilske dumskallar som Tsjernov, den småborgarlege frase-makaren, eller som Martov, riddaren av spissborgarleg reformisme som er pynta på slik at han skal kunna godtakast som marxisme. Eingentleg er ikkje poenget at

Miljukov som einskildmenneske har større vit, men at partileiaren til storborgarskapet på grunn av klassestillinga si ser og skjønar klasseinnhaldet og det politiske samspelet i sakene klårare enn leiarane for småborgarskapet, slike som Tsjernov og Martov. For borgarskapet er verkeleg ei klassekraft som under kapitalismen uunngåeleg har herredømet både under eit monarki og i den mest demokratiske republikken, og som også uunngåeleg får stønad frå verdsborgarskapet. Men småborgarskapet, dvs. alle heltane frå Den andre internasjonale og frå To-og-ein-halv-internasjonale, kan ikkje, ut ifrå sjølv sitt økonomiske vesen, verta noko som helst anna enn uttrykk for maktesløysa til klassen. Av dette fylgjer vaklinga, frasemakeriet og hjelpeløysa. I 1789 kunne småborgarane enno vera store revolusjonære. I 1848 var dei lättelege og patetiske. Den faktiske rolla deira i 1917—21 har vore som avskyelege hjelpesmenn og endeframme tenarar for reaksjonen, om dei no heiter Tsjernov, Martov, Kautsky, MacDonald eller kva det skal vera.

Martov synte at han ikkje er anna enn ein spissborgarleg Narcissus* då han i avisa si i Berlin¹⁶ kunn gjorde at Kronstadt ikkje berre tok opp mensjevikiske slagord, men og prova at det var mogleg med ei antibolsjevikisk rørsle som ikkje fullt ut tente interessene til kvitegardistane, kapitalistane og godseigarane. I praksis seier han: «Lat oss lata att augo for kjensgjerninga at alle ekte kvitegardistar hylla mytteristane i Kronstadt og samla inn pengar for å hjelpa Kronstadt gjennom bankane!» Jamført med slike som Tsjernov og Martov har Miljukov rett, for han avslørar den verkelege taktikken til dei verkelege kvitegardistkreftene, kreftene til kapitalistane og godseigarane. Han kunngjer: «Det har ingenting å seia kven vi stør, det vere seg anarkistar el-

* *Narcissus* — Eit gammalt gresk sagn fortel om ungguten Narcissus som vart så forelska i spegelbiletet av seg sjølv at han stirde på det heilt til han døydde av svolt. Ein innbilsk, sjølvdyrkande narr. — *Red.*

ler ei sovjetregjering av eitkvart slag, *så lenge som bolsjevikane vert styrta, så lenge som det vert eit maktskifte*. Det har ingenting å seia om det vert til høgre eller til venstre, til mensjevikane eller til anarkistane, så lenge det vert vekk frå bolsjevikane. Det som står att, resten, skal 'vi', slike som Miljukov, 'vi', kapitalistane og godseigarane, gjera 'sjølve'. Vi skal slå ned dei anarkistiske pygmeane, folk som Tsjernov og Martov, slik vi gjorde med Tsjernov og Maiski i Sibir, dei ungarske tsjernovane og martovane i Ungarn, Kautsky i Tyskland og Friedrich Adler & Co i Wien.» Det verkelege, klårtenkte borgarskapet har gjort hundrevis av desse spissborgarlege narcissusane til narr — det vere seg mensjevikar, sosialrevolusjonære eller partilause — og har jaga dei ut mangfaldige gonger i alle revolusjonar i alle land. Historia provar det. Kjensgjerningane stadfestar det. Narcissusane vil prata, folk som Miljukov og kvitegardistane vil handla.

Miljukov har fullstendig rett når han seier: «Om det berre kjem eit maktskifte vekk frå bolsjevikane, same om det er litt til høgre eller til venstre, så vil resten gå av seg sjølv.» Dette er ei klasesanning, som historia til revolusjonane i alle land og hundreåra med moderne historie etter mellomalderen har stadfesta. Dei oppsplitta småprodusentane, bøndene, vert økonomisk og *politisk* samla anten av borgarskapet (dette har alltid vore og vil alltid vera tilfelle under kapitalismen i alle land, i alle moderne revolusjonar), eller av proletariatet (det var tilfelle i uutvikla form ein svært kort periode ved høgdepunktet til ein del av dei største revolusjonane i moderne historie, det har vore tilfelle i Russland i ei meir utvikla form i 1917—21). Berre narcissusane vil tala og drøyma om ein «tredje» veg og ei «tredje kraft».

Med store vanskar og gjennom desperate kampar har bolsjevikane trena opp ein proletarisk fortropp som er i stand til å regjera. Dei har skapt, og dei har lykkast i å forsvara proletariatets diktatur. Etter fire års utprøving

gjennom praktisk røynsle har tilhøvet mellom klassekreftene i Russland vorte så klårt som dagen: Den stålsette og herda fortroppen til den einaste revolusjonære klassen; det vaklande småborgarlege elementet; og folk som Miljukov, kapitalistane og godseigarane som ligg og ventar utanlands og vert stødde av verdsborgarskapet. Det er klårt som krystall: Berre dei siste er i stand til å dra fordel av noko «maktskifte», og det vil dei for visst gjera.

I brosjyren frå 1918 som eg siterte ovanfor, vert dette poenget lagt fram svært klårt: «Hovudfienden» er det «småborgarlege elementet». «Anten underkastar vi det under vår kontroll og rekneskapsførsel, eller så styrtar det arbeidarmakta like sikkert og like uunngåeleg som revolusjonen vart styrta av folk som Napoleon og Cavaignac, som nett sprang ut frå dette småeigarjordsmonnet. Slik står spørsmålet. Dette er det einaste synet vi kan ha på saka.» (Utdrag frå brosjyren frå 5. mai 1918, jfr. ovanfor.)

Styrken vår ligg i fullstendig klårleik og nøktern vurdering av *alle* klassestorleikar som er til, både russiske og internasjonale, og i den uslitande energien, den jarnharde fastleiken og offerviljen i kampen som fylgjer av dette. Vi har mange fiendar, men dei er splitta, eller dei veit ikkje kva dei vil (liksom alle småborgarar, alle folk som Martov og Tsjernov, alle partilause og anarkistar). Men vi står samla — beinveges oss imellom, og omveges med proletarane i alle land; vi veit nett kva vi ynskjer. Det er grunnen til at vi er uovervinnelege i verds-målestokk, jamvel om dette ikkje forhindrar det aller minste at det er mogleg einskilde proletariske revolusjonar lid nederlag for kortare eller lengre tidsrom.

Det er gode grunnar for å kalla det småborgarlege elementet eit element, for det er verkeleg noko som er formlaust, uklårt og umedvite. Dei småborgarlege narcissusane innbiller seg at «allmenn røysterett» avskaffar naturen til småprodusenten under kapitalismen. I røynda *hjelper* han borgarskapet — gjennom

kyrkja, pressa, lærarane, politiet, militaristane og ei unemnande mengd former for økonomisk undertrykking — til å *leggja* dei oppsplitta småprodusentane *under seg*. Øydelegging, naud og dei harde livsvilkåra gjev opphav til vakling: Eine dagen for borgarskapet, den neste for proletariatet. Berre den stålsette proletariske fortroppen er i stand til å stå seg imot og vinna over denne vaklinga.

Hendingane våren 1921 avsløra endå ein gong rolla til dei sosialrevolusjonære og mensjevikane: Dei hjelper det vaklande småborgarlege elementet til å dra seg bort frå bolsjevikane, til å få i stand eit «maktskifte» til fordel for kapitalistane og godseigarane. *Mensjevikane og dei sosialrevolusjonære har no lært seg korleis dei skal forkle seg som «partilause»*. Dette har vi fått fullgodt prov for. Det er berre toskar som ikkje er i stand til å sjå dette no og forstå at vi ikkje må la oss narra. Konferansar for partilause er ingen fetisj*. Dei er verdifulle dersom dei hjelper oss å koma nærare dei massane som enno ikkje er påverka — millionane av arbeidande menneske som framleis står utanfor politikken. Men dei er skadelege dersom dei gjev mensjevikane og dei sosialrevolusjonære eit grunnlag for å maskera seg som «partilause». Dei hjelper mytteria og kvitegardistane. Plassen til mensjevikane og dei sosialrevolusjonære, om dei står ope fram eller forkler seg som partilause, er ikkje på ein konferanse for partilause, men i fengsel (eller i utanlandske aviser, side om side med kvitegardistane — det var ei glede for oss å la Martov dra utanlands). Vi kan og må finna fram til andre framgangsmåtar for å lodda stemninga hos massane og koma dei nærare. Vi gjer framlegg om at dei som ynskjer å spela spelet med parlamentarisk grunnlovgevande forsamling og konferansar for partilause, skal dra

* *Fetisj* — stein, trestokk o.l. med magisk, overnaturlig kraft, menneske- eller dyrefigurar som vernar den som eig dei mot vonde hendingar. — *Red.*

utanlands. Der, saman med Martov, kan dei prøva kor fortryllande «demokratiet» er, og dei kan spørja soldatane til Wrangel om dette. Vi har ikkje tid til dette spelet om «opposisjon» og «konferansar». Vi er omringa av verdsborgarskapet, som vaktar på kvart einaste teikn til vakling for å senda attende «sine eigne folk» og setja inn att godseigarane og borgarskapet. Vi vil halda mensjevikane og dei sosialrevolusjonære i fengsel, anten dei står ope fram eller er forkledde som «partilause».

Vi skal nytta kvart middel for å få i stand nærare kontakt med massane av arbeidande menneske som politikken ikkje har nådd — utanom slike middel som gjev spelerom for mensjevikane og dei sosialrevolusjonære, og for *slik vakling som er til gagn for Miljukov*. Særleg skal vi vera ivrige med å dra inn hundrevis og atter hundrevis av partilause menneske, verkeleg partilause menneske frå massane, dei jamne lag av arbeidarar og bønder, inn i sovjetarbeid, i fyrste rekkje økonomisk arbeid. Men dei som har teke på seg partilause fargar for å lura med seg mensjevikiske og sosialrevolusjonære instruksar som er til så stor fordel for Miljukov, vil vi ikkje ha noko med å gjera. Hundrevis og tusenvis av partilause menneske arbeider for oss, og mengder av dei sit i svært viktige og ansvarlege stillingar. Vi må bry oss sterkare med korleis dei arbeider. Vi må gjera meir for å hjelpa fram og prøva tusenvis og atter tusenvis av jamne arbeidarar, å prøva dei systematisk og uthaldande, og nemna ut hundrevis av dei til høgare stillingar, dersom røynslene syner at dei kan fylla dei.

Kommunistane våre forstår enno ikkje så godt som dei burde dei verkelege pliktene sine når det gjeld å administrera: Dei skulle ikkje trå etter å gjera «alt i hop sjølv», slik at dei slit seg ned og ikkje klarar greia opp med alt, tek på seg tjue oppgåver og ikkje fullfører noka. Dei skulle halda kontroll med mengdevis, hundrevis av assistentar, og leggja det slik til rettes at arbeidet dei-
ra vert halde kontroll med nedanfrå, dvs. av dei verke-

lege massane. Dei skulle *retteia* arbeidet og *læra* av dei som har kunnskapen (spesialistane) og røynsla med å organisera storproduksjon (kapitalistane). Ein intelligent kommunist vil ikkje vera redd for å læra av ein militærekspert, jamvel om ni tidelar av militærekspertane er i stand til å svika ved kvart einaste høve. Ein klok kommunist vil ikkje vera redd for å læra av ein kapitalist (anten det er ein storkapitalistisk konsejnsinnehavar, ein kommisjonshandlar eller ein småkapitalistisk kooperatør, osb.), jamvel om kapitalisten ikkje er noko betre enn militæreksperten. Lærte vi ikkje å gripa svikefulle militærekspertar i den raude hæren, å få fram dei ærlege og samvitsfulle, og i det heile å dra nytte av tusenvis og titusenvis av militærekspertar? Vi lærer oss å gjera det same (på ein uvanleg måte) med ingeniørar og lærarar, jamvel om vi ikkje gjer det så godt som vi gjorde det i den raude hæren (der fekk vi påskuv av Denikin og Koltsjak, som tvinga oss til å læra snøggare, ivrigare og meir gjennomtenkt). Vi vil og læra å gjera det (også det på ein uvanleg måte) med kommisjonshandlarane, med oppkjøparane som arbeider for staten, dei småkapitalistiske kooperatørane, konsesjonsentreprenørane, osb.

Vilkåra for massane av arbeidarar og bønder treng å betrast med det same. Og vi skal nå dette med å setja nye krefter, medrekna partilause krefter, i nyttig arbeid. Naturalskatten og ei rekkje tiltak i samband med han vil gjera dette lettare. Med det vil vi få kutta den økonomiske rota til den uunngåelege vaklinga til småprodusenten. Og vi vil kjempa nådelaut mot den politiske vaklinga, som ikkje tener nokon annan enn Miljukov. Dei som vinglar er mange, vi er få. Dei som vinglar er splitta, vi står samla. Dei som vinglar er ikkje økonomisk uavhengige, men det er proletariatet. Dei som vinglar veit ikkje kva dei sjølv vil: Dei ynskjer sårt å gjera eitkvart, men Miljukov vil ikkje la dei få lov. Vi veit kva vi ynskjer.

Og difor vil vi vinna.

KONKLUSJON

For å summera opp.

Naturalskatten er ein overgang frå krigskommunisme til eit regulært sosialistisk produktutbyte.

Den særst harde utarminga som avlingssvikten i 1920 har skjerpa endå meir, har gjort denne overgangen tvingande naudsynt av di det var umogleg å byggja opp att storindustrien raskt.

Av det fylgjer at det fyrste som må gjerast, er å betra vilkåra for bøndene. Verkemidla er naturalskatten, å utvikla varebyte mellom jordbruk og industri og å utvikla småindustri.

Varebyte tyder handelsfridom, det er kapitalisme. Det er nyttig for oss i den mon det hjelper oss å vinna over splittinga mellom småprodusentane og til ei viss mon å kjempa mot dei byråkratiske plagene. I kor stor mon det kan gjerast, vil syna seg gjennom praktisk røynsle. Den proletariske makta står ikkje i nokon fare så lenge proletariatet held makta fast i sine hender, og har full kontroll over transporten og storindustrien.

Kampen mot profitørverksemda må gjerast om til ein kamp mot tjuveri og mot det å unndra seg statleg etter-syn, rekneskapsførsel og kontroll. Med hjelp av denne kontrollen skal vi leia den kapitalismen som til ei viss mon er uunngåeleg og naudsynt for oss, inn i kanalane til statskapitalismen.

Det må for kvar pris gjevast så stort spelerom som råd til utviklinga av lokalt initiativ og sjølvstendig verksemd når det gjeld å oppmuntra byte mellom jordbruk og industri. Dei praktiske røynslene ein har vunne må studerast, og desse røynslene må gjerast så varierte som mogleg.

Vi må gje hjelp til småindustrien som tener jordbruket til bøndene og hjelpa til å betra han. I ei viss utstrekning kan denne hjelpa gjevast i form av rå-

materiale frå dei statlege lagra. Det ville vera grovt kriminelt å la desse råmateriala liggja unytta.

Vi må ikkje vera redde for å la kommunistar «læra» av borgarlege ekspertar, medrekna handelsmenn, småkapitalistiske kooperatørar og kapitalistar, på same måten som vi lærte av militærekspertane, jamvel om det vert i ei anna form. Resultata av «opplæringa» må setjast på prøve berre gjennom praktisk røynsle og gjennom å gjera sakene betre enn dei borgarlege ekspertane som står i lag med dykk. Prøv på alle måtar å sikra framgang i jordbruk og industri og utvikla byte mellom dei. Ikkje ver knuslete med «opplæringsavgifta»: Ikkje noko av det vil vera for mykje, føresett at vi lærer noko.

Gjer alt for å hjelpa massane av arbeidande menneske, for å koma dei nærare, og for å forfremja hundrevis og tusenvis av partilause menneske frå rekkjene dei-ra til å arbeida med å administrera økonomien. Når det gjeld «partilause» menneske som berre er mensjevikar og sosialrevolusjonære som er forkledde i moterette partilause klede å la Kronstadt, bør dei haldast trygt forvart i fengsel, eller sendast vekk til Berlin, der dei kan slå lag med Martov og fritt nyta alle gledene ved det reine demokratiet og fritt utveksla tankar med Tsjernov, Miljukov og dei grusiske mensjevikane.

21. april 1921.

Prenta som brosjyre
i mai 1921

Prenta i samsvar
med brosjyretteksten
etter gjennomgang av
manuskriptet

DEN TREDJE KONGRESSEN TIL DEN KOMMUNISTISKE INTERNASJONALEN¹⁷

22. juni—12. juli 1922

1

TESAR TIL EI MELDING OM TAKTIKKEN TIL RKP

1. Den internasjonale stillinga til RSFSR

Den internasjonale stillinga til RSFSR nett no merkjer seg ut gjennom ei viss likevekt, som jamvel om ho er umåteleg ustabil, like fullt har gjeve opphav til ein særmerkt tilstand i verdspolitikken.

Det særmerkte er dette: På den eine sida er det internasjonale borgarskapet fylt av eit vilt hat og fiendskap imot Sovjet-Russland, og det er budd på å kasta seg over dette landet kva tid som helst for å kvela det. På den andre sida enda alle freistnader på militær intervensjon, som har kosta det internasjonale borgarskapet hundremillionvis med franc, med fullstendig fiasko, trass i at sovjetmakta då var svakare enn ho er no, og at dei russiske godseigarane og kapitalistane hadde heile hærar inne på territoriet til RSFSR. Opposisjonen mot krigen mot Sovjet-Russland har vakse monaleg i alle kapitalistiske land. Han har gjeve næring til den revolusjonære rørsla til proletariatet og spreidd seg til svært vide grupper av dei småborgarlege demokratane. Interessekonflikten mellom dei ulike imperialistiske landa har vorte akutt, og vert stadig meir akutt for kvar dag. Den revolusjonære rørsla blant dei hundrevis av millionar med undertrykte folk i Austen veks med ei kraft

som er verd å merka seg. Resultatet av alle desse vilkåra er at den internasjonale imperialismen har synt seg ute av stand til å kvela Sovjet-Russland. Og det jamvel om han er langt sterkare, og for ei tid har vorte nøydd til å godkjenna Sovjet-Russland, eller godkjenna det halv-veges, og å slutta handelsavtalar med det.

Resultatet er ein likevektstilstand som trass i at han er høgst ustabil og utrygg, gjer det mogleg for den sosialistiske republikken å vera til — sjølvsaugt ikkje så lenge — innanfor den kapitalistiske innringinga.

2. Korleis klassekreftene er stilte opp internasjonalt

Denne tilstanden har gjeve opphav til at klassekreftene internasjonalt er stilte opp på fylgjande vis:

Det internasjonale borgarskapet har mista høvet til å føra open krig mot Sovjet-Russland, men det ventar og vaktar på den augneblinken då tilhøva vil tillata det å setja krigen i gang att.

Proletariatet i alle dei framskridne kapitalistiske landa har alt danna fortroppen sin, dei kommunistiske partia. Dei veks og gjer stadig framgang i retning av å vinna fleirtalet av proletariatet i kvart land, og å øydeleggja innverknaden til dei gamle byråkratane i fagrørsla og dei øvre laga av arbeidarklassen i Amerika og Europa, som har vorte korrupte av imperialistiske privilegier.

Dei småborgarlege demokratane i dei kapitalistiske landa, som er representerte med dei fremste delane sine, i Den andre- og To-og-ein-halv-internasjonale, tener i dag som viktigaste stønaden for kapitalismen. Dei har framleis innverknad over fleirtalet eller ein monaleg del av arbeidarane og funksjonærene i industri og handel som er redde for at dei vil mista den relative småborgarlege velstanden som dei imperialistiske privilegia har skapt, dersom revolusjonen bryt ut. Men overalt gjer den veksande økonomiske krisa tilhøva verre for breie delar av folket. Og på same tid som det vert klårare å

sjå at nye imperialistiske krigar ikkje er til å unngå dersom kapitalismen held fram, gjer dette denne hovudstønadens stadig veikare.

Massane av det arbeidande folket i dei koloniale og halvkoloniale landa, som utgjer det overveldande fleirtalet av folkesetnaden på jorda, vart vekte til politisk liv ved inngangen til det tjugande hundreåret, særleg gjennom revolusjonane i Russland, Tyrkia, Persia og Kina. Den imperialistiske krigen 1914—18 og sovjetmakta i Russland fullfører prosessen med å venda desse massane om til ein aktiv faktor i verdspolitikken og i den revolusjonære øydelegginga av imperialismen. Dette skjer jamvel om dei velutdanna spissborgarane i Europa og Amerika, medrekna leiarane i Den andre- og To-og-ein-half-internasjonale stivnakka nektar å sjå dette. Britisk India står i brodden for desse landa, og der held revolusjonen på å modnast, på den eine sida i samsvar med veksten i industri- og jarnbaneproletariatet, og på den andre sida i samsvar med auken i den brutale terrorismen til britane, som stadig oftare nyttar seg av massakrar (Amritsar)¹⁸, offentleg pisking, osb.

3. Korleis klassekreftene er stilte opp i Russland.

Den indre politiske stoda i Sovjet-Russland vert avgjort av at det her for fyrste gong i historia i fleire år berre har vore to klassar: Proletariatet, som i fleire tiår har fått trening gjennom ein svært ung, men moderne maskinell storindustri, og småbøndene, som utgjer det overveldande fleirtalet av folkesetnaden.

Dei store godseigarane og kapitalistane er ikkje forsvunne i Russland, men dei har vorte utsette for fullstendig ekspropriasjon*, og er knuste politisk som klasse. Leivningane etter denne klassen gøymer seg no blant dei offentlege sovjettenestemennene. Dei har teke vare

* *Ekspropriasjon* — av eksproprierer, ta eigedom frå uten å gje vederlag. — Red.

på klasseorganiseringa si utanlands, som emigrantar, og tel truleg mellom 1,5 og 2 millionar menneske, med over 50 dagsaviser frå alle dei borgarlege og «sosialistiske» (dvs. småborgarlege) partia, med restar av ein hær, og talrike band til det internasjonale borgarskapet. Desse emigrantane strevar alt dei evnar og maktar for å øydeleggja sovjetmakta og gjenoppretta kapitalismen i Russland.

4. Proletariatet og bøndene i Russland.

Når den indre stoda i Russland er slik, vert hovudoppgåva for proletariatet som herskande klasse no å avgjera og setja i verk på skikkeleg vis dei tiltaka som er naudsynte for å leia bøndene, få i stand ein fast allianse med dei, og fullføra overgangen til eit sosialisert, mekanisert stordriftsjordbruk gjennom ein serie gradvise steg. Dette er ei særskilt vanskeleg oppgåve i Russland, både av di landet ligg så langt tilbake, og av di det er så sterkt utarma som fylgje av sju år med imperialistisk krig og borgarkrig. Men sett bort frå desse særskilte omstenda, er dette ei av dei vanskelegaste oppgåvene i den sosialistiske oppbygginga som alle kapitalistiske land vil møta, kan hende einast med unntak av Storbritannia. Det må like fullt ikkje gløymast at jamvel når det gjeld Storbritannia, der dei små forpaktarane berre er ein svært liten klasse, er prosenten av arbeidarar og kontorfunksjonærar som nyt godt av ein småborgarleg levestandard uvanleg høg. Dette kjem av at fleire hundre millionar menneske i røynda vert haldne som slavar i dei koloniane Storbritannia rår over.

Sett ut ifrå utviklinga av den proletariske verdsrevolusjonen som ein einskapeleg prosess, er fylgjeleg den tidbolken Russland går igjennom no viktig. Han er viktig som ei praktisk prøve og ei stadfesting av den politikken eit proletariat ved makta fører overfor massane av småborgarar.

5. Militæralliansen mellom proletariatet og bøndene i RSFSR.

Grunnlaget for korrekte tilhøve mellom proletariatet og bøndene i Sovjet-Russland vart skapt i tida 1917—21. Då fekk invasjonen til kapitalistane og godseigarane, med stønad frå heile borgarskapet i verda og alle dei småborgarlege demokratiske partia (sosialrevolusjonære og mensjevikar), proletariatet og bøndene til å skipa, skriva under på og forseгла ein militærallianse for å forsvara sovjetmakta. Borgarkrig er den skarpaste forma for klassekamp, men di skarpere han er, di snøggarer fortærer flammene hans alle småborgarlege illusjonar og fordomar, og di klårare provar røynslene jamvel for dei mest tilbakeliggjande laga av bøndene at berre proletariatets diktatur kan berga dei, og at dei sosialrevolusjonære og mensjevikane i røynda berre er tenarar for godseigarane og kapitalistane.

Men til same tid som militæralliansen mellom proletariatet og bøndene var — og var nøydd til å vera — den viktigaste forma for den faste alliansen mellom dei, kunne han ikkje eingong ha vorten halde ved lag nokre få veker utan ein økonomisk allianse mellom dei to klassane. Bøndene fekk all jorda og vern mot gods-eigarane og kulakkane av arbeidarstaten. Arbeidarane har fått matvareforsyningar til låns av bøndene inntil storindustrien er bygd opp att.

6. Overgangen til høvelege økonomiske tilhøve mellom proletariatet og bøndene.

Alliansen mellom småbøndene og proletariatet kan ver-
ta korrekt og stabil sett frå sosialistisk synsstad berre når ei fullstendig gjenoppbygging av transportnettet og storindustrien set proletariatet i stand til å gje bøndene alle varene dei treng til eige bruk og for å betra på gardane i byte for maten. Når landet er utarma, er det ikkje mogleg å få dette til med ein gong. Systemet med

innleveringsplikt for overskot var den beste åtgjerda som den utilstrekkeleg organiserte staten hadde for handa for å halda seg oppe i den utruleg stride krigen mot godseigarane. Avlingssvikta og mangelen på fôr i 1920 auka trengslene for bøndene, som alt var alvorlege nok, særleg sterkt, og gjorde det tvingande naudsynt å gå over til naturalskatten straks.

Den moderate naturalskatten vil med ein gong føra med seg ei stor betring i vilkåra for bøndene, og til same tid vil han stimulera dei til å auka åkerlandet og betra jordbruksmetodane.

Naturalskatten inneber ein overgang frå å rekvirera alt overskotskornet til bøndene til regulært sosialistisk produktbyte mellom industri og jordbruk.

7. Vilkår som skal til for at sovjetregjeringa kan tillata kapitalisme og konsesjonar, og kva dette tyder.

Sjølvsagt tyder naturalskatten at bonden står fritt til å nytta overskotet sitt når skatten er betalt slik han sjølv ynskjer. Sidan staten ikkje kan forsyna bonden med varer frå sosialistiske fabrikkar i byte for alt overskotet hans, vil fridom til å driva handel med dette overskotet naudsynleg tyda fridom til å utvikla kapitalismen.

Men innanfor dei grensene som er trekte opp, er ikkje dette farleg for sosialismen i det heile, så lenge som transportapparatet og storindustrien vert liggjande i hendene på proletariatet. Tvert om er det til fordel og naudsynt (innan visse grenser, sjølvsagt,) i eit særstøydelt og tilbakeliggjande småbondeland at kapitalismen utviklar seg under kontroll og regulering av den proletariske staten (dvs. «stats»-kapitalismen i *denne* tydinga av omgrepet), i den mon denne utviklinga er i stand til å setja fart i ein oppsving for jordbruket til bøndene *straks*. Dette gjeld endå sterkare for konsesjonar: Arbeidarstaten opphevar ikkje nasjonaliseringa av noko, men leiger ut visse gruver, skogstrekningar,

oljefelt, osb., til utanlandske kapitalistar for at dei skal skaffa ekstra utstyr og maskinar som gjer det mogleg for oss å setja større fart på gjenoppbygginga av den sovjetiske storindustrien.

Den betalinga konsesjonsinnehavarane får i form av ein part i dei svært verdifulle produkta som vert skaffa til vegar, er utan tvil tribut* som arbeidarstaten betaler til borgarskapet i verda. Vi må, utan å tolka bort dette på nokon måte, skjøna klårt at vi tener på å betala denne tributten, så lenge som det set fart i gjenoppbygginga av storindustrien vår og betrar vilkåra for arbeidarane og bøndene monaleg.

8. Framgangen for matforsyningspolitikken vår.

Den matforsyningspolitikken Sovjet-Russland fylgde til frå 1917 til 21, var utan tvil svært grov og mangelfull, og han gav opphav til mange overgrep. Det vart gjort ei rekkje mistak då han skulle setjast ut i livet. Men sett under eitt var han den einaste moglege politikken under dei rådande tihøva. Og han fullførte den historiske oppgåva si: Han berga det proletariske diktaturet i eit utarma og tilbakeliggjande land. Det kan ikkje vera tvil om at han har vorte gradvis betre. Det fyrste året vi sat med heile makta (frå 1. august 1918 til 1. august 1919), samla staten inn 110 millionar pud korn. Andre året samla han inn 220 millionar pud, og tredje året over 285 millionar pud.

No når vi har fått praktisk røynsle, har vi sett oss føre, og ventar å samla 400 millionar pud (vi ventar at naturalskatten vil gje 240 millionar pud). Fyrst når arbeidarstaten sit inne med eit tilstrekkeleg matvarelager, vil han verta i stand til å stå fast på sine eigne bein økonomisk, tryggja ei jamn, om enn sakte, gjenoppbygging av storindustrien, og skapa eit skikkeleg finanssystem.

* *Tributt* — lyds katt, skadebot som den sigrande parten i ein krig legg på det landet som er erobra. — *Red.*

9. Det materielle grunnlaget for sosialismen og planen for å elektrifisera Russland.

Ein maskinell storindustri som er i stand til å omorganisera jordbruket, er det einaste materielle grunnlaget som er mogleg for sosialismen. Men vi kan ikkje nøya oss med denne allmenne tesen. Han må gjerast meir konkret. Skal vi ha storindustri som er bygd på dei siste teknologiske nyvinningane og er i stand til å omorganisera jordbruket, må heile landet elektrifiserast. Vi måtte setja i gang med det vitskaplege arbeidet med å leggja opp ein slik plan for å elektrifisera RSFSR, og det har vi greidd. Dette arbeidet er no fullført i samarbeid med over to hundre av dei beste vitskapsmennene, ingeniørane og agronomane i Russland. Det vart trykt og gjeve ut i eit stort band, og vart som heilskap godkjent av den åttande allrussiske sovjetkongressen i desember 1920.¹⁹ Det vert no gjort førebuingar for å kalla inn ein allrussisk kongress av elektroteknikarar i august 1921 for å gå igjennom denne planen i detalj før regjeringa gjev han endeleg godkjenning. Det vert rekna at det vil ta ti år å setja fyrste delen av elektrifiseringsplanen i verk, og det vil krevja om lag 370 millionar dagsverk.

I 1918 hadde vi åtte nyoppførte kraftstasjonar (med ein samla kapasitet på 4757 kW). I 1919 auka talet til 36 (samla kapasitet 1648 kW), og i 1920 voks det til 100 (samla kapasitet 8699 kW).

Om enn denne byrjinga er smålåten for det veldige landet vårt, er det gjort ein opptakt. Arbeidet har teke til, og det gjer stadig framgang. Etter den imperialistiske krigen, etter at ein million krigsfangar i Tyskland har vorte vane med siste nytt i moderne teknikk, etter den strenge, men herdande røynsla med tre års borgarkrig, er den russiske bonden ein annan mann. For kvar månad som går, ser han stadig klårare og meir levande at berre den rettleiinga proletariatet gjev, er i stand til å leia massane av småbønder ut frå det kapitalistiske slaveriet til sosialismen.

10. Rolla til «det reine demokratiet», Den andre- og To-og-ein-halv-internasjonalen, dei sosialrevolusjonære og mensjevikane som allierte for kapitalen.

Proletariatets diktatur tyder ikkje at klassekampen tek slutt, men at han held fram i ei ny form og med nye våpen. Dette diktaturet er naudsynt så lenge som det finst klassar, så lenge som borgarskapet, som er styrta i eitt land, kjem med ti gonger hardare åtak på sosialismen i internasjonal målestokk. I overgangsperioden er klassen av småbønder nøydd til å gå igjennom visse vaklingar. Overgangsvanskane og innverknaden frå borgarskapet gjer at stemninga mellom desse massane uunn-gåeleg skiftar frå tid til tid. Proletariatet er svekkja og til ei viss mon deklassert ved at den maskinelle storindustrien, som er det livsviktige grunnlaget for denne klassen, er øydelagt. Den særst vanskelege, men veldige historiske oppgåva å halda ut trass i desse vaklingane, og å føra saka med å frigjera arbeidet frå åket til kapitalen fram til siger, vert lagt på proletariatet.

Det politiske uttrykket for vaklingane til småborgarskapet er den politikken dei småborgarlege demokratisk-partia, dvs. dei partia som er knytte til Den andre- og To-og-ein-halv-internasjonalen, fylgjer. I Russland er dei representerte gjennom partia til S.R. (dei sosialrevolusjonære) og mensjevikane. Desse partia har no hovudkvartera og avisene sine utanlands. Dei står i røynda i ein blokk i lag med heile den borgarlege kontrarevolusjonen, og tener han lojalt.

Dei dyktige leiarane for det russiske storborgarskapet med Miljukov, leiaren for kadettpartiet (dei konstitusjonelle demokratane) i brodden, har heilt klårt, avgjort og ope sett denne rolla til dei småborgarlege demokratane, dvs. dei sosialrevolusjonære og mensjevikane. I samband med mytteriet på Kronstadt, der mensjevikane, dei sosialrevolusjonære og kvitegar-distane slo kreftene sine saman, kunngjorde Miljukov at han gjekk inn for parolen om «sovjet utan bolsje-

vikane». Han arbeidde ut tanken vidare, og skreiv at dei sosialrevolusjonære og mensjevikane «er velkomne til å prøva» (*Pravda* nr. 64, 1921, sitert etter Paris-avisa *Poslednije Novosti*²⁰), for oppgåva med å fyrst ta makta frå bolsjevikane ligg på dei. Miljukov, leiaren for storborgarskapet, har vurdert den lærdomen alle revolusjonar gjev korrekt, nemleg at dei småborgarlege demokratane ikkje er i stand til å halda på makta, og alltid tener berre som skjerm for borgarskapets diktatur og eit springbrett på vegen for å få makta utan å dela henne med nokon.

Den proletariske revolusjonen i Russland stadfestar om att og om att lærdomane 1789—94 og 1848—49, og likeeins det Friedrich Engels sa i brevet sitt til Bebel 11. desember 1884.

... «Reint demokrati ... når tida for revolusjon kjem, vert viktig mellombels ... som eit siste naudanker for heile den borgarlege og jamvel føydale økonomien. ... Mellom mars og september 1848 styrka såleis heile den føydal-byråkratiske massen dei liberale for å halda dei revolusjonære massane nede. ... Under alle omstende vil einaste motstandaren vår den dagen krise kjem og dagen etter krise vera heile reaksjonen som vil samla seg kring det reine demokratiet. Og dette trur eg ikkje må tapast av syne.»* (Offentleggjort på russisk i *Kommunistisjeski Trud*²¹ nr. 360, 9. juni 1921, i ein artikkel av kamerat V. Adoratski: «Marx og Engels om demokratiet». På tysk trykt i boka Friedrich Engels: *Politisches Vermächtnis*, Internationale Jugend-Bibliothek, nr. 12, Berlin 1920, s. 19)

N. Lenin

Moskva, Kreml, 13. juni 1921.

Prenta fyrste gong som
ein brosjyre i 1921

Prenta i samsvar
med manuskriptet

* Sjå Engels: *Engels til August Bebel 11. des. 1884* i Marx-Engels, *Werke*, band 36, s. 252—253.

NYE TIDER OG GAMLE FEIL I NY SKAPNAD

Kvar særskilt vending i historia fører med seg visse forandringar i forma på den småborgarlege vinglinga som alltid finst ved sida av proletariatet, og som alltid i større eller mindre mon trengjer midt inn i det.

Denne vinglinga renn i to «straumar»: Småborgarleg reformisme, dvs. å krypa for borgarskapet under dekke av eit teppe med sentimentale demokratiske og «sosial»-demokratiske frasar og tome ynskje; og småborgarleg revolusjonisme — trugande, kytande og skrytande i ord, men berre ei såpeboble av splitting, oppløysing og vitløyse i handling. Denne vinglinga vil uunngåeleg finnast heilt til dei djupaste røtene til kapitalismen vert skorne av. Forma hennar forandrar seg no i samsvar med den forandringa som går føre seg i den økonomiske politikken til sovjetregjeringa.

Leidemotivet* til mensjevikane²² er: «Bolsjevikane har vend attende til kapitalismen, dette vil verta slutten på dei. Det har synt seg at revolusjonen, medrekna Oktoberrevolusjonen, har vore ein borgarleg revolusjon trass i alt! Lenge leve demokratiet! Lenge leve reformismen!» Om dette vert sagt i rein mensjevikisk ånd eller i sosialrevolusjonær²³ ånd, i ånda til Den andre internasjonale eller i ånda til To-og-ein-halv-internasjonale, kjem ut på det same.

* *Leidemotiv* (leitmotiv): Musikkuttrykk, opphavleg frå Wagner. Strofe som går att gjennom heile musikkstykket (særlig opera) når same situasjonen/personen er på tale. — *Red.*

Leidemotivet til halvanarkistar som det tyske «kommunistiske arbeidarpartiet»²⁴ eller den delen av den tidlegare arbeidaropposisjonen vår som har gått ut av eller fjernar seg frå partiet, er: «Bolsjevikane har mista trua på arbeidarklassen.» Dei slagorda dei leier ut av dette, er meir eller mindre i slekt med «Kronstadt»-slagorda våren 1921.

Som motsetning til sutringa og panikken til spissborgarane mellom reformistane og spissborgarane mellom dei revolusjonære, må marxistane vurdera korleis dei verkelege klassekreftene er stilte opp og vurdera dei tvillause kjensgjerningane så nøkternt og nøye som mogleg.

Lat oss minnast hovudstega i revolusjonen vår. Det fyrste steget: det reint politiske steget, så å seia, frå 25. oktober til 5. januar, då Den grunnlovgevande forsamlinga* vart oppløyst. På ti vekers tid gjorde vi hundre gonger meir for verkeleg å øydeleggja leivningane av føydalismen i Russland fullstendig enn mensjevikane og dei sosialrevolusjonære gjorde på dei åtte månadene dei hadde makta, frå februar til oktober 1917. På den tida oppførte mensjevikane og dei sosialrevolusjonære i Russland og alle heltane til To-og-einhalv-internasjonen utanlands seg som stakkarslege medskuldige med reaksjonen. Når det gjeld anar-

* *Den grunnlovgevande forsamlinga* — kom saman 5. januar 1918. Vala til forsamlinga hadde i hovudsak gått føre seg før Oktober-revolusjonen, slik at forsamlinga var ei attspegling av tida då makta hadde vore i hendene på mensjevikane, dei sosialrevolusjonære og kadettane.

Den grunnlovgevande forsamlinga nekta å diskutera bolsjevik-erklæringa om rettane for det arbeidande og utbytta folket. Dette fleirtalet nekta òg å godkjenna dekreta frå den andre sovjetkongressen om fred, jord og om at makta skulle gå over til sovjeta.

Etter at dei hadde lese opp erklæringa si gjekk dei bolsjevikiske medlemene frå forsamlinga, og dagen etter vart Den grunnlovgevande forsamlinga oppløyst etter eit vedtak i den all-russiske sentrale eksekutivkomiteen. — *Red.*

kistane, stod nokre forvirra ved sida av, medan andre hjelpste oss. Var revolusjonen ein borgarleg revolusjon på den tida? Sjølv sagt var han det, i den mon funksjonen vår var å fullføra den borgarleg-demokratiske revolusjonen, i den mon det enno ikkje var nokon klassekamp mellom «bøndene». Men til same tid gjorde vi unna ein god del *for* den sosialistiske, proletariske revolusjonen som gjekk *forbi og ut over* den borgarlege revolusjonen: 1) Vi utvikla kreftene til arbeidarklassen slik at *han* kunne gjera seg nytte av statsmakta i ei mon som ingen hadde gjort før. 2) Vi slo eit slag som merkest over heile verda mot gudebileta til det småborgarlege demokratiet, Den grunnlovgjevande forsamlinga og borgarlege «fridomar» slik som pressefridom for dei rike. 3) Vi skapte den sovjetiske statstypen, som var eit kjempesteg frametter i høve til 1793 og 1871.

Andre steget: freden i Brest-Litovsk.²⁵ Det kom eit lurveleven av revolusjonært frasemakeri mot freden — det halvsvåvinistiske frasemakeriet til dei sosialrevolusjonære og mensjevikane, og «venstre»-frasemakeriet frå ein viss del av bolsjevikane. «Sidan de har gjort fred med imperialistane, er de dømde,» heldt spissborgarane fram, nokre i panikk og andre i skadefryd. Men dei sosialrevolusjonære og mensjevikane slutta fred med imperialismen som deltakrar i den borgarlege utplyndringa av arbeidarane. Vi «slutta fred» og gav delar av eigedommen vår over til røvarane berre for å berga herredømet til arbeidarane og for å verta i stand til å slå hardare slag mot røvarane seinare. På den tida var det ingen ende på snakket om at vi hadde «mista trua på kreftene til arbeidarklassen». Men vi let oss ikkje narra av dette frasemakeriet.

Tredje steget: borgarkrigen, som tok til med tsjekko-slovakane²⁶ og gjengen kring Den grunnlovgjevande forsamlinga og tok slutt med Wrangel frå 1918 til 1920. Då krigen tok til, fanst ikkje den raude hæren vår. Vurdert som ei materiell kraft tel denne hæren jamvel no for lite jamført med nokon av hærane til entente-

maktene*. Likevel sigra vi i kampen mot den mektige ententen. Alliansen mellom bøndene og arbeidarane under leiing av det proletariske styret — dette epokegjerrande viktige storverket — vart løfta opp til eit nivå som aldri før. Mensjektivane og dei sosialrevolusjonære oppførte seg som medskuldige med monarkiet, både ope (som ministrar, organisatorar og propagandistar) og tilslørt (dei «sleipare» og ynkelegare metodane som vart nytta av folk som Tsjernov og Martov, som gav inntrykk av at dei hadde reine hender i denne saka, men i røynda nytta pennane sine imot oss). Anarkistane vakla òg hjelpelaust. Ein del av dei hjelpte oss, medan ein annan del hindra oss med skrålet sitt mot militær disiplin eller med skepsisen sin.

Fjerde steget: ententen vert tvinga (for kor lang tid?) til å bryta av intervensjonen og blokaden sin. Landet vårt er i uorden som aldri før og har berre så vidt teke til å koma seg, held fyrst no på å skjøna kor djupt utarminga går, og går igjennom dei verste tyngsler — industrien står, avlingane sviktar, det er hungersnaud og epidemiar.

Vi har stige opp til det høgste og samstundes det vanskelegaste steget i den historiske kampen vår. Fjenden vår nett no og i den tida vi er inne i, er ikkje den same som vi stod overfor i går. Han er ikkje hordane av kvitegardistar under leiing av godseigarane og med stønad frå alle mensjektivane og dei sosialrevolusjonære, frå heile det internasjonale borgarskapet. Han er den kvardagslege økonomien i eit småbondeland med ein øydelagt storindustri. Han er det småborgarlege elementet som omringar oss liksom lufta og trengjer seg djupt inn i rekkjene til proletariatet. Og proletariatet er deklassert, dvs. drive ut frå klassespolet sitt. Fabrikkane og verkstadene står, proletariatet er svakt, spreidd,

* *Ententemaktene* — her: dei imperialistiske maktene USA, Japan, England og Frankrike som gjekk til åtak på Sovjet-Russland under borgarkrigen og intervensjonskrigane 1918—22. — *Red.*

svekkja. På den andre sida vert det småborgarlege elementet innanlands stødd opp av heile det internasjonale borgarskapet, som framleis held på makta si over heile verda.

Er ikkje dette nok til å få folk til å skjelva, særleg heltar som mensjevikane og dei sosialrevolusjonære, riddarane til To-og-ein-halv-internasjonen, dei hjelpelause anarkistane og desse som elsker «venstre»-frasar? «Bolsjevikane vender attende til kapitalismen. Bolsjevikane er ferdige. Revolusjonen deira har heller ikkje gått ut over grensene for ein borgarleg revolusjon.» Vi høyrer nok klagesongar av dette slaget.

Men vi har vent oss til dei.

Vi gjer ikkje faren mindre enn han er. Vi ser han rett i augo. Vi seier til arbeidarane og bøndene: Faren er stor, større solidaritet, større fastleik, større ro, kast panikkmakarane og kjeftsmellene med mensjevikiske og sosialrevolusjonære sympatiar ut med forakt.

Faren er stor. Fienden er langt sterkare enn oss økonomisk, på same måten som han i går var langt sterkare enn oss militært. Dette veit vi, og i den kunnskapen ligg styrken vår. Vi har alt gjort så uhorveleg mykje for å reinsa Russland for føydalismen, for å utvikla alle kreftene til arbeidarane og bøndene, for å fremja ein verdsfemnande kamp mot imperialismen og for å føra framover den internasjonale proletariske rørsle, som er fri frå banalitetane og låskskapen til Den andre- og To-og-ein-halv-internasjonen, at panikkskriking ikkje lenger har nokon verknad på oss. Vi har «rettferdiggjort» den revolusjonære aktiviteten vår meir enn fullt opp, vi har synt heile verda med handlingane våre kva ein proletarisk revolusjonisme er i stand til i motsetning til mensjevikisk-sosialrevolusjonært «demokrati» og feig reformisme under dekkje av pompøse frasar.

Den som er redd nederlaget like før den store kampen skal ta til, kallar seg sosialist som rein spott imot arbeidarane.

Det er nett fordi vi ikkje er redde for å sjå faren i au-

go at vi kan bruka styrkane våre på beste måte i kampen — vi vurderer sjansane meir lidenskapslaust, varsam og klokt — vi gjev alle konsesjonar som vil styrkja oss og bryta opp styrkane til fienden (no kan jamvel den største tosken sjå at «Brest-freden» var ein konsesjon som styrka oss og maktstal styrkane til den internasjonale imperialismen).

Mensjektivikane skrik om at naturalskatten, frigjevinga av handelen, tildelinga av konsesjonar og statskapitalismen ber bod om at kommunismen bryt saman. Utanlands syng den tidlegare kommunisten Levi no på same tonen som mensjektivikane. Denne Levi måtte forsvarast så lenge mistaka han hadde gjort kunne forklårast som reaksjon på ein del av mistaka til «venstre»-kommunistane, særleg i mars 1921 i Tyskland,²⁷ men denne same Levi kan ikkje forsvarast når han i staden for å vedgå at han tek feil, glid over i mensjevisme langs heile linna.

Til dei skrikande mensjektivikane skal vi heilt enkelt peika på at kommunistane så tidleg som våren 1918 kunngjorde og gjekk inn for tanken om ein blokk, ein allianse med statskapitalismen mot det småborgarlege elementet. Dette var for tre år sidan! Dei fyrste månadene etter bolsjeviksigeren! Jamvel då såg bolsjektivikane nøkternt på tilhøva. Og etter den tid har ingen vore i stand til å reisa tvil om at den nøkterne kalkuleringa vår av dei tilgjengelege kreftene var rett.

Levi, som har sklidd over i mensjevismen, rår bolsjektivikane (som han «spår» vil verta slegne av kapitalismen på same måten som alle spissborgarane, demokratane, sosialdemokratane og andre har spådd oss undergang dersom vi oppløyste Den grunnlovgjevande forsamlinga!) til å oppmoda *heile* arbeidarklassen om hjelp! For — kva seier de om det! — heilt til no har berre *ein del* av arbeidarklassen hjelpt oss!

Det Levi seier her samsvarar på merkeleg vis med det som vert sagt av desse halvannarkistane og kjeftsmellene, men og av visse medlemmer av den tidlegare

«arbeidaropposisjonen», som er så glade i å bruka store ord om at bolsjevikane no har «mista trua på kreftene til arbeidarklassen». Både mensjevikane og dei som hallar til anarkistane, gjer omgrepet «kreftene til arbeidarklassen» til eit gudebilete for seg. Dei er ikkje i stand til å gripa den røynlege, konkrete meininga med det. I staden for å studera og analysera meininga med det, deklamerer dei.

Dei fine herrane i To-og-ein-halv-internasjonaleskaper seg til som revolusjonære. Men kvar einaste gong stoda vert alvorleg, syner dei seg som kontra-revolusjonære av di dei vik attende frå å knusa den gamle statsmaskinen med vald. Dei har inga tru på kreftene til arbeidarklassen. Det var ikkje berre ein frase vi kom med då vi sa dette om dei sosialrevolusjonære & Co. Alle veit at Oktoberrevolusjonen verkeleg førte nye krefter, ein ny klasse, i framgrunnen, at dei beste representantane for proletariatet no styrer Russland, bygde opp ein hær, leidde denne hæren, skipa lokale styresmakter osb., driv industrien, og så frametter. Om det er nokre byråkratiske forvrengingar i denne administrasjonen, så løyner vi ikkje denne plaga. Vi stiller ho fram i lyset og kjempar ho ned. Dei som let kampen mot forvrengingane av det nye systemet skugga for innhaldet i det, og får seg til å gløyma at arbeidarklassen har skapt og leier ein stat av sovjettypen, er ute av stand til å tenkja, og slengjer berre snakk ut i lause lufta.

Men «kreftene til arbeidarklassen» er ikkje uavgrensa. Om straumen av friske styrkar frå arbeidarklassen no er svak, stundom svært svak, om straumen enno er svak trass i alle kunngjeringane, appellane og agitasjonen vår, trass i alle ordrane våre om å «hjelpa fram partilause», då tyder det å slå seg til ro med rein deklamasjon om at vi har «mista trua på kreftene til arbeidarklassen», å søkka ned til dovent frasemakeri.

Desse nye kreftene vil ikkje koma fram utan eit visst «pusterom». Dei kan berre veksa sakte, og dei kan ber-

re veksa på grunnlag av ein gjenoppbygd storindustri (dvs. for å vera meir presis og konkret, på grunnlag av elektrifisering). Vi kan ikkje få dei fram frå *noka anna* kjelde.

Etter ei kjempestor kraftutfalding utan like, treng arbeidarklassen i eit utarma småbondeland, den arbeidarklassen som i svært stor mon har vorte deklassert, eit visst tidsrom der dei let nye krefter få veksa til og førast fram, og der gamle og utslitne krefter kan «friskna til att». Det var eit storarbeid å skapa ein militærmaskin og ein statsmaskin som var i stand til å stå seg framgangsrikt mot påkjenningane i 1917—21, og det sette i arbeid, saug til seg og sleit ut verkelege «krefter i arbeidarklassen» (og ikkje slike som berre finst i deklamasjonane til kjeftsmellene). Vi må forstå dette og rekna det som naudsynt eller snarare uunn-gåeleg at det vert *slakka av* på den farten *nye* krefter i arbeidarklassen veks med.

Når mensjevikane skrik om «bonapartismen» til bolsjevikane (som etter det dei hevdar lit på troppar og på statsmaskineriet mot viljen til «demokratiet»), då uttrykkjer dei taktikken til borgarskapet på storarta vis. Og Miljukov har frå sin synsstad rett når han stør dei, stør «Kronstadt»-slagorda (våren 1921). Borgarskapet tek heilt rett med i vurderinga at dei *verkelege* «kreftene til arbeidarklassen» no er samansett av den mektige fortroppen til denne klassen (Russlands kommunistiske parti som, ikkje med eitt slag, men gjennom tjuefem år — gjennom handlingane sine vann seg rolle, namn og makt som «fortropp» for den einaste revolusjonære klassen), i lag med dei elementa som har vorte mest svekkja av deklasseringa, og som er lettast påverkelege av mensjevikiske og anarkistiske vaklingar.

Slagordet «større tiltru til kreftene til arbeidarklassen» vert no *i røynda* nytta for å auka innverk-naden til mensjevikane og anarkistane, slik det så le-vande vart prova og demonstrert av Kronstadt våren 1921. Kvar einaste klasse-medviten arbeidar må avsløra

og jaga på sprang dei som skrik om at vi har «mista til-tru til kreftene til arbeidarklassen», for desse kjeftsmellene er i røynda medskuldige med borgarskapet og godseigarane, som freistar svekkja proletariatet til sin eigen fordel med å hjelpa til å spreia innverknaden til mensjevikane og anarkistane.

Dette er kjernen i saka dersom vi går lidenslapslaust igjennom kva som verkeleg ligg i omgrepet «kreftene til arbeidarklassen».

Kva gjer eigentleg de, mine herrar, for å hjelpa fram partilause til det som er hovud-«fronten» i dag, den økonomiske fronten, for arbeidet med den økonomiske utviklinga? Dette er det spørsmålet dei klassemedvitne arbeidarane skulle stilla kjeftsmellene. Det er slik kjeftsmellene alltid kan og bør avslørast. Det er slik det alltid kan provast at dei i røynda ikkje hjelper, men hindrar økonomisk utvikling, at dei ikkje hjelper, men hindrar den proletariske revolusjonen, at dei arbeider for småborgarlege, ikkje proletariske mål, og at dei tener ein framand klasse.

Slagorda våre er: Ned med kjeftsmellene! Ned med dei som av vanvare gjer seg til medskuldige med kvitegardistane og gjer opp att mistaka til dei uheldige mytteristane på Kronstadt våren 1921! Kom i gang med sakleg, praktisk arbeid som tek omsyn til særdraga med stoda nett no og dei oppgåvene ho stiller! Vi treng ikkje frasar, men handling.

Ei nøktern vurdering av desse særdraga og av dei verkelege, ikkje innbilte klassekreftene fortel oss:

Perioden då det vart gjort proletariske framsteg utan like på det militære, administrative og politiske området, er avløyst av ein periode då nye krefter vil veksa fram mykje meir langsamt. Og denne perioden tok ikkje til med eit uhell. Han var uunngåeleg, han skreiv seg ikkje frå handlingane til personar eller parti, men frå objektive årsaker. På det økonomiske området vert utviklinga uunngåeleg vanskelegare, saktare og meir gradvis. Det kjem av sjølve naturen til verksemda på

dette området jamført med militær, administrativ og politisk verksemd. Det fylgjer av dei særskilte vanskaner med dette arbeidet, av at det har djupare røter, om ein kan uttrykkja det slik.

Dette er grunnen til at vi vil leggja vinn på å forma ut oppgåvene våre på dette nye, høgare steget i kampen med den største, med tredobbelt varsemd. Vi vil forma dei ut med så stort måtehald som mogleg. Vi vil gje så mange konsesjonar som mogleg innan grensene, sjølv-sagt, for kva proletariatet *kan* gå med på og likevel halda fram som herskande klasse. Vi vil krevja inn den lempelege naturalskatten så snøgt som råd og gje størst mogleg spelerom for at jordbruket til bøndene skal utvikla seg, styrkjast og byggjast opp att. Vi vil leiga ut dei føretaka som ikkje er fullstendig naudsynte for oss til leigetakarar, medrekna privatkapitalistar og utanlandske konsesjonsinnehavarar. Vi treng ein blokk, eller allianse, mellom den proletariske staten og statskapitalismen mot det småborgarlege elementet. Vi må koma fram til denne alliansen på dyktig vis med å fylgja regelen: «Ta mål av kledestykket sju gonger før du klypper.» Vi vil halda att eit lite arbeidsområde til oss sjølve, berre det som er heilt naudsynt. Vi vil konsentrera dei svekkja kreftene til arbeidarklassen om noko *mindre*, men vi vil grunnfesta oss di betre og setja oss sjølve på prøve gjennom praktiske røynsler ikkje ein eller to gonger, men om att og om att. Steg for steg, tomme for tomme — for nett no *kan ikkje* dei «troppane» vi har kommandoen over, koma seg framover på nokon annan måte langs den vanskelege vegen vi må gå, under dei harde vilkåra vi lever under, og mellom dei farane vi vert stilte overfor. Dei som finn dette arbeidet «keisamt», «uinteressant» og «uforståeleg», dei som set nasen i veret eller får panikk eller vert forgifta av si eiga deklamering om at «den gode stemninga frå før», «entusiasmen frå før» osb. er borte, dei skulle heller verta «løyste frå stillingane sine» og gå stille i dørene, slik at dei vert hindra frå å gjera nokon skade. For dei korkje

kan eller vil forstå det som særmerkjer dette steget, denne fasen i kampen.

Midt oppe i at landet er uhyre utarma og kreftene til proletariatet er utslitne etter ei rekkje nestan overmenneskelege hardtak, tek vi fatt på det aller vanskelegaste arbeidet: å leggja grunnlaget for ein verkeleg sosialistisk økonomi, for eit regulært varebyte (eller meir korrekt, produktbyte) mellom industri og jordbruk. Fienden er framleis langt sterkare enn vi er. Anarki, profitørverksemd, individuelt varebyte undergreiv kvart einaste steg av strevet vårt. Vi ser vanskan klårt, og vi vil overvinna dei systematisk og seigt. Større spelerom for sjølvstendig lokal innsats, større krefter til lokalsamfunna, større merksemd på dei praktiske røynslene deira. Arbeidarklassen kan lækja såra sine, dei proletariske «klassekreftene» hans kan friskna til att, og den tilliten bøndene har til den proletariske leiarskapen kan styrkjast *berre* i den mon det vert gjort verkeleg framgang med å byggja opp att industrien og å skipa eit regulært produktbyte gjennom staten til fordel for både bonden og arbeidaren. Og medan vi får dette til, vil nye krefter strøyma til oss, kan hende ikkje så snøgt som kvar og ein av oss helst såg, men det vil like fullt skje.

Lat oss setja i gang å arbeida — saktare, meir varsam, seigare og meir uthaldande!

20. august 1921.

Pravda nr. 190

28. august 1921

Underteikna: *N. Lenin*

Prenta i samsvar med

Pravda-teksten etter

rettingar av Lenin

OM Å REINSA PARTIET²⁸

Reinsinga av partiet har tydelegvis utvikla seg til ei alvorleg og overlag viktig sak.

Nokre stader vert partiet i hovudsak reinsa med hjelp av røynsla og framlegga frå partilause arbeidarar. Desse framlegga og representantane for dei partilause proletarmassane vert teke omsyn til med den omtanken dei fortener. Dette er det mest verdifulle og det viktigaste. Om vi verkeleg lukkast med å reinsa partiet vårt frå topp til botn *på denne måten*, utan unntak, då vil verkeleg svært mykje vera oppnådd for revolusjonen.

Det revolusjonen oppnår no, kan ikkje vera det same som tidlegare. Det forandrar uunngåeleg natur i samsvar med overgangen frå krigsfronten til den økonomiske fronten, overgangen til den nye økonomiske politikken, dei vilkåra som i fyrste rekkje krev høgare arbeidsproduktivitet, høgare arbeidsdisiplin. I ei slik tid er forbetringar heime det viktigaste revolusjonen oppnår; ei forbetring i arbeidet, måten det vert organisert på og resultata av det som korkje er lett synleg, slåande eller merkbart med ein gong; ei forbetring sett ut ifrå kampen mot innverknaden til det småborgarlege og småborgarleg-anarkistiske elementet, som korrupperer både proletariatet og partiet. For å oppnå ei slik forbetring, må dei som har mista kontakten med massane reinsast ut av partiet (for ikkje å seia, *sjølv*sagt, dei som set partiet i mistillit i augo til massane). *Sjølv*sagt skal vi ikkje gje etter for alt massane seier, for massane vil og til sine tider gje etter for kjensler som på ingen måte er

framskridne — særleg i tider då dei er uvanleg trøytt og utslitne som fylgje av svært store påkjenningar og lidningar. Men når det gjeld å vurdera personar, når det gjeld negative haldningar til dei som har «knytt» seg til oss ut ifrå egoistiske motiv, dei som har vorte «oppblåsne kommissærar» og «byråkratar», då er framlegga frå dei partilause proletarmassane og i mange tilfelle frå dei partilause bondemassane av særst stor verdi. Dei arbeidande massane har ein fin teft som set dei i stand til å skilja ærlege og trugne kommunistar frå slike som vekkjer avsky mellom folk som tener til brødet med slit og sveitte, ikkje har nokon privilegier og ikkje nokre «gode kontaktar».

Når partiet skal reinsast, er det svært viktig å ta omsyn til framlegga frå partilause arbeidande menneske. Det vil gje store resultat. Det vil gjera partiet til ein langt sterkare fortropp for klassen enn det var før, det vil skapa ein fortropp som er sterkare bunde saman med klassen, betre i stand til å leia han til siger midt oppe i ei mengd vanskar og farar.

Som eitt av dei særskilte måla for utreinsinga i partiet vil eg peika på å luka ut tidlegare mensjevikar. Etter mi meining skulle ikkje meir enn ein hundredel av dei mensjevikane som gjekk inn i partiet frå fyrst på 1918, få lov til å halda fram. Og jamvel då må kvar og ein av dei som får lov til å halda fram, setjast på prøve gong på gong. Kvifor? Fordi mensjevikane som straumdrag mellom 1918 og 1921 har lagt for dagen to eigenskapar som særmerkjer dei: for det fyrste, den velutvikla evna dei har til å tilpassa seg, til å «knyta» seg til det rådande straumdraget mellom arbeidarane, for det andre, den endå meir velutvikla evna dei har til å tena kvitegar-distane med hjarta og sinn, til å tena dei i handling, samstundes som dei tek fråstand frå dei i ord. Både desse eigenskapane er ei logisk fylgje av heile historia til mensjevismen. Det greier seg å minna om framlegget til Axelrod om ein «arbeidarkongress»,²⁹ den haldninga mensjevikane hadde til kadettane³⁰ (og til monarkiet) i

ord og handling, osb., osb. Mensjevikane «knyter» seg til Russlands kommunistiske parti ikkje berre, og ikkje eingong så mykje fordi dei er machiavelliske* (jamvel om dei heile tida sidan 1903 har synt at dei er uovertrufne meistrar i kunsten til det borgarlege diplomatiet), men av di dei er så «smidige». Alle opportunistar merker seg ut for at dei er tilpassingsdyktige (men ikkje all tilpassingsdugleik er opportunisme), og mensjevikane som opportunistar tilpassar seg «i prinsippet» så å seia til det rådande straumdraget mellom arbeidarane og tek på seg vernefarge, nett slik haren skiftar til kvit pels om vinteren. Dette særdraget ved mensjevikane må ein hugsa på og ta omsyn til. Og å ta omsyn til det tyder å reinsa ut av partiet om lag nittini av kvart hundre mensjevikar som gjekk inn i partiet etter 1918, dvs. då det fyrst vart sannsynleg og deretter sikkert at bolsjevikane ville sigra.

Partiet må reinsast for kjeltringar, for byråkratiske, uærlege og vinglete kommunistar, og for mensjevikar som har pussa opp «fasaden», men som framleis er mensjevikar av hjarta.

20. september 1921

Pravda nr. 210

21. september 1921

Underteikna: *N. Lenin*

Prenta i samsvar
med *Pravda*-teksten

* *Machiavellisk* — kynisk maktpolitikar. Eigentleg ein som fylgjer retningslinene til Nicolo Machiavelli (d. 1527) i politikken. Han hevda at staten måtte styrtast etter andre prinsipp enn dei vanlege etiske reglane om godt og vondt som gjeld for einskildmennesket. — *Red.*

FIREÅRSDAGEN FOR OKTOBERREVOLUSJONEN

Fireårsdagen for 25. oktober (7. november) nærmar seg.

Di meir vi får denne store dagen på avstand, di klårare skjønar vi kva den proletariske revolusjonen i Russland har tydd, og di grundigare tenkjer vi over dei praktiske røynslene av arbeidet vårt som heilskap.

Svært kort, og sjølv sagt i eit svært ufullstendig og grovt oversyn, kan vi summera opp kva han tyder og røynslene frå han på fylgjande vis:

Den beinveges og næraste målsettinga for revolusjonen i Russland var av borgarleg-demokratisk art, nemleg å øydeleggja dei siste restane av mellomalder og sopa dei fullstendig vekk, å reinsa Russland for dette barbariet, for denne skamma, og å fjerna denne uhorvelege hindringa for all kultur og framgang i landet vårt.

Og vi kan med full rett seia oss byrge over at vi har gjennomført denne reinsinga meir fastrådd, snøgt og djervt, med mykje større framgang, og, sett ut ifrå verknaden på massane, mykje breiare og djupare enn den store franske revolusjonen for meir enn 125 år sidan.

Både anarkistane og dei småborgarlege demokratane (dvs. mensjevikaner og dei sosialrevolusjonære, som er det russiske motstykket til denne internasjonale sosiale typen) har sagt og seier framleis ei utruleg mengd tullprat om tilhøvet mellom den borgarleg-demokratiske revolusjonen og den sosialistiske (*det vil seia* proleta-

riske) revolusjonen. Dei siste fire åra har prova fullt ut at tolkinga vår av marxismen på dette punktet og vurderinga vår av røynslene frå tidlegare revolusjonar var korrekt. Vi har *fullført* den borgarleg-demokratiske revolusjonen slik ingen har gjort før. Vi går medvite, fast og urikkande *framover* mot den sosialistiske revolusjonen, med visse om at han ikkje er skilt frå den borgarleg-demokratiske revolusjonen med ein kinesisk mur, men og med visse om at *berre kampen* (i siste omgang) vil avgjera kor langt vi vil nå frametter, kva delar av denne uhorvelege og store oppgåva vi vil fullføra, og i kva mon vi vil lykkast i å grunnfesta sigrane våre. Det vil tida visa. Men jamvel no ser vi at det alt er gjort eit kjempeverk — kjempestort for dette utarma, utslitne og tilbakeliggjande landet — fram mot den sosialistiske omforminga av samfunnet.

Men lat oss gjera ferdig det vi har å seia om det borgarleg-demokratiske innhaldet i revolusjonen vår. Marxistar må skjøna kva det tyder. For å forklåra det kan vi ta eit par slåande døme.

Det borgarleg-demokratiske innhaldet i revolusjonen tyder at dei sosiale tilhøva (systema, institusjonane) i landet vert reinsa for mellomalder, liveigenskap, føydalisme.

Kva var dei viktigaste ytringsformene, leivningane, restane etter liveigenskapen i Russland fram til 1917? Det var monarkiet, systemet med samfunnsstender*, godseigedomar og bruksformene i jordbruket, stillinga til kvinnene, religionen og den nasjonale undertrykkinga. Ta kven det skal vera av desse Augias-stallane**, som forresten ingen av dei meir framskridne

* *Stand* (fleirtal: stender) — klårt avgrensa samfunnsgruppe med definerte rettar. Jfr. dei tre stendene i Frankrike før revolusjonen, adelen, dei geistlege og tredjestanden (borgarskapet m.v.). — *Red.*

** *Augias-stall* — gresk mytologi. Kong Augias åtte ein kjempestall som ingen klarte å gjera rein før helten Herakles førte ei elv gjennom stallen. — *Red.*

statane gjorde noko særleg for å gjera reine då dei fullførte *sine* borgarleg-demokratiske revolusjonar for 125, 250 og fleire år sidan (1649 i England). Ta kven det skal vera av desse Augias-stallane, og de vil sjå at vi har gjort dei fullstendig reine. På *ti veker*, frå 25. oktober (7. november) 1917 til 5. januar 1918, då Den grunnlovgjevande forsamlinga vart oppløyst, gjorde vi unna tusen gonger meir på dette området enn det som var gjort av dei borgarlege demokratane og dei liberale (kadettane) og av dei småborgarlege demokratane (mensjevikanane og dei sosialrevolusjonære) *på dei åtte månadene* dei sat med makta.

Desse reddharane, storskrytarane, innbilske narcissusane* og Hamlet-figurane** vifta med tresverda sine, men dei knuste ikkje eingong monarkiet! Vi reinsa ut all den monarkistiske møkka slik ingen nokon gong har gjort det før. Vi let ikkje stein på stein stå att av denne utgamle bygningen, systemet med samfunnsstender (jamvel dei mest framskridne landa, slike som Storbritannia, Frankrike og Tyskland har fram til denne dag ikkje kvitta seg fullstendig med leivningane av dette systemet!) Vi reiv opp dei djupe røtene til systemet med samfunnsstender, nemleg restane av føydalismen og liveigenskapen i godseigarsystemet, til siste slutt. «Ein kan diskutera» (det er nok av blekksmørjarar, kadettar, mensjevikar og sosialrevolusjonære utanlands som nyt å føra slike diskusjonar) kva som «i det lange løp» vil verta resultatet av den jordbruksreforma den store Oktoberrevolusjonen sette i verk. Vi har for tida ingen ynskje om å kasta bort tida på slike diskusjonar, for vi avgjer både denne striden, så vel som storparten av dei stridsspørsmåla som heng saman med denne, gjennom

* *Narcissus* (eig. Narkissos) — ein ung gut i gresk mytologi som vart så forelska i sitt eige speilbilete i ei kjelde at han sat og såg på det til han døydde. — *Red.*

** *Hamlet* — hovudpersonen i Shakespeares stykke om den danske sagnprinsen med dei store sjelevanskane. — *Red.*

kamp. Men ingen kan nekta for den kjensgjerninga at dei småborgarlege demokratane «kompromissa» med godseigarane, vaktarane av tradisjonane frå liveigen-skapen, i åtte månader, medan vi feia godseigarane og alle tradisjonane deira fullstendig vekk frå russisk jord på nokre få veker.

Ta religionen, eller at kvinnene vart nekta rettane sine, eller undertrykkinga av og den manglande likestillinga til dei ikkje-russiske nasjonalitetane. Alt dette er problem for den borgarleg-demokratiske revolusjonen. Dei vulgære småborgarlege demokratane snakka om dei i åtte månader. Ikkje i eit *einaste* eitt av dei mest framskridne landa i verda har *desse* spørsmåla vorte *fullstendig* løyste etter *borgarleg-demokratiske* linjer. I vårt land er dei fullstendig løyste gjennom lov-gjevinga til Oktoberrevolusjonen. Vi har kjempa og vi kjempar mot religionen på alvor. Vi har late *alle* dei ikkje-russiske nasjonalitetane få *sine egne* republikkar eller autonome område. Hos oss i Russland er det ikkje lenger slik at kvinnene vert nekta rettane sin på tarveleg, simpelt og skammeleg vis. Vi har ikkje lenger manglande likestilling mellom kjønna, denne avskyelige overlevinga etter føydalismen og mellomalderen, som vert fornya av det rovgriske borgarskapet og det sløve og skremde småborgarskapet i alle land i verda utan unntak.

Alt dette høyrer med til innhaldet i den borgarleg-demokratiske revolusjonen. For 150 og 250 år sidan lova dei progressive leiarane i den revolusjonen (eller i desse revolusjonane, om vi ser på kvar nasjonal variant av den eine allmenne typen) å fri menneskeslekta frå mellomalderske privilegier, frå manglande likestilling mellom kjønna, frå statlege privilegier til ein eller annan religion (eller «religiøse *idear*», «kyrkja» allment) og frå mangel på nasjonal likestilling. Dei lova, men dei heldt ikkje lovnadene sine. Dei kunne ikkje halda dei, for dei vart hindra av den «respekten» dei hadde for «den heilage privateigedomen». Den proletariske

revolusjonen vår vart ikkje tynga av denne fordømde «respekten» for desse tre gonger fordømde mellomaldertilhøva og for «den heilage private eigedomsretten».

Men for å grunnfesta det den borgarleg-demokratiske revolusjonen hadde oppnådd for folka i Russland, vart vi tvinga til å gå vidare, og vi gjekk vidare. Vi løyste problema til den borgarleg-demokratiske revolusjonen medan vi gjekk framover, som eit «attåtprodukt» av den viktigaste og ekte *proletarisk*-revolusjonære, sosialistiske verksemda vår. Vi har alltid sagt at reformer er eit attåtprodukt av den revolusjonære klassekampen. Vi sa, og vi prova det gjennom handling, at borgarleg-demokratiske reformer er eit attåtprodukt av den proletariske, dvs. den sosialistiske revolusjonen. Tilfeldigvis var folk som Kautsky, Hilferding, Martov, Tsjernov, Hillquit, Longuet, MacDonald, Turati og andre heltar av «to-og-ein-halv»-marxismen ute av stand til å forstå *dette* sambandet mellom den borgarleg-demokratiske og den proletarisk-sosialistiske revolusjonen. Den fyrste utviklar seg til den andre. Den andre løyser problema frå den fyrste når han fer forbi. Den andre grunnfestar arbeidet til den fyrste. Kamp, og berre kamp, avgjer kor langt den andre lykkast i å veksa ut over den fyrste.

Sovjetsystemet er eitt av dei mest levande prova, eller uttrykka, for korleis den eine revolusjonen utviklar seg til den andre. Sovjetsystemet syter for eit høgmål av demokrati for arbeidarane og bøndene. Samstundes markerer det eit brot med det *borgarlege* demokratiet og framveksten av ein *ny*, epokegjerrande *type* demokrati, nemleg proletarisk demokrati, eller proletariatets diktatur.

Lat bikkjene og svina til det døyande borgarskapet og til dei småborgarlege demokratane som går i deira spor forbanna oss, lat dei dynga skjellsord og spott over hovuda våre for tilbakeslaga og mistaka våre i arbeidet med å byggja opp sovjetsystemet *vårt*. Vi gløy-

mer ikkje ein einaste augeblink at vi har gjort og stendig gjer talrike mistak og lid talrike tilbakeslag. Korleis kan ein unngå tilbakeslag og mistak i ei sak som er så ny i verdshistoria som å byggja opp ein *type* statsbygning som ikkje har sin like før! Vi vil arbeida stødig for å retta opp att tilbakeslaga og mistaka og å gjera den praktiske tillempinga av sovjetprinsippa betre, for det er framleis langt, langt fram til at dette er fullgodt. Men vi har rett til å vera, og vi er byrge over at vi har fått den store lykka å *ta til* med å byggja sovjetstaten, og med det *innvarsla* ein ny æra i verdshistoria. Dette er æraen då ein *ny* klasse rår, ein klasse som er undertrykt i kvart einaste kapitalistisk land, men som overalt marsjerer fram mot eit nytt liv, mot siger over borgarskapet, mot proletariatets diktatur, mot at menneskeslekta skal frigjera seg frå åket til kapitalen og frå imperialistiske krigar.

Spørsmålet om imperialistiske krigar, om den internasjonale politikken til finanskapitalen som no dominerer heile verda, ein politikk som *uunngåeleg* må gje opphav til nye imperialistiske krigar, som *uunngåeleg* må føra til ei uhyre forsterking av nasjonal undertrykking, plyndring, røving og kveling av svake, tilbakeliggjande og små nasjonalitetar frå ei handfull «framskridne» makter — dette spørsmålet har vorte hjørnesteinen i all politikk i alle land i verda etter 1914. Det er eit spørsmål om liv eller død for millionar på millionar av menneske. Det er eit spørsmål om 20 millionar menneske (mot dei 10 millionane som vart drepne i krigen 1914—18 og i dei fylgjande «mindre» krigane som framleis held fram) skal verta slakta i den neste imperialistiske krigen, som borgarskapet førebur, og som veks fram frå kapitalismen midt framfor augo våre. Det er eit spørsmål om 60 millionar menneske skal verta krøplingar (jamført med 30 millionar i 1914—18) i den komande krigen, som ikkje er til å unngå (dersom kapitalismen held fram å eksistera). Også i dette spørsmålet markerte Oktoberrevolusjonen vår opptakten til

ein ny æra i verdshistoria. Lakeiane til borgarskapet og handlangarane deira — dei sosialrevolusjonære og mensjevikane, og dei småborgarlege demokratane over heile verda som seier seg vera «sosialistar» — håna slagordet vårt: «Gjer den imperialistiske krigen om til borgarkrig.» Men det synte seg at dette slagordet var *sanninga* — det var den einaste sanninga — lite hyggelig, beint fram, naken og brutal, men like fullt *sanninga*, i motsetning til mengda av svært raffinerte sjåvinistiske og pasifistiske lygner. Desse lygnene vert pulveriserte. Brest-freden har vorte avslørt. Og for kvar dag som går, vert tydinga og konsekvensane av ein fred som er endå verre enn Brest-freden — Versailles-freden — avslørt på det mest ublide. Og dei millionane som tenkjer over årsakene til den siste krigen og til den komande framtidige krigen, skjønar klårare og klårare den harde og nådelause sanninga at det er umogleg å sleppa unna ein imperialistisk krig og ein imperialistisk fred (om den gamle rettskrivinga framleis hadde vore nytta, ville eg ha skrive ordet *mir* på to måtar, for å gje det baa tydingane)*, som uunngåeleg gjev opphav til imperialistisk krig, og at det er umogleg å sleppa unna dette helvetet *utan gjennom ein bolsjevikisk kamp og ein bolsjevikisk revolusjon*.

Lat borgarskapet og pasifistane, generalane og småborgarskapet, kapitalistane og spissborgarane, dei fromme kristne og riddarane av Den andre- og To-og-ein-halv-internasjonale sleppa laus raseriet sitt mot revolusjonen. Strie straumar med skjellsord, baktaling og lygner kan ikkje setja dei i stand til å løyna den historiske kjensgjerninga at for fyrste gong på hundrevis og tusenvis av år har slavane svara på ein krig mellom slaveeigarar med å kunngjera ope slagordet: «Gjer denne krigen mellom slaveeigarane om korleis dei skal

* *Mir* — på russisk har ordet *mir* to tydingar; *verd* og *fred*, og det vart stava på ulik måte i den gamle rettskrivinga. — *Red.*

dela bytet, om til ein krig der slavane i alle nasjonar går imot slaveeigarane frå alle nasjonane.»

For fyrste gong på hundrevis og tusenvis av år har dette slagordet vakse frå ei uklår og hjelpelaus venting til eit klårt og nøye opptrekt politisk program, til ein effektiv kamp som millionar av undertrykte menneske fører under leiing av proletariatet. Det har vakse til den fyrste sigeren til proletariatet, den fyrste sigeren i kampen for å avskaffa krigen og å samla arbeidarane i alle land mot det samla borgarskapet frå ulike nasjonar, mot borgarskapet som lagar fred og krig på kostnaden til kapitalens slavar, lønnsarbeidarane, bøndene, det arbeidande folket.

Den fyrste sigeren er *enno ikkje den endelege sigeren*, og Oktoberrevolusjonen vår har vunne han til ein kostnad av utrulege vanskar og tyngsler, til ein kostnad av lidingar utan like, fylgd av ei rekkje alvorlege tilbakeslag og mistak frå vår side. Korleis kunne nokon venta at eit einskild tilbakeliggjande folk kom på tverke for dei imperialistiske krigane til dei mektigaste og mest utvikla landa i verda utan at det fekk tilbakeslag og utan at det gjorde mistak! Vi er ikkje redde for å vedgå mistaka våre, og vi vil gå igjennom dei lidenskapslaust for å læra korleis vi skal retta dei. Men den kjensgjerninga står fast at for fyrste gong på hundrevis og tusenvis av år har lovnaden om at slavane skal «svara» på krigen mellom slaveeigarane med å gjera revolusjon *mot* alle slaveeigarane *vorte fullstendig oppfylt* — og han vert oppfylt trass i alle vanskar.

Vi har gjort opptakten. Når, kva dag og tid, proletarane i den eine eller andre nasjonen vil fullføra denne prosessen, er ikkje viktig. Det som er viktig, er at isen er broten, vegen er open, og leia er trekt opp.

Mine herrar, kapitalistar i alle land, berre hald fram med hyklinga om at de «forsvarar fedrelandet» — det japanske fedrelandet mot det amerikanske, det amerikanske mot det japanske, det franske mot det britiske osv.! Mine herrar, riddarane av Den andre- og To-og-

ein-halv-internasjonalen, pasifistiske småborgarar og spissborgarar frå heile verda, hald fram med å «unngå» spørsmålet om korleis ein skal kjempa mot imperialistiske krigar med å senda ut nye «Basel-manifest» (med Basel-manifestet frå 1912³¹ som modell). *Den fyrste bolsjevikrevolusjonen* har fridd *dei fyrste hundre millionane menneske* på denne jorda frå klørne til den imperialistiske krigen og den imperialistiske verda. Revolusjonane som kjem etter, vil forløysa resten av menneskeslekta frå slike krigar og frå ei slik verd.

Den siste, men viktigaste og vanskelegaste oppgåva vår, den vi har gjort minst med, er den økonomiske utviklinga, det å leggja det økonomiske grunnlaget for den nye sosialistiske bygningen på tomte etter den nedrivne føydale bygningen og den halvveges nedrivne kapitalistiske bygningen. Det er når det gjeld denne særskilte og særskilte vanskelege oppgåva, at vi har lidd flest tilbakeslag og gjort flest mistak. Korleis kunne nokon venta at vi kunne ta til med ei oppgåve som er så ny for verda utan tilbakeslag og utan mistak! Men vi har teke til med henne. Vi skal halda fram med henne. Nett no rettar vi med hjelp av den nye økonomiske politikken vår opp fleire av mistaka våre. Vi lærer korleis vi skal halda fram å byggja den sosialistiske bygningen i eit småbondeland utan å gjera slike mistak.

Vanskane er umåtelege. Men vi er vane med å stri med umåtelege vanskar. Det er ikkje for ingenting fiendane våre kallar oss «steinharde» og målsmenn for ein «halsbrekkande politikk». Men vi har òg, i det minste i ei viss mon, lært endå ein kunst som er grunnleggjande i revolusjonen, nemleg å vera smidig, evna til å setja i verk brå og uventa skifte i taktikk dersom skifte i objektive vilkår krev det, og å velja ein annan veg for å nå måla våre dersom den fyrste vegen ikkje er tenleg eller mogleg å gå nett i augeblinken.

Vi vart borte av garde på toppen av ei bylgje av entusiasme, vi vekte fyrst den politiske entusiasmen og så den militære entusiasmen til folket, og vi venta at vi

kunne løysa økonomiske oppgåver som var like store som dei politiske og militære oppgåvene vi hadde løyst med å lita beinveges på denne entusiasmen. Vi venta — eller kan hende er det rettare å seia at vi rekna med utan at vi hadde tenkt tilstrekkeleg igjennom det — at vi skulle greia organisera den statlege produksjonen og den statlege fordelinga av produkta etter kommunistiske retningslinjer i eit småbondeland beinveges slik som den proletariske staten gav ordre om det. Røynsla har gjeve prov for at vi tok feil. Det ser ut for at det var naudsynt med fleire overgangssteg — statskapitalisme og sosialisme — for å *førebu* overgangen til kommunismen — *førebu* han med mange års arbeid. Vi må ikkje lita beinveges på entusiasmen, men med hjelp av den entusiasmen den store revolusjonen har avla og på grunnlag av personleg interesse, personlege fordelar og forretningsmessige prinsipp, må vi fyrst ta til å arbeida i dette småbondelandet med å byggja solide bruer over til sosialismen med hjelp av statskapitalismen. På annan måte vil vi aldri koma til kommunismen, vi vil aldri føra mange millionar menneske til kommunismen. Det er dette røynsla, den objektive utviklingsleia til revolusjonen, har lært oss.

Og vi, som desse tre eller fire åra har lært ein del om å leggja om kursen brått (når det er naudsynt) har teke til å læra ivrig, merksamt og uthaldande (sjølv om det ikkje er ivrig, merksamt og uthaldande nok) å leggja om kursen på nytt, nemleg til den nye økonomiske politikken. Den proletariske staten må verta ein varsam, ihuga og sakkunnig «forretningsmann», ein dyktig *storkjøpmann* — elles vil han aldri lykkast i å få dette småbondelandet på føtene økonomisk. Under dei rådande tilhøva, slik som vi lever side om side med det kapitalistiske (inntil vidare kapitalistiske) Vesten, finst det ingen annan måte å gå fram mot kommunismen. Ein storkjøpmann synest vera ein økonomisk type som ligg like fjernt frå kommunismen som himmelen frå jorda. Men det er ei av dei motseiingane som i det le-

vande livet leier frå ein småbondeøkonomi via statskapitalismen til sosialismen. Personleg fordel vil auka produksjonen, vi må fyrst og fremst auka produksjonen for kvar pris. Storhandelen samlar millionar av småbønder økonomisk. Det gjev dei personlege fordelar, samlar dei, og fører dei til det neste steget, nemlig ymse former for samanslutningar og samband i sjølve produksjonsprosessen. Vi har alt teke til med dei naudsynte forandringane i den økonomiske politikken vår, og har alt hatt ein del framgang å visa til. Sant og visst er han liten og delvis, men like fullt er det framgang. På dette nye «undervisnings»-området heldt vi alt på å gjera oss ferdige med forkursa. Med uthaldande og ihuga studiar, med å prøva kvart einaste steg vi tek opp imot praktiske røynsler, med ikkje å vera redde for å forandra igjen og igjen på det vi alt har teke til med, med å retta på mistaka våre og analysa så grundig som råd kva dei tyder, vil vi verta flytta opp i dei høgare klassane. Vi skal gå igjennom heile «kurset», jamvel om verdsøkonomien og verdspolitikken no er i ein slik tilstand at det har gjort kurset mykje lengre og mykje vanskelegare enn vi helst hadde sett det. Same kva det kostar, same kor harde påkjenningane i overgangstida vert — trass i katastrofe, hungersnaud og utarming — vi vil ikkje trekkja oss unna, men føra saka vår sigerrikt fram til målet.

14. oktober 1921

Pravda nr. 234

18. oktober 1921

Underteikna: *N. Lenin*

Prenta i samsvar
med manuskriptet

KVA SOM ER VIKTIG MED GULLET NO ETTER AT SOSIALISMEN HAR SIGRA FULLSTENDIG

Den beste måten å feira åremålsdagen for ein stor revolusjon på, er å samla merksemda om dei uløyste oppgåvene i han. Det er særleg høveleg og naudsynt å feira revolusjonen på denne måten i ei tid då vi står andsynes grunnleggjande problem som revolusjonen ikkje har løyst enno, og då vi må læra oss å meistra noko nytt (sett ut ifrå kva revolusjonen har oppnådd fram til no) for å løysa desse problema.

Det som er nytt for revolusjonen vår er at ein no må nytta ein «reformistisk», gradvis, varsam og omveges tilnærmingsmåte når dei grunnleggjande problema i den økonomiske utviklinga skal løysast. Dette «nye» gjev opphav til ei rekkje spørsmål, rådløyse og tvil både i teori og praksis.

Eit teoretisk spørsmål. Korleis kan vi forklåra overgangen frå ei rekkje svært revolusjonære tiltak til svært «reformistiske» tiltak på same området på ei tid då revolusjonen som heilskap vinn siger og framgang? Ligg det ikkje «oppgjeving av stillingar», «vedgåing av nederlag» eller noko liknande i dette? Sjølvsaft seier fiendane våre at det er tilfelle — frå den halvføydale typen av reaksjonære til mensjevikane og dei andre riddarane av To-og-ein-halv-internasjonalen. Dei ville ikkje vera fiendar om dei ikkje skreik noko slikt ved kvart einaste høve, og jamvel når det ikkje fanst noko høve. Når alle partia, frå dei føydale reaksjonære til mensjevikane, er så rørande samstemte i dette spørsmålet, er det berre endå eit prov for at alle desse partia utgjør

«ein reaksjonær masse» som går imot den proletariske revolusjonen (slik Engels spådde det i breva sine til Bebel i 1875 og 1884 — la det vera sagt i parentes)*.

Men det rår «rådløyse», kan vi seia, mellom venene våre òg. Vi skal byggja opp att storindustrien, organisera beinveges bytte av varene frå han mot produkta frå jordbruket til småbøndene, og såleis hjelpa til å sosialisera det. For å byggja opp att storindustrien skal vi låna ei viss mengd matvarer og ræmne av bøndene med å rekvirera det. Dette var den planen (eller metoden, systemet) vi fylgde i meir enn tre år, fram til våren 1921. Dette var ein revolusjonær måte å nærma seg problemet på. Det var å bryta opp det gamle økonomiske samfunnssystemet fullstendig med eitt slag og setja inn eit nytt i staden for det.

Etter våren 1921 har vi, i staden for denne måten å gå fram på, i staden for denne planen, metoden eller systemet teke i bruk ein heilt ulik metode, ein metode av reformistisk slag (vi har enno ikkje «teke i bruk» denne metoden, men er fyrst no i ferd med å «ta han i bruk», og det har enno ikkje gått fullt opp for oss). Denne metoden er: Ikkje å *bryta sund* det gamle økonomiske samfunnssystemet, med handel, småproduksjon, småeigedom, kapitalisme, men å *live opp att* handelen, småeigartilhøva, kapitalismen, samstundes som vi varsam og gradvis får overtaket over dei, eller gjer det mogleg å leggja dei inn under statleg regulering *berre så langt* at dei vert liva opp att.

Dette er ein fullstendig ulik måte å nærma seg spørsmålet på.

Jamført med den tidlegare revolusjonære tilnærmingsmåten er det ein reformistisk tilnærmingsmåte (revolusjon er ei forandring som bryt den gamle ordninga ned til sjølv grunnlaget for henne, og ikkje ei forandring som varsamt, sakte og gradvis omformar

* Sjå Engels, brev til A. Bebel, 18.—28. mars 1875 og 11. desember 1884, Marx-Engels, *Werke*, bd. 36 s. 125—131 og bd. 34, s. 250—54. — Red.

den gamle ordninga, og legg vinn på å bryta ned så lite som mogleg).

Spørsmålet som melder seg er dette: Dersom vi, etter at vi har prøvd med revolusjonære metodar, finn ut at dei har vore mislykka og tek i bruk reformistiske metodar, provar ikkje det at vi kunngjer at revolusjonen har vore eit mistak i det heile? Provar ikkje det at vi ikkje skulle ha teke til med revolusjonen, men skulle ha teke til med reformer og avgrensa oss til dei?

Dette er den konklusjonen mensjevikaner og andre som dei har drege. Men denne konklusjonen er anten ordkløyveri, endeframt svik som hardskinna politikarar har gjort seg skuld i, eller så er det barnefaktene til politiske nybyrjarar. Den største, kan hende den einaste faren for den ekte revolusjonære, er den overdrivne revolusjonismen, det å sjå bort frå grensene og vilkåra for kva revolusjonære metodar som er høvelege og kan nyttast med framgang. Sanne revolusjonære har oftast gått på nasen når dei tok til å skriva «revolusjon» med stor R, heva «revolusjon» opp til noko nestan gudommeleg, mista hovudet, mista evna til å tenkja over, drøfta og få visse så kaldt, roleg og lidenskapsløst som råd for kva tid, under kva omstende og på kva virkeområde og arbeidsfelt ein må gå fram på revolusjonært vis, og kva tid, under kva omstende og på kva område ein må ty til reformistiske framgangsmåtar. Sanne revolusjonære vil gå til grunne (ikkje slik at dei vil verta slegne utanfrå, men arbeidet deira vil bryta saman innanfrå) berre dersom dei legg til sides det nøkterne utsynet sitt og set seg i hovudet at den «store, sigerrike, verds»-revolusjonen kan og må løysa alle problema på revolusjonært vis under alle omstende og innan alle virkeområde. Gjer dei det, då er lagnaden deira viss.

Den som set seg slike tankar i hovudet, er fortaapt fordi han har tåpelege tankar om eit grunnleggjande problem. Og i ein vill krig (og revolusjon er den villaste av alle krigar) er nederlag straffa for dårskap.

Kva grunnar er det for å tru at den «store, sigerrike

verds»-revolusjonen kan og må nytta berre revolusjonære metodar? Det er ingen i det heile. Å tru slikt er ei rein feilslutning. Det kan ein prova med reine teoretiske setningar om ein held seg til marxismen. Røynslene frå revolusjonen vår syner og at dette er ei feilslutning. Frå den teoretiske synsstad — det vert gjort dumme ting i revolusjonstider så vel som andre tider, sa Engels,* og han hadde rett. Vi må freista gjera så få dumme ting som mogleg og retta opp att dei som vert gjorde så snøgt som mogleg, og vi må så nøkternt som vi kan avgjera kva problem som til ulike tider kan løysast med revolusjonære metodar og kva problem som ikkje kan det. Sett ut ifrå våre eigne praktiske røynsler var Brest-freden eit døme på framferd som ikkje var revolusjonær i det heile. Ho var reformistisk og jamvel verre, for ho var ei tilbaketrekking, medan reformistisk framferd til vanleg går sakte, varsamt og gradvis framover og ikkje går bakover. At taktikken vår då vi slutta freden i Brest var rett, er no prova så fullstendig, så tydeleg for alle, og det vert vedgått så allment at det ikkje trengst seiast noko meir om det.

Revolusjonen vår har gjort ferdig berre det borgarleg-demokratiske arbeidet sitt, og vi har all rett til å vera stolte over det. Den proletariske eller sosialistiske delen av arbeidet hans kan summerast opp i tre hovudpunkt: 1) Den revolusjonære tilbaketrekkinga frå den imperialistiske verdskrigen, avsløring og *stans* i nedslaktinga som dei to verdsgruppene av kapitalistiske røvarar hadde organisert — for vår del har vi gjort dette fullt ut. Andre kunne ha gjort det berre dersom det hadde vore ein revolusjon i ei rekkje framskridne land. 2) Skipinga av sovjetsystemet, som ei form for proletariatets diktatur. Det er gjort ei epokegjerande forandring. Tidbolken til den borgarleg-demokratiske parlamentarismen er ført til ende. Eit nytt kapittel i verdshistoria, tidbolken til det proletariske diktaturet,

* Sjå Engels, Marx-Engels, *Werke*, bd. 18. s. 534. — *Red.*

har teke til. Sovjetsystemet og alle formene for proletarisk diktatur vil få den siste finpussen sin og verta fullt ferdig berre gjennom arbeid i ei rekkje land. Det er framleis ein god del vi ikkje har fått gjort på dette området. Det ville vera utilgjeveleg å tapa dette av syne. Om att og om att må vi betra på arbeidet, gjera det opp att, ta til frå starten. Kvart steg vi tek frametter og oppetter for å utvikla produktivkreftene våre og kulturen vår må få fylgje av arbeidet med å betra og endra på sovjetsystemet vårt — vi står framleis langt nede på den økonomiske og kulturelle stigen. Mykje vil måtte endrast, og å verta «flaue» over det, ville vera meiningslaust (om ikkje verre). 3) Skaping av eit økonomisk grunnlag for det sosialistiske systemet. På dette området er det viktigaste og mest grunnleggjande enno ikkje fullført. Men dette er det sunnaste grunnlaget vårt, sunnast ut ifrå den prinsipielle synsstaden og frå den praktiske synsstaden, frå synsstaden til RSFSR i dag og frå den internasjonale synsstaden.

Sidan dei viktigaste draga i dette grunnlaget enno ikkje er fullførte, må vi konsentrera all vår merksemd om dette. Vanskane her ligg i overgangsformene.

I april 1918, i *Dei næraste oppgåvene for sovjetregjeringa**, skreiv eg:

«Det er ikkje nok å vera revolusjonær og tilhengar av sosialismen eller ein kommunist allment. Du må til kvart einaste tidspunkt vera i stand til å finna det særskilde leddet i kjeden som du må gripa med all kraft for å halda heile kjeden og bu deg grundig før du går over til den neste kjeden. Rekkefylgja på ledda, forma deira, måten dei er ledda ihop på, måten dei skil seg frå kvarandre på i den historiske kjeden av hendingar, er ikkje så einfelte og meiningslause som ledda i ein vanleg kjede som ein smed har smidd.»

* Sjå Lenin, «Dei næraste oppgåvene for sovjetmakta» i *Utvalgte verker i 12 bind*, band 9, Forlaget Oktober 1978, s. 134 — Red.

Innan det virkeområdet vi har føre oss er dette leddet nett no å liva opp att den indre *handelen* under skikkelig statleg regulering (rettleiing). Handelen er «leddet» i den historiske kjeden av hendingar, i overgangsformene for den sosialistiske oppbygginga vår i 1921—22, som vi, den proletariske regjeringa, vi, det rådande kommunistpartiet, «*må gripa med heile vår styrke*». Dersom vi «grip» dette leddet fast nok *no*, vil vi for visst kontrollera *heile* kjeden innan svært nær framtid. Gjer vi det ikkje, vil vi ikkje få kontroll med heile kjeden, vil vi ikkje skapa grunnlaget for sosialistiske samfunnsøkonomiske tilhøve.

Kommunisme og handel?! Det høyrest underleg. Desse to tykkjest vera utan samanheng, usemjande, ved kvar sin pol. Men studerer vi det frå ein *økonomisk* synsstad, vil vi finna ut at dei ikkje står lenger frå kvarandre enn kommunismen står frå det patriarkalske småbondejordbruket.

Når vi har sigra i verdsrålestokk, trur eg vi skal brukka gull til å byggja offentlege toalett i gatene i nokre av dei største byane i verda. Dette ville vera den mest «rettvise» og mest opplysende måten å nytta ut gullet på til beste for dei generasjonane som ikkje har gløymt korleis ti millionar menn vart drepne og tretti millionar gjorde til krøplingar for gullet si skuld i den «store krigen for fridomen», krigen frå 1914 til 1918, den krigen som vart ført for å avgjera det store spørsmålet om kva for ein fred som var den verste, den i Brest eller den i Versailles. Desse generasjonane har ikkje gløymt korleis ein for det same gullet si skuld med visse tenkjer å drepa tjue millionar menn og gjera seksti millionar til krøplingar i ein krig i lat oss seia 1925 eller 1928 mellom lat oss seia Japan og USA eller mellom Storbritannia og USA, eller noko liknande.

Men same kor «rettvist», nyttig eller humant det ville vera å nytta gullet til dette føremålet, seier vi like fullt at vi må arbeida endå eit tiår eller to like intenst og med like stor framgang som i tida mellom 1917 og 1921, ber-

re på eit langt større felt, for å nå dette steget. I mellomtida må vi ta vare på gullet i RSFSR, selja det til høgste pris, kjøpa varer for det til lågaste pris. Når ein lever mellom ulvar, må ein tuta med desse ulvane. Men når det gjeld å utrydda alle ulvane, noko som burde gjerast i eit rasjonelt menneskesamfunn, må vi handla i samsvar med det vise russiske ordtaket: «Sel ikkje skinnet før bjørnen er skoten.»

Handel er det einaste moglege økonomiske leddet mellom millionmengdene med småbønder og storindustrien *dersom ... dersom* det ikkje ved sida av desse bøndene finst ein framifrå utstyrt maskinell storindustri med eit nett av elektriske kraftliner, ein industri der det tekniske utstyret, den organisatoriske «overbygninga» og det andre som høyrer til, er tilstrekkeleg til å setja han i stand til å forsyna småbøndene med varer av beste slag i større mengd, snøggare og billegare enn før. I verdsmålestokk er dette «dersom» *alt oppnådd*, dette vilkåret er alt til stades. Men det landet som før var eitt av dei mest tilbakeliggjande kapitalistiske landa, og som åleine, beinveges og med eitt slag freista å skapa, å setja i verk, å organisera praktisk dei *nye* banda mellom industri og jordbruk, det mislykkast i å fullføra denne oppgåva med «direkte åtak», og må no freista fullføra henne med ei rekkje sakte, gradvise og varsame «omlægrings»operasjonar.

Den proletariske regjeringa kan kontrollera handelen, leia han inn i faste kanalar, halda han innan visse grenser. Eg skal gje eit lite, eit svært lite døme. I Donets-bassenget har økonomien svakt, framleis svært svakt, men tvillaust teke til å livna til att, delvis av di arbeidsproduktiviteten i dei store statlege gruvene har auka, og delvis av di små gruver er leigde ut til bønder. Som fylgje av dette får den proletariske regjeringa eit lite tilleggskvantum (eit elendig lite kvantum jamført med det dei oppnår i dei framskridne landa, men eit merkbart kvantum når ein tek omsyn til dei utarma vilkåra vi har her) med kol til ein kostnad på lat oss seia

100, og ho sel dette kolet til ymse administrative organ til ein pris på lat oss seia 120, og til privatpersonar til ein pris på lat oss seia 140. (Eg må seia i parentes at tala mine er temmeleg tilfeldige, for det fyrste av di eg ikkje kjenner dei rette tala, og for det andre ville eg ikkje gjera dei offentleg kjent jamvel om eg kjende dei.) Dette ser ut som om vi held på *å ta til*, om enn i svært forsiktig omfang, å få kontroll med varebyttet mellom industrien og jordbruket, å få kontroll med engros-handelen, å meistra oppgåva med å ta hand om den disponible tilbakeleggjande småindustrien, eller den svekkja og øydelagde storindustrien; med å liva opp att handelen på det *noverande* økonomiske grunnlaget; med å få den vanlege mellombonden (og det er den typiske bonden, han som er del av massane, den sanne representanten for det småborgarlege miljøet) til å kjenna nytten av den økonomiske oppattlivinga; med å dra fordel av henne for å byggja opp att storindustrien meir systematisk og uthaldande, i større omfang og med større framgang.

Vi vil ikkje gje oss over til nokon «sentimental sosialisme» eller til den gamle russiske halvvaristokratiske, halv-musjikiske* og patriarkalske stemninga, med dei- ra suverene forakt for handelen. Vi kan nytta, og sidan det er naudsynt — vi *må* læra oss å nytta — alle økonomiske overgangsformer med det for auga å styrkja banda mellom bøndene og proletariatet, med det for auga å liva opp att økonomien til det utarma og utpinte landet vårt straks, å gjera industrien betre, og gjera det lettare med slike framtidige, meir vidtrekkjande og meir djuptgåande tiltak som elektrifisering.

Berre marxismen har slege fast tilhøvet mellom reform og revolusjon presist og korrekt, jamvel om Marx berre var i stand til å sjå dette tilhøvet frå ei side — under dei vilkåra som gjekk føre den fyrste sigeren til proletariatet som i nokon mon er fast og varig, jamvel om

* *Musjik* — russisk bonde. — *Red.*

det er berre i eitt land. Under slike vilkår var grunnlaget for dei rette tilhøva at reformer er eit attåtprodukt av den revolusjonære klassekampen til proletariatet. Over heile den kapitalistiske verda er dette tilhøvet grunnlaget for den revolusjonære taktikken til proletariatet — ABC-boka, som dei korruperte leiarane i Den andre internasjonale og dei halvpedantiske og halvkresne riddarane av To-og-ein-halv-internasjonale forvrengjer og slørar til. Etter at proletariatet har sigra, jamvel om det berre er i eitt land, kjem noko nytt inn i tilhøvet mellom reform og revolusjon. I prinsippet er det det same som før, men det skjer ei forandring i form som Marx sjølv ikkje kunne sjå føreåt, men som kan vurderast berre på grunnlag av den marxistiske filosofien og politikken. Kvifor var vi i stand til å gjennomføra tilbaketrekkinga i Brest framgangsrikt? Av di vi hadde rykt så langt fram at vi hadde rom for å dra oss attende. *På nokre få veker*, frå 25. oktober 1917 til freden i Brest, bygde vi opp sovjetstaten, drog oss ut av den imperialistiske krigen på revolusjonært vis og fullførte den borgarleg-demokratiske revolusjonen med slik svimlande fart at *jamvel* den store tilbaketrekkinga (freden i Brest) let att tilstrekkeleg rom for oss til at vi kunne dra oss nytte av «pusterommet» og marsjera sigerrikt framover mot Koltsjak, Denikin, Judenitsj, Pilsudski og Wrangel.

Før proletariatet sigrar er reformer eit attåtprodukt av den revolusjonære klassekampen. Etter sigeren (samstundes som dei framleis er eit «attåtprodukt» ut ifrå ein internasjonal målestokk) er dei i tillegg eit naudsynt og legitimt pusterom for det landet der sigeren er nådd, når det etter at alle krefter er sette inn til det ytste, vert klårt at det manglar tilstrekkeleg styrke for å setja i verk ein eller annan overgang på revolusjonært vis. Sigeren skaper ein slik «styrkereserve» at det vert mogleg å halda ut jamvel om ein vert tvinga til retrett — å halda ut både materielt og moralsk. Å halda ut materielt tyder å halda oppe eit tilstrekkeleg styrke-

overtak til at det hindrar fienden i å gje oss vidare nederlag. Å halda ut moralsk tyder at vi ikkje gjev oss sjølv lov til å verta demoraliserte og oppløyste, at vi held oppe eit nøkternt syn på stoda, at vi held oppe ei sterk og fast haldning, at vi jamvel dreg oss eit langt stykke attende, men ikkje for langt, og det på ein slik måte at vi kan stogga tilbaketrekkinga i tide og gå over på offensiven.

Vi drog oss attende til statskapitalismen, men vi drog oss ikkje for langt attende. Vi dreg oss no attende til statleg regulering av handelen, men vi vil ikkje dra oss for langt attende. Det er synlege teikn på at tilbaketrekkinga snart er slutt, det er teikn på at vi vil kunne stansa denne tilbaketrekkinga om ikkje altfor lenge. Di meir medvitne, di meir samde, di friare vi er for fordomar når vi gjennomfører denne naudsynte tilbaketrekkinga, di snøggare vil vi verta i stand til å stogga henne, og di meir varig, snøggare og omfattande vil vi kunna rykkja sigerrikt framover etterpå.

5. november 1921

Pravda nr. 251

6.—7. november 1921

Underteikna: *N. Lenin*

Prenta i samsvar
med *Pravda*-teksten

OM ROLLA OG OPPGÅVENE TIL FAGFOREININGANE UNDER DEN NYE ØKONO- MISKE POLITIKKEN

Vedtak i sentralkomiteen i RKP(b)12. januar 1922³²

1. DEN NYE ØKONOMISKE POLITIKKEN OG FAGFOREININGANE

Den nye økonomiske politikken fører inn ei rekkje viktige forandringar i stillinga til proletariatet, og fylgjeleg i stillinga til fagforeiningane. Storparten av produksjonsmidla i industrien og transportsystemet vil framleis vera i hendene på den proletariske staten. Saman med at jorda er nasjonalisert syner dette at den nye økonomiske politikken ikkje forandrar på naturen til arbeidarstaten, jamvel om det forandrar vesentleg på metodane og formene for den sosialistiske utviklinga, for det tillet økonomisk kappestrid mellom sosialismen, som no er under oppbygging, og kapitalismen, som freistar koma til live att med å forsyna dei store bonde-massane med det dei treng med hjelp av marknaden.

Forandringar i forma for den sosialistiske utviklinga er naudsynt av di det kommunistiske partiet og sovjet-regjeringa no tek i bruk særskilte metodar for å fullføra den allmenne politikken for overgangen frå kapitalismen til sosialismen, og på mange måtar går ulikt fram i høve til slik dei gjekk fram tidlegare: Dei vinn ein del stillingar gjennom ei «ny omgåande rørsle», så å seia, dei dreg seg attende for å førebu seg betre på ein ny offensiv mot kapitalismen. Særskilt vert ein fri

marknad og kapitalisme, som b  e er underlagt statskontroll, no tillate, og dei utviklar seg. P   den andre sida skal dei sosialiserte statsf  retaka no drivast p   eit s  kalla profittgrunnlag, dvs. dei vert omorganiserte etter forretningsmessige liner som, sett p   bakgrunn av at landet allment sett er kulturelt tilbakeliggjande og utmatta, i st  rre eller mindre mon uunng  eleg vil f  ra med seg det inntrykket mellom massane at leiinga for dei ymse f  retaka og arbeidarane som er sysselsette der, har motstridande interesser.

2. STATSKAPITALISMEN I DEN PROLETARISKE STATEN OG FAGFOREININGANE.

Den proletariske staten kan, utan    endra natur, tillata fridom til    driva handel og utvikling av kapitalisme berre innan visse grenser, og berre p   det vilk  ret at staten regulerer (har oppsyn med, kontrollerer, avgjer formene og metodane for, osv.) den private handelen og privatkapitalismen. Om desse reguleringane vil lykkast, avheng ikkje berre av dei statlege styresmaktene, men og, og i st  rre mon, av i kva grad proletariatet og massane av det arbeidande folket allment er modne, av det kulturelle niv  et deira, osv. Men jamvel om desse reguleringane lykkast fullt ut, vil motsetninga mellom klasseinteressene til arbeid og kapital framleis for visst vera til stades. Fylgjeleg vert ei av hovudoppg  vene fagforeiningane fr   no av st  r andsynes,    verna klasseinteressene til proletariatet p   alle m  tar i striden dei f  rer mot kapitalen. Denne oppg  va m   setjast ope i fremste rekkje, og apparatet til fagforeiningane m   om-

organisierast, endrast eller supplerast i samsvar med dette (konfliktutval, streikefond, fond for gjensidig hjelp osv., må skipast, eller rettare byggast opp).

3. STATSFØRETAKA SOM VERT DRIVNE PÅ PROFITTGRUNNLAG OG FAGFOREININGANE.

Overføringa av statsføretak til det såkalla profittgrunnlaget er uunngåeleg og uløyseleg knytt til den nye økonomiske politikken. I næraste framtida vil dette måtte verta den dominerande, om ikkje den einaste, forma for statsføretak. I røynda tyder dette at med den frie marknaden som no er tillaten og under utvikling, vil statsføretaka i stor mon verta drivne på eit forretningsmessig grunnlag. På bakgrunn av at det er tvingande naudsynt å auka arbeidsproduktiviteten og få kvart statsføretak til å gå utan tap og med profitt, og på bakgrunn av at det uunngåeleg veks fram snevre sektorinteresser og overdriven iver på vegne av eigen sektor, vil desse vilkåra måtte skapa ein viss interessekonflikt i saker som gjeld arbeidsvilkåra mellom arbeidar-massane og direktørane og leiarane for statsføretaka eller dei administrative organa som har ansvaret for dei. Når det gjeld dei sosialiserte føretaka, er det difor utan tvil plikta til fagforeiningane å verna interessene til det arbeidande folket så langt som råd, å gjera det lettare å betra levestandarden deira, og ustansleg å korrigera feila og overdrivingane til forretningsorganisasjonane som fylgje av byråkratiske forvrengingar i statsapparatet.

4. DEN VESENTLEGE SKILNADEN MELLOM KLASSEKAMPEN TIL PROLETARIATET I EIN STAT SOM GODKJENNER PRIVAT EIGEDOMS- RETT TIL JORD, FABRIKKAR OSB., OG DER DEN POLITISKE MAKTA LIGG I HENDENE PÅ KAPITALISTKLASSEN, OG DEN ØKONOMISKE KAMPEN TIL PROLETARIATET I EIN STAT SOM IKKJE GODTEK PRIVAT EIGEDOMSRETT TIL JORDA OG FLEIRTALET AV DEI STORE FØRE- TAKA, OG DER DEN POLITISKE MAKTA LIGG I HENDENE PÅ PROLETARIATET.

Så lenge som det finst klassar, er klassekampen uunn-
gåeleg. I overgangsperioden frå kapitalismen til sosia-
lismen vil det uunngåeleg finnast klassar. Og pro-
grammet til Russlands kommunistiske parti slår klårt
fast at vi berre held på og tek dei fyrste stega i over-
gangen frå kapitalismen til sosialismen. Det kommunis-
tiske partiet, sovjetregjeringa og fagforeiningane må
fylgjeleg vedgå ope at det finst ein økonomisk kamp, og
at han er uunngåeleg inntil elektrifiseringa av industrien
og jordbruket er fullført, i det minste i hovudsak, og
inntil småproduksjonen og herredømet til marknaden
med dette vert skorne over ved røtene.

På den andre sida er det heilt klårt at under kapita-
lismen er det endelege føremålet med streikekampen å
bryta sund statsmaskina og å styrta den rådande klasse-
statsmakta. Men under overgangstypen for ein proleta-
risk stat slik som vår, kan det endelege føremålet med
kvar einaste handling arbeidarklassen går til, berre vera
å styrkja den proletariske staten og statsmakta til den
proletariske klassen med å kjempa mot byråkratiske
forvrengingar, feil og lyte i denne staten, og med å leg-
gja band på klasseappetitten til kapitalistane som freis-
tar koma seg unna kontrollen deira, osb. Det kommu-
nistiske partiet, sovjetregjeringa og fagforeiningane må
fylgjeleg aldri gløyma og aldri løyna for arbeidarane og

massane av det arbeidande folket at streikekampen i ein stat der proletariatet har den politiske makta, berre kan forklårast og rettferdiggjera av dei byråkratiske utvekstane i den proletariske staten og av alle slags restar etter det gamle kapitalistiske systemet i regjeringkontora på den eine sida, og på den andre sida av at massane av det arbeidande folket er politisk umodne og kulturelt tilbakeleggjande.

Når det kjem opp gnissingar og konflikhtar mellom einskilte avdelingar av arbeidarklassen og einskilte greiner og organ for arbeidarstaten, vert oppgåva for fagforeiningane fylgjeleg å gjera det lettare å løysa desse konfliktane så snøgt og glatt som råd med maksimale føremoner for dei arbeidargruppene dei representerer. Men dei må leggja vinn på å ikkje skada interessene til andre arbeidargrupper og utviklinga til arbeidarstaten og økonomien hans som heilskap. For berre ei slik utvikling kan leggja grunnlaget for materiell og kulturell velferd for arbeidarklassen. Den einaste rette, sunne og formålstenlege framgangsmåten for å fjerna gnissingar og løysa konflikhtar mellom einskilte avdelingar av arbeidarklassen og organa til arbeidarstaten, er at fagforeiningane går inn som meklarar, og anten går inn gjennom dei eigna organa sine i tingingar med dei eigna forretningsorganisasjonane på grunnlag av presise krav og framlegg som bae sider har formulert, eller appellerer til høgare statlege organ.

I tilfelle der feil handlingar frå forretningsorganisasjonar, det at visse lag av arbeidarar er tilbakeleggjande, provokasjonar frå kontrarevolusjonære element eller til sist mangel på omtanke hos fagorganisasjonane sjølve fører til open konflikt i form av streikar i statsføretak og så bortetter, er oppgåva til fagforeiningane å syta for at konflikten vert løyst så snøgt som råd. Dei må ta åtgjerder som samsvarar med den allmenne naturen til verksemda til fagforeiningane, det vil seia med å setja i verk tiltak for å fjerna det verkeleg urettferdige og skeive og å tilfredsstilla dei rettkomne

og gjennomførlege krava frå massane, med å nytta politisk innverknad på massane, og så frammettér.

Ei av dei viktigaste og tryggaste prøvene på om verksemda til fagforeiningane er korrekt og har framgang, er i kor stor mon dei lykkast i å avverga massekonfliktar i statsføretaka med å føra ein framsynt politikk med det for auga å verna interessene til arbeidarmassane effektivt på alle måtar, og å fjerna alle årsaker til konflikt i tide.

5. TILBAKEVENDING TIL FRIVILLIG MEDLEMSKAP I FAGFOREININGANE

Den formelle haldninga til fagforeiningane som syner seg ved at alle lønsarbeidarar automatisk vert registrert som medlemmer i foreiningane, har ført inn ein viss grad av byråkratiske utvekstar i fagforeiningane, og har ført til at dei har mista kontakt med dei breie medlemsmassane sine. Fylgjeleg er det naudsynt å setja i verk frivillig medlemskap både for einskildmenneske og for grupper i fagforeiningane så fast som råd. Under ingen vilkår må det krevjast at medlemmer i fagforeiningane skriv under på noko særskilt politisk syn. På dette området, likså vel som når det gjeld religion, skal ikkje fagforeiningane ta parti. Alt som må krevjast av medlemmer i fagforeiningane i den proletariske staten, er at dei må forstå kameratsleg disiplin og at det er naudsynt å samla kreftene til arbeidarene for å verna interessene til det arbeidande folket og å stø regjeringa til det arbeidande folket, dvs. sovjetregjeringa. Den proletariske staten må oppmuntra arbeidarene til å organisera seg i fagforeiningar både med juridiske og materielle middel. Men fagforeiningane kan ikkje ha nokon rettar utan skuldnader.

6. FAGFOREININGANE OG STYRINGA MED INDUSTRIEN.

Etter at proletariatet har teke den politiske makta, ligg den fremste og grunnleggjande interessa deira i å tryggja at produktivkreftene i samfunnet og produksjonen av fabrikkvarer aukar svært mykje. Denne oppgåva, som er klårt formulert i programmet til Russlands kommunistiske parti, er det særskilt om å gjera med i landet vårt i dag som fylgje av utarminga, hungersnauda og oppløysinga etter krigen. Av dette fylgjer at utan at vilkåret om ein så snøgg og varig framgang som råd med å byggja opp att storindustrien vert oppfylt, kan ein ikkje få nokon framgang i den allmenne saka med å frigjera arbeidet frå åket til kapitalen og å tryggja sigeren for sosialismen. For å få denne framgangen i Russland slik tilstanden her er no, er det absolutt vesentleg at all autoritet i fabrikkane vert konsentrert i hendene på leiinga. Fabrikkleiinga, som til vanleg er bygd opp etter prinsippet om at ein mann er ansvarleg, må ha autoritet til å setja fast og betala ut løner på eiga hand, men og å fordela rasjonar, arbeidsklede og alle andre tilførselar på grunnlag av og innan grensene for kollektive avtalar som er inngått med fagforeiningane. Ho må få så stor fridom til å manøvrera som råd, må føra streng kontroll med den verkelege framgangen som vert nådd når det gjeld å auka produksjonen, i å få fabrikkene til å løna seg og i å auka profittane, og må velja ut omhugsamt det mest gáverike og dyktige administrative personellet osb.

Under desse omstenda må ein sjå all direkte innblanding frå fagforeiningane i styringa over fabrikkane som beint fram skadeleg og utillateleg.

Det vil likevel vera fullstendig feil å tolka denne udsikutable grunnsetninga til å tyda at fagforeiningane ikkje skal spela noka rolle i den sosialistiske organiseringa av industrien og i styringa over statsindustrien.

Det er naudsynt at dei tek del i dei strengt definerte formene som fylgjer.

7. ROLLA OG OPPGÅVENE TIL FAGFOREININGANE I FORRETNINGS- ORGANISASJONANE OG DEI ADMINISTRATIVE ORGANISASJONANE TIL DEN PROLETARISKE STATEN

Proletariatet er klassegrunnlaget for den staten som fullfører overgangen frå kapitalismen til sosialismen. I eit land der småbøndene dominerer stort, kan proletariatet berre utføra denne oppgåva framgangsrikt dersom det svært dugande, varsamt og gradvis får i stand ein allianse med det overveldande fleirtalet av bøndene. Fagforeiningane må samarbeida nært og stendig med regjeringa, som i all si politiske og økonomiske verksemd vert leidd av den klassemedvitne fortroppen til arbeidarklassen, det kommunistiske partiet. Fagforeiningane er ein skule i kommunisme allment, men må særskilt vera ein skule for å trenast opp heile arbeidarmassen og endeleg alle arbeidande menneske i kunsten å styra ein sosialistisk industri (og etter kvart også jordbruk).

Ut ifrå desse prinsippa bør rolla til fagforeiningane i verksemda til forretningsorganisasjonane og dei administrative organisasjonane til den proletariske staten i den næraste tida få fylgjande hovudformer:

1. Fagforeiningane må hjelpa til å forsyna alle dei statlege forretningsorgana og administrative organa som har med økonomi å gjera med menneskap: Dei må nominera sine eigne kandidatar til dei, og gje opp kor lang tenestetid dei har, røynsla deira, og så frametter. Avgjerdsretten ligg berre hos forretningsorganisasjonane, som ber det fulle ansvaret for verksemda til

kvar sine organisasjonar. Men forretningsorganisasjonane må vurdere grundig dei synspunkta dei fagforeiningane det gjeld gjev uttrykk for på alle kandidatane.

2. Ei av dei viktigaste oppgåvene til fagforeiningane er å føra fram og trenar opp fabrikkleiarar mellom arbeidarane og massane av det arbeidande folket allment. Nett no har vi nokre dusin slike fabrikkleiarar som er heilt tilfredsstillande og hundrevis som er meir eller mindre tilfredsstillande, men svært snart må vi få hundrevis av dei fyrste og tusenvis av dei siste. Fagforeiningane må langt meir omhugsamt og regelbunde enn til no føra systematisk register over alle arbeidarar og bønder som er i stand til å ha stillingar av dette slaget, og dei må systematisk, effektivt og frå alle sider gje prov for den framgangen dei gjer i å lære kunsten å styra.

3. Fagforeiningane må få ei langt større rolle i verksemda til alle planleggingsorgana til den proletariske staten, i å leggja opp økonomiske planar så vel som program for produksjon og forbruk av lager av materielle forsyningar til arbeidarane, i å velja ut dei fabrikkane som skal få halda fram å få statlege tilførsler, skal leigast ut eller delast ut som konsesjonar, osb. Fagforeiningane bør ikkje ta på seg noka oppgåve med å kontrollere produksjonen i private og utleigde føretak beinveges, men bør ta del i å regulera den privatkapitalistiske produksjonen berre med å vera med på verksemda i dei eigna statsorgana. I tillegg til å ta del i all verksemd som har med kultur og utdanning å gjera og å propagandera for produksjonen, må fagforeiningane også i aukande omfang mobilisera arbeidarklassen og massane av det arbeidande folket allment for alle sider ved arbeidet å byggja opp økonomien til staten. Dei må gjera dei kjende med alle sider ved det økonomiske livet og med alle detaljar i drifta av industrien, frå å skaffa til vegar råvarer til å marknadsføra produkta. Fagforeiningane må gje dei ei stadig meir konkret forståing

for den einskaplege statsplanen om den sosialistiske økonomien, og må få arbeidarane og bøndene praktisk interesserte i at planen vert gjennomført.

4. Ei av dei vesentlege oppgåvene for fagforeiningane i oppbygginga av sosialismen og når det gjeld deltakinga deira i styringa over industrien, er å setja opp lønsskalaer og tilførselsskalaer osb. Særskilt må disiplinærdomstolar heile tida betra på arbeidsdisiplinen og skikkelege måtar for å fremja han og nå fram til auka produktivitet. Men dei må ikkje leggja seg borti oppgåvene til folkedomstolane allment eller oppgåvene til fabrikkleiningane.

Denne lista over hovudoppgåvene til fagforeiningane i arbeidet med å byggja opp den sosialistiske økonomien må sjølvstøtt setjast opp meir detaljert av dei eigna organa i fagforeiningane og regjeringa. Når ein tek omsyn til røynsleane frå det kjempestore arbeidet fagforeiningane har utført med å organisera og styra økonomien, men og dei mistaka som har gjort ikkje liten skade, og som var fylgjer av beinveges, ukvalifisert, udugande og uansvarleg innblanding i administrative gjeremål, er det særskild viktig for å byggja opp att økonomien og styrkja sovjetsystemet at ein medvite og fullradd går i gang med eit iherdig praktisk arbeid som ein reknar med vil strekkja seg over ei lang rekkje år, og som vil gje arbeidarane og alle arbeidande menneske allment praktisk øving i kunsten å styra økonomien til heile landet.

8. KONTAKTEN MED MASSANE — DET GRUNNLEGGJANDE VILKÅRET FOR ALL VERKSEMD I FAGFOREININGANE.

Kontakten med massane, dvs. med det overveldande fleirtalet av arbeidarane (og etter kvart med heile det ar-

beidande folket) er det viktigaste og mest grunnleggjande vilkåret for at all verksemd i fagforeiningane skal ha framgang. I alle fagorganisasjonane og apparatet deira, frå botn og opp, må det innførast og prøvast ut i praksis over ei lang rekkje år eit system med ansvarlege kameratar — som ikkje alle må vera kommunistar — som må leva midt imellom arbeidara- ne, studera livet deira i alle detaljar, og må vera i stand til å vurdera stemninga, dei verkelege forventningane, trongen og tankane til massane utan mistak i kvart einaste spørsmål og til kvar tid. Utan skugge av falsk idealisering må dei vera i stand til å slå fast kor klassemedvitne massane er og i kor stor mon dei er påverka av ymse fordomar og restar frå fortida, og dei må vera i stand til å vinna den botnlause tillita til massane gjennom kameratskap og omsut for det dei treng. Det kommunistiske partiet er ikkje stort i talet. Som fortropp for arbeidarklassen leier det eit vidstrekt land i overgangsprosessen til sosialismen (for tida utan direkte stønad frå dei meir framskridne landa). Ei av dei største og mest alvorlege farane partiet då står overfor, er isolasjon frå massane, faren for at fortroppen skal springa for langt framom og ikkje greia «retta ut frontlina», ikkje greia halda oppe fast kontakt med heile arbeidarhæren, dvs. med det overveldande fleirtalet av arbeidarar og bønder. Nett slik dei aller beste fabrikkane med dei aller beste motorane og fyrsteklasses maskinar vert tvinga til å stå stille dersom overføringsreimene frå motorane til maskinane vert skada, vil arbeidet vårt med den sosialistiske oppbygginga gå ein uunngåeleg katastrofe i møte dersom fagforeiningane — overføringsreimene frå det kommunistiske partiet til massane — er dårleg tilpassa eller verkar dårleg. Det er ikkje tilstrekkeleg å forklåra, ta opp att og stadfesta denne sanninga. Ho må fylgjast opp organisatorisk av heile strukturen til fagforeiningane og gjennom den daglege verksemda deira.

9. MOTSEIINGANE I STILLINGA TIL FAGFOREININGANE UNDER PROLETARIATETS DIKTATUR

Ut ifrå alt det som hittil er nemnt, vert det openberrt at det ligg ei rekkje motseiingar i dei ymse oppgåvene til fagforeiningane. På den eine sida er den viktigaste arbeidsmåten deira overtaling og opplæring. På den andre sida kan dei som deltakarar i utøving av statsmakta ikkje seia nei til å ta del i tvang. På den eine sida er hovudoppgåva deira å verna interessene til massane av det arbeidande folket i den mest beinveges og næraste tydinga av omgrepet. På den andre sida kan dei som deltakarar i utøving av statsmakta og i å byggja opp økonomien som heilskap ikkje seia nei til å ta i bruk press. På den eine sida må dei arbeida på militært vis, for proletariatets diktatur er den villaste, mest hardsette og mest desperate klassekrigen. På den andre sida er særskilde militære arbeidsmetodar minst av alt brukande for fagforeiningane. På den eine sida må dei vera i stand til å tilpassa seg til massane, til deira nivå. På den andre sida må dei aldri smiska for fordomane og dei tilbakeliggjande draga hos massane, men heile tida føra dei oppover mot høgare og høgare nivå, osb., osb. Desse motseiingane er ikkje tilfeldige, og dei vil vara ved i fleire tiår. For så lenge som restane etter kapitalismen og småproduksjonen heng ved, er motseiingar mellom dei og dei unge skota til sosialismen uunngåelege gjennom heile samfunnssystemet.

Av dette kan det dragast to praktiske konklusjonar. For det fyrste, for at fagforeiningane skal ha framgang i det dei gjer, er det ikkje nok å skjøna oppgåvene deira korrekt, er det ikkje nok å organisera dei skikkeleg. I tillegg krevst det særskilt takt, evne til å gå massane til møtes på ein særskilt måte i kvart tilfelle for seg med det for auga å heva desse massane til eit høgare kulturelt, økonomisk og politisk nivå med eit minstemål av gnisningar.

For det andre vil dei motseiingane som her er nemnde uunngåeleg gje opphav til diskusjonar, usemje, gnissingar osv. Det krevst eit høgare organ med tilstrekkeleg autoritet til å løysa alt slikt med ein gong. Dette høgare organet er det kommunistiske partiet og den internasjonale føderasjonen av kommunistiske parti i alle land — Den kommunistiske internasjonalen.

10. FAGFOREININGANE OG SPESIALISTANE

Hovudprinsippa i dette spørsmålet er lagde fram i programmet til Russlands kommunistiske parti. Men dei vil verta verande papirprinsipp dersom ein ikkje heile tida er merksam på dei kjensgjerningane som ber bod om i kva mon dei vert sette om til praksis. Kjensgjerningar av dette slaget frå siste tida er: For det fyrste, tilfelle då arbeidadarar i sosialiserte gruver har drepe ingeniørar ikkje berre i Ural, men og i Donetsbassenget. For det andre, sjølv mordet til sjefsingeniøren ved vassverka i Moskva, V.V. Oldenborger, på grunn av dei utolelege arbeidsvilkåra som fylgje av den udugelege og utillatelege framferda til medlemene av den kommunistiske gruppa så vel som til organ for sovjetmakta, noko som fekk den allrussiske sentrale eksekutivkomiteen til å senda heile saka over til rettsstellet.

Kommunistpartiet og sovjetregjeringa som heilskap må klandrast i langt større utstrekning for saker av dette slaget enn fagforeiningane. Men det saka gjeld no, er ikkje å slå fast i kor stor grad kvar er politisk skuldig, men å dra visse politiske konklusjonar. Utan at dei leiande organa våre, dvs. kommunistpartiet, sovjetregjeringa og fagforeiningane, vernar om kvar spesialist som gjer arbeidet sitt samvitsfullt og kjenner det og elsker det, på same måten som dei vernar om augesteinen sin — jamvel om dei kommunistiske ideane er fullstendig framande for han — er det nyttelaust å ven-

ta nokon alvorleg framgang i den sosialistiske oppbygginga. Vi vil kan hende ikkje vera i stand til å nå fram dit snart, men vi må for kvar pris nå fram til ein situasjon der spesialistar — som eit særskilt sosialt lag, som vil vara ved heilt til vi har nådd det høgste steget i utviklinga av det kommunistiske samfunnet — kan nytta betre levevilkår under sosialismen enn dei fekk under kapitalismen så langt det gjeld den materielle og legale stillinga deira, kameratsleg samarbeid med arbeidarane og bøndene, og på det mentale planet, dvs. å finna arbeidet sitt tilfredsstillande, finna ut at det er nyttig for samfunnet og løyst fri frå dei skitne interessene til kapitalistklassen. Ingen vil sjå på eit administrativt organ som nokonlunde velorganisert dersom det ikkje tek systematiske åtgjerder for å syta for alt spesialistane treng, lona dei beste av dei, verna og verja interessene deira, osb., og ikkje tryggjar praktiske resultat med dette.

Fagforeiningane må utføra all verksemd av det nemnde slaget (eller samarbeida systematisk i verksemda til alle administrative organa det gjeld) ikkje med utgangspunkt i interessene til dette organet, men med utgangspunkt i interessene til arbeidet og til økonomien som heilskap. Når det gjeld spesialistane, vil den svært vanskelege skuldnaden falla på fagforeiningane å verka inn på dei breie massane av det arbeidande folket for å få i stand skikkelege tilhøve mellom dei og spesialistane. Berre slik verksemd kan gje verkeleg viktige praktiske resultat.

11. FAGFOREININGANE OG SMÅBORGARLEG INNVERKNAD PÅ ARBEIDARKLASSEN.

Fagforeiningane er verkeleg effektive fyrst når dei samlar svært breie lag av partilause arbeidarar. Særleg i eit land der bøndene er i sterk overvekt, må dette gje opp-

hav til at den politiske innverknaden, som tener som overbygning over restane av kapitalismen og over småproduksjonen, vert etter måten stabil, særskilt mellom fagforeiningane. Denne innverknaden er småborgarleg, dvs. sosialrevolusjonær og mensjevikisk (dei russiske variantane av partia i Den andre- og To-og-ein-halv-internasjonale) på den eine sida og anarkistisk på den andre. Berre mellom desse straumdraga er det framleis att noka monaleg mengd menneske som forsvarar kapitalismen ideologisk og ikkje ut ifrå egoistiske klassemotiv, og som held fram å tru på den klasselause naturen til «demokratiet», «likskapen» og «fridomen» allment som dei forkynner.

Når slike småborgarlege idear overlever (stundom jamvel vert vekte til live att) mellom fagforeiningane i vårt land, skriv det seg frå denne sosiale og økonomiske årsaka, og ikkje frå rolla til individuelle grupper, og endå mindre frå einskildmenneske. Kommunistpartiet, dei sovjetorgana som driv kulturell verksemd og utdanningsverksemd, og alle kommunistiske medlemmer av fagforeiningane må difor via langt større merksemd på den ideologiske kampen mot småborgarleg innverknad, straumdrag og avvik mellom fagforeiningane, særleg av di den nye økonomiske politikken med naudsyn vil føra til ei viss styrking av kapitalismen. Det er tvingande naudsynt å motverka dette gjennom å forsterka kampen mot småborgarleg innverknad på arbeidarklassen.

*Sentralkomiteen
Russlands kommunistiske parti (bolsjevikane)*

Skreven 30. desember
1921—4. januar 1922
Prenta i *Pravda* nr. 12
17. januar 1922

Prenta i samsvar med
avisteksten etter
gjennomgang av
manuskriptet

DEN ELLEVTE KONGRESSEN TIL RKP(B)³³

27. mars—2. april 1922

2

POLITISK MELDING
FRÅ SENTRALKOMITEEN TIL RKP(B),
27. mars.

(Applaus.) Kameratar. Lat meg få byrja denne politiske meldinga frå sentralkomiteen med slutten og ikkje starten på året. Det politiske spørsmålet som vert mest diskutert i dag, er Genova.³⁴ Men sidan det alt er sagt ein god del om dette emnet i pressa vår, og sidan eg alt har sagt det mest vesentlege om emnet i talen min 6. mars, som er offentleggjort, vil eg be dykk la meg sleppa å gå i detaljar, dersom de ikkje ynskjer særskilt at eg skal gjera det.

I det store og heile kjenner de alt om Genova, for det er skrive mykje om dette i avisene — etter mitt syn altfor mykje, til skade for det som verkeleg, praktisk og tvingande trengst i oppbyggingsarbeidet vårt allment, og i den økonomiske utviklinga vår særskilt. I Europa, i alle dei borgarlege landa, likar dei sjølv sagt å hefta bort hugen til folk, eller stappa full hovuda deira med all slags vas om Genova. Og denne gongen (eg har lyst til å seia ikkje berre denne gongen) hermar vi etter dei, og hermar etter dei reint for mykje.

Eg må seia at i sentralkomiteen har vi gjort oss svært stor umak med å nemna opp ein delegasjon med dei beste diplomatane våre (vi har no ein god del sovjetdiplomatar, det var ikkje tilfelle i den fyrste tida til sovjetrepublikken). Sentralkomiteen har sett opp tilstrekkeleg detaljerte instruksar for diplomatane våre ved Genova-konferansen. Vi brukte lang tid på å diskutera desse instruksane, og vurderte dei og omvurderte dei ei rekkje gonger. Det seier seg sjølv at spørsmålet

her gjeld — eg vil ikkje seia krig, for den nemninga vil truleg verta misforstått, men i alle høve gjeld det rivalisering. I den borgarlege leiren er det eit svært sterkt straumdrag, langt sterkare enn noko anna, som ynskjer å øydeleggja Genova-konferansen. Det er straumdrag som går sterkt inn for Genova-konferansen og ynskjer at han kjem saman for kvar pris. Dei siste har no fått overtaket. Til sist er det i alle borgarlege land straumdrag som ein kan kalla pasifistiske. Mellom dei må vi rekna heile Den andre- og To-og-ein-halv-internasjonalen. Det er denne delen av borgarskapet som går inn for ei rekkje pasifistiske framlegg, og freistar finna på noko som liknar på ein pasifistisk politikk. Som kommunistar har vi klåre synspunkt på denne pasifismen. Dei skulle det ikkje vera naudsynt å leggja ut her. Det seier seg sjølv at vi ikkje dreg til Genova som kommunistar, men som handelsmenn. Vi må handla, og dei må handla. Vi ynskjer at handelen skal vera til vår føremon, dei ynskjer at han skal vera til deira føremon. Korleis saka vil utvikla seg vil verta avgjort, om enn ikkje i så stor grad, av kor dyktige diplomatane våre er.

I den mon vi reiser til Genova som handelsmenn, er det heilt klårt på ingen måte noka uviktig sak for oss om vi har å gjera med dei folka frå den borgarlege leiren som hallar til å løysa problemet med krig, eller med dei som hallar til pasifismen, jamvel den verste sort pasifisme, som frå ein kommunistisk synsstad ikkje står for den minste kritikk. Det ville verkeleg vera ein dårleg handelsmann om han ikkje var i stand til å skjønna dette skiljet og koma fram til praktiske mål med å leggja opp taktikken sin etter dette.

Vi reiser til Genova med det praktiske føremålet å utvida handelen og skapa dei best moglege vilkåra for at han skal utvikla seg framgangsrikt i størst mogleg omfang. Men vi kan ikkje garantera at Genova-konferansen vert framgangsrik. Det ville vera latterleg og meiningslaust å gje nokon garantiar i så måte. Eg må

likevel seia at når eg vurderer kva som nett no er mogleg å få til i Genova så nøkternt og varsamt som råd, trur eg ikkje det vil vera noka overdriving å seia at vi vil nå måla våre.

Vi vil nå dei gjennom Genova, dersom dei andre partane i tingingane er tilstrekkeleg dyktige og ikkje for stae. Vi vil nå dei utan Genova, dersom dei set seg i hovudet å vera stae. Men måla våre vil vi nå!

Faktum er at dei siste åra har det vorte skarpt avslørt i alle dei kapitalistiske landa at dei mest tvingande, pressande og praktiske interessene krev utvikling, regulering og utviding av handelen med Russland. Sidan det finst slike interesser, kan vi diskutera, krangla, vera usamde om særskilte kombinasjonar — det er svært sannsynleg at vi vil måtte verta usamde. Dette som er grunnleggjande økonomisk naudsynt vil like fullt etter at alt er sagt og gjort, bryta seg veg sjølv. Eg trur vi kan slå oss trygt til ro med det. Eg kan ikkje garantera datoen. Eg kan ikkje garantera at det vil lykkast. Men her vi no er samla kan vi seia med temmeleg stor visse at regulært handelssamband mellom Sovjetrepublikken og alle dei kapitalistiske landa i verda for visst vil halda fram å utvikla seg. Når eg kjem til det i ein annan del av meldinga mi, vil eg nemna dei vanskane som det er mogleg kan dukka opp. Men eg trur dette er alt som trengst seiest i spørsmålet om Genova.

Det seier seg sjølv at dei kameratane som ynskjer å studera spørsmålet i større detalj og som ikkje er nøgde med den lista over delegatar som er offentleggjort i avisene, kan setja ned ein kommisjon eller eit utval og gjera seg kjende med alt materialet frå sentralkomiteen og all korrespondansen og instruksane. Dei detaljane vi har drege opp er sjølv sagt førebels, for ingen veit fram til no heilt nøyaktig kven som vil sitja rundt bordet i Genova, og kva vilkår eller førebels vilkår eller atterhald som vil verta kunngjorde. Det ville vera særst uhøveleg og eg trur praktisk talt umogleg å diskutera alt dette her. Eg tek opp att: Denne kongressen har gjen-

nom eit utval eller ein kommisjon alle høve til å få tak i alle dokumenta om dette spørsmålet — både dei som er offentleggjorde og dei dokumenta som sentralkomiteen har.

Eg vil ikkje seia meir, for eg er viss på at det ikkje er her dei største vanskane våre ligg. Dette er ikkje det spørsmålet som heile partiet bør retta inn merksemda si på. Den europeiske borgarpressa bles opp og overdriv kunstig og medvite kor viktig denne konferansen er for å narra massane av det arbeidande folket (slik ni tidelar av borgarpressa i alle desse frie demokratiske landa og republikkane alltid gjer). Vi har i ei viss mon gjeve etter for innverknaden til denne pressa. Som vanleg gjev pressa vår seg framleis over til dei gamle borgarlege vanane. Ho nektar å ta i bruk nye, sosialistiske framgangsmåtar, og vi har laga større oppstyr om denne saka enn ho fortener. For kommunistar, særleg for dei som har gjennomlevd slike strenge år som dei vi har levd gjennom etter 1917, og vore vitne til dei skremmande politiske kombinasjonane som dukka opp i den tida, står ikkje Genova for nokon store vanskar. Eg kan ikkje minnst noka usemje eller noko strid om dette spørsmålet korkje i sentralkomiteen eller i partirekkjene. Det er naturleg, for det er ingen ting her som kan skapa strid frå kommunistars synsstad, jamvel om ein har dei ulike meiningsnyansane mellom dei i bakhovudet. Eg tek opp att: Vi reiser til Genova som handelsmenn med det for auga å tryggja så gode vilkår som råd for å fremja den handelen som har teke til, som vert ført vidare, og som jamvel om nokon lykkast i å tvinga han til avbrot for ei stund, uunngåeleg vil halda fram å utvikla seg etter avbrotet.

Eg vil innskrenka meg til desse korte merknadene om Genova, og vil fylgjeleg no gå vidare med å ta for meg dei sakene som etter mi meining har vore dei viktigaste politiske spørsmåla siste året, og som vil verta det i året som kjem. Eg tykkjer den politiske meldinga frå sentralkomiteen ikkje berre skal ta for seg hendingane i

det året vi tek for oss, men og peika på (det er i alle høve det eg plar gjera) dei viktigaste, grunnleggjande politiske lærdomane av hendingane det året, slik at vi kan læra noko for det året som kjem, og koma i den stillinga at vi kan fastleggja politikken vår for det året korrekt.

Den nye økonomiske politikken er sjølvstøtt hovudspørsmålet. Dette har vore det dominerande spørsmålet gjennom heile det året vi tek for oss. Dersom vi har noka viktig, alvorleg og uavvendeleg vinning å visa til dette året (og eg er ikkje så heilt viss på at vi har det), er det at vi har lært noko av at denne nye økonomiske politikken vart sett i verk. Om det er slik at vi har lært noko siste året, så har vi lært mykje på dette området. Og det som vert prøva på om vi verkeleg har lært noko, og i kva mon, vil truleg vera komande hendingar som vi sjølve kan gjera lite for å fastleggja, som t.d. den finanskrisa som trugar. Det tykkjest for meg som om det viktigaste vi må hugsa på i samband med den nye økonomiske politikken, som grunnlag for alle argumenta våre, som ein måte å få ei prøve på røynslene våre siste året og for å dra praktiske lærdomar for det året som kjem, det ligg i dei fylgjande tre punkta.

For det fyrste er den nye økonomiske politikken viktig for oss i hovudsak som eit middel for å prøva korvidt vi verkeleg får i stand eit bindeledd med bondeøkonomien. I den perioden som gjekk føreåt i utviklinga av revolusjonen vår, då heile merksemda og alt arbeidet vårt i hovudsak var konsentrert om, eller mest fullstendig var oppteken av oppgåva å slå attende invasjonar, kunne vi ikkje bry oss om dette bindeleddet i stor nok grad. Vi hadde andre ting å tenkja på. Til ein viss grad kunne og måtte vi oversjå dette bindeleddet då vi stod andsynes den heilt tvingande oppgåva, som overskugga alt, med å avverga faren for at dei gigantiske kreftene til verdsimperialismen skulle knusa oss straks.

Vendinga over til den nye økonomiske politikken

vart vedteken på den siste kongressen med uvanleg stor semje, med endå større semje enn andre spørsmål som partiet vårt har vedteke (og ein må vedgå at partiet allment merkjer seg ut for stor indre semje). Denne semja synte at det no hadde vorte fullt ut naudsynt å nærma seg den sosialistiske økonomien på ein ny måte. Folk som såg ulikt på mange spørsmål og som vurderte stoda frå ulike synsvinklar, vart samrøystes, svært snøgt og utan å tvika samde om at vi eigentleg ikkje hadde kome fram til den sosialistiske økonomien. Vi hadde ikkje bygd opp grunnlaget for han eingong, og einaste måten å gjera det på var den nye økonomiske politikken. Som fylgje av den retninga krigshendingane utvikla seg, som fylgje av korleis dei politiske hendingane utvikla seg, som fylgje av korleis kapitalismen i det gamle, siviliserte Vesten utvikla seg, men og som fylgje av dei sosiale og politiske vilkåra som utvikla seg i koloniane, var vi dei fyrste som slo ein sprekk i den gamle borgarlege verda i ei tid då landet vårt økonomisk var om ikkje det mest tilbakeliggjande, så i alle høve eitt av dei mest tilbakeliggjande landa i verda. Det store fleirtalet av bøndene i landet vårt arbeider med individuelt småjordbruk. Dei postane vi kunne nytta straks i programmet vårt for å byggja eit kommunistisk samfunn, låg i ei viss mon utanfor aktivitetsområdet til dei breie bondemassane, som vi la svært harde skuldnader på, skuldnader som vi forsvarte med at krigen ikkje tillegg noka vingling i denne saka. Sett i heilskap godtok bøndene denne forklåringa, trass i dei feila vi ikkje kunne unngå. I det store og heile skjøna og forstod bondemassane at dei veldige børene som vart lagde på dei var naudsynte for å berga herredømet til arbeidarane og bøndene frå godseigarane og hindra at det vart kvelt av kapitalistisk invasjon, som truga med å ta frå oss alt som var vunne i revolusjonen. Men det var ikkje noko band mellom bondeøkonomien og den økonomien som var under oppbygging i dei nasjonaliserte, sosialiserte fabrikkane og på statsbruka.

Vi såg dette klårt på den siste partikongressen. Vi såg det så klårt at det ikkje var noka tviking i det heile i partiet i spørsmålet om kor vidt den nye økonomiske politikken var uunngåeleg eller ikkje.

Det er fornøyeleg å lesa kva som vert sagt om avgjerda vår i dei talrike publikasjonane til dei ymse russiske partia utanlands. Det er berre uvesentlege skilnader i dei syna dei gjev uttrykk for. Dei lever i minna frå fortida, og held framleis på med å ta opp att at fram til denne dagen går venstrekommunistane imot den nye økonomiske politikken. I 1921 mintes dei det som hadde hendt i 1918, og som venstrekommunistane våre sjølve har gløymt, og dei held fram å tygga opp att og opp att på dette og forsikrar verda om at desse bolsjevikane er ein slu og falsk gjeng, og at dei held løynt for Europa at det er usemje innan rekkjene deira. Når ein les dette, seier ein til seg sjølv: «Lat dei halda fram med å lura seg sjølve.» Dersom det er dette dei innbillar seg går føre seg i dette landet, då kan vi døma om kor intelligente dei er, desse gamle stabeisane som har rømt utanlands, og som det vert sagt er så velutdanna. Vi veit at det ikkje har vore noka usemje i rekkjene våre, og grunnen til det er at det var klårt for alle at det var praktisk naudsynt å nærma seg oppgåva med å leggja grunnlaget for ein sosialistisk økonomi på ein annan måte.

Det var ikkje nokon bindeledd mellom bondeøkonomien og den nye økonomien vi prøvde skapa. Finst det noko slikt bindeledd no? Nei, ikkje enno. Vi driv berre og nærmar oss. Heile meininga med den nye økonomiske politikken — den pressa vår framleis ofte leitar etter overalt utan der ho burde leita — heile føremålet med denne politikken er å finna ein måte å få i stand eit bindeledd mellom den nye økonomien, som vi skaper med slikt kjempearbeid, og bondeøkonomien. Det er dette vi skal heidrast for. Utan dette ville vi ikkje vera kommunistiske revolusjonære.

Vi tok til å utvikla den nye økonomien på ein full-

stendig ny måte, og feia til side alt gamalt. Hadde vi ikkje teke til å utvikla han, ville vi ha lidd fullstendig nederlag dei aller fyrste månadene, dei aller fyrste åra. Men den kjensgjerninga at vi tok til å utvikla denne nye økonomien med slikt strålende vågemot, tyder ikkje at vi med naudsyn må halda fram på same måten. Kvifor skulle vi det? Det er ingen grunn til det.

Heilt frå vi fyrst tok til sa vi at vi måtte setja i gang med ei fullstendig ny oppgåve, og at utan at vi snøgt fekk hjelp frå kameratane våre, arbeidarane i dei landa der kapitalismen var lengre utvikla, ville vi få utrulege vanskar og sikkert gjera ei rekkje mistak. Hovudsaka er å vera i stand til å gå lidenskapslaust igjennom kvar det er gjort slike mistak, og å ta til att frå fyrst av. Dersom vi tek til frå fyrst av ikkje to, men mange gonger, vil det syna seg at vi ikkje er bundne av fordomar, og at vi går laus på oppgåva vår, som er den største verda har sett, med eit nøkternt syn på sakene.

Når det gjeld den nye økonomiske politikken, er hovudsaka i dag å ta opp i oss røynslene frå siste året korrekt. Det må gjerast, og vi ynskjer å gjera det. Og dersom vi ynskjer å gjera det, same kva som skjer (og vi ynskjer verkeleg å gjera det, og vi skal gjera det!) må vi vita at problemet med den nye økonomiske politikken, det grunnleggjande, avgjerande og overveldande problemet, er å få i stand eit bindeledd mellom den nye økonomien som vi har teke til å skapa (svært dårleg, svært klossete, men like fullt teke til å skapa, på grunnlag av ein fullstendig ny, sosialistisk økonomi, på eit nytt system for produksjon og fordeling) og bondeøkonomien, som millionar på millionar av bønder får til livets opphald gjennom.

Dette leddet har mangla, og vi må skapa det før noko anna. Alt anna må underordnast dette. Vi er framleis nøyddde til å få greie på i kva mon den nye økonomiske politikken har lykkast med å skapa dette leddet utan å øydeleggja det vi har teke til å byggja så klossete.

Vi utviklar økonomien vår i lag med bøndene. Vi vert

nøydde til å forandra på han mange gonger og organiserer han på ein slik måte at han vil gje eit bindeledd mellom det sosialistiske arbeidet vårt med storindustrien og jordbruket og det arbeidet kvar bonde gjer som best han kan med å kjempa ut ifrå fattigdom utan å filosofera. (For korleis kan filosofering hjelpa han å koma seg ut av stillinga si og berga han frå den svært røynelege faren for å svelta pinefullt i hel?)

Vi må avdekkja dette bindeleddet slik at vi kan sjå det klårt, slik at heile folket kan sjå det, og slik at heile bondemassen kan sjå at det er eit samband mellom det strenge, utruleg øydelagde og utruleg utarma og pinefulle tilveret deira no og det arbeidet som vert gjort for å koma fram til fjerne sosialistiske ideal. Vi må koma fram til ei stode der det vanlege, jamne arbeidande mennesket skjønar at han har oppnådd ei viss forbetring, og at han ikkje har oppnådd henne på same måten som nokre få bønder oppnådde forbetringar under herredømet til godseigarane og kapitalistane, då kvar einaste forbetring (det var tvillaust forbetringar, og jamvel svært store) vart fylgde av fornærmingar, spott og audmyking for musjiken*, av vald mot massane, noko ikkje ein einaste bonde har gløymt, og som ikkje vil verta gløymt i Russland på fleire tiår. Målet vårt er å oppretta dette bindeleddet, å prova for bonden gjennom handling at vi tek til med det som er forståeleg, kjent og med ein gong tilgjengeleg for han trass i fattigdomen hans, og ikkje med noko som er fjernt og fantastisk frå bondens synsstad. Vi må prova at vi kan hjelpa han, og at kommunistane verkeleg hjelper han no i denne tida, då småbøndene er i ein tilstand av fælsleg øydelegging, utarming og hungersnaud. Anten provar vi dette, eller så sender han oss til helvete. Det er heilt uunngåeleg.

Dette er meininga med den nye økonomiske politikken. Det er grunnlaget for heile politikken vår. Det

* *Musjik* — russisk småbonde. — *Red.*

er den viktigaste lærdommen vi har fått av alle røynslene siste året med å setja i verk den nye økonomiske politikken, og så å seia den viktigaste politiske lærdommen for året som kjem. Bonden gjev oss kreditt, og etter det han har levd igjennom, kan han sjølv sagt ikkje gjera noko anna. Som masse sett held bøndene fram å seia: «Vel, er de ikkje i stand til å gjera det enno, skal vi venta. Kan hende vil de læra.» Men denne kreditten kan ikkje halda fram for evig.

Dette må vi vita, og når vi har fått kreditt, må vi henga i. Vi må vita at den tida kjem nærare då dette bonde- landet ikkje lenger vil gje oss kreditt, då det vil forlanga kontantar, for å nytta eit omgrep frå forretningslivet. Det kjem til å seia: «De har utsett betalinga i så mange månader, så mange år. Men no, kjære styrande, må de ha lært dei sunnaste og mest pålitande framgangs- måtane for å hjelpa oss å fri oss frå fattigdom, naud, hungersnaud og utarming. De kan gjera det, det har de prova.» Dette er den prøva vi uunngåeleg vil verta stilte overfor, og i siste omgang vil denne prøva avgjera alt, lagnaden til NEP og lagnaden til det kommunistiske styret i Russland.

Skal vi fullføra dei næraste oppgåvene våre eller ikkje? Høver denne NEP for noko som helst eller ikkje? Dersom det syner seg at tilbaketrekkinga er den korrekte taktikken, må vi knyta band med bondemassane medan vi dreg oss attende, og etterpå marsjera framover i lag med dei hundre gonger saktare, men fast og urikkeleg, på ein måte som alltid vil gjera det klårt for dei at vi verkeleg marsjerer frametter. Då vil saka vår verta fullstendig uovervinneleg, og inga makt i verda kan vinna over oss. Vi nådde ikkje fram til dette fyrste året. Det må vi seia rett ut. Og eg er djupt overtydd (og den nye økonomiske politikken vår set oss i stand til å dra denne konklusjonen heilt avgjort og fast) om at dersom vi vert klåre over den veldige faren som ligg i NEP og konsentrerer alle kreftene våre om dei veike punkta i han, vil vi løysa dette problemet.

Knyt band med bondemassane, med dei jamne arbeidande bøndene, og ta til å gå framover umåteleg, uendeleg mykje saktare enn vi venta, men på ein slik måte at heile massen i røynda går framover i lag med oss. Gjer vi dette, vil vi med tida gå framover mykje snøggar enn vi jamvel kan drøyma om i dag. Dette er etter mi meining den fyrste grunnleggjande politiske lærdomen av den nye økonomiske politikken.

Den andre, meir spesialiserte lærdomen er at dei statlege og kapitalistiske foretaka må prøvast gjennom konkurranse mellom dei. Vi skipar no blanda selskap — eg har noko eg vil seia om dei seinare — som på same måten som statshandelen vår og den nye økonomiske politikken som heilskap tyder at vi kommunistar søker til kommersielle, kapitalistiske metodar. Desse blanda selskapa er og viktige av di det gjennom dei vert skapt praktisk konkurranse mellom kapitalistiske metodar og metodane våre. Sjå praktisk på det. Fram til no har vi skrive eit program og kome med lovnader. I si tid var dette fullt ut naudsynt. Det er umogleg å setja i gang ein verdsrevolusjon utan eit program og utan lovnader. Om kvitegardistane, medrekna mensjevikaner, spottar oss for dette, syner det berre at mensjevikaner og sosialistar i Den andre- og To-og-ein-halv-internasjonale ikkje har nokon idé i det heile om korleis ein revolusjon utviklar seg. Vi kunne ikkje gå fram på nokon annan måte.

Men no er stillinga den at vi må setja arbeidet vårt på ei alvorleg prøve. Og det er ikkje ei prøve av det slaget som vert gjorde av kontrollinstansar som kommunistane sjølve har skipa, jamvel om desse kontrollinstansane er framifrå, jamvel om dei er bortimot dei ideelle kontrollinstansane i sovjetsystemet og partiet. Ei slik prøve kan verta ein parodi sett ut ifrå synsstaden til det bondeøkonomien verkeleg treng, men det er så visst ingen parodi sett ut ifrå oppbygginga vår. Vi skipar no til desse kontrollinstansane, men eg syner ikkje til denne prøva, men til prøva sett ut ifrå synsstaden til heile økonomien.

Kapitalisten var i stand til å skaffa fram ting. Han gjorde det lite effektivt, tok urimelege prisar, fornærma oss og stal frå oss. Dei vanlege arbeidarane og bøndene som ikkje diskuterer kommunismen av di dei ikkje veit kva han er, dei er fullt klår over dette.

«Men kapitalistane var trass i alt i stand til å skaffa fram ting, er de det? Det er de ikkje i stand til.» Det var dette vi fekk høyra sist vår, jamvel om det ikkje alltid var lett å høyra. Det låg som ein undertone bak heile krisa sist vår. «Som menneske er de framifrå, men de kan ikkje rå med den økonomiske oppgåva de har teke på dykk.» Dette er den enkle og drepende kritikken som bøndene — og gjennom bøndene einskilde lag av arbeidarar — kom med mot kommunistpartiet siste året. Det er grunnen til at dette gamle punktet vert så viktig i spørsmålet om NEP.

Vi treng å prøvast skikkeleg. Kapitalistane opererer ved sida av oss. Dei går fram som røvarar; dei tek profit, men dei veit korleis dei skal gjera sakene. Men de, de prøvar å gjera det på ein ny måte: De tek ikkje profit. Prinsippa dykkar er kommunistiske, ideala dykkar er framifrå, dei er skrivne så vakkert ned at de tykkjest som helgenar, at de bør koma til himmels i levande live. Men kan de få tinga unna? Vi treng prøvast, å prøvast skikkeleg, ikkje slik den sentrale kontrollkommissjonen* gjer når han klandrar nokon og den allrussiske sentrale eksekutivkomiteen** gjev ei eller anna straff. Ja, vi ynskjer å prøvast skikkeleg ut ifrå synsstadene til den nasjonale økonomien.

Vi kommunistar har fått mange utsetjingar, og vi har fått større kreditt enn noka anna regjering nokon gong har fått. Sjølv sagt hjelpete vi kommunistar til med å få

* *Den sentrale kontrollkommissjonen* — sjå note 41. — *Red.*

** *Den allrussiske sentrale eksekutivkomiteen* — det høgste utøvande, lovgjevande og kontrollerande organet i tida mellom sovjetkongressane. Det vart organisert på den fyrste sovjetkongressen av arbeidar-, bonde- og soldatrepresentantar i juni 1917. — *Red.*

vekk kapitalistane og godseigarane. Bøndene set pris på det, og dei har gjeve oss meir tid, større kreditt, men berre for ei viss tid. Etter det kjem prøva: Kan de styra økonomien like bra som dei andre? Den gamle kapitalisten kan det. De kan det ikkje.

Dette er den fyrste lærdomen, den fyrste hovuddelen av den politiske meldinga frå sentralkomiteen. Vi kan ikkje styra økonomien. Det har vi fått prov for siste året. Eg kunne svært gjerne tenkt meg å nytta ei rekkje Gos-trustar* (om eg får uttrykkja meg i det vakre russiske språket som Turgenjev lovprisa så høgt) som døme for å syna korleis vi styrer med økonomien.

Diverre har eg av ei rekkje grunnar, og hovudsakleg på grunn av dårleg helse, vore ute av stand til å arbeida ut denne delen av meldinga mi, og eg må difor avgrensa meg til å gje uttrykk for overtvinga mi, som grunnar seg på observasjonane mine av det som går føre seg. Siste året synte vi heilt klårt at vi ikkje kan styra økonomien. Dette er den grunnleggjande lærdomen. Anten provar vi det motsette i året som kjem, eller så vil ikkje sovjetmakta kunna eksistera. Og den største faren er at ikkje alle skjønar dette. Dersom alle vi kommunistar som er ansvarlege tenestemenn skjønar klårt at vi manglar evne til å styra økonomien, at vi må læra heilt frå botnen, då vil vi vinna. Dette er etter mi meining den grunnleggjande konklusjonen vi må dra. Men mange av oss skjønar ikkje dette og trur at om det finst folk som verkeleg tenkjer på den måten, kan det berre vera dei uvitande som ikkje har studert kommunismen, kan hende vil dei læra og forstå ein dag. Nei, orsaka meg, poenget er ikkje at bonden eller den partilause arbeidareren ikkje har studert kommunismen, men at den tida er forbi då oppgåva var å setja opp eit program og oppmoda folket om å setja dette store programmet ut i li-

* *Gossudarstvenni trust* — statstrust. Lenin viser her ironisk til den skikken som då heldt på å veksa fram med å forkorta namna på ymse institusjonar. — *Red.*

vet. Den tida er forbi. I dag må de prova at de kan gje praktisk økonomisk hjelp til arbeidarane og til bøndene under dei vanskelege tilhøva som rår no, og såleis demonstrera for dei at de greier den prøva som konkurransen gjev.

Dei blanda selskapa som vi har teke til å skipa, der russiske og utanlandske privatkapitalistar tek del i lag med kommunistar, gjev oss eitt av midla vi kan nytta for å læra å organisera konkurransen skikkeleg og syna at vi ikkje er dårlegare enn kapitalistane til å få i stand eit bindeledd med bondeøkonomien, at vi kan gje han det han treng, at vi kan hjelpa bonden med å gjera framsteg jamvel på det steget han no står, trass i at han er tilbakeliggjande. For det er umogleg å forandra han på eit stutt tidsrom.

Dette er den sorten konkurranse vi står andsynes som ei absolutt tvingande oppgåve. Dette er den aksen den nye økonomiske politikken sviv om, og etter mi meinining sjølv grunnstammen i politikken til partiet. Vi står framfor så mange reine politiske problem og vanskar som vi berre vil. De kjenner dei: Genova, faren for intervensjon. Vanskane er store, men dei er ingen ting jamført med denne økonomiske vansken. Vi veit korleis sakene skal gjerast på det politiske området, vi har fått bra mykje røynsle, vi har lært mykje om borgarleg diplomati. Det var slikt mensjevikaner lærte oss i femten år, og vi fekk noko nyttig ut av det. Dette er ikkje nytt.

Men her dreiar det seg om noko vi må gjera på det økonomiske området. Vi må vinna konkurransen mot den vanlege handelsbetjenten, den vanlege kapitalisten, kjøpmannen, som vil gå til bøndene utan å argumentera om kommunismen. Berre tenk dykk, han vil ikkje ta til å argumentera om kommunismen, men han vil argumentera på denne måten: Om de ynskjer å skaffa dykk noko eller halda fram med handelen på skikkeleg vis, eller om de ynskjer å byggja, vil eg stå for bygginga til høg pris. Kommunistane vil kan hende byggja til høgare pris, kan hende til og med ti gonger høgare. Det er

denne sorten agitasjon som no for tida er kjernen i saka. Det er dette som er det grunnleggjande spørsmålet i økonomien.

Eg tek opp att: Takk vera den korrekte politikken vår, let folket oss få utsetjing med betaling og kreditt, og dette er, for å seia det med NEP-språk, ein veksel. Men denne vekselen er udatert, og det står ikkje nokon stad på han når han vert lagt fram for innløyising. I dette ligg faren. Det er dette særdraget som skil desse politiske vekslane frå vanlege forretningsvekslar. Vi må samla all merksemda vår om dette, og ikkje slå oss nøgde til ro med at det finst ansvarlege og gode kommunistar i alle statstrustane og dei blanda selskapa. Det er til inga nytte, for desse kommunistane veit ikkje korleis dei skal styra økonomien, og i så måte står dei tilbake for dei vanlege kapitalistiske handelsbetjentane, som har fått opplæringa si i store fabrikkar og store firma. Men vi nektar å vedgå dette, på dette området heng det framleis att kommunistisk innbilning — *komsjvanstvo**, for å bruka det store russiske språket att. Heile poenget er at dei ansvarlege kommunistane, jamvel dei beste av dei, som utan tvil er ærlege og lojale, som i gamle dagar vart sette i fengsel og ikkje var redde for døden, dei veit ikkje korleis dei skal driva handel, for dei er ikkje forretningsmenn, dei har ikkje lært å driva handel, ynskjer ikkje å læra, og skjønar ikkje at dei må ta til å læra frå grunnen av. Kommunistar, revolusjonære som har gjennomført den største revolusjonen i verda, som har augo til — om ikkje førti pyramidar, så i alle høve førti europeiske land festa på seg med voner om frigjering frå kapitalismen, dei må no læra av vanlege diskenspringarar. Men desse vanlege disken-springarane har ti års røynsle frå mjølbutikkane og kjenner bransjen, medan dei ansvarlege kommunistane og trugne revolusjonære ikkje kjenner bransjen, og ikkje eingong skjønar at dei ikkje kjenner han.

* *Komsjvanstvo* — ei samandraging av dei russiske orda for «kommunistisk innbilning» — *Red.*

Og så, kameratar, dersom vi kvittar oss med i det minste denne elementære vankunna, vil vi vinna ein veldig siger. Vi må dra heim frå denne kongressen med den overtydinga at vi er uvitande om denne bransjen, og fast rådde på å læra han frå botnar. Trass i alt har vi ikkje halde opp å vera revolusjonære (sjølv om mange seier, og ikkje heilt utan grunn, at vi har vorte byråkratar), og vi kan forstå denne enkle saka at i eit nytt og uvanleg vanskeleg tiltak må vi vera budde på å ta til att frå grunnen om att og om att. Dersom de ser at de har kome inn i eit blindspor etter at de har teke til, så ta til på nytt, og hald fram med det ti gonger om det er naudsynt, heilt til de når måla dykkar. Blås dykk ikkje opp, vert ikkje innbilske fordi de er kommunistar, når det finst einkvan partilaus handelsbetjent, kan hende ein kvitegardist — svært truleg ein kvitegardist — som kan utføra oppgåver som økonomisk må utførast for kvar pris, men som de ikkje kan utføra. Dersom de, ansvarlege kommunistar som har hundrevis av distinksjonar og titlar og har fått kommunistiske ordenar og sovjetordenar, skjønar dette, vil de nå målet dykkar, for dette er noko som kan lærast.

Vi har ein del framgang, om enn svært lite, å visa framfor oss for siste året, men dei er lite viktige. Hovudsaka er at det er inga forståing eller utbreidd overtyding mellom alle kommunistar om at den ansvarlege og svært trugne russiske kommunisten nett no er dårlegare i stand til å utføra desse oppgåvene enn nokon handelsbetjent av den gamle skulen er. Eg tek opp att: Vi må ta til å læra dette heilt frå grunnen. Dersom vi skjønar dette, vil vi koma vel frå prøva vår, ei alvorleg prøve som den trugande finanskrisa vil gje. Det er ei prøve som vert gjeven av den russiske og internasjonale marknaden som vi er underordna, som vi er knytte til, og som vi ikkje kan isolera oss frå. Det er ei avgjerande prøve, for her kan vi verta slegne økonomisk og politisk.

Det er slik spørsmålet står, og det kan ikkje vera ann-

leis, for konkurransen vil verta svært streng, og han vil vera avgjerande. Vi hadde mange utvegjar og smutthol som sette oss i stand til å sleppa unna dei politiske og økonomiske vanskanane våre. Vi kan seia stolt at fram til no har vi vore i stand til å dra nytte av desse utvegane og smutthola i ulike kombinasjonar alt etter korleis omstenda har skifta. Men no har vi ingen andre utvegjar. Tillat meg å fortelja dykk dette utan overdriving, for i så måte er det verkeleg «det siste og avgjerande slaget», ikkje mot den internasjonale kapitalismen — mot han vil vi enno få mange «siste og avgjerande slag» — men mot den russiske kapitalismen, mot den kapitalismen som veks ut or småbondeøkonomien, den kapitalismen som denne siste fostrar fram. Her vil vi få ein kamp å hanskast med i den næraste framtida, og kva dag han kjem kan vi ikkje slå fast nøyaktig. Her er den «siste og avgjerande kampen» overhangande. Her er det ingen politiske eller andre omgåingsmanøvrar vi kan gjera, for dette er ei prøve i konkurranse med privatkapitalen. Anten står vi til denne prøva i konkurranse med privatkapitalen, eller så mislykkast vi fullstendig. Til å hjelpa oss med å stå har vi den politiske makta og ei mengd økonomiske og andre ressursar. Vi har alt de ynskjer utan dugleik. Vi manglar dugleik. Men dersom vi lærer denne enkle lærdomen av røynslene frå siste året og tek det som rettesnor for heile 1922, vil vi vinna over denne vansken òg, trass i at han er mykje større enn dei tidle-gare vanskanane, for han ligg i oss sjølve. Han er ikkje som nokon ytre fiende. Vansken er at vi sjølve nektar å gå med på den lite hyggelege sanninga som er tvinga på oss, vi nektar å ta på oss den lite hyggelege skuldnaden som stoda krev av oss, nemleg å ta til å læra frå botn. Dette er etter mi meining den andre lærdomen vi må dra av den nye økonomiske politikken.

Den tredje tilleggslærdomen gjeld spørsmålet om statskapitalismen. Det er synd kamerat Bukharin ikkje er til stades på kongressen. Eg kunne ha likt å diskutera ein del med han, men det får heller utsetjast til den nes-

te kongressen. I spørsmålet om statskapitalismen trur eg allment at pressa og partiet vårt gjer det mistaket at dei let seg falla ned i intellektualisme, i liberalisme. Vi filosoferer om korleis statskapitalismen skal tolkast, og ser etter i gamle bøker. Men i desse gamle bøkene vil ein ikkje finna det vi diskuterer. Dei tek for seg den statskapitalismen som finst under kapitalismen. Det er ikkje skrive ei einaste bok om statskapitalismen under kommunismen. Ikkje ein gong Marx kom på å skriva eit ord om dette emnet, og han døydde utan å lata etter seg ei einaste presis ytring eller ein klår instruks om dette. Det er grunnen til at vi må vinna over vansken heilt på eiga hand. Og dersom vi i tankane tek eit allment oversyn over pressa vår og ser kva som har vorte skrive om statskapitalismen, slik eg prøvde gjera det då eg førebudde denne meldinga, vil vi verta overtydde om at ho bommar på målet, at ho ser i ei heilt feil retning.

Den statskapitalismen som vert diskutert i alle bøker om økonomi er den som finst under det kapitalistiske systemet, der staten tek beinveges kontroll over visse kapitalistiske føretak. Men staten vår er proletarisk. Han kviler på proletariatet. Han gjev proletariatet alle dei politiske privilegia. Og gjennom proletariatet trekjer han til seg dei lågare laga av bøndene (de hugsar at vi tok til med dette arbeidet gjennom komiteane for fattigbøndene)³⁵. Dette er grunnen til at svært mange menneske vert førte på villspor av nemninga statskapitalisme. For å unngå dette må vi hugsa den grunnleggjande saka at statskapitalismen i den forma vi har han her, ikkje er teken opp i nokon teori, eller i nokon bøker, av den enkle grunnen at alle dei vanlege omgrepa som er knytte til denne nemninga vert sette i samband med borgarleg herredøme i eit kapitalistisk samfunn. Samfunnet vårt er eit samfunn som har forlate det kapitalistiske sporet, men som enno ikkje er kome inn på det nye sporet. Staten i dette samfunnet vert ikkje styrt av borgarskapet, men av proletariatet. Vi nektar å forstå at når vi seier «stat», meiner vi oss sjølv, proletariatet,

fortroppen til arbeidarklassen. Statskapitalisme er kapitalisme som vi vil vera i stand til å halda i taume, og som vi vil vera i stand til å setja grenser for. Denne statskapitalismen er knytt til staten, og staten er arbeidarene, den framskridne delen av arbeidarene, fortroppen. Vi er staten.

Statskapitalisme er kapitalisme som vi må halda inn- anfor visse grenser, men vi har enno ikkje lært korleis vi skal halda han innanfor desse grensene. Det er heile poenget. Og det ligg til oss å avgjera kva denne statskapitalismen skal verta. Vi har tilstrekkeleg, heilt ut tilstrekkeleg politisk makt. Vi rår og over tilstrekkelege økonomiske ressursar, men den fortroppen for arbeidarklassen som er ført i fremste rekkje for å gje beinveges rettleiing, for å setja fast grensene, for å merkja dei opp, for å underordna og ikkje sjølv verta underordna, han manglar den dugleiken som trengst til dette. Alt som trengst her er dugleik, og det er dette vi ikkje har.

Aldri før i historia har det vore ein situasjon der proletariatet, den revolusjonære fortroppen, hadde tilstrekkeleg politisk makt, men at det samstundes fanst statskapitalisme ved sida av han. Heile spørsmålet avheng av at vi skjønar at dette er kapitalisme som vi kan og må tillata, som vi kan og må halda innan visse grenser. For denne kapitalismen er naudsynt for dei breie bondemassane og for privatkapitalen, som må driva handel på ein slik måte at bøndene får det dei treng. Vi må organisera sakene slik at det vert mogleg å driva den vanlege kapitalistiske økonomiske verksemda og det vanlege kapitalistiske varebytet, av di dette er naudsynt for folket. Utan dette vert det umogleg å vera til. Heile resten er ikkje heilt ut livsviktig for denne leiren. Dei kan slå seg til ro med alt det andre. De kommunistar, de arbeidrarar, de, dei politisk opplyste delane av proletariatet, som tok på dykk å administrera staten, de må vera i stand til å skipa det slik til at den staten som de har teke i dykkar hender, vil funksjonera slik de ynskjer han skal. Vel, vi har gått gjennom eit år, staten er på våre

hender, men har han styrt med den nye økonomiske politikken slik vi ynskte han skulle i året som har gått? Nei. Men vi nektar å vedgå at han ikkje fungerte slik vi ynskte. Korleis fungerte han? Maskinen nekta å lyda den handa som styrte han. Det var liksom ein bil som ikkje gjekk den vegen bilføraren ynskte, men den vegen nokon annan ynskte, nett som om han vart køyrd av ei eller anna mystisk, lovstridig hand — Gud veit kven det var si, kan hende ein profitør, eller ein privatkapitalist, eller baa. Men lat det vera som det vil. Bilen går ikkje nett i den leia mannen i førarsetet tenkjer seg, og ofte går han i ei fullstendig anna retning. Dette er den hovudsaka vi må hugsa på i samband med statskapitalismen. På dette hovudområdet må vi ta til å læra heilt frå botn, og fyrst når vi har forstått og skjona dette heilt igjennom, kan vi vera sikre på at vi vil læra.

No kjem eg til spørsmålet om å stansa tilbaketog, eit spørsmål som eg tok opp i talen min på kongressen til metallarbeidarane. Sidan då har eg ikkje høyrte nokon innvendingar, korkje i partipressa, i privatbrev frå kameratar eller i sentralkomiteen. Sentralkomiteen godkjende planen min, som var at det i meldinga frå sentralkomiteen til denne kongressen skulle leggjast sterk vekt på å avblåsa dette tilbaketog, og at kongressen skulle gje bindande instruksar på vegne av heile partiet i samsvar med dette. I eitt år har vi dregge oss attende. På vegne av partiet må vi no stansa dette. Det føremålet vi søkte med tilbaketog har vi nådd. Denne perioden går mot slutten, han er alt slutt. Vi har no ei anna målsetting, og det er å omgruppera styrkane våre. Vi har nådd ei ny grense. Heilskapleg sett har vi gjennomført tilbaketog i bra god orden. Sant nok kunne vi frå ymse hald høyra slett ikkje få røyster som freista gjera dette tilbaketog om til ei panikkflukt. Sume — til dømes ein god del medlemer av den gruppa som bar namnet arbeidaropposisjonen (eg trur ikkje dei hadde nokon rett til det namnet) — hevda at det var eit eller anna avsnitt der vi ikkje drog oss attende på skikkeleg

vis. Som fylgje av den overdrivne brennhugen sin hamna dei i feil dør, og nå går det opp for dei. På den tida såg dei ikkje at verksemda deira ikkje hjelpte oss å korrigerer rørsla vår, men berre førte med seg å spreia panikk og hindra arbeidet vårt med å gjennomføra eit disiplinert tilbaketog.

Tilbaketog er ei vanskeleg sak, særleg for revolusjonære som er vane med å rykka framover, særleg når dei har vorte vane med å rykka framover med veldig framgang i fleire år, særleg dersom dei er omringa av revolusjonære i andre land som stundar etter den tida då dei kan setja i gang ein offensiv. Då dei såg at vi drog oss attende, braut ein god del av dei ut i tårar på ein lite ærerik og barnsleg måte, slik tilfelle var på det siste utvida plenumsmøtet i eksekutivkomiteen til Den kommunistiske internasjonale. Ei rekkje av kameratane let seg røra av dei beste kommunistiske kjensler og kommunistisk håp, og braut ut i tårar av di — redsle og gru! — dei gode russiske kommunistane drog seg attende. Kan hende er det vanskeleg for meg å forstå denne vest-europeiske mentaliteten, jamvel om eg budde ein god del år i eksil i desse vidunderlege demokratiske landa. Kan hende er dette frå deira synsstad ei sak som er så vanskeleg å skjønna at det er nok til å få ein til å gråta. Under alle omstende har ikkje vi tid til kjensler. Det var klårt for oss at av di vi hadde rykt framover med så stor framgang i mange år og hadde nådd så mange uvanlege sigrar (og alt dette i eit land som var så skremmande øydelagt og mangla dei materielle ressursane!), var det absolutt naudsynt for oss å dra oss attende for å grunnfesta denne framgangen, sidan vi hadde vunne så mykje. Vi kunne ikkje halda på alle stillingane vi hadde vunne i det fyrste åttaket. På den andre sida var det fordi vi hadde vunne så mykje i det fyrste åttaket, på ryggen av den bylgja av entusiasme som arbeidarane og bøndene la for dagen, at vi hadde rom nok til å dra oss attende eit langt stykke og kan dra oss endå lengre attende no, utan å mista dei viktigaste og grunnleggjande

stillingane våre. I det store og heile gjekk tilbaketog et i bra orden, sjølv om visse røyster som var slegne av panikk, mellom dei var og arbeidaropposisjonen (dette var den fælslege skaden dei gjorde!), førte med seg tap i rekkjene våre, førte med seg at disiplinen vart slappa av, og forstyrta den gode ordenen på tilbaketog et. Det farlegaste under eit tilbaketog er panikk. Når ein heil hær (eg talar i bokstavleg tyding) dreg seg attende, kan han ikkje ha same moralen som når han rykkjer fram. For kvart steg vil ein finna ei viss nedtrykt stemning. Vi hadde jamvel diktarar som skreiv at folk fraus og svalt i Moskva, at «før var allting lyst og vakkert, men no rår handel og profitørar grunnen». Vi har fått temmeleg mange poetiske utausingar av dette slaget.

Sjølvsagt vil eit tilbaketog avla alt slikt. Her er det den alvorlege faren ligg. Det er forferdeleg vanskeleg å dra seg attende etter ein stor sigerrik framgang, for tilhøva er heilt ut annleis. Under ein sigerrik framgang vil alle pressa framover av seg sjølv, jamvel om disiplinen er slapp. Men under eit tilbaketog må disiplinen vera meir medviten, og han er hundre gonger meir naudsynt, for når heile hæren dreg seg attende, veit han ikkje eller ser han ikkje kvar han skal stansa. Han ser berre tilbaketog et. Under slike omstende er det til sine tider nok med nokre få panikkslegne røyster for å få i stand ei panikkflukt. Faren her er enorm. Når ein verkeleg hær dreg seg attende, vert maskingevær haldne klåre, og når eit ordna tilbaketog utartar til eit uordna, vert det gjeve ordre om å skyta, og det med rette.

Dersom nokon spreier panikk — sjølv om det er med dei aller beste motiva — under eit utrueleg vanskeleg tilbaketog, når alt avheng av at det vert halde oppe ein skikkeleg orden, då må det minste brot på disiplinen straffast strengt, hardt, nådelaust. Og dette gjeld ikkje berre for visse av dei indre partisakene våre, men og, og i større utstrekning, for slike herrar som mensjevikaner, og for alle herrane i To-og-ein-halv-internasjonale.

Her om dagen las eg ein artikkel av kamerat Rakosi i

nr. 20 av *Den kommunistiske internasjonale* om ei ny bok av Otto Bauer, som vi alle lærte av ei tid, men som liksom Kautsky har vorte ein elendig småborgar etter krigen.³⁶ Bauer skriv no: «Sjå, dei dreg seg no attende til kapitalismen! Vi har alltid sagt at det var ein borgarleg revolusjon.»

Og mensjevikane og dei sosialrevolusjonære, som alle i hop preikar på denne måten, vert forundra når vi kunngjer at vi vil skyta folk for slike saker. Dei undrar seg, men visst er det klårt. Når ein hær dreg seg attende trengs det hundre gonger meir disiplin enn når han rykkjer fram, for under ei framrykking pressar alle frametter. Dersom alle tok til å renna bakover no, ville det uunngåeleg og med ein gong tyda katastrofe.

Det viktigaste i ei slik stund er å dra seg attende i god orden, å setja fast nøyaktig kor langt tilbaketog skal gå, og ikkje gje seg over til panikken. Og når ein mensjevik seier: «De dreg dykk no attende, eg har gått inn for tilbaketog heile tida, eg er samd med dykk, eg er dykkar mann, la oss dra oss attende saman,» då svarar vi: «Når nokon gjev offentleg uttrykk for mensjevisme, må revolusjonsdomstolane våre nytta dødsstraff, elles er dei ikkje domstolane våre, men Gud veit kva.»

Dei kan ikkje skjønna dette, og bryt ut: «For nokon diktatorvanar desse folka har!» Dei trur framleis vi forfylgjer mensjevikane fordi dei kjempa mot oss i Geneve*. Men hadde vi gjort det, ville vi ha vore ute av stand til å halda på makta så lenge som to månader. Dei preikene som Otto Bauer, leiarane for Den andre- og To-og-ein-halv-internasjonale, mensjevikane og dei sosialrevolusjonære kjem med, gjev verkeleg uttrykk for den sanne naturen deira, — «Revolusjonen har gått for langt. Det de seier no har vi sagt heile tida, lat oss få seia det igjen.» Men vi svarar: «Lat oss få setja dykk framfor ein avrettingspelotong for at de seier dette. An-

* Geneve — Lenin tenkjer her på striden utanlands mellom bolsjevikane og mensjevikane. — *Red.*

ten får de halda dykk unna å gje uttrykk for synspunkta dykkar, eller dersom de pukkar på å gje offentleg uttrykk for det politiske synet dykkar under dei rådande omstenda, når stillinga vår er langt vanskelegare enn då kvitegardistane gjekk til beinveges åtak på oss, då vil de berre ha dykk sjølve å skulda på om vi handsamar dykk på same måten som dei verste og mest skadelege kvitegardistelementa.» Vi må aldri gløyma dette.

Når eg talar om å stansa tilbaketøget, meiner eg ikkje at vi har lært å driva handel. Tvert om, eg meiner det motsette, og dersom talen min skulle skapa eit slikt inntrykk, ville det syna at eg hadde vorte misforstått og at eg ikkje er i stand til å uttrykkja det eg meiner på skikkeleg vis.

Men poenget er at vi må få stansa den nervøsiteten og det oppstyret som har vakse fram med at NEP vart innført — ynskjet om å gjera alt mogleg på ein ny måte og å tillempa alt. No har vi ein del blanda selskap. Sant nok har vi berre svært få. Det er ni selskap som er skipa i sameining med utanlandske kapitalistar og godkjende av kommissariatet for utanrikshandel. Sokolnikov-kommisjonen³⁷ har godkjend seks og den nordlege tømmertrusten* har godkjent to. Såleis har vi no sytten selskap med ein samla kapital på mange millionar, og som er godkjent av ei rekkje administrative organ (sjølv sagt er det mykje med forvirring med alle desse organa, så ein eller annan glipp her er og mogleg). I alle høve har vi skipa selskap i lag med russiske og utanlandske kapitalistar. Det er berre nokre få av dei. Men denne vesle, men praktiske byrjinga syner at kommunistane har vorte vurderte etter det dei gjer. Dei har ikkje vorte vurderte av slike høge institusjonar som den sentrale kontrollkommisjonen og den allrussiske sentrale eksekutivkomiteen. Den sentrale kontrollkommi-

* *Den nordlege tømmertrusten* — eit organ som administrerte tømmerindustrien i det nordlege området av Kvitsjøen. Det vart oppretta i 1921. — *Red.*

sjonen er sjølv sagt ein strålande institusjon, og vi vil no gje han større makt. Trass i dette vert dei vurderingane desse institusjonane gjev av kommunistane ikkje godkjende på den internasjonale markanden — tenk det! (*Latter.*) Men no når vanlege russiske og utanlandske kapitalistar går saman med kommunistane i å skipa blanda selskap, seier vi: «Vi kan gjera ein del trass i alt, same kor dårleg det er, same kor magert det er, for vi har noko å ta til med.» Sant nok er det ikkje svært mykje. Berre tenk over det: Det har gått eit år sidan vi kunngjorde at vi ville vigja all energien vår til denne saka (og det vert sagt at vi sit inne med ei stor mengd enertgi), og dette året har vi greidd å skipa berre sytten selskap.

Dette syner kor forbanna klossete og udugande vi er, kor mykje oblomovisme* som framleis heng att, og som vi uunngåeleg vil få god juling for. Trass i dette tek eg opp att at det er gjort ei god byrjing, ei rekognosering når det gjeld alt dette. Kapitalistane vil ikkje gå med på å ha noko med oss å gjera om ikkje dei elementære vilkåra for verksemda deira hadde vore til stades. Jamvel om berre ein svært liten del av dei har gått med på dette, syner det at vi har vunne ein del siger.

Sjølv sagt vil dei snyta oss i desse selskapa, snyta oss slik at det vil ta fleire år før vi får retta det opp att. Men det har ikkje noko å seia. Eg seier ikkje at det er ein siger. Det er ei rekognosering som syner at vi har ein kampplass, vi har eit terreng, og kan stansa tilbaketog et no.

Rekognoseringa har avslørt at vi har svært få avtalar med kapitalistar, men vi har like fullt slutta dei. Vi må læra av det og halda fram med operasjonane våre. I så måte må vi få slutt på nervøsiteten, skrikinga og oppstyret. Vi fekk inn skriv og telefonmeldingar, den eine etter den andre spurde: «No når vi har NEP, kan vi ver-

* *Oblomovisme* — helt og godseigar i ein roman av Gontsjarov, symbol på stagnasjon, snyttarverksemd og tilbakestående patriarkalske tilsander. — *Red.*

ta omorganiserte òg?» Alle har det travelt, og vi får berre forvirring, ingen gjer noko praktisk arbeid, alle diskuterer utan stans korleis dei skal tilpassa seg til NEP, men det vert ingen praktiske resultat av det.

Kjøpmennene ler av oss kommunistar, og sannsynlegvis seier dei: «Før hadde vi øvst-overtalarar*, no har vi øvst-talarar.» At kapitalistane gottar seg over at vi tok til seint, at vi ikkje var skarpe nok — det treng ikkje vera den ringaste tvil om. Ut ifrå dette seier eg at desse instruksane må stadfestast i namnet til kongressen.

Tilbaketoget er ført til endes. Dei viktigaste framgangsmåtane for korleis vi skal arbeida i lag med kapitalistane er dregne opp. Vi har døme, om enn det er heller få.

Slutt med å filosofera og diskutera om NEP. Lat diktarane skriva vers, det er det diktarar skal gjera. Men de som er økonomar, de må slutta å diskutera om NEP og få skipa fleire selskap. Få undersøkt kor mange kommunistar vi har som kan organisera framgangsrik konkurranse med kapitalistane.

Tilbaketoget er ført til endes, det gjeld no å omgruppere styrkane våre. Dette er dei instruksane kongressen må vedta for å få ein ende på oppstyret og maset. Ta det med ro, ikkje filosofer. Gjer de det, vil det verta rekna på minussida imot dykk. Syn gjennom det praktiske strevet dykkar at de kan arbeida like så effektivt som kapitalistane. Kapitalistane skaper eit økonomisk bindeledd med bøndene for å samla seg rikdomar. De må skapa eit bindeledd med bondeøkonomien for å styrkja den økonomiske makta til den proletariske staten vår. De har den føremona framfor kapitalistane at den politiske makta ligg i dykkar hender, de rår over ei rekkje økonomiske våpen, den einaste vansken er at de

* *Øvst-overtalar* — Kallenamn som soldatane sette på Kerenski då han var krigs- og marineminister i den provisoriske borgarlege regjeringa og ville overtala soldatane til å setja i gang ein offensiv sommaren 1917. Han freista få til dette etter ordre frå dei engelsk-franske imperialistane og det russiske borgarskapet. — *Red.*

ikkje kan gjera dykk skikkeleg nytte av dei. Sjå meir nøkternt på sakene. Legg vekk stasen, den festlege kommunistiske klesdrakta, lær ein enkel ting enkelt, og vi vil slå privatkapitalisten. Vi har den politiske makta, vi har ei mengd økonomiske våpen. Dersom vi slår kapitalismen og skaper eit bindeledd med bondejordbruket, vil vi verta ei fullstendig uovervinneleg makt. Då vil ikkje det å byggja sosialismen verta oppgåva til denne dropen i havet, som vert kalla kommunistpartiet, men oppgåva til heile massen av det arbeidande folket. Då vil dei jamne bøndene sjå at vi hjelper dei, og dei vil fylgja der vi leier. Fylgjeleg vil farten, sjølv om han er hundre gonger saktare, verta ein million gonger vissare og meir sikker.

Det er i denne tydinga vi må tala om å stansa tilbaketog, og det rette å gjera er at vi på ein eller annan måte gjer dette slagordet til vedtak på kongressen.

I samband med dette kunne eg ha lyst til å ta for meg spørsmålet: Kva er den nye økonomiske politikken til bolsjevikane, evolusjon* eller taktikk? Dette spørsmålet har vorte reist av *Smena Vjek*-folka³⁸, som slik de veit er eit straumdrag som har vakse fram mellom russiske emigrantar. Det er eit sosialt og politisk straumdrag som vert leidd av dei mest framståande konstitusjonelle demokratane, ei rekkje ministrar i den tidlegare Koltsjak-regjeringa, folk som har kome fram til den konklusjonen at sovjetregjeringa byggjer opp den russiske staten og difor bør få stønad. Dei argumenterer på fylgjande vis: «Kva slag stat er det sovjetregjeringa byggjer opp? Kommunistane seier at dei byggjer opp ein kommunistisk stat og forsikrar oss om at den nye politikken er eit spørsmål om taktikk: Bolsjevikane gjer bruk av privatkapitalistar i ei vanskeleg stode, men seinare vil dei vinna overtaket. Bolsjevikane kan seia det dei vil, i røynda er det ikkje taktikk, men evolusjon,

* *Evolusjon* — jamn utvikling, som motstykke til revolusjon. — *Red.*

indre gjenreising. Dei vil koma fram til den vanlege borgarlege staten, og vi må stø dei. Historia går ein krokete veg frametter.»

Nokre av dei lest vera kommunistar, men det er andre som er meir endeframme, ein av dei er Ustrjalov. Eg trur han var minister i Koltsjak-regjeringa. Han er ikkje samd med kollegene sine, og seier: «De kan tru kva de vil om kommunismen, men eg held fast på at det ikkje er snakk om taktikk, men om evolusjon.» Eg trur Ustrjalov gjer oss ei stor teneste med å væra så endefram som dette. Vi, og særleg eg, på grunn av stillinga mi, får høyra ei mengd sentimentale kommunistiske lygner, «kommunistiske skrøner» kvar dag, og stundom vert vi dødsens leie av dei. Men no fekk eg i staden for desse «kommunistiske skrønene» eit eksemplar av *Smena Vjek* som seier beint fram: «Tilhøva er på ingen måte slik de innbillar dykk. I røynda skilir de ned i den vanlege borgarlege myra med kommunistiske flagg med slagord sette opp over heile plassen.» Dette er svært nyttig. Det er ikkje ei etterplapring av det vi ustanseleg høyrer kringom oss, men det er klassefienden som kjem med den reine klassesanninga. Det er svært nyttig å lesa slikt som dette, og det var ikkje skrive fordi den kommunistiske staten gjev dykk lov til å skriva sumt og ikkje anna, men fordi det verkeleg er klassesanninga, slik klassefienden ende fram og ope har gjeve uttrykk for henne. «Eg går inn for å stø sovjetregjeringa,» seier Ustrjalov, sjølv om han var ein konstitusjonell demokrat, ein borgar, og stødde intervensjonen. «Eg går inn for å stø sovjetmakta av di ho har slege inn på den vegen som vil føra henne til den vanlege borgarlege staten.»

Dette er svært nyttig, og eg tykkjer vi må hugsa på det. Det er mykje betre for oss om folka i *Smena Vjek* skriv på denne måten enn om nokre av dei lest vera nestan kommunistar, slik at ein på fråstand ikkje kan seia kor vidt dei trur på Gud eller på den kommunistiske revolusjonen. Vi må ærleg seia at slike frittalande fiendar er nyttige. Vi må ærleg seia at dei tilhøva Ustrjalov

snakkar om er moglege. Historia kjenner alle slags omskapingar. Dersom vi tek politikken alvorleg, då lit vi ikkje på faste overtydingar, lojalitet og andre strålande moralske eigenskapar. Eit fåtal menneske kan vera utrusta med strålande moralske eigenskapar, men gangen i historia vert avgjort av dei store massane, og dei kan til tider gje desse få ei heller ublid handsaming dersom dei ikkje høver for dei.

Det har vore mange slike tilfelle. Det er grunnen til at vi må ynskja desse endeframme uttalene frå folka i *Smena Vjek* velkomen. Fienden talar klassesanninga og peikar på den faren som står framfor oss, og som fienden strevar etter å gjera uunngåeleg. Dei som fylgjer *Smena Vjek*, gjev uttrykk for kjenslene til tusenvis og titusenvis av borgarar, eller til sovjetfunksjonærar som har til oppgåve å styra med den nye økonomiske politikken vår. Dette er den røynelege og viktigaste faren. Og det er grunnen til at vi må samla merksemda vår hovudsakleg om spørsmålet: «Kven vil vinna?» Eg har tala om konkurranse. Noko beinveges stormåtak vert det ikkje gjort på oss no, det er ingen som tek strupetak på oss. Sant nok står det enno att å sjå kva som kan henda i morgon, men i dag vert vi ikkje utsette for væpna åtak. Like fullt har kampen mot det kapitalistiske samfunnet vorte hundre gonger villare og farlegare, av di vi ikkje alltid er i stand til å skilja fiendar frå vener.

Når eg tala om kommunistisk konkurranse, tenkte eg ikkje på kommunistiske sympatiar, men på utviklinga av økonomiske former og samfunnssystem. Dette er ikkje konkurranse, men om ikkje den siste, så nesten den siste desperate, ville kampen på liv og død mellom kapitalismen og kommunismen.

Og her må vi stilla spørsmålet beint fram: Kvar ligg styrkjen vår, og kva manglar vi? Vi har fullt opp med politisk makt. Eg trur knappast det er nokon her som vil hevda at i det og det praktiske spørsmålet, i den og den forretningsinstitusjonen, manglar kommunistane, det kommunistiske partiet tilstrekkeleg makt. Det finst

folk som berre tenkjer på dette, men desse folka ser håplaust bakover og kan ikkje forstå at vi må sjå framover. Den viktigaste økonomiske makta er på våre hender. Alle dei livsviktige storføretaka, jarnbanane osv. er på våre hender. Talet på utleigde føretak er i det heile lite, sjølv om det er monaleg sume stader. Alt i alt er det svært lite, jamført med resten. Den økonomiske makta i hendene på den proletariske staten i Russland er heilt tilstrekkeleg for å tryggja overgangen til kommunismen. Kva er det så som manglar? Det som manglar er tydelegvis kultur mellom dei laga av kommunistar som utfører administrative oppgåver. Om vi tek Moskva med sine 4700 kommunistar i ansvarlege stillingar, og om vi tek denne enorme byråkratiske maskinen, denne kjempehopen, må vi spørja: Kven er det som styrer kven? Eg tvilar svært sterkt på om det er rett å seia at kommunistane styrer denne hopen. For å seia som sant er, styrer dei ikkje, dei vert styrde. Noko tilsvarende hende her som det vi fekk høyra om i historietimane då vi var born: Stundom erobrar ein nasjon ein annan. Den nasjonen som erobrar er erobraren, og den som vert overvunnen er den erobra nasjonen. Dette er enkelt og lett skjønneleg for alle. Men kva hender med kulturen til desse nasjonane? Her er det ikkje fullt så enkelt. Dersom erobrarnasjonen har høgare kultur enn den overvunne nasjonen, tvingar den fyrste kulturen sin inn på den andre. Men dersom det motsette er tilfelle, tvingar den overvunne nasjonen kulturen sin inn på erobraren. Er det ikkje noko liknande som har hendt i hovudstaden til RSFSR? Har dei 4700 kommunistane (nestan ein heil armédivisjon, og alle dei aller beste) kome under innverknad frå ein framand kultur? Sant nok kan det inntrykket vera der at dei overvunne har eit høgt kulturelt nivå. Men det er ikkje tilfelle i det heile. Kulturen deira er elendig, han tel lite, men han er like fullt på eit høgare nivå enn vår. Så elendig og låg som han enn er, så er han høgare enn kulturen til dei ansvarlege kommunistiske administratorane våre, for dei manglar

administrativ dugleik. Kommunistar som vert sette i leiinga for ymse organ — og stundom tek lure sabotørar medvite og set dei i slike stillingar for å bruka dei som skjold — vert ofte narra. Det er svært lite hyggjeleg å vedgå dette, eller i alle høve ikkje noko særleg hyggjeleg, men eg trur vi må vedgå det, for nett no er dette det problemet som spring mest i augo. Eg trur dette er den politiske lærdomen frå det siste året, og det er omkring dette kampen vil rasa i 1922.

Vil dei ansvarlege kommunistane i RSFSR og i Russlands kommunistiske parti innsjå at dei ikkje kan administrera, at dei berre innbiller seg at dei styrer, men at dei i røynda vert styrte? Dersom dei skjønar dette vil dei sjølv sagt læra, for denne verksemda kan lærast. Men ein må studera hardt for å læra det, og folka våre gjer ikkje det. Dei spreier ordrar og kunngjeringar til høgre og venstre, men resultatet vert noko heilt anna enn dei ynskjer.

Den konkurransen og rivaliseringa som vi har sett på dagsorden med å proklamera NEP, er ei alvorleg sak. Det verkar som ho går føre seg i alle dei offentlege kontora, men i røynda er ho ei anna form for kampen mellom to fiendtlege klassar som ikkje kan sameinast. Det er ei anna form for kampen mellom borgarskapet og proletariatet. Det er ein kamp som enno ikkje er avslutta, og kulturelt er han enno ikkje ein gong løyst i dei sentrale administrative organa i Moskva. Svært ofte kjenner borgarlege tenestemenn verksemda betre enn dei beste kommunistane våre, som har fått tildelt autoritet og har alle høve til å gjera bruk av rettane og autoriteten sin, men ikkje greier det minste i så måte.

Eg har lyst til å sitera eit avsnitt frå ein brosjyre av Alexander Todorski³⁹. Den kom ut i Vesjegonsk (det er ein ujest-by i guvernementet Tver som har dette namnet) på eittårsdagen for sovjetrevolusjonen i Russland, den 7. november 1918, for lenge, lenge sidan. Tydelegvis er denne kameraten frå Vesjegonsk medlem av partiet — eg las brosjyren for lenge sidan, og kan ikkje seia

det for visst. Han skildrar korleis han tok til å arbeida med å utstyra to sovjetfabrikkar, og verva to borgarar til å gjera teneste med dette. Han gjorde det på den måten slikt vart gjort på den tida, han truga med å setja dei i fengsel og å konfiskera all eigedomen deira. Dei vart verva for oppgåva å få i gang att fabrikkane. Vi kjenner til korleis borgarskapet vart verva til å gjera teneste i 1918 (*latter*), så eg treng ikkje gå i detaljar. Dei metodane vi nyttar no for å verva borgarskapet er annleis. Men her er den konklusjonen han kom fram til: «Dette er berre halve arbeidet. Det er ikkje nok å slå borgarskapet, å vinna over dei, dei må tvingast til å arbeida for oss.»

Dette er ord ein skal merka seg. Ein skal merka seg dei, for dei syner at jamvel i byen Vesjegonsk, jamvel i 1918, var det folk som hadde ei korrekt forståing av tilhøvet mellom det sigrande proletariatet og det overvunne borgarskapet.

Når vi smekkar utbyttarane over fingra, gjer dei ufarlege, vinn over dei, er det berre halve arbeidet. Men i Moskva forestillar nitti av hundre ansvarlege tenestemenn seg at alt vi treng gjera er å vinna over, gjera ufarleg og smekka fingrar. Det eg har sagt om mensjevikaner, dei sosialrevolusjonære og kvitegardistane vert svært ofte tolka berre som å gjera ufarleg, smekka fingrar (og kan hende ikkje berre fingrane, men og einkvan annan stad) og vinna over. Men det er berre halve arbeidet. Det var berre halve arbeidet jamvel i 1918, då dette vart skrive av kameraten frå Vesjegonsk. No er det til og med mindre enn ein fjerdedel. Vi må få desse hende til å arbeida for oss, og ikkje ha ansvarlege kommunistar i leiinga for dei ymse organa som gler seg over rang og tittel, men i røynda sym med straumen i lag med borgarskapet. Det er heile poenget.

Tanken om å byggja det kommunistiske samfunnet berre med hendene til kommunistane er barnsleg, fullstendig barnsleg. Vi kommunistar er ikkje anna enn ein drope i havet, ein drope i folkehavet. Vi vil berre verta i

stand til å leia folket langs den vegen vi har vald dersom vi fastset han korrekt ikkje berre sett ut ifrå kva retning verdshistoria går. Frå den synsstaden har vi fastsett vegen temmeleg korrekt, og dette vert stadfesta av stoda i kvart einaste land. Vi må òg fastsetja han korrekt for vårt eige heimland, for landet vårt. Men den retninga verdshistoria tek er ikkje den einaste faktoren. Andre faktorar er kor vidt det vil verta intervensjon eller ikkje, og kor vidt vi vil verta i stand til å forsyna bøndene med varer i byte for kornet deira. Bøndene vil seia: «De er flotte karar, de forsvarte landet vårt. Det er grunnen til at vi lydde dykk. Men dersom de ikkje kan styre med butikken — ha dykk ut!» Ja, det er det bøndene vil seia.

Vi kommunistar vil verta i stand til å styra økonomien vår dersom vi lykkast i å gjera oss nytte av hendene til borgarskapet i å byggja opp denne økonomien vår, og i mellomtida læra av dette borgarskapet og leia dei langs den vegen vi ynskjer dei skal gå. Men når ein kommunist innbillar seg at han veit alt, når han seier: «Eg er ein ansvarleg kommunist, eg har slege fiendar som har vore langt meir skræmande enn nokon disken-springar. Vi har kjempa ved fronten og har slege langt meir skræmande fiendar» — det er denne rådande stemninga som er til stor skade for oss.

Å gjera utbyttarane ufarlege, smekka dei over fingra, klyppa vengene deira, det er den minst viktige delen av arbeidet. Det må gjerast, og den statlege politiske administrasjonen vår og domstolane våre må gjera det med langt større kraft enn dei har gjort fram til no. Dei må hugsa at dei er proletariske domstolar som er omringa av fiendar over heile verda. Dette er ikkje vanskeleg, og i hovudsak har vi lært å gjera det. Her må det nyttast eit visst press, men det er lett.

For å vinna den andre delen av sigeren, dvs. å byggja kommunismen med hendene til ikkje-kommunistar, for å skaffa seg den praktiske dugleiken til å gjera det som er økonomisk naudsynt, må vi få i stand eit bindeledd med bondejordbruket. Vi må tilfredsstilla bonden, slik

at han vil seia: «Kor hard, bitter og pinefull hungersnauda enn er, så ser eg ei regjering som er utanom det vanlege, ho er ikkje noko middelmådig, men gjer noko som er praktisk og nyttig, noko som set spor etter seg.» Vi må sjå til at dei talrike elementa som vi samarbeider med, og som er langt fleire enn oss, arbeider på ein slik måte at det vert mogleg for oss å rettleia dei. Vi må læra å skjøna dette arbeidet, og styra hendene deira slik at dei gjer noko nyttig for kommunismen. Dette er kjernepunktet i stoda nett no. For jamvel om einskilde kommunistar har skjøna og gripe at det er naudsynt å verva dei partilause menneska til dette arbeidet, så har ikkje dei jamne laga i partiet vårt gjort det. Det er skrive mange rundskriv og sagt mykje om dette, men har vi fått til noko no i året som er gått? Ingen ting. Ikkje så mykje som fem partikomitear av hundre kan syna til praktiske resultat. Dette syner kor langt vi slepar etter det tida krev no, kor mykje vi framleis lever i tradisjonane frå 1918 og 1919. Dette var store år, ei stor historisk oppgåve vart fullført då. Men om vi berre ser attende på desse åra og ikkje ser dei oppgåvene som ligg framfor oss no, vil vi for visst og fullstendig vera fortapte. Og heile poenget er at vi nektar å vedgå dette.

Eg kunne no ha hug til å koma med to praktiske døme for å illustrera korleis vi administrerer. Eg har alt sagt at det ville vera meir korrekt å ta ein av statstrustane som døme, men eg må be dykk orsaka meg for at eg ikkje er i stand til å nytta denne gode metoden, for skulle eg ha gjort det, ville det ha vore naudsynt å studera det konkrete materialet omkring i det minste ein statstrust. Uheldigvis har eg ikkje vore i stand til å gjera det, og difor vil eg ta to små døme. Eitt døme er den skuldninga om byråkrati som forbrukarkooperativet i Moskva har reist mot folkekommissariatet for utanrikshandelen. Det andre dømet vil eg ta frå Donetsbasenget.

Det fyrste dømet er ikkje heilt dekkjande — eg er ikkje i stand til å finna noko betre — men det vil tena til å

illustrera hovudpoenget mitt. Som de kjenner til, har eg vore ute av stand til å ha noko beinveges med sakene å gjera no dei siste månadene. Eg har ikkje delteke i rådet av folkekommissærar eller i sentralkomiteen. Under dei korte og sjeldne vitjingane mine i Moskva vart eg slege av dei desperate og forferdelege klagemåla som vart reiste mot folkekommissariatet for utanrikshandelen. Eg har aldri tvila ein augeblink på at folkekommissariatet for utanrikshandelen fungerer dårleg, og at det er ei byråkratisk hengemyr. Men då klagemåla vart særskilt bitre, freista eg å røkja etter saka, å ta eit konkret døme og for ein gongs skuld koma til botns i det, å få full greie på grunnen, å få full greie på kvifor maskinen ikkje verka som han skulle.

Forbrukarkooperativet i Moskva ynskte å kjøpa eit parti hermetikk. Ein fransk statsborgar stod fram og gav eit tilbod. Eg veit ikkje kor vidt han gjorde det i interessene til den internasjonale politikken, og slik at leiarane i ententelanda hadde kjennskap til saka, eller med godkjenning frå Poincaré og dei andre fiendane til sovjetstyret (eg trur historikarane våre vil undersøkje det og gjera det klårt etter konferansen i Genova), men kjensgjerninga er at det franske borgarskapet ikkje berre var teoretisk, men og praktisk interesserte i denne forretninga, sidan ein fransk borgar dukka opp i Moskva med eit tilbod om hermetikk. Moskva svelt, til sumaren vil stoda verta verre, det er ikkje levert noko kjøt, og når vi kjenner til bragdene til folkekommissariatet vårt for jarnbanane, vil det truleg ikkje verta levert noko.

Det vert gjeve eit tilbod om å selja kjøthermetikk for sovjetvaluta (kor vidt dette kjøtet er heilt øydelagt eller ikkje, vil vi finna ut med å undersøkje seinare). Kva kunne vera enklare? Men dersom vi tek for oss saka på sovjetmåten, syner det seg at det slett ikkje er så enkelt likevel. Eg var ute av stand til å røkja etter saka personleg, men eg gav ordre om ei gransking, og eg har framfor meg den rapporten som syner korleis denne saka

som har vunne så stor fagnad utvikla seg. Det tok til med det vedtaket politbyrået i sentralkomiteen til Russlands kommunistiske parti gjorde den 11. februar om rapporten frå kamerat Kamenev om kor vidt det var ynskjeleg å kjøpa matvarer utanlands. Sjølv sagt, korleis kunne ein russisk statsborgar avgjera eit slikt spørsmål utan samtykke frå politbyrået i sentralkomiteen i Russlands kommunistiske parti! Tenk over det! Korleis kunne 4700 ansvarlege tenestemenn (og det er berre ifylgje manntalet) avgjera ei sak som å kjøpa matvarer utanlands utan samtykke frå politbyrået i sentralkomiteen? Det ville sjølv sagt vera noko overnaturlig. Tydelegvis skjønar kamerat Kamenev politikken vår og realitetane i stillinga vår framifrå godt, og difor gav han ikkje alt for stor tillit til dei talrike ansvarlege tenestemennene. Han tok til med å ta oksen ved horna — om ikkje oksen så i alle høve politbyrået — og utan nokon vanske (eg høyrde ikkje at det var nokon diskusjon om saka) fekk han i stand ein resolusjon som slår fast: «For å gjera folkekommissariatet for utanrikshandel merksam på at det er ynskjeleg å importera matvarer frå utlandet, vert importavgiftene ...», osb. Folkekommissariatet for utanrikshandel vart merksam på dette. Ting tok til å skje. Dette var 11. februar. Eg hugsar eg hadde høve til å vera i Moskva heilt på slutten av februar, eller om lag på den tida, og kva fann eg då? Klagene, dei desperate klagene frå kameratane i Moskva. «Kva er i vegen?» spør eg. «Det finst ingen måte vi kan kjøpa inn denne provianten på.» «Kvifor?» «På grunn av byråkratisk sommel i folkekommissariatet for utanrikshandelen.» Eg hadde ikkje teke del i det som skjedde på lang tid, og eg visste ikkje at politbyrået hadde gjort eit vedtak i saka. Eg gav berre eksekutivsekretæren i rådet vårt ordre om å granska saka, skaffa fram dei relevante dokumenta, og syna meg dei. Saka vart løyst då Krasin kom til stades. Kamenev diskuterte saka med han, handelen vart ordna, og kjøthermetikken vart kjøpt inn. Når enden er god, er allting godt.

Eg tvilar ikkje det minste på at Kamenev og Krasin kan koma fram til ei forståing og på rett vis slå fast den politiske lina som politbyrået i sentralkomiteen i Russlands kommunistiske parti ynskjer. Dersom den politiske lina i forretningssaker vart avgjort av Kamenev og Krasin, ville vi ha den beste sovjetrepublikken i verda. Men Kamenev, som er medlem av politbyrået, og Krasin, som har det travelt med diplomatiske saker i samband med Genova, saker som har drege etter seg ei enorm, ei alt for stor arbeidsmengd, kan ikkje trekkjast med på kvar einaste handel, trekkjast inn i verksemda med å kjøpa kjøthermetikk frå ein fransk statsborgar. Det er ikkje slik det skal arbeidast. Dette er ikkje nytt, ikkje økonomisk, og ikkje nokon politikk, men skjere spotten. No har eg fått rapporten frå granskinga av denne saka. I røynda har eg fått to rapportar: Den eine er rapporten frå granskinga til Gorbunov, eksekutivsekretæren i rådet av folkekommissærar og Mirosjnikov, assistenten hans. Den andre er rapporten frå granskinga til den statlege politiske administrasjonen. Eg kjenner ikkje til kvifor dei sist nemnde interesserte seg for saka, og eg er ikkje heilt viss på om det var rett av dei å gjera det. Men eg vil ikkje gå inn på dette no, for eg er redd det kan føra etter seg endå ei gransking. Det som er viktig er at det er samla materiale om saka, og at eg no har det framfor meg.

Då eg kom til Moskva i slutten av februar, fekk eg høyra bitre klagar. «Vi kan ikkje kjøpa hermetikken,» trass i at det låg eit skip i Libau med ei last hermetikk, og eigarane var budde på å ta sovjetvaluta for verkeleg hermetikk! (*latter*) Dersom denne hermetikken ikkje er heilt elendig (og no legg eg vekt på «dersom», for eg er ikkje sikker på om eg ikkje skal be om endå ei undersøking, men resultatet av den vil vi måtte gje melding om til den neste kongressen), dersom seier eg, desse varene såleis ikkje er heilt elendige og dei er kjøpte inn, vil eg spørja: Kvifor kunne ikkje denne saka ha vorte løyst utan Kamenev og Krasin? Av den rapporten eg har

framfor meg ser eg at ein ansvarleg kommunist ynskte ein annan ansvarleg kommunist til helvete. Eg ser og av denne rapporten at ein ansvarleg kommunist sa til ein annan ansvarleg kommunist: «Frå no av vil eg ikkje snakka med deg utan at det er ein advokat til stades.» Då eg las denne rapporten, mintes eg den tida eg var i eksil i Sibir for tjuefem år sidan og hadde høve til å verka som advokat. Eg hadde ikkje advokatløyve, for sidan eg var summarisk dømd til eksil, hadde eg ikkje lov til å praktisera. Men då det ikkje var nokon annan advokat i området, kom folk og trudde vanskane sine til meg. Men stundom hadde eg svært store vanskar med å skjøna kva vanskane var. Det kunne koma ei kvinne, og ho tok sjølvstilt til med å fortelja meg ei lang historie om slektningane sine, og det var utruleg vanskeleg å få ut av henne kva ho eigentleg ynskte. Eg sa til henne: «Lat meg få sjå ei avskrift.» Ho heldt fram med den endelause og poenglausa historia si. Då eg tok opp att: «Lat meg få ei avskrift,» gjekk ho sin veg og klaga: «Han vil ikkje høyra på det eg har å seia utan at eg tek med meg ei avskrift.» Vi fekk oss ein god latter av denne avskrifta i kolonien vår. Eg var likevel i stand til å gjera ein viss framgang. Folk kom til meg og hadde med seg avskrifter av dei naudsynte dokumenta, og eg vart i stand til å koma fram til kva vanskane deira var, kva dei klaga over, kva som feila dei. Dette var for tjuefem år sidan, i Sibir, på ein stad som låg mange hundre verst frå næraste jarnbanestasjon.

Men kvifor var det naudsynt tre år etter revolusjonen i hovudstaden til sovjetrepublikken med to undersøkingar, innblanding frå Kamenev og Krasin og instruksar frå politbyrået for å kjøpa hermetikk? Kva var det som mangla? Politisk makt? Nei. Pengar mangla heller ikkje, så dei hadde økonomisk så vel som politisk makt. Alle dei naudsynte institusjonane var tilgjengelege. Kva var det så som mangla? Kultur. Nittini av hundre tenesemenn i forbrukarkooperativet i Moskva — som eg i det heile ikkje har noko å klaga for, og som eg ser som

framifrå kommunistar — og i kommissariatet for utanrikshandel manglar kultur. Dei var ute av stand til å ta for seg saka med kultur.

Då eg fyrst hørde om saka, sende eg det fylgjande skriftlege framlegget til sentralkomiteen: «Alle tenestemenn som har med saka å gjera i dei administrative organa i Moskva — utanom medlemene i den allrussiske sentrale eksekutivkomiteen, som, som de veit, er immune — skal setjast i det verste fengslet i Moskva i seks timar, og dei frå folkekommissariatet for utanrikshandelen skal setjast inn i trettiseks timar.» Og så synte det seg at ingen kunne seia kven syndarane var (*latter*), og av det eg har fortalt dykk er det klårt at syndarane aldri vil verta oppdaga. Det er rett og slett den vanlege evneløysa til dei russiske intellektuelle til å få noko gjort — ineffektivitet og slurv. Fyrst går dei laus på eit arbeid, gjer ein liten del, og så tenkjer dei over det, og når det ikkje kjem noko ut av det, spring dei for å klaga til Kamenev og ynskjer at saka skal leggjast fram for politbyrået. Sjølv sagt må alle vanskelege problem for staten leggjast fram for politbyrået, eg må seia noko om dette seinare, men ein må tenkja før ein handlar. Dersom de ynskjer å leggja fram ei sak, send over dei dokumenta som har med saka å gjera. Send fyrst eit telegram, og i Moskva har vi og telefonar; gje ei telefonmelding til det organet som har med saka å gjera og ein kopi til Tsjurupa der det vert sagt: «Eg ser denne handelen som tvingande naudsynt, og eg vil reisa sak mot kven som helst som seinkar henne med byråkratisk sommel.» Ein må tenkja på denne elementære kulturen, ein må tenkja gjennom sakene før ein går laus på dei. Dersom saka ikkje er løyst på nokre få minutt over telefon, skaff til vegar dokumenta og sei: «Dersom de går i gang med noko byråkratisk sommel, skal eg få dykk kasta i fengsel.» Men ikkje ein augeblink vert det tenkt igjennom saka, det er ingen førebuingar, det vanlege maset, ei rekkje kommisjonar, alle vert leie, utslitne, nedkøyrde, og det skjer ikkje noko med sakene før Kamenev kjem i kon-

takt med Krasin. Alt dette er typisk for det som skjer, ikkje berre i hovudstaden Moskva, men òg i dei andre hovudstadene, i hovudstadene til alle dei uavhengige republikkane og regionane. Og det same skjer, jamvel hundre gonger verre, utan stans i provinsbyane.

I kampen vår må vi hugsa at kommunistar må vera i stand til å tenkja fornuftig. Dei kan ha fullgod kjennskap til den revolusjonære kampen og stoda for den revolusjonære rørsle over heile verda. Men dersom vi skal kunne fri oss frå den desperate fattigdomen og nauda, treng vi kultur, rettvisе og evne til å tenkja fornuftig. Mange manglar desse eigenskapane. Det ville vera urettferdig å seia at dei ansvarlege kommunistane ikkje fyller oppgåvene sine samvitsfullt. Det overveldande fleirtalet av dei, nittini av hundre, er ikkje berre samvitsfulle — dei gav prov for offerviljen sin for revolusjonen under sær s vanskelege vilkår før tsarismen fall og etter revolusjonen, dei var viljuge til å gje liva sine. Det ville difor vera fullstendig feil å seia at vanskane kjem av at dei ikkje er samvitsfulle. Vi treng ta fatt på den enklaste statlege verksemda med kultur. Vi må alle forstå at dette er ei statssak, ei forretningssak, og dersom det kjem hindringar i vegen, må vi verta i stand til å overvinna dei og ta åtgjerder mot dei som gjer seg skuld i byråkratisk sommel. Vi har proletariske domstolar i Moskva. Dei må stilla til ansvars dei folka som har skulda for at det ikkje lykkast å setja i verk innkjøpet av fleire titusen pud med hermetikk. Eg trur dei proletariske domstolane vil vera i stand til å straffa dei skuldige. Men for å straffa må ein ha funne syndarane. Eg kan forsikra dykk om at det ikkje vil verta funne nokre syndarar i dette høvet. Eg ynskjer at de alle skal ta ein titt på denne saka: Ingen er skuldige, alt vi ser er ein masse oppstyr og røre og tøv. Ingen har evner til å ta fatt på saka på skikkeleg vis. Ingen skjønar at statleg verksemd ikkje kan drivast på denne måten. Og alle kvitegardistane og sabotørane dreg føremon av dette. Ei tid førte vi vill kamp mot sabotørane. Den kampen

står vi framfor jamvel no. Det finst sjølvsagt sabotørar i dag, og dei må det kjempast imot. Men kan vi kjempa imot dei når stillinga er nett slik eg har fortalt det no? Dette er verre enn nokon sabotasje. Sabotøren kunne ikkje ynskja seg noko betre enn at to kommunistar diskuterer spørsmålet om når dei skal venda seg til politbyrået etter instruksar om prinsippa for å kjøpa matvarer. Og sjølvsagt ville han snart åla seg inn mellom dei og eggja dei opp. Dersom det skulle stå nokon intelligent sabotør mellom desse kommunistane, eller bak kvar av dei etter tur og oppmuntra dei, då ville det vera slutten. Saka ville vera dømd for evig. Kven har skulda? Ingen, for to ansvarlege kommunistar, offervillige revolusjonære, diskuterer snøen som fall i fjor, diskuterer spørsmålet om når dei skal venda seg til politbyrået etter instruksar om prinsippa for å kjøpa matvarer.

Slik står saka, og dette er den vansken vi står andsynes. Kven som helst handelsbetjent som har fått opplæring innan eit stort kapitalistisk føretak veit korleis han skal løysa ei slik sak. Men nittini av hundre ansvarlege kommunistar veit det ikkje. Og dei nektar å forstå at dei ikkje veit korleis det skal gjerast og at dei må læra ABC-en i denne verksemda. Utan at vi skjønar dette, utan at vi tek elementærundervisninga opp att vil vi aldri verta i stand til å løysa det økonomiske problemet som no ligg som grunnlaget for heile politikken vår.

Det andre dømet eg ynskte å gje dykk er dømet med Donetsbassenget. De veit at dette er sentrum, det eigentlege grunnlaget for heile økonomien vår. Det ville vera fullstendig umogleg å byggja opp att storindustrien i Russland, å verkeleg byggja sosialismen — for han kan berre byggjast med storindustrien som grunnlag — utan at vi byggjer opp att Donetsbassenget og fører det opp på eit skikkeleg nivå. Sentralkomiteen fylgjer utviklinga her nøye.

Når det gjeld dette området, var det ikkje snakk om

at eit uviktig, uforsvarleg, latterleg eller meiningslaust spørsmål vart reist i politbyrået. Det vart diskutert verkeleg fullstendig tvingande saker.

Sentralkomiteen bør sjå til at arbeidet vert utført på ein verkeleg forretningsmessig måte i slike verkelege sentra, som er grunnlag og fundament for heile økonomien vår. I leiinga for sentralrådet for kolindustrien hadde vi folk som ikkje berre var tvillust offervillige, men verkeleg velutdanna og sær dyktige. Eg tok neppe feil om eg jamvel sa dei var gåverike. Det er grunnen til at sentralkomiteen har konsentrert merksemda si om dei. Ukraina er ein uavhengig republikk. Det er heilt greitt. Men i partisaker går dei stundom — kva er den mest høflege måten å seia det på — omvegar, og vi må nå fram til dei. For folka i leiinga der er slue, og eg skal ikkje seia at sentralkomiteen deira narrar oss, men stundom dreg dei seg vekk frå oss. For å få eit allment oversyn over heile verksemda, diskuterte vi henne i sentralkomiteen her og oppdaga at det finst gnissingar og usemje. Det er ein kommisjon for utnytting av små gruver der, og sjølv sagt alvorlege gnissingar mellom den og sentralrådet for kolindustrien. Like fullt har vi, sentralkomiteen, ein god del røynsle, og vi vedtok samrøystes at vi ikkje skulle fjerna dei leiande folka, men at det skulle rapporterast til oss ned til den minste detalj dersom det vart nokon gnissingar. For sidan vi har folk som ikkje berre er offervillige, men og dyktige i området, må vi stø dei, og setja dei i stand til å fullføra opplæringa si, med di vi går ut ifrå at dei ikkje har gjort det. Til sist vart det halde ein partikongress i Ukraina. Eg veit ikkje kva som hende der — det hende alt mogleg. Eg spurde dei ukrainske kameratane etter opplysningar, og eg bad kamerat Ordjonikidse særskilt — og sentralkomiteen gjorde det same — om å dra dit ned og få visse for kva som hadde hendt. Tydelegvis var det ein del intrigar og eit forferdeleg rot, som kommisjonen for partihistoria ikkje ville kunna få klårleik i på ti år om dei skulle setja seg føre å gjera det. Enden på visa vart

at stikk imot dei samrøystes instruksane frå sentralkomiteen vart denne gruppa trengt unna av ei anna gruppe. Kva var i vegen? I hovudsak gjorde ein del av gruppa ein feil, trass i alle dei gode eigenskapane sine. Dei var overivrige i metodane sine for å administrera. Der har vi med arbeidarar å gjera. Svært ofte vert ordet «arbeidarar» nytta i tydinga fabrikkproletariatet. Men det tyder ikkje det i det heile. Under krigen gjekk folk som på ingen måte var proletarar inn i fabrikkane. Dei gjekk inn i fabrikkane for å lura seg unna krigen. Er dei sosiale og økonomiske vilkåra i landet vårt slik i dag at det oppmodar verkelege proletarar til å gå inn i fabrikkane? Nei. Det ville vera rett ifylgje Marx, men Marx skreiv ikkje om Russland. Han skreiv om kapitalismen som heilskap, og tok til med det femtande hundreåret. Det synte seg rett over ein tidbolk på seks hundre år, men det er ikkje rett for Russland i våre dagar. Svært ofte er dei som går inn i fabrikkane ikkje proletarar, dei er tilfeldige element av alt slag.

Oppgåva er å læra å organisera arbeidet skikkeleg, slik at ein ikkje vert liggjande etter, oppgåva er å fjerna gnissing i tide, ved at ein ikkje skiljer administrasjon frå politikk. For administrasjonen og politikken vår kviler på evnene til heile fortroppen til å ta vare på kontakten med heile massen av proletariatet, og med heile bondemassen. Dersom nokon gløymer desse små tannhjula og berre vert opptekne med å administrera, vil resultatet verta katastrofalt. Det mistaket tenestemenne i Donetsbassenget gjorde er uviktig jamført med andre av mistaka våre, men dette dømet er typisk. Sentralkomiteen gav samrøystes denne ordren: «Lat denne gruppa få sitja. Før alle konflikter, jamvel dei små, fram for sentralkomiteen, for Donetsbassenget er ikkje noko vanleg område. Det er livsviktig, og utan det ville ei sosialistisk oppbygging berre verta eit fromt ynskje.» Men heile den politiske makta vår, heile autoriteten til sentralkomiteen synte seg til inga nytte.

Denne gongen vart det gjort eit mistak som sjølvsgatt

låg i administrasjonen. I tillegg vart det gjort ein bråte andre mistak.

Dette tilfellet syner at saka ikkje gjeld å ha politisk makt, men administrative evner, evner til å setja rette mann på rette stad, evner til å unngå smålege konflikhtar, slik at det økonomiske arbeidet i staten kan førast vidare utan avbrot. Det er dette vi manglar, det er her feilen ligg.

Eg trur at når vi drøftar revolusjonen vår og vurderer utsiktene for han, må vi nøye skilja ut dei problema som revolusjonen har løyst fullt ut, og som har gått ugjenkalleleg over i historia som ei epokegjerande vending bort frå kapitalismen. Revolusjonen vår kan visa til slike løysingar. Lat mensjevikane og Otto Bauer frå To-og-ein-halv-internasjonale skrika: «Revolusjonen deira er borgarleg.» Vi seier at oppgåva vår er å føra den borgarlege revolusjonen til endes. Som ei viss kvitegardistavis uttrykte det: Det hadde samla seg opp møkk i dei statlege institusjonane våre i fire hundre år, men vi reinsa ut alt i hop på fire år. Dette er den store tenesta vi har gjort. Kva har mensjevikane og dei sosialrevolusjonære gjort? Ingen ting. Møkka av mellomalderleivningar har ikkje vorte reinsa ut korkje i vårt land eller ein gong i det framskridne, opplyste Tyskland. Like fullt klandrar dei oss for at vi har gjort det som er til vår store forteneste. Den kjensgjerninga at vi har ført revolusjonen til endes er eit storverk som aldri kan strykast frå rullebladet vårt.

No er det krig i lufta. Fagforeiningane, t.d. dei reformistiske fagforeiningane, vedtek resolusjonar mot krigen og trugar med å kunngjera streik mot krigen. Om eg ikkje tek feil, så las eg nyleg ei melding i avisene om at ein viss svært god kommunist heldt ein anti-krigstale i det franske deputerkammeret der han slo fast at arbeidarane heller ville reisa seg i opprør enn å gå til krig. Dette spørsmålet kan ikkje formulerast slik vi formulerte det i 1912, då Baselmanifestet vart sendt ut. Berre den russiske revolusjonen har synt korleis det er mogleg

å koma ut av ein krig, og kva slags strev det fører med seg. Han synte kva det tyder å koma ut av ein reaksjonær krig med revolusjonære metodar. Reaksjonære imperialistiske krigar er uunngåelege i alle delar av verda, og når slike problem skal løysast, kan ikkje og vil ikkje menneskeslekta gløyma at timillionar vart slakta då og vil verta slakta igjen dersom det bryt ut krig. Vi lever i det tjugande hundreåret, og den einaste nasjonen som kom ut av ein reaksjonær krig med revolusjonære metodar, ikkje til gagn for ei særskilt regjering, men med å styrta henne, var den russiske nasjonen, og det var den russiske revolusjonen som fridde han ut. Det som er vunne gjennom den russiske revolusjonen er ugjenkalleleg. Inga makt på jord kan stryka ut det. Heller ikkje kan noka makt på jord stryka ut den kjensgjerninga at sovjetstaten er skapt. Dette er ein historisk siger. I hundrevis av år har det vorte bygd statar etter den borgarlege modellen, og for fyrste gong har det vorte oppdaga ei ikkje-borgarleg statsform. Styringsmaskineriet vårt kan nok vera mangelfullt, men det vert sagt at den fyrste dampmaskinen som vart oppfunnen og var mangelfull. Ingen veit ein gong om ho verka eller ikkje, men det var ikkje det som talde. Det som talde var at ho var oppfunnen. Jamvel om ein tenkjer seg at den fyrste dampmaskinen ikkje var til noko nytte, så er det ei kjensgjerning at vi no har lokomotivet. Jamvel om styringsmaskineriet vårt er svært mangelfullt, er det likevel skapt, den største oppfinninga i historia er gjort, det er skapt ei proletarisk statsform. Lat difor heile Europa, lat tusenvis av borgarlege aviser kringkasta nyhende om redslene og fattigdomen som rår i landet vårt, om at lidingar vert heile lotten for det arbeidande folket i landet vårt. Arbeidarane over heile verda vert framleis dregne mot sovjetstaten. Dette er dei store og ugjenkallelege vinstene vi har oppnådd. Men for oss som er medlemmer av kommunistpartiet tydde dette berre at døra vart opna. Vi står no andsynes oppgåva å leggja grunnlaget for ein sosialistisk økonomi. Er dette gjort?

Nei, det er det ikkje. Vi manglar framleis det sosialistiske grunnlaget. Dei kommunistane som tenkjer seg at vi har det, tek grovt i miss. Heile kjernen i saka er å skilja ut det som utgjer den historiske fortenesta til den russiske revolusjonen, fast, klårt og lidenskapslaust, frå det vi gjer svært dårleg, frå det som enno ikkje er skapt, det vi må gjera om att mange gonger enno.

Politiske hendingar er alltid svært forvirra og kompliserte. Dei kan samanliknast med ei lekkje. For å halda heile lekkja må ein gripa hovudleddet, ikkje eit ledd som er tilfeldig vald. Kva var den sentrale hendinga i 1917? Å dra seg ut av krigen. Heile nasjonen kravde det, og det overskugga alt. Det revolusjonære Russland greidde dra oss ut av krigen. Det kosta eit uhorveleg strev, men det viktigaste kravet til folket var oppfylt, og det gav oss siger i mange år. Folket skjøna, bøndene såg, kvar soldat som vende heim frå fronten forstod fullt ut at sovjetstyret var eit meir demokratisk styre, eit som stod det arbeidande folket nærare. Utan omsyn til kor mykje skamleg og meiningslaust vi kan ha gjort på andre område, det at vi skjøna kva som var hovudoppgåva, prova at alt var rett.

Kva var nøkkelleddet i 1919 og 1920? Militær motstand. Den allmechtige ententen marsjerte mot oss, stod i strupen på oss. Det trongst ingen propaganda der. Kvar partilaus bonde skjøna kva som gjekk føre seg. Godseigarane kom attende. Kommunistane visste korleis det skulle kjempast imot dei. Det er grunnen til at bøndene som masse fylgde leiinga til kommunistane, det er grunnen til at vi sigra.

I 1921 var nøkkelleddet ordna tilbaketrekking. Det kravde hard disiplin. Arbeidaropposisjonen sa: «De undervurderer arbeidarane. Arbeidarane må leggja større initiativ for dagen.» Men initiativet måtte då leggjast for dagen med at vi drog oss attende i god orden og med å halda streng disiplin. Kvar den som innførte ein undertone av panikk eller ulydnad ville ha dømt revolusjonen til nederlag, for det er ikkje noko som er

meir vanskeleg enn å dra seg attende med folk som har vent seg til siger, som er gjennomsyra av revolusjonære synsmåtar og ideal, og som i hjarta ser på kvar einaste tilbaketrekking som noko å skjemmast over. Den største faren var at ordenen kunne verta broten, og den største oppgåva var å halda oppe god orden.

Og kva er nøkkelleddet no? Nøkkelleddet no — og eg vil gjerne summera opp rapporten min med dette — er ikkje at vi har forandra den politiske lina vår. Det vert sagt utruleg mykje meiningslaust om dette i samband med NEP. Alt i hop er skoddeprat, skadeleg tøv. I samband med NEP tek ein del menneske til å masa omkring, dei gjer framlegg om å omorganisera dei administrative organa våre og å skipa nye. Alt dette er skadeleg tøv. Slik stoda er nett no, er nøkkelleddet folk, det er å velja dei rette folka. Ein revolusjonær som er vant til å kjempa mot smålege reformistar og overlegne skulemeistrar, finn det vanskeleg å forstå dette. Nøkkernt vurdert er den politiske konklusjonen ein kan dra av stoda nett no, at vi har rykt så langt fram at vi ikkje kan halda på alle stillingane — og vi treng ikkje halda på alle.

Internasjonalt har stillinga vår betra seg veldig desse siste få åra. Den sovjetiske statsforma er storverket vårt. Det er eit steg frametter i menneskeleg utvikling, og dei opplysningane Den kommunistiske internasjonale får frå kvart einaste land kvar dag, stadfestar dette. Ingen har det minste tvil om det. Men sett ut ifrå synstaden til det praktiske arbeidet, er det slik at kommunistane vil mista oppslutninga si dersom dei ikkje kan gje bondemassane praktisk hjelp. Det feltet vi skal vera mest merksame på no er ikkje å vedta lover, å vedta betre dekret, osb. Det var ei tid då det var ei form for propaganda å vedta dekret. Folk dreiv gjøn med oss og sa at bolsjevikane ikkje skjønar at dekreta deira ikkje vart sette ut i livet, heile kvitegardistpressa var full av spott om dette. Men på den tida var det fullt forsvarleg å vedta dekret på den måten. Vi bolsjevikar hadde nett teke

makta, og vi sa til bonden, til arbeidaren: «Her er eit dekret, slik er det vi ynskjer staten skal administrerast. Prøv det!» Heilt frå fyrste stund gav vi dei vanlege arbeidarane og bøndene ein ide om politikken vår i form av dekret. Såleis vann vi den veldige tilliten som vi hadde og framleis har i folkemassane. Dette var ein naudsynt periode fyrst på revolusjonen. Utan den kunne vi ikkje ha stige opp til toppen av den revolusjonære bylgja, vi ville ha rulla nede i bylgjedalen. Utan den kunne vi ikkje ha vunne tillita til alle arbeidarane og bøndene som ynskte å byggja liva sine etter nye vegar. Men denne perioden er forbi, og vi nektar å forstå det. No vil bøndene og arbeidarane le av oss om vi gjev ordre om at det eller hint administrative organet skal skipast eller omorganisert. Dei vanlege arbeidarane og bøndene vil ikkje syna noka interesse for dette no, og det vil dei gjera rett i, for dette er ikkje den sentrale oppgåva i dag. Det er ikkje den slags ting vi kommunistar no bør gå til folket med. Jamvel om vi som gjer teneste i dei administrative organa alltid har ei mengd med småsaker veltande innover oss, er ikkje dette det leddet vi må gripa, dette er ikkje nøkkelleddet. Nøkkelleddet er at vi ikkje har fått rette mann på rette stad, at ansvarlege kommunistar som greidde seg strålande under revolusjonen har fått oppgåver innan handel og industri som dei ikkje veit nokon ting om, og dei hindrar oss frå å sjå sanninga, for bak ryggen deira gøymer slynglar og kjeltringar seg svært godt. Vansken er at vi ikkje har noko slikt som praktisk kontroll med korleis sakene er utførde. Dette er eit prosaisk arbeid, eit lite arbeid, dette er småsaker. Men etter den største politiske forandringa i historia — når vi hugsar at vi ei tid må leva med det kapitalistiske systemet kring oss på alle kantar — vert nøkkelleddet no ikkje politikk i den snevre tydinga av ordet (det vi les i avisene er berre politisk fyrverkeri, det er ikkje noko sosialistisk i det i det heile). Nøkkelleddet vert ikkje resolusjonar, ikkje administrative organ og ikkje omorganisering. Så lenge desse sakene er

naudsynte, skal vi gjera dei, men ikkje gå til folket med dei. Vel dei rette mennene og innfør praktisk kontroll. Det vil folket setja pris på.

Når alt kjem til alt, er vi berre som ein drope i folkehavet, og vi kan administrera berre når vi uttrykker korrekt det folk er medvitne om. Utan at vi gjer dette, kan ikkje kommunistpartiet leia proletariatet, proletariatet kan ikkje leia massane, og heile maskinen vil bryta saman. Det viktigaste for folket i dag, for heile det arbeidande folket, er ikkje anna enn hjelp i den desperate svolten og nauda. Dei ynskjer å få sjå at den betringa bøndene treng verkeleg skjer i den forma dei er vane med. Bøndene kjenner og er vane med marknaden og med handel. Vi var ute av stand til å innføra beinveges kommunistisk fordeling. Vi mangla fabrikkane og utstyret til det. Når dette er stoda, må vi syta for at bøndene får det dei treng gjennom handelen, og syta for det like godt som kapitalistane gjorde. Elles vil ikkje folket tola ein slik administrasjon. Dette er nøkkelen til stoda. Om det ikkje dukkar opp noko uventa, vil dette, føresette tre vilkår, verta det sentrale leddet i verksemda vår i 1922.

Det fyrste vilkåret er at det ikkje vil verta nokon intervensjon. Vi gjer alt vi kan på det diplomatiske feltet for å unngå det. Like fullt kan det koma kva dag som helst. Vi må verkeleg vera på vakt, og vi må vera samde om å gje visse store offer til fordel for den raude hæren, sjølv sagt innan klårlagde grenser. Vi står andsynes heile den borgarlege verda, som berre leitar etter ein måte å kvela oss på. Mensjevikanane våre og dei sosialrevolusjonære er korkje meir eller mindre enn agentar for dette borgarskapet. Slik er den politiske stoda deira.

Det andre vilkåret er at finanskrisa ikkje vert for alvorleg. Krisa kjem nærare. De vil få høyra om det når vi diskuterer finanspolitikken. Dersom ho vert for alvorleg og streng, vil vi verta nøydde til å gjera om att på mangt og konsentrera alle krefter om ein ting. Dersom ho ikkje vert for alvorleg, kan ho jamvel vera nyttig, ho

vil gje kommunistane i alle statstrustane ei god skaking, vi må berre ikkje gløyma å gjera det. Finanskrisa vil skaka opp administrative organ og industriføretak, og dei som ikkje er på høgde med oppgåvene sine vil verta dei fyrste som brest. Vi må berre passa på at ikkje all skulda for dette vert lagt på spesialistane medan dei ansvarlege kommunistane vert hylla for at dei er svært fine folk som har kjempa ved frontane og alltid har arbeidd godt. Om finanskrisa ikkje vert alt for alvorleg, kan vi såleis få ut ein del nytte av henne. Vi kan finkjemma rekkjene av ansvarlege kommunistar som gjer teneste i forretningsorgana, ikkje på same måten som den sentrale kontrollkommisjonen og den sentrale prøvingskommisjonen⁴⁰ finkjemmar dei, men svært grundig.

Det tredje vilkåret er at vi ikkje gjer nokon politiske feil i denne perioden. Dersom vi gjer politiske feil, vil sjølv sagt heile arbeidet vårt med den økonomiske oppbygginga verta brote ned, og vi vil finna oss att i usemje om korleis vi skal retta feila og kva retning vi skal fylgja. Men om vi ikkje gjer nokon syrgjelege feil, vil ikkje nøkkelledet i næraste framtida vera dekret og politikk i den snevre tydinga av ordet, ikkje administrative organ og deira oppbygging — dei ansvarlege kommunistane og sovjetinstitusjonane vil ta for seg desse tinga når som helst det vert naudsynt — hovudsaka i alt vi gjer vil vera å velja dei rette folka og å sikra at avgjerder vert sette ut i livet. Dersom vi lærer noko praktisk på dette området, dersom vi gjer noko praktisk nyttig, vil vi igjen overvinna alle vanskar.

Som konklusjon må eg nemna den praktiske sida av spørsmålet om sovjetinstitusjonane våre, dei høgare styringsorgana og tilhøvet partiet har til dei. Tilhøvet mellom partiet og dei styrande sovjetorgana er ikkje som det burde vera. På dette punktet er vi heilt samde. Eg har gjeve eitt døme på korleis politbyrået får småting lempa over til seg. Det er særst vanskeleg å koma vekk frå dette med formelle middel, for det er berre eitt

styrande parti i landet vårt, og ein partimedlem kan ikkje hindrast i å leggja fram klagemål. Det er grunnen til at alt som kjem opp for rådet av folkekommissærar vert trekt fram for politbyrået. Eg har og stor skuld i dette, for i stor mon vart kontakten mellom rådet av folkekommissærar og politbyrået halden oppe gjennom meg. Då eg vart tvinga til å dra meg attende frå arbeidet, vart det funne ut at dei to hjula ikkje arbeidde i same takt, og Kamenev måtte bera ei tredobbel bør for å halda oppe denne kontakten.

Det er knappast sannsynleg at eg kan venda attende til arbeidet i næraste framtid. Difor fell all von på den kjensgjerninga at det er to andre varamenn — kamerat Tsjurupa, som tyskarane har reinsa, og kamerat Rykov, som dei har reinsa så framifrå. Det synest som om jamvel Wilhelm, den tyske keisaren, har vore til stor nytte for oss — det ville eg aldri ha venta. Han hadde ein kirurg, og det hende seg slik at det var den doktoren som behandla kamerat Rykov. Doktoren skar bort den dårlegaste delen av han, og heldt den delen att i Tyskland, men let den beste delen av kamerat Rykov urørt og sende han fullstendig reinsa til oss. Dersom den framgangsmåten vert nytta også i tida som kjem, vil det vera ein verkeleg god ting.

Spøk til side, eit ord eller to om dei viktigaste instruksane. På dette punktet er sentralkomiteen heilt samrøystes, og eg vonar kongressen vil akta svært nøye på dette og godkjenna instruksane om at politbyrået og sentralkomiteen skal verta fri småsakene, og at det skal leggjast meir over på dei ansvarlege tenestemennene. Folkekommissærane må vera ansvarlege for arbeidet sitt, og bør ikkje føra desse sakene fyrst fram for rådet av folkekommissærar og så for politbyrået. Formelt kan vi ikkje avskaffa retten til å leggja klager fram for sentralkomiteen, for partiet vårt er det einaste styrande partiet i landet. Men vi må få stansa vanen å føra alle småsaker fram for sentralkomiteen, vi må heva prestisjen til rådet av folkekommissærar. Kommissærane og ikkje

visekommissærane må for det meste ta del i møta i rådet. Oppgåvene til rådet må endrast i den leia eg ikkje har lykkast å endra dei i siste året, dvs. rådet må vera mykje meir merksam på den utøvande kontrollen. Vi vil framleis ha dei to varamennene: Rykov og Tsjurupa. Då Rykov arbeidde i arbeidar- og bondeforsvarsrådet⁴¹ som hadde ekstraordinære fullmakter, og hadde med forsyningar til den raude hæren og flåten å gjera, stramma han opp sakene, og arbeidet gjekk godt. Tsjurupa organiserte eitt av dei mest effektive folkekommissariata. Dersom dei går saman og arbeider det dei kan for å gjera folkekommissariata betre når det gjeld effektivitet og ansvar, vil vi gjera ein del framgang her, sjølv om han vert liten. Vi har atten folkekommissariat, og ikkje mindre enn femten av dei er til inga nytte i det heile — effektive folkekommissærar kan ein ikkje finna overalt, og eg vonar for visst at folk vert meir og meir merksame på dette. Kamerat Rykov må vera medlem av byrået i sentralkomiteen og av presidiet i den allrussiske sentrale eksekutivkomiteen, for det må vera eit samband mellom desse to organa, utan dette sambandet vil dei viktigaste hjula stundom spinna i lause lufta.

I samanhang med dette må vi sjå til at talet på kommisjonar under rådet av folkekommissærar og under rådet for arbeid og forsvar vert redusert. Desse organa må kjenna og løysa sine eigne saker, og ikkje dela seg opp i ei uendeleg mengd kommisjonar. For nokre dagar sidan vart kommisjonane saumfarte. Det kom fram at det var eit hundre og tjue av dei. Kor mange var naudsynte? Seksten. Og dette er ikkje den fyrste nedskjeringa. I staden for å godta ansvar for arbeidet sitt, å førebu eit vedtak i rådet av folkekommissærar og å vita at dei ber ansvaret for dette vedtaket, er det ein tendens til å løyna seg bak kommisjonar. Fanden sjølv ville gå seg vill i denne mengda av kommisjonar. Ingen veit kva som skjer, kven som har ansvaret. Alt vert blanda ihop, og til sist vert det gjort eit vedtak som alle vert haldne ansvarleg for.

I samanhang med dette må det visast til at det trengst å utvida og utvikla autonomien og verksemda til dei regionale økonomiske konferansane. Den administrative oppdelinga av Russland er no drege opp etter vitskaplege liner: Dei økonomiske og klimatiske vilkåra, folks levevis, vilkåra for å skaffa brenslé, for lokal industri osv. er alle tekne omsyn til. På grunnlag av denne inn- delinga er det innført distrikts- og regionale økonomiske konferansar. Sjølv sagt kan det verta gjort endringar her og der, men prestisjen til desse økonomiske konferansane må aukast.

Så må vi sjå til at den allrussiske sentrale eksekutivkomiteen arbeider meir energisk, kjem saman til sesjon meir regelbunde og for lengre tidsrom. Sesjonane til den allrussiske sentrale eksekutivkomiteen bør diskutera lovutkast som stundom vert lagde fram for rådet av folkekommissærar i all hast utan at det er heilt naudsynt å gjera det. Det ville vera betre å utsetja slike lovutkast og gje arbeidarane lokalt høve til å studera dei grundig. Det må stillast strengare krav til dei som lagar lovutkasta. Det vert ikkje gjort.

Dersom sesjonane til den allrussiske sentrale eksekutivkomiteen varar lenger, kan dei delast opp i seksjonar og underkommisjonar. Såleis vil dei kunne få ei strengare prøving med arbeidet og kunne streva etter å nå fram til det som etter mitt syn er nøkkelen, sjølv kjernen i den politiske stoda nett no: Å konsentrera merksemd om å velja ut dei rette folka og å kontrollera korleis vedtaka vert sette ut i livet.

Vi må vedgå, og vi må ikkje vera redde for å vedgå, at i nittini av hundre tilfelle sit ansvarlege kommunistar i stillingar dei ikkje er skikka for, at dei er ute av stand til å utføra pliktene sine, og at dei må setja seg ned og læra. Dersom vi vedgår dette, og sidan vi har høve til å læra — etter den allmenne internasjonale stoda å døma vil vi ha tid til det — må vi gjera det, same kva som hender. (*Stormande applaus.*)

4.

TALE VED AVSLUTNINGA AV KONGRESSEN

2. april

Kameratar! Vi har kome fram til slutten på kongressen vår.

Den fyrste skilnaden som slår oss når vi jamfører denne kongressen med den førre, er den større solidariteten, den større semja og sterkare organisatoriske einskapen som er lagt for dagen.

Berre ein liten del av ein av delane av opposisjonen som fanst på siste kongressen har sett seg sjølv utanfor partiet.

I spørsmålet om fagforeiningane og om den nye økonomiske politikken har det ikkje kome fram noka usemje, eller knapt noka usemje i partiet vårt.

Det radikalt og grunnleggjande «nye» som denne kongressen har oppnådd, er at han har gjeve levande prov for at fiendane våre tek feil når dei stadig vekk tek opp att at partiet vårt er vorte senilt og har stivna til i sinn og kropp.

Nei. Vi har ikkje stivna til.

Då dei objektive tilhøva i Russland og over heile verda kravde framrykking, kravde eit makelaust modig, snøgt og målretta stormåtak på fienden, gjekk vi til dette stormåtak. Om det vert naudsynt, vil vi gjera det igjen og igjen.

Gjennom det lyfta vi revolusjonen vår opp til høgder som hittil ikkje har hatt sin make i verda. Inga makt på jord, same kor mykje vondska, trengsler og lidingar ho enno kan føra ut over millionar og hundretals millionar menneske, kan stryka over dei viktigaste vinningane i revolusjonen vår, for dei er ikkje lenger våre, men historiske vinningar.

Men då det våren 1921 synte seg at fortroppen til revolusjonen stod i fare for å verta isolerte frå folkemasane, frå bondemassane, som dei må leia framover med stor dugleik, då avgjorde vi samrøystes og fast at vi måtte dra oss attende. Og i det store og heile drog vi oss attende i god revolusjonær orden siste året.

Dei proletariske revolusjonane som modnast i alle framskridne land i verda vil vera ute av stand til å løysa problema sine om dei ikkje kombinerer evna til å slåss heltemodig og å gå til åtak med evna til å dra seg attende i god revolusjonær orden. Røynsla frå den andre perioden av kampen vår, dvs. røynsla med tilbaketrekking, vil for framtida truleg verta nett like nyttig for arbeidarane i det minste i nokre land, som røynsla frå fyrste perioden av revolusjonen vår, dvs. røynsla med modig åtak, utan tvil vil syna seg nyttig for arbeidarane i alle land.

No har vi vedteke at vi skal stansa tilbaketøget.

Det tyder at heile føremålet med politikken vår må formulerast på ein ny måte.

Det sentrale særdraget med stoda no er at fortroppen ikkje må skulka unna arbeidet med å skaffa seg opplæring, med å omforma seg, dei må ikkje vera redde for å vedgå ope at dei ikkje har tilstrekkeleg skolering og manglar den dugleiken som krevst. Hovudsaka no er å rykka fram som ein umåteleg breiare og større masse, og berre i lag med bøndene. Hovudsaka er å prova for dei gjennom handlingar, gjennom praksis, gjennom røynsle at vi lærer og at vi vil læra å hjelpa dei, å leia dei frametter. Slik den internasjonale stoda er no, i den tilstanden produktivkreftene i Russland er no, kan dette problemet berre løysast svært langsamt, varsamt og systematisk, og ved å setja kvart einaste steg som vert teke på praktisk prøve tusen gonger.

Dersom det skulle reisa seg røyster i partiet vårt mot denne yttarst seine og yttarst varsame frammarsjen, vil dette vera isolerte røyster.

Partiet som heilskap har skjøna — og no vil det pro-

va gjennom handlingar at det har skjøna — at nett no må arbeidet organiserast nett etter desse linene, og sidan vi har skjøna det, vil vi nå målet vårt!

Eg kunngjer at den ellefte kongressen til Russlands kommunistiske parti er over.

Prenta i boka

«Den ellefte kongressen
til RUKP(b)», 1922 i Moskva

Prenta i samsvar

med teksten i boka,
avslutningstalen prenta
i samsvar med
manuskriptet

OM «DOBBELT» UNDERORDNING OG LEGALITET.*

Til kamerat Stalin for bruk i politbyrået

Spørsmålet om påtalemakta har gjeve opphav til usemje i kommisjonen sentralkomiteen har nemnt ut for å styra forhandlingane på sesjonen til den allrussiske sentrale eksekutivkomiteen. Dersom denne usemja ikkje fører til at spørsmålet vert lagt fram for politbyrået automatisk, vil eg ut ifrå at det er særskild viktig gjera framlegg om at det vert lagt fram i alle høve.

Innhaldet i det punktet det står strid om er dette: I spørsmålet om påtalemakta gav fleirtalet i den kommisjonen den allrussiske sentrale eksekutivkomiteen hadde valt, uttrykk for motstand mot framlegget om at lokale representantar for påtalemakta berre skal utnemnast av sentrale styresmakter og berre skal underordnast desse. Fleirtalet krev det som vert kalla «dobbelte» underordning, det systemet som vert nytta for alle lokale tenestemenn, dvs. underordning under dei sentrale styresmakter gjennom det folkekommissariatet det gjeld, men og under eksekutivkomiteen i guvernementet.

Det same fleirtalet i kommisjonen til den allrussiske sentrale eksekutivkomiteen nektar lokale representantar for påtalemakta retten til å setja spørsmål ved legaliteten til dei avgjerdene eksekutivkomiteane i guvernementa og lokale styresmakter allment tek.

* Dette er eit brev Lenin skreiv då det vart sett opp reglar for påtalemakta. Politbyrået drøfta brevet 24. mai 1922 og gjekk inn for framlegga der. — *Red.*

Eg kan ikkje førestella meg på kva grunnlag denne openbert feil avgjerda til fleirtalet i kommisjonen til den allrussiske sentrale eksekutivkomiteen kan rettferdiggjera. Det einaste argumentet eg har høyrte for å stø henne er at å forsvara «dobbel» underordning i dette høvet tyder å legitimera opposisjon mot ein byråkratisk sentralisme, å forsvara det naudsynte sjølvstendet til lokale styresmakter, og å verna tenestemennene i eksekutivkomiteane i guvernementa mot sjølvgod framferd frå dei sentrale styresmaktene. Er det noko sjølvgodt i det synet at det ikkje kan vera ei lov for Kaluga og ei for Kazan, men at det må vera ei einsarta allrussisk lov som jamvel er einsarta for heile føderasjonen av sovjetrepublikkar? Den underliggjande feilslutninga i det synet som har rådd hos fleirtalet i kommisjonen til den allrussiske sentrale eksekutivkomiteen er at dei på feil vis nyttar prinsippet om «dobbel» underordning. «Dobbel» underordning trengst der det er naudsynt å gje rom for ein verkeleg uunngåeleg skilnad. Jordbruket i guvernementet Kaluga skil seg frå jordbruket i guvernementet Kazan. Det same kan seiast om industrien, og det kan seiast om administrasjonen, eller om styringa i det heile. Å ikkje gje rom for lokale skilnader i alle desse sakene ville tyda å skli inn i byråkratisk sentralisme, og så frametter. Det ville tyda å hindra lokale styresmakter å ta skikkeleg omsyn til lokale særdrag, noko som er grunnlaget for all rasjonell administrasjon. Like fullt må lova vera einsarta, og rota til plagene i samfunnslivet vårt og til kulturmangelen vår er at vi smiskar for det gamle russiske synet og dei halvville vanane som ynskjer å ta vare på lova i Kaluga som ein ting og lova i Kazan som noko anna. Ein må hugsa at i motsetning til dei administrative styresmaktene har ikkje representanten for påtalemakta noka makt til å administrera, og han har inga makt til å avgjera noko administrativt spørsmål. Rettane og pliktene hans avgrensar seg til ei oppgåve, og det er å sjå til at lova verkeleg vert tolka einsarta over heile republikken, utan omsyn til skilna-

der i lokale vilkår og trass i all lokal innverknad. Den einaste retta og plikta representanten for påtalemakta har er å føra saka fram for domstolen. Kva slag domstol? Domstolane våre er lokale domstolar. Domarane våre er valde av dei lokale sovjeta. Av det fylgjer at den styresmakta som representanten for påtalemakta sender ei lovbrots sak over til, er ei lokal styresmakt som på den eine sida strengt må fylgja dei lovene som er sette opp eins for heile føderasjonen, og på den andre sida må dei når dei fastset straffa, ta alle lokale omsyn med i vurderinga. Og ho har rett til å seia at sjølv om det har vore eit klårt brot på lova i eit visst tilfelle, tvingar like fullt visse omstende som folk lokalt kjenner nært til og som kjem fram i lyset i den lokale domstolen, han til å gjera straffa brotsmannen skulle ha hatt mildare, eller jamvel til å frikjenna han. Utan at vi held oss strengt til dette mest elementære vilkåret for å halda oppe ei einsarta lov over heile føderasjonen, vil det verta fullstendig umogleg å verna lova, eller å utvikla noka form for kultur.

Like eins er det prinsipielt feil å argumentera for at påtalemakta ikkje skulle få retten til å prøva vedtaka til eksekutivkomiteane i guvernementa eller til andre lokale styresmakter; at desse instansane legalt fell inn under rettsområdet til arbeidar- og bondeinspeksjonen.

Arbeidar- og bondeinspeksjonen dømmer ikkje berre ut ifrå lova sin synsstad, men og ut ifrå eit syn for kva som er føremålstenleg. Påtalemakta må sjå til at ikkje eitt einaste vedtak frå nokon lokale styresmakter går på tvers av lova, og berre ut ifrå denne synsvinkelen er det skuldnaden hans å prøva kvart einaste vedtak som ikkje har dekning i lova. Han har ingen rett til å oppheva eit slikt vedtak, han må berre ta åtgjerder for å sikra at tolkinga av lova er fullstendig einsarta over heile republikken. Fylgjeleg er vedtaket til fleirtalet i kommisjonen til den allrussiske sentrale eksekutivkomiteen ikkje berre fullstendig feil i prinsippet; det nyttar ikkje berre prinsippet om «dobbel» underordning på fullstendig feil

måte, men det hindrar òg alle freistnader på å få i stand einsarta lovbruk og å utvikla i det minste eit minimum av kultur.

Vidare er det naudsynt når ein avgjer dette spørsmålet, å ta omsyn til kor mykje den lokale innverknaden veg. Vi lever tvillaust i eit hav der lovene ikkje vert fylgde, og lokal innverknad er ei av dei største, om ikkje den største hindringa for å få i stand lov og kultur. Det er knapt nokon som ikkje har høyrte at reinsinga i partiet avslørte at i fleirtalet av dei lokale reinsingskomiteane vog personleg agg og lokal krangel tyngst når partiet skulle reinsast. Dette er ei tvillaus kjensgjerning, og ho er viktig. Knappt nokon vil våga nekta for at det er lettare for partiet å finna eit halvt sneis pålitande kommunistar som har ei juridisk utdanning som høver og er i stand til å stå imot all rein lokal innverknad, enn å finna hundrevis av dei. Og det er nett dette spørsmålet kokar ned til når vi diskuterer om dei som representerer påtalemakta bør underleggjast «dobbel» underordning eller berre verta underordna dei sentrale styresmaktene. I sentrum må vi finna eit halvt sneis menneske som kan utføra oppgåvene til den sentrale representanten for påtalemakta, representert gjennom riksadvokaten, den høgste domstolen og kollegiet i folkekommissariatet for rettsstellet. (Eg let spørsmålet liggja om kor vidt riksadvokaten bør vera einaste makta, eller om han burde dela makta si med den høgste domstolen og kollegiet i folkekommissariatet for rettsstellet. Dette er eit reint underordna spørsmål, og det kan løysast på ein eller annan måte i samsvar med kor vidt partiet vil gje ei veldig makt over til ein person eller dela denne makta mellom dei tre nemnde organa.) Desse ti bør arbeida i sentrum, under svært nær rettleiing og svært nær kontakt med dei tre partiorganane som set dei mest pålitande stengslene mot lokal og personleg innverknad, dvs. organisasjonsbyrået i sentralkomiteen, politbyrået i sentralkomiteen, og den sentrale kontrollkommisjonen. Det siste organet, dvs. den sentrale kontrollkommisjonen, er ansvar-

leg berre andsynes partikongressen, og er sett ihop på ein slik måte at ingen av medlemene i han kan ha noka stilling i noko folkekommissariat, administrativt organ eller noko organ for sovjetstyret. Det er klårt at under desse omstenda har vi den beste garantien som til no kan tenkjast for at partiet vil skipa eit lite sentralt kollegium som verkeleg vil vera i stand til å stå imot lokal innverknad og lokalt og alt anna byråkrati, og som vil få i stand verkeleg einsarta rettspraksis i heile republikken og i heile føderasjonen. Fylgjeleg kan kvart mistak dette sentrale lovkollegiet gjer straks rettast opp att på staden av partiorgana, som avgjer alle dei grunnleggjande omgrepa og set opp alle dei grunnleggjande reglane for heile verksemda vår i partiet og sovjeta over heile republikken.

Å avvika frå dette ville tyda at vi i løynd lurte inne eit syn som ingen kan forsvara ope og ærleg, nemleg at kultur og lov, som med naudsyn må fylgjast åt, er så langt utvikla i landet vårt at vi kan garantera at vi vil finna hundrevis av fullstendig ulastelege representantar for påtalemakta som er i stand til å stå imot all lokal innverknad og å få i stand einsarta lovbruk over heile republikken gjennom sitt eige arbeid.

For å oppsummera dreg eg den konklusjonen at å forsvara den «dobbelte» underordninga for dei som representerer påtalemakta, og å ta frå dei retten til å prøva kvart vedtak som lokale styresmakter gjer, det er ikkje berre feil i prinsippet, det ikkje berre hindrar oss i den grunnleggjande oppgåva å stendig vekk innføra respekt for lova. Men det er og eit uttrykk for interesse- ne og fordomane til lokale byråkratar og lokal innverknad, dvs. den farlegaste muren som står mellom det arbeidande folket og dei lokale og sentrale sovjetstyresmaktene, så vel som den sentrale makta til Russlands kommunistiske parti.

Eg gjer difor framlegg om at sentralkomiteen avviser den «doble» underordninga i denne saka, og ser til at dei lokale representantane for påtalemakta underord-

nar seg den *sentrale makta*. Vidare gjer eg framlegg om at sentralkomiteen gjev den som representerer påtalemakta rett og plikt til å prøva om kva som helst vedtak eller ordre som lokale styresmakter gjev, er lovleg, men med det atterhaldet at han ikkje vil få rett til å oppheva slike vedtak. Han skal berre få rett til å leggja dei fram for domstolane.

Lenin

Diktert i telefonen
20. mai 1922.
Fyrst prenta i
Pravda nr. 91
23. april 1923

Prenta i samsvar
med maskinskreven kopi.

DEN FJERDE KONGRESSEN TIL DEN KOMMUNISTISKE INTERNASJONALEN

5. november — 5 desember 1922⁴²

FEM ÅRS RUSSISK REVOLUSJON OG UTSIKTENE FOR VERDSREVOLUSJONEN

*Melding til fjerde kongressen til
den kommunistiske internasjonale
13. november 1922.*

*(Kamerat Lenin vert møtt med stormande langvarig
applaus og allmenn ovasjon. Alle reiser seg og syng
«Internasjonale».)*

Kameratar. Eg står på lista som hovudtalar, men som de vil skjøna er eg ikkje god for å koma med noka lang melding no når eg har vore sjuk så lenge. Eg kan berre koma med nokre innleiande merknader til kjernespoørsmåla. Emnet mitt vil verta svært avgrensa. Emnet «fem års russisk revolusjon og utsiktene for verdsrevolusjonen» er allment for breitt og stort til at ein talar kan uttømme det i ein einaste tale. Det er grunnen til at eg berre vil ta for meg ein liten del av dette emnet, nemleg spørsmålet om den nye økonomiske politikken. Eg har med vilje teke berre denne vesle delen for å gjera dykk kjende med det som no er det viktigaste spørsmålet — i alle høve er det det viktigaste for meg, for eg arbeider med det no.

Eg vil såleis fortelja dykk korleis vi sette i gang med den nye økonomiske politikken, og kva resultat vi har oppnådd med hjelp av denne politikken. Dersom eg avgrensar meg til dette spørsmålet, vil eg kan hende lykka i å gje dykk eit allment oversyn og eit allment inntrykk av det.

For å ta til med korleis vi kom fram til den nye økonomiske politikken, må eg sitera frå ein artikkel eg skreiv i 1918.* Fyrst på 1918 kom eg i ein stutt diskusjon inn på spørsmålet om kva haldning vi skulle ta til statskapitalismen. Eg skreiv då:

«Statskapitalismen ville vera eit *steg frametter* jamført med stoda i Sovjetrepublikken vår nett no» (dvs. stoda slik ho var den gongen). «Der- som det var oppretta statskapitalisme i republikken vår på eit halvt års tid, ville det vera ein stor framgang og ein sikker garanti for at sosialismen innan eit år vil ha fått varig fotfeste, og vil ha vorte uovervinneleg i landet vårt.»

Dette vart sjølvsagt sagt på ei tid då vi var dummare enn vi er i dag, men ikkje så dumme at vi ikkje var i stand til å ta for oss slike saker.

I 1918 meinte eg såleis at når det gjaldt den økonomiske stoda vi då hadde nådd i Sovjetrepublikken, ville statskapitalismen vera eit steg framover. Dette høyrst svært rart ut, om kan hende jamvel meiningslaust, for alt på den tida var republikken vår ein sosialistisk republikk, og for kvar dag tok vi snøgt — kan hende for snøgt — i bruk ymse nye økonomiske tiltak som ikkje kunne kallast for anna enn sosialistiske tiltak. Like fullt var synet mitt då at i høve til den økonomiske stoda vi då hadde nådd i Sovjetrepublikken, ville statskapitalismen vera eit steg frametter, og eg forklarte kva eg meinte heilt enkelt med å nemna opp elementa i det økonomiske systemet i Russland. Etter mi meining hadde det desse elementa: «1. Patriarkalsk, dvs. den mest primitive forma for jordbruk. 2. Liten vareproduksjon (her høyrer fleirtalet av bøndene som handlar med korn

* *Hovudoppgåva i vår tid. «Venstre»-barnestrekar og den småbor- garlege mentaliteten* (1918), sjå Lenin, *Samla verk*, eng. utg., b. 27, s. 323—54. — *Red.*

inn). 3. Privatkapitalisme. 4. Statskapitalisme. 5. Sosialisme.» Alle desse økonomiske elementa fanst i Russland på den tida. Eg sette meg føre å forklåra kva tilhøve desse elementa stod i til kvarandre, og kor vidt eitt av dei ikkje-sosialistiske elementa, nemleg statskapitalismen, ikkje måtte setjast i høgare klasse enn sosialismen. Eg tek opp att: Det synest svært merkverdig for alle at eit ikkje-sosialistisk element skulle kunne setjast i høgare klasse, og reknast for å stå over sosialismen i ein republikk som sjølv kunngjer at han er ein sosialistisk republikk. Men kjensgjerninga vil verta forståeleg om de minnest at vi så avgjort ikkje rekna det økonomiske systemet i Russland som noko einsarta og høgt utvikla. Vi var fullt klår over at i Russland hadde vi patriarkalsk jordbruk, dvs. den mest primitive forma for jordbruk, ved sida av den sosialistiske forma. Kva rolle kunne statskapitalismen spela under desse omstenda?

Eg spurte meg så kva for eitt av desse elementa som dominerte. Det var klårt at det småborgarlege elementet dominerer i eit småborgarleg miljø. Eg fekk då greitt føre meg at det småborgarlege elementet dominerte, det var umogleg å sjå annleis på det. Spørsmålet eg då stilte meg — dette var i ein særskilt diskusjon som ikkje har noko å gjera med stoda no — var dette: Kva haldning tek vi til statskapitalismen? Og eg svara: Sjølv om det ikkje er noka sosialistisk form, ville statskapitalismen for oss og for Russland vera ei meir tenleg form enn den som då var. Kva syner dette? Det syner at vi korkje overvurderte kimane eller prinsippa for ein sosialistisk økonomi, jamvel om vi alt hadde fullført den sosiale revolusjonen. Tvert om, på den tida skjøna vi alt til ei viss mon at det ville vera betre om vi fyrst nådde fram til statskapitalismen, og fyrst etter det til sosialismen.

Eg må leggja særskilt vekt på dette, fordi eg reknar med at det er det einaste utgangspunktet vi kan ta, for det fyrste for å forklåra korleis den økonomiske politikken nett no er, og for det andre for å dra svært viktige praktiske konklusjonar for Den kommunistiske in-

ternasjonalen. Eg ynskjer ikkje å ymta frampå om at vi hadde ein ferdiglaga retrettplan den gongen. Det var ikkje tilfelle. Desse stutte linene som var sette fram i ein diskusjon var ikkje på nokon måte nokon retrettplan. Til dømes nemnde dei ikkje noko i det heile om handelsfridomen — eit svært viktig punkt, som har grunnleggjande verdi for statskapitalismen. Like fullt inneheldt dei ein allmenn tanke om tilbaketrekking, sjølv om han var uklår. Eg trur vi bør bita oss merke i det, ikkje berre ut ifrå synsstaden til eit land med eit økonomisk system som var, og til denne dag er, svært tilbakeliggjande, men òg frå synsstaden til Den kommunistiske internasjonale og dei framskridne vesteuropeiske landa. Til dømes er vi nett no opptekne med å setja opp eit program. Eg trur personleg at det ville vera det beste å berre føra ein allmenn diskusjon om alle programma, få den fyrste høyringa så å seia, og få dei prenta, men ikkje ta noka endeleg avgjerd no dette året. Kvifor? I fyrste rekkje sjølvsagt fordi eg ikkje trur vi har tenkt tilstrekkeleg igjennom dei alle i detalj, men òg fordi vi knapt har tenkt i det heile på ei mogleg tilbaketrekking og på å bu oss på henne. Like fullt er dette eit spørsmål vi må vera avgjort merksame på når vi ser det ut ifrå slike grunnleggjande forandringar i verda som å styrta kapitalismen og å byggja sosialismen med alle dei uhorvelege vanskane det tyder. Vi må ikkje berre vita korleis vi skal gå fram når vi går rett over på offensiven og sigrar. I revolusjonære tider er ikkje det så vanskeleg og heller ikkje så svært viktig, i det minste er det ikkje det mest avgjerande. Det kjem alltid tidspunkt i ein revolusjon då motstandaren tapar hovudet. Og går vi til åtak på han på eit slikt tidspunkt, kan vi vinna ein lett siger. Men det er ikkje noko, for om fienden vår har nok kraft til å halda ut, kan han samla styrkane sine på førehand, og så frametter. Han kan lett provosera oss til å gå til åtak på seg, og så kasta oss mange år attende. Av denne grunnen trur eg at tanken om å bu seg på eit tilbaketog er svært viktig, og ikkje berre frå ein teoretisk

synsstad. Ut frå ein praktisk synsstad må òg alle dei partia som bur seg på å gå til beinveges offensiv mot kapitalismen i nær framtid, no tenkja over problemet med å bu seg på eit mogleg tilbaketog. Eg trur ikkje det vil vera til skade for oss å få denne lærdomen i lag med alle dei andre lærdomane røynslene frå revolusjonen vår gjev. Tvert om kan det syna seg gagnleg i mange høve.

Når eg no har streka under at vi så tidleg som i 1918 såg på statskapitalismen som ein mogleg veg å dra seg attende, skal eg ta for meg resultata av den nye økonomiske politikken vår. Eg tek opp att: På den tida var dette framleis ein svært uklår tanke, men i 1921, etter at vi hadde gått igjennom den viktigaste etappen i borgarkrigen — og kome gjennom han med siger — fekk vi kjenna presset frå ei alvorleg, eg trur det var den mest alvorlege, indre politiske krise i Sovjet-Russland. Denne indre krise fekk fram i lyset misnøye ikkje berre mellom ein monaleg del av bøndene, men og mellom arbeidarane. Dette var den fyrste, og eg vonar den siste gongen i historia til Sovjet-Russland at store bondemassar hadde motvilje mot oss, om ikkje medvite så instinktivt. Kva var det som gav opphav til denne særmerkte stoda som sjølv sagt ikkje var særleg triveleg for oss? Årsaka var at vi hadde rykt for langt framover i den økonomiske offensiven vår. Vi hadde ikkje sikra oss ein tilstrekkeleg basis. Massane hadde ei kjensle av noko vi sjølv enno ikkje var i stand til å formulera medvite — men som vi gjekk med på snart etterpå, nokre veker seinare — nemleg at den beinveges overgangen til reine sosialistiske former, til rein sosialistisk fordeling, låg bortanfor den tilgjengelege styrken vår. Dersom vi ikkje makta gjennomføra ei tilbaketrekking slik at vi kunne avgrensa oss til enklare oppgåver, ville vi stå framfor ein katastrofe. Krise tok til i februar 1921, trur eg. Våren det året vedtok vi samrøystes å gå over til den nye økonomiske politikken — eg kunne ikkje sjå noka nemnande usemje mellom oss i dette spørsmålet. No mot slutten av 1922, etter halvtanna år, er vi i stand til å

gjera visse samanlikningar. Kva har hendt? Korleis har vi gjort det i denne tida på meir enn halvtanna år? Kva er resultatet? Har denne tilbaketrekkinga vore til noko nytte for oss? Har ho verkeleg berga oss, eller er resultatet enno ikkje avgjort? Dette er det viktigaste spørsmålet eg stilte meg, og eg trur dette hovudspørsmålet òg er mellom dei aller viktigaste for alle kommunistpartia. For dersom svaret er negativt, er vi alle dømde til undergang. Eg trur vi alle med reint samvit kan svara positivt på dette spørsmålet, nemleg at det siste halvtanna året gjev positivt og fullstendig prov for at vi har stått til denne prøva.

Eg vil no freista prova dette. For å gjera det må eg stutt nemna opp alle dei delane økonomien vår er sett saman av.

Fyrst og fremst vil eg ta for meg finanssystemet vårt og den vidgjetne russiske rubelen. Eg trur vi kan seia at russiske rublar er vidgjetne, om ikkje for anna så fordi det no er over ein kvadrillion av dei i omlaup. (*Latter.*) Det er da noko! Det er eit astronomisk tal. Eg er viss på at ikkje alle her veit kva som ligg i dette talet. (*Allmenn latter.*) Men vi trur ikkje talet er så svært viktig jamvel sett frå synsstad til den økonomiske vitskapen, for nullane kan alltid strykast over. (*Latter.*) Vi har alt oppnådd eit par saker i denne kunsten, som på same måten ikkje er det minste viktig sett frå ein økonomisk synsstad, og eg er viss på at vi vil oppnå langt meir i dei vidare hendingane. Men det som verkeleg er viktig er spørsmålet om å stabilisera rubelen. Vi strevar no med dette problemet, dei beste kreftene våre arbeider med det, og vi ser det som avgjerande viktig. Dersom vi lykkast i å stabilisera rubelen i lengre tid, og så for all tid, vil det prova at vi har vunne. I så fall vil ikkje alle desse astronomiske tala, desse trillionane og kvadrillionane, ha hatt det minste å seia. Vi vil då verta i stand til å gje økonomien vår eit fast grunnlag og å utvikla han vidare på fast grunnlag. I dette spørsmålet trur eg eg kan leggja fram nokre temmeleg viktige og avgjerande opplys-

ningar. I 1921 var kursen på papirrubelen stabil i mindre enn tre måneder. Dette året, 1922, som enno ikkje er ferdig, har kursen lege stabil i over fem måneder. Eg trur dette provet er tilstrekkeleg. Om de krev vitskaplege prov for at vi kjem til å løysa dette problemet fullt ut, er dette sjølvsagt ikkje tilstrekkeleg. Men eg trur ikkje det i det heile er mogleg å prova dette fullstendig og endeleg. Dei opplysningane eg har gjeve att syner at mellom siste året, då vi tok til med den nye økonomiske politikken, og i dag, har vi alt lært å gjera framgang. Sidan vi har lært det, er eg viss på at vi vil læra å gjera vidare framgang langs denne vegen, føresett at vi let vera å gjera noko veldig dumt. Men det viktigaste er handel, nemleg vareomsetninga, noko som er vesentleg for oss. Og sidan vi har greidd opp med dette problemet i to år, trass i at vi har vore i krigstilstand (for som de veit vann vi fyrst attende Vladivostok for nokre veker sidan), og trass i den kjensgjerninga at vi fyrst no er i stand til å gå verkeleg systematisk framover med den økonomiske verksemda vår — sidan vi har lykkast i å halda kursen på papirrubelen stabil i fem måneder i staden for berre i tre, trur eg eg kan seia at vi har grunn til å vera nøgde. Trass i alt står vi åleine. Vi har ikkje fått noko lån, og vi får ingen no. Vi har ikkje fått noka hjelp av nokon av dei mektige kapitalistlanda, som organiserer den kapitalistiske økonomien så «strålende» at dei ikkje veit til denne dag kva veg dei går. Gjennom Versaillestraktaten har dei skapt eit finanssystem som dei sjølve ikkje kan finna att eller fram på. Dersom desse store kapitalistiske landa styrer sakene på denne måten, trur eg at vi, tilbakeliggjande og utan utdanning som vi er, kan vera nøgde med den kjensgjerninga at vi har gripe det viktigaste: nemleg vilkåra for å stabilisera rubelen. Dette er ikkje prova gjennom teoretiske analyser, men gjennom praktisk røynsle, som etter mitt syn er viktigare enn alle dei teoretiske diskusjonane i verda. Praksis syner at vi har oppnådd avgjerande resultat på dette området, såleis at vi tek til å skuva økonomien vår

fram mot å stabilisera rubelen, noko som er overlag viktig for handelen, for fri vareomsetning for bøndene og for dei store massane av småprodusentar.

No kjem eg til dei sosiale målsettingane våre. Den viktigaste faktoren er sjølvsgt bøndene. I 1921 rådde det tvillaust misnøye mellom ein svært stor del av bøndene. Så kom hungersnauda. Dette vart den vanskelegaste prøva for bøndene. Sjølvsgt skreik alle fiendane våre utanlands: «Sjå, dette vert resultatet av den sosialistiske økonomien.» Naturleg nok sa dei sjølvsgt ingen ting om at hungersnauda i røynda var det fælslege resultatet av borgarkrigen. Alle godseigarane og kapitalistene som hadde sett i gang offensiven mot oss i 1918, freista å få det til at hungersnauda var resultatet av den sosialistiske økonomien. Hungersnauda var verkeleg ein stor og alvorleg katastrofe som truga med å gjera til inkjes resultata av alt det organisatoriske og revolusjonære strevet vårt.

Og så, spør eg no, etter denne uventa katastrofen som vi ikkje har hatt maken til, kva er stillinga i dag etter at vi har innført den nye økonomiske politikken, etter at vi har gjeve bøndene fridom til å driva handel? Svaret er klårt og opplagt for alle. På eitt år har bøndene ikkje berre kome over hungersnauda, men dei har betalt så mykje naturalskatt at vi alt har fått inn hundremillionvis pud korn, og det nestan utan at nokon tvangsmiddel er nytta. Bondeoppreistar, som tidlegare, før 1921, så å seia var ei daglegdags hending i Russland, er det mest heilt slutt med. Bøndene er nøgde med den stoda dei har no. Det kan vi trygt hevda. Vi trur dette provet er viktigare enn noka mengd med statistiske prov. Ingen set spørsmål ved den kjensgjerninga at bøndene er ein avgjerande faktor i landet vårt. Og stillinga til bøndene er no slik at vi ikkje har grunn til å vera redde noka rørsle mot oss frå den kanten. Vi seier dette heilt medvite, utan å overdriva. Dette har vi alt oppnådd. Bøndene kan vera misnøgde med ei eller anna side med arbeidet til styresmaktene våre. Dei kan klaga

over det. Dette er sjølvsagt mogleg og uunngåeleg, for statsmaskineriet vårt og den statsdrivne økonomien vår er enno for lite effektiv til å unngå det. Men at bøndene som heilskap er noko alvorleg misnøgde med oss, er det ikkje tale om. Dette har vi oppnådd på eitt år. Eg trur det alt er ein temmeleg god del.

No kjem eg til lettindustrien vår. I industrien må vi gjera eit skilje mellom tung og lett industri av di stoda innan dei er ulik. Når det gjeld lettindustrien kan eg trygt seia at det allment held på å koma nytt liv i han. Eg skal ikkje gå i detaljar. Det er ikkje mi oppgåve å gje att ein heil del statistikk. Men dette allmenne inntrykket grunnar seg på kjensgjerningar, og eg kan forvissa dykk om at det ikkje er grunna på noko usant eller unøyaktig. Vi kan tala om ei allmenn gjenoppliving i lettindustrien, og som fylgje av det ei klår betring i vilkåra for arbeidarane i Petrograd og Moskva. I andre distrikt kan ein sjå dette i mindre mon, for der dominerer tungindustrien. Så dette gjeld ikkje allment. Like fullt vil eg ta opp att at lettindustrien tvillaust er på veg oppover, og vilkåra for arbeidarane i Petrograd og Moskva har tvillaust betra seg. Våren 1921 var det misnøye mellom arbeidarane i båe desse byane. Det er avgjort ikkje tilfelle no. Vi som vaktar på vilkåra og stemninga hos arbeidarane frå dag til dag, gjer ingen feil på det feltet.

Det tredje spørsmålet gjeld tungindustrien. Eg må seia at stoda her framleis er alvorleg. Det kom ei viss vending til det betre i 1921—22, slik at vi kan vona stoda betrar seg i nær framtid. Vi har alt samla ein del av dei midla som trengst til det. I eit kapitalistisk land ville det trengast eit lån på hundrevis av millionar for å betra stoda i tungindustrien. Det ville ikkje vera mogleg med noka betring utan det. Den økonomiske historia til dei kapitalistiske landa syner at tungindustri i tilbakeligjande land berre kan utviklast med hjelp av langsiktige lån på hundrevis av millionar dollar eller gullrublar. Vi fekk ikkje slike lån, og til dess har vi ikkje fått noko.

Alt det som no vert skrive om konsesjonar og så frametter er ikkje verd stort meir enn papiret det er skrive på. Vi har nyleg skrive ein god del om dette, og særskilt om Urquhart-konsesjonen*. Like fullt trur eg konsesjonspolitikken vår er svært god. Men vi har ikkje slutta ein einaste lønsam konsesjonsavtale så langt. Eg bed dykk hugsa på det. Såleis er stoda i tungindustrien verkeleg eit svært alvorleg problem for det tilbakeliggjande landet vårt av di vi ikkje kan rekna med lån frå dei velståande landa. Trass i dette ser vi ei merkbar betring, og vi ser òg at handelen vår har skaffa oss noko kapital. Sant nok er det ein heller smålåten sum så langt — noko over tjue millionar gullrublar. I alle høve har det teke til. Handelen vår skaffar oss fond som vi kan nytta for å betra stoda for tungindustrien. Men nett no er tungindustrien vår framleis i store vanskar. Men eg trur det avgjerande omstendet er at vi alt er i den stillinga at vi kan spara noko. Og vi skal halda fram å spara. Vi må vera sparsame no, sjølv om det ofte skjer på kostnad av folkesetnaden. Vi freistar skjera ned på statsbudsjettet, skjera ned talet på tilsette i regjeringskontora. Seinare vil eg koma med nokre få ord om statsapparatet vårt. Under alle omstende må vi skjera ned på det. Vi må vera så sparsame som råd. Vi sparer på alt, jamvel når det gjeld skulane. Vi må gjera det, for vi veit at utan at vi bergar tungindustrien, utan at vi byggjer han opp att, vil vi ikkje verta i stand til å byggja opp nokon industri i det heile. Og utan industri vil vi gå under som eit sjølvstendig land. Dette skjønar vi svært godt.

Berginga for Russland ligg ikkje berre i ein god haust på bondegardane. Det er ikkje nok. Ho ligg heller ikkje berre i den gode tilstanden til lettindustrien, som syter for forbruksvarer til bøndene. Det er heller ikkje nok. Vi treng og tungindustri. Og å setja han i ein bra tilstand vil krevja fleire års arbeid.

* *Urquhart-konsesjonen* — sjå personregistret på John Urquhart.
— Red.

Tungindustri treng statssubsidiar. Er vi ikkje i stand til å gje dei, er vi dømd til undergang som sivilisert stat, for ikkje å seia som sosialistisk stat. I så måte har vi teke eit avgjerande steg. Vi har teke til å akkumulera dei fonda vi treng for å få tungindustrien på føtene. Sant nok overstig den summen vi har samla fram til no knapt tjue millionar gullrublar. Men i alle høve er denne summen tilgjengeleg, og han er øyremerka berre for å få liv i tungindustrien vår att.

Eg trur at som heilskap har eg gjort nett slik eg lova og gjeve eit stutt oversyn over dei viktigaste elementa i økonomien vår. Og eg har ei kjensle av at vi kan dra den konklusjonen av alt dette at den nye økonomiske politikken alt har gjeve utbytte. Vi har alt prov for at vi som stat er i stand til å driva handel, til å halda ved lag den sterke stillinga vår i jordbruk og industri, og å gjera framgang. Praktisk verksemd har prova dette. Eg trur det greier seg for oss nett no. Vi vert nøydde til å læra mykje, og vi har skjøna at vi enno har mykje å læra. Vi har hatt makta i fem år, og i desse fem åra har vi vore i krig. Vi har såleis hatt framgang.

Dette er forståeleg, for bøndene var på vår side. Sannsynlegvis kunne ingen ha stødd oss meir enn dei gjorde. Dei var merksame på at kvitegardistane hadde godseigarane bak seg, og dei hatar godseigarane meir enn noko anna her i verda. Det er grunnen til at bøndene stødde oss med all sin entusiasme og lojalitet. Det var ikkje vanskeleg å få bøndene til å forsvara oss mot kvitegardistane. Bøndene, som alltid hadde hata krig, gjorde alt som var mogleg for dei i krigen mot kvitegardistane, i borgarkrigen mot godseigarane. Men dette var ikkje alt, for i hovudsak var det berre eit spørsmål om kor vidt makta ville liggja i hendene på godseigarane eller på bøndene. Det var ikkje nok for oss. Bøndene veit at vi har gripe makta for arbeidarane og at målet vårt er å bruka denne makta for å oppretta det sosialistiske systemet. Difor var det viktigaste for oss å leggja det økonomiske grunnlaget for den sosialistiske økono-

mien. Vi kunne ikkje gjera det beinveges. Vi måtte gjera det med omvegar. Den statskapitalismen vi har innført i landet vårt er av eit særskilt slag. Han samsvarar ikkje med det vi vanlegvis meiner med statskapitalisme. Vi har hand om alle nøkkelposisjonane. Vi har hand om jorda, ho tilhøyrrer staten. Dette er sær s viktig, jamvel om motstandarane våre freistar få det til at det ikkje er viktig i det heile. Det er ikkje sant. Den kjensgjerninga at jorda tilhøyrrer staten er sær s viktig, og økonomisk har det og stor praktisk tyding. Dette har vi oppnådd, og eg må seia at all verksemda vår for framtida bør utvikla seg innan denne rama. Vi har alt lykkast i å gjera bøndene nøgde og i å setja nytt liv i både industri og handel. Eg har alt sagt at statskapitalismen vår skil seg frå statskapitalismen i den bokstavelege tydinga av omgrepet med di den proletariske staten vår ikkje berre eig jorda, men og alle dei viktige industrigreinene. Til å byrja med har vi berre leigd ut ei viss mengd av dei små og mellomstore fabrikkane, men heile resten er på våre hender. Når det gjeld handelen, ynskjer eg endå ein gong å streka under at vi freistar skipa blanda selskap, at vi alt held på å skipa dei, dvs. selskap der ein del av kapitalen tilhøyrrer private kapitalistar — og det jamvel utanlandske kapitalistar — og den andre delen tilhøyrrer staten. For det fyrste lærer vi på denne måten korleis vi skal driva handel, og det er det vi treng. For det andre er vi alltid i den stillinga at vi kan oppløysa desse selskapa om vi finn det naudsynt, og difor tek vi ingen risiko så å seia. Vi lærer av privatkapitalistane og ser oss rundt for å sjå korleis vi kan gå frametter og kva feil vi gjer. Det ser ut for meg som eg ikkje treng seia meir.

Eg kunne likevel enno ha hug til å ta for meg ein del mindre punkt. Utan tvil har vi gjort og vil enno gjera ei mengd dumme ting. Ingen kan døma og sjå dette betre enn eg. (*Latter.*) Kvifor gjer vi desse dumme tinga? Grunnen er klår: for det fyrste fordi vi er eit tilbakeliggjande land. For det andre fordi utdanninga i landet vårt ligg på eit lågt nivå. Og for det tredje fordi vi ikkje

får noka hjelp utanfrå. Ikkje eit einaste sivilisert land hjelper oss. Tvert om arbeider dei alle mot oss. For det fjerde ligg skulda hos statsmaskineriet vårt. Vi tok over det gamle statsmaskineriet, og det var ulykka for oss. Svært ofte arbeider dette maskineriet imot oss. I 1917, etter at vi tok makta, saboterte dei offentlege tenestemennene oss. Dette skremde oss svært, og vi bad: «Ver så snill å koma attende.» Dei kom alle attende, men det var ulykka for oss. No har vi ein veldig hær av offentlig tilsette, men vi manglar tilstrekkeleg utdanna styrkar til å utøva verkeleg kontroll med dei. I praksis hender det ofte at her på toppen der vi har den politiske makta, fungerer maskinen på eit vis. Men lenger nede har offentlig tilsette vilkårleg kontroll, og dei utøvar han ofte på ein slik måte at det verkar imot åtgjerdene våre. På toppen har vi — eg veit ikkje kor mange, men i alle høve trur eg ikkje meir enn nokre få tusen, utanfor har vi fleire titusen av våre eigne folk. Men lenger nede er det hundretusenvis av gamle tenestemenn som vi fekk frå tsaren og frå det borgarlege samfunnet og som delvis medvite og delvis umedvite arbeider imot oss. Det er klårt at ingen ting kan gjerast på dette området over natta. Det trengst mange års hardt arbeid for å betra på maskineriet, for å forma det om, og verva nye styrkar. Vi gjer dette bra snøgt, kan hende for snøgt. Det er skipa sovjetskular og arbeidarfakultet, nokre hundretusen unge menneske studerer, dei studerer kan hende for snøgt, men i alle høve er det gjort ein opptakt, og eg trur dette arbeidet vil bera frukter. Dersom vi ikkje arbeider med alt for stor hast, vil vi om nokre års tid ha ei stor gruppe unge menneske som er i stand til å overhala statsapparatet vårt grundig.

Eg har sagt at vi har gjort ei mengd dumme ting, men eg må òg seia eit ord eller to i så måte om fiendane våre. Om fiendane våre klandrar oss og seier at Lenin sjølv vedgår at bolsjevikane har gjort ei mengd dumme ting, ynskjer eg å svara til det: Ja, men de veit, dei dumme tinga vi har gjort er like fullt svært ulike dei dumme tin-

ga de har gjort. Vi har fyrst nyleg teke til å læra, men vi lærer så metodisk at vi er visse på å få gode resultat. Men sidan fiendane våre, dvs. kapitalistane og heltane i Den andre internasjonale, legg vekt på dei dumme tinga vi har gjort, tek eg meg den fridomen for jamføringa si skuld å sita det ein høgt prisa russisk forfattar har sagt, og forma om på det slik at det lyder: Om bolsjevikane gjer dumme ting, seier bolsjevikane: «To gonger to er fem.» Men når fiendane deira, dvs. kapitalistane og heltane i Den andre internasjonale, gjer dumme ting, då lyder det: «To gonger to vert eit talglys.»⁴³ Dette er lett å prova. Ta til dømes den avtalen USA, Storbritannia, Frankrike og Japan slutta med Koltssjak. Eg spør dykk: Finst det nokre meir opplyste og mektigare land i verda? Men kva hende? Dei lova å hjelpa Koltssjak utan å vurdera, utan å tenkja etter, og utan å sjå seg føre. Det enda med fiasko, noko eg synest det er vanskeleg å gripa for menneskeleg forstand.

Eller ta eit anna døme, eit som ligg nærare og er viktigare: Versaillestraktaten. Eg spør dykk: Kva har «stor»-maktene som har «hylla seg inn med heider» gjort? Korleis vil dei finna ein veg ut av dette kaoset og forvirringa? Eg trur ikkje det vil vera noka overdriving å ta opp att at dei dumme tinga vi har gjort ikkje er noko jamført med dei som er gjort i samla lag av dei kapitalistiske landa, den kapitalistiske verda og Den andre internasjonale. Dette er grunnen til at eg trur utsiktene for verdsrevolusjonen — eit emne eg må koma inn på som stuttast — er gode. Og under føresetnad av eit visst særskilt vilkår, trur eg dei vil verta endå betre. Eg har hug til å seia eit par ord om dette.

På den tredje kongressen i 1921 vedtok vi ein resolusjon om oppbygginga av organisasjonen til kommunistpartia og om metodane og innhaldet i verksemda deira. Resolusjonen er framifrå, men han er så å seia fullstendig russisk, det vil seia at alt i han grunnar seg på russiske tilhøve. Dette er den gode sida ved han, men det er òg den veike sida. Det er den veike sida av di eg er viss

på at ingen utlending kan lesa han. Eg har lese han opp att før eg seier dette. For det fyrste er han for lang, med femti eller fleire punkt. Utlendingar er til vanleg ikkje i stand til å lesa slikt. For det andre vil dei ikkje forstå han sjølv om dei les han fordi han er for russisk. Ikkje av di han er skriven på russisk — han er framifrå omsett til alle språk — men fordi han er fullstendig gjennomsyra med den russiske ånda. Og for det tredje, om nokre utlendingar reint unntaksvis verkeleg forstå han, kan dei ikkje setja han ut i livet. Det er den tredje veikskapen. Eg har snakka med nokre av dei utanlandske delegatane, og eg vonar eg får diskutert sakene i detalj med mange delegatar frå ulike land no på kongressen, sjølv om eg ikkje kjem til å ta del i forhandlingane, for diverre er det umogleg for meg å gjera det. Eg har inntrykk av at vi gjorde eit stort mistak med denne resolusjonen, nemleg at vi stengde vegen for oss sjølve til vidare framgang. Som eg alt har sagt er resolusjonen framifrå sett opp. Eg er budd på å skriva under på kvart einaste eitt av dei femti eller fleire punkta. Men vi har ikkje lært korleis vi skal leggja fram den russiske røynsla vår for utlendingar. Alt som vart sagt i resolusjonen har vorte liggjande som daude ord. Om vi ikkje skjønar dette, vil vi ikkje verta i stand til å koma framover. Eg trur at etter fem år med revolusjon i Russland, er det aller viktigaste for oss alle, for russiske så vel som for utanlandske kameratar, å setja seg ned å studera. Fyrst no har vi fått høve til å gjera det. Eg veit ikkje kor lenge dette høvet vil vara. Eg veit ikkje kor lenge dei kapitalistiske maktene vil gje oss høve til å studera i fred. Men vi må dra nytte av kvar einaste augeblink med pusterom frå kampen, frå krigen, til å studera, og å studera frå grunnen av.

Heile partiet og alle lag av folkesetnaden i Russland provar dette gjennom at dei tyrstar etter kunnskap. Dette harde arbeidet for å læra syner at den viktigaste oppgåva vår i dag er å studera og studera hardt. Dei utanlandske kameratane våre må og studera. Eg meiner

ikkje at dei må læra seg å lesa og skriva og å skjøna det dei les, slik vi framleis er nøydde til. Det går ein diskusjon om kor vidt dette har å gjera med proletarisk eller borgarleg kultur. Eg skal la det spørsmålet stå ope. Men eitt er sikkert: Vi må ta til med å læra å lesa og skriva og å skjøna det vi les. Utlendingar treng ikkje det. Dei treng noko som går vidare: I fyrste rekkje må dei mellom anna læra seg å forstå det vi har skrive om oppbygginga av organisasjonen til kommunistpartia, og det dei utanlandske kameratane har skrive under på utan å lesa det og forstå det. Dette må vera fyrste oppgåva deira. Denne resolusjonen må setjast ut i livet. Han kan ikkje setjast ut i livet over natta, det er fullstendig umogleg. Resolusjonen er for russisk, han speglar att russisk røynsle. Det er grunnen til at han er fullstendig uforståeleg for utlendingar, og dei kan ikkje vera nøgde med å henga han i eit hjørne liksom ein ikon* og be til han. Ein oppnår ingen ting på det viset. Dei må tileigna seg delar av den russiske røynsla. Nett korleis det skal gjerast veit eg ikkje. Fascistane i Italia kan t.d. gjera oss ei stor teneste med å visa italienarane at dei ikkje er tilstrekkeleg opplyste, og at landet deira enno ikkje er tryggja mot dei svarte hundre⁴⁴. Kan hende vil det vera svært nyttig. Vi russarar må òg finna måtar og middel for å forklara prinsippa i denne resolusjonen til utlendingane. Utan at vi gjer det vil det verta fullstendig umogleg for dei å setja han ut i livet. Eg er viss på at i samband med dette må vi ikkje berre fortelja russarane, men òg dei utanlandske kameratane, at det aller viktigaste i den tida vi no går inn i er å studera. Vi studerer i den allmenne tydinga av det. Men dei må studera i den særskilte tydinga, slik at dei verkeleg kan forstå organisasjonen, oppbygginga, metodane og innhaldet i det revolusjonære arbeidet. Gjer dei det, er eg viss på at ut-

* *Ikon* — helgenbilete malt på tjukk treplate utan innramming, vanleg i den øst-romerske kyrkja. — *Red.*

siktene for verdsrevolusjonen ikkje berre vil vera gode, men framifrå. (*Stormande, langvarig applaus. Rop med «Lenge leve vår kamerat Lenin!» framkallar nye stormande ovasjonar.*)

Pravda

Nr. 258, 15. november 1922

Prenta i samsvar

med teksten i

Melding frå den fjerde kongressen til

Den kommunistiske internasjonale

Nr. 8, 16. november 1922.

Etter gjennomgang av dei tyske stenografiske notata retta opp av Lenin.

MERKNADER OM OPPGÅVENE TIL DELEGASJONEN VÅR I HAAG⁴⁵

Når det gjeld spørsmålet om å kjempa mot krigsfaren i samband med konferansen i Haag, trur eg største vansken ligg i å overvinna den fordomen at dette er eit enkelt, klårt og etter måten lett spørsmål.

«Vi skal slå tilbake mot krigen med streik eller revolusjon», dette er det alle dei framståande reformistiske leiarane til vanleg seier til arbeidarklassen. Og svært ofte vil det at dei åtgjerdene det vert gjort framlegg om tilsynelatande er radikale, tilfredsstilla og logna arbeidarane, kooperatørane og bøndene.

Kan hende ville den rettaste metoden vera å ta til med å visa attende dette synet på det skarpaste, å kunngjera at særskilt no etter den krigen som nyleg har vore, vil berre dei som er mest toskete eller heilt ut uærlege hevda at eit slikt svar på spørsmålet om å kjempa mot krigen har nokon verdi, å kunngjera at det er umogleg å «slå tilbake» mot ein krig med ein streik, like eins som det er umogleg å «slå tilbake» mot ein krig med revolusjon i den enkle og bokstavlege tydinga av desse omgrepa.

Vi må forklåra den verkelege stoda for folket, syna dei at krigen vert klekt ut under den største løyndom, og at sjølv om dei kallar seg revolusjonære organisasjonar, er dei vanlege arbeidarorganisasjonane heilt ut hjelpelause andsynes ein krig som verkeleg står for døra.

Vi må forklåra om att og om att for folket på den mest konkrete måten som går an korleis sakene stod un-

der siste krigen, og kvifor dei ikkje kunne ha vore ann-
leis.

Vi må leggja særskilt vinn på å forklåra at spørsmålet om «forsvar av fedrelandet» uunngåeleg vil reisa seg, og at det overveldande fleirtalet av det arbeidande folket uunngåeleg vil ta standpunkt til fordel for borgarskapet sitt.

Difor er det for det fyrste naudsynt å forklåra kva «forsvar av fedrelandet» tyder. For det andre er det i samband med dette naudsynt å forklåra kva «defaitisme»* tyder. Til sist må vi forklåra at den einaste moglege måten å kjempa mot krigen på er å halda oppe eksisterande og å skipa nye illegale organisasjonar der alle revolusjonære som tek del i krigen held fram med *langvarig* verksemd mot krigen. Alt dette må setjast i grunn.

Boikott krigen — det er eit tåpeleg slagord. Kommunistar må ta del i alle krigar, jamvel dei mest reaksjonære.

Døme frå lat oss seia tysk førkrigslitteratur, og særskilt dømet med kongressen i Basel i 1912, bør nyttast som særleg konkret prov for at det å vedgå teoretisk at krig er kriminelt, at sosialistar ikkje kan gå med på krig osv., syner seg vera tomme frasar av di det ikkje er noko konkret i dei. Massane får ikkje noko verkeleg levande inntrykk av korleis krigen kan og vil koma inn over dei. Tvert om tilslørar den dominerande pressa dette spørsmålet dagleg i uendeleg mange eksemplar. Ho spinn slike lygner kring det at den svake sosialistiske pressa vert heilt makteslaus mot det, og det endå meir fordi ho jamvel i fredstid held fram grunnleggjande feil synspunkt på dette punktet. Mest truleg vil den kommunistiske pressa i dei fleste landa òg skjemma seg ut.

Eg trur delegatane våre på Den internasjonale kongressen for kooperatørar og fagforeiningsfolk må for-

* *Defaitisme* — tru på at ein sjølv og det ein står for vil li nederlag.
— Red.

dela oppgåvene mellom seg og avsløra alt spelet med ord som vert lagt fram no for tida for å rettferdiggjera krigen.

Dette spelet med ord er kan hende den viktigaste framgangsmåten den borgarlege pressa nyttar for å samla massane om å stø krigen. Og hovudgrunnen til at vi står så makteslause andsynes krigen er anten at vi ikkje avslører dette spelet med ord på førehand, eller endå meir at vi i same ånd som Baselmanifestet i 1912 feiar ho til sides med den billege, skrytande og heilt ut tomme frasen at vi ikkje vil tillata at krigen bryt ut, at vi forstår fullt ut at krig er eit brotsverk, osv.

Eg trur at om vi har nokre folk på Haag-konferansen som er i stand til å halda talar mot krigen på ymse språk, ville det viktigaste vera å visa attende den oppfatninga at delegatane på konferansen er imot krig, at dei forstår korleis krigen kan og vil koma inn over dei den augeblinken dei minst ventar det, at dei i ei viss mon skjønar kva metodar som bør nyttast for å kjempa mot krigen, at dei i ei viss mon er i den stillinga at dei kan setja i verk fornuftige og effektive åtgjerder for å kjempa mot krigen.

Vi må nytta røynslene frå siste krigen for å illustrera dette poenget, og forklåra kva for ei mengd med både teoretiske og praktiske spørsmål som vil dukka opp straks det er kunngjort krig, og at det store fleirtalet av dei mennene som er kalla inn til militærteneste ikkje får noko høve til å undersøka desse spørsmåla med nokolunde klårt hovud eller på samvitsfullt og fordomsfritt vis.

Eg trur dette spørsmålet må forklårast uvanleg utførelig, og på to måtar:

For det fyrste må ein skildra og analysera det som hende under siste krigen og fortelja alle som er til stades at dei er uvitande om det eller lest som om dei kjenner til det, men i røynda let att augo for det som er sjølvkjernen i det spørsmålet ein må forstå om det verkeleg skal gjerast nokon innsats for å kjempa mot krigen. På

dette punktet trur eg det er naudsynt å gå igjennom alle dei synsmåtane og nyansane i synsmåtar som dukka opp mellom russiske sosialistar når det galdt siste krigen. Vi må syna at desse meiningsnyansane ikkje kom fram tilfeldig, men kom av sjølve naturen til dei moderne krigane i det heile. Vi må prova at utan at ein analyserer desse synsmåtane, utan at ein gjer klårt kvifor dei uunngåeleg må koma fram, og kvifor dei er avgjerande viktige når det gjeld å kjempa mot krigen — utan ein slik analyse er det fullstendig umogleg å førebu seg på noko slags vis på krigen eller jamvel å ta noka meiningsfull stilling til han.

For det andre må vi ta dei konfliktane som er oppe nett no, jamvel dei minst viktige, for å gjera det klårt at krigen kan bryta ut kva dag som helst som fylgje av ei usemje mellom Storbritannia og Frankrike om eit eller anna punkt i avtalen deira med Tyrkia, eller mellom USA og Japan om ei eller anna triviell usemje om eit-kvart problem i Stillehavet, eller mellom kven som helst av stormaktene om koloniar, tollspørsmål, allmenn handelspolitikk, osb., osb. Det synest for meg som at dersom det var den minste tvil om at vi i Haag ville kunne seia alt vi ynskte mot krigen heilt fritt, då skulle vi vurderer ymse knep som kan gjera det mogleg for oss å seia i det minste det som er mest viktig og å gje ut i brosjyreform det som ikkje kunne seiast. Vi må ta vågningen på at talaren vår vert stoppa av ordstyraren.

Eg trur at av same grunn skal delegasjonen ikkje berre ha med talarar som er i stand til og som har til oppgåve å halda talar mot krigen som heilskap, dvs. å leggja ut om alle hovudargumenta og alle vilkåra for å kjempa mot krigen, men òg ha med folk som kan alle dei tre viktigaste framandspråka, som skal ha til oppgåve å få i gang samtale med delegatane og få kunnskap om i kva mon dei skjønar hovudargumenta, i kva mon det trengst å vidareutvikla visse argument og å gje att visse døme.

Kan hende vil det vera nok på ein del spørsmål å ber-

re gje att kjensgjerningar frå siste krigen for å få fram alvorleg verknad. Kan hende kan ein berre få fram alvorleg verknad på ein del andre spørsmål med å forklåra dei konfliktane som finst i dag mellom dei ymse landa og kor sannsynleg det er at dei utviklar seg til væpna samanstøyt.

Apropos spørsmålet om å kjempa mot krigen, så hugsar eg at dei kommunistiske representantane våre har kome med ei rekkje fråsegner i nasjonalforsamlingane og utanfor nasjonalforsamlingane som inneheld uhyrleg ukorrekte og uhyrleg tankelause utsegner om dette emnet. Eg meiner desse fråsegnene, særleg om dei er komne etter krigen, må utsetjast for fast og nådelaus kritikk, og kvar og ein person som har kome med dei må nemnast med namn. Synet på desse talarane må komma fram på mildaste måte, særleg dersom omstenda krev det, men vi skal ikkje gå stilt forbi eit einaste tilfelle av dette slaget, for tankeløyse i dette spørsmålet er eit vonde som veg opp alle andre og ikkje kan takast lett på.

Det er gjort ei rekkje vedtak på arbeidarkongressar som er utilgjeveleg toskete og tankelause.

Alt materiale må straks samlast inn, og alle dei ulike delane og delemna i denne saka og heile «strategien» som skal fylgjast, må diskuterast grundig på ein kongress.

eit slikt spørsmål vil ikkje berre eit mistak, men òg at vi ikkje er grundige, vera utilgjeveleg.

4. desember 1922.

Fyrste gong prenta
i *Pravda* nr. 96,
26. april 1924
Underteikna: *Lenin*

Prenta i samsvar med
ein maskinskriven kopi
retta og underteikna av
Lenin.

BLAD FRÅ EI DAGBOK

Når det nyleg har kome ut ein rapport om lese- og skrivekunnskapen blant folkesetnaden i Russland på grunnlag av folketeljinga frå 1920 (*Lese- og skrivekunnskap i Russland*, utgjeve av Statistisk sentralråd, avdeling for offentleg utdanning, Moskva 1922), er det ei sær s viktig hending.

Nedanfor gjev eg att ein tabell frå denne rapporten om korleis det stod til med lese- og skrivekunnskapen blant folkesetnaden i Russland i 1897 og 1920.

	Lese- og skriveføre pr. 1 000					
	menn		kvinner		folkesetnaden	
	1897	1920	1897	1920	1897	1920
1. Europeisk Russland	326	422	136	255	229	330
2. Nord-Kaukasus	241	357	56	215	150	281
3. Sibir (vest)	170	307	46	134	108	218
Samla gjennomsnitt	318	409	131	244	223	319

I ei tid då vi preikar om proletarisk kultur og kva tilhøve han står i til borgarleg kultur, avslører kjensgjerningar og tal at det står heller dårleg til jamvel når det gjeld borgarleg kultur. Nett slik ein kunne venta, ser det ut for at vi framleis har svært langt att før alle kan lesa og skriva, og at framgangen vår har gått alt for sakte jamvel når ein jamfører med tsartida (1897). Dette bør tena som ei streng åtvaring og klandring mot dei som har sveva i dei høgaste sfærane til den «proletariske

kulturen». Det syner kva for ei veldig mengd påtvingande grovarbeid vi enno må gjera for å nå nivået til eit vanleg vesteuropeisk sivilisert land. Det syner og kva for ei veldig arbeidsmengd vi må gjera i dag for å nå fram til noko som liknar ein eigenleg kulturell standard på grunnlag av dei proletariske vinningane våre.

Vi må ikkje avgrensa oss til denne tvillause, men alt for teoretiske påstanden. Alt neste gong vi set opp kvar-talsbudsjettet vårt må vi ta opp denne saka også på ein praktisk måte. I fyrste rekkje vil vi sjølv sagt måtte skjera ned på utgiftene til andre administrative organ enn folkekommissariatet for utdanning, og dei summane som vert frigjevne på den måten må øyremerkast for det dei sist nemnde treng. I eit år som dette, då vi har etter måten godt med tilførsler, må vi ikkje vera sparsame med å auka brødrasjonane til skulelærarane.

Allment sett kan det ikkje seiast at det arbeidet som no vert gjort med den offentlege utdanninga er for snevert. Det er gjort temmeleg mykje for å ruska opp i dei gamle lærarane, for å få dei opptekne av dei nye problema, for å vekke interessa deira for nye opplæringsmetodar, og for slike problem som religion.

Men vi gjer ikkje det som er hovudsaka. Vi gjer ingenting — heller langt frå nok — for å få skulelærarane opp på det nivået som er heilt vesentleg om vi ynskjer noko kultur i det heile, det vere seg proletarisk eller jamvel borgarleg. Vi må ha i minnet den halvasiatiske fåkunna som vi enno ikkje har fridd oss ut av, og som vi ikkje kan fri oss ut av utan trottig arbeid, sjølv om vi har alle høve til å gjera det. For ingen stad er folkemassane så interesserte i verkeleg kultur som dei er i vårt land. Ingen stad vert problema med denne kulturen møtte så grundig og så heilskapleg som i vårt land, ikkje i noko anna land ligg statsmakta i hendene på arbeidarklassen, som heilskapleg sett er fullt klår over veikskapane, eg vil ikkje seia ved kulturen sin, men ved lese- og skrivekunnskapen sin. Ingen stad er arbeidarklassen så budd på å gje, og ingen stad gjev han faktisk slike of-

fer for å betra stillinga si på dette området som i vårt land.

Enno vert det gjort for lite, alt for lite, for å tilpassa statsbudsjettet vårt til som ei fyrste åtgjerd å tilfredsstilla krava til grunnleggjande offentleg utdanning. Jamvel i folkekommissariatet for utdanning finn vi alt for ofte personalgrupper som har esa skammeleg ut i eit eller anna statleg forlagsføretak. Dette er stikk imot den tanken at staten i fyrste rekkje ikkje treng bry seg med forlagsverksemd, men om at det finst folk som kan lesa, at talet på folk som er i stand til å lesa vert større, slik at bokutgjeving får eit vidare politisk verkefelt i framtidas Russland. Som fylgje av dei gamle (og dårlege) vanane, nyttar vi framleis langt meir tid og arbeid på tekniske spørsmål, slik som spørsmålet om bokutgjeving, enn på det allmenne politiske spørsmålet om lese- og skrivekunnskapen mellom folket.

Om vi tek for oss sentralrådet for yrkesutdanninga, kan vi vera viss på at vi der og vil finna alt for mykje som er overflødig og har esa ut av sektorinteresser, mykje som er mistilpassa til dei krava brei offentleg utdanning stiller. På langt nær alt vi finn i sentralrådet for yrkesutdanning kan rettferdiggjeraast med det legitime ynskjet om i fyrste rekkje å betra og gje ei praktisk innretting på utdanninga til dei unge fabrikkarbeidarane våre. Om vi går nøye igjennom personalgruppa i sentralrådet for yrkesopplæring vil vi finna mykje som er oppblåst og fiktivt i denne samanhengen. Dette er noko vi bør kvitta oss med det. Det er enno svært mykje i proletar- og bondestaten som det kan og må sparast inn på med det for auga å fremja lese- og skrivekunnskapen mellom folket. Det kan gjerast med å stengja institusjonar som berre verkar som halvaristokratiske leiker, eller institusjonar som vi enno kan greia oss utan og vil vera i stand til å greia oss utan, og vil måtte greia oss utan i ei lang tid framover, når ein tek omsyn til kva tilstand lese- og skrivekunnskapen mellom folket er, slik han kjem fram i statistikkane.

Skulelærarane våre må lyftast opp på eit nivå dei aldri har nådd og ikkje kan nå i det borgarlege samfunnet. Dette er ei sjølvsgd sanning, som ikkje treng provast. Vi må streva etter å nå denne tilstanden med å arbeida jamt, metodisk og uthaldande for å lyfta læraren opp på eit høgare kulturelt nivå, for å gje han grundig øving for det verkeleg høge kallet hans, og — aller fyrst og aller fremst — å betra den materielle stoda hans.

For å organisera skulelærarane må vi forsterka arbeidet vårt systematisk. Lærarane må verta omforma frå den trufaste støtta for det borgarlege systemet som dei framleis er i alle kapitalistiske land utan unntak, til trufaste støtter for sovjetsystemet, slik at vi med dei som mellommenn kan leia bøndene bort frå alliansen med borgarskapet og føra dei i allianse med proletariatet.

Eg har som snarast hug til å leggja vekt på kor særleg viktig det er i denne samanhengen å vitja landsbyane med jamne mellomrom. Slike vitjingar vert når sant skal seiast nytta alt no, og vi må utvikla dei etter ein plan. Vi må ikkje spara på pengane — som vi alt for ofte sløsar bort på det statsmaskineriet som nestan heilt ut er eit produkt av ein tidlegare historisk periode — når det gjeld slike tiltak som desse vitjingane i landsbyane.

Til den talen eg skulle ha halde på sovjetkongressen i desember 1922 samla eg inn opplysningar om arbeidarar i byane som hadde teke på seg å vera fadrar for landsbybuarane. Ein del av desse opplysningane fekk kamerat Khodorovski tak i for meg, og sidan eg har vore ute av stand til å ta for meg dette problemet og gjera det offentleg kjent gjennom kongressen, sender eg saka over til kameratane til drøfting no.

Her har vi eit grunnleggjande politisk spørsmål som er avgjerande viktig for heile revolusjonen vår. Det er tilhøvet mellom by og land. Den borgarlege staten samlar metodisk alle kreftene sine om å sløva arbeidarane i byane, og tilpassar all litteraturen som vert utgjeven på statleg kostnad og på kostnaden til dei tsaristiske og

borgarleige partia etter dette føremålet. Vi kan og må nytta ut den politiske makta vår til å gjera arbeidarane i byane til ein effektiv reiskap for å fremja kommunistiske idear mellom proletariatet på landsbygda.

Eg sa «kommunistisk», men eg skundar meg å ta eit atterhald av di eg er redd for å verta misforstått eller teken for bokstavleg. Under ingen omstende må dette forståast dit at vi meiner vi straks skal propagandera reine og strenge kommunistiske idear på landsbygda. Så lenge som landsbygda vår manglar det materielle grunnlaget for kommunismen, vil eg seia at det ville vera skadeleg og i røynda katastrofalt for kommunismen å gjera dette.

Dette er ei kjensgjerning. Vi må ta til med å oppretta kontaktar mellom by og land utan at vi skal setja oss det målet på førehand å planta inn kommunismen i landdistrikta. Det er eit mål vi ikkje kan nå nett no. Det høver ikkje, og det ville vera skadeleg i staden for nyttig for saka å stilla opp eit mål som dette nett no.

Men det er skuldnaden vår å få i stand kontaktar mellom arbeidarane i byane og det arbeidande folket på landsbygda, å få i stand ei form for kameratskap som er lett å skapa mellom dei. Dette er ei av dei grunnleggjande oppgåvene for arbeidarklassen som har makta. For å oppnå dette må vi skipa ei rekkje samanslutningar (innan partiet, fagforeininga og privat) av fabrikkarbeidarar som vil ofra seg systematisk for å hjelpa landsbyane i den kulturelle utviklinga deira.

Er det mogleg å «knyta» alle gruppene i byane til alle gruppene i landsbyane, slik at kvar einaste arbeidargruppe kan dra systematisk nytte av kvar einaste utveg, kvart einaste høve, til å stå til teneste med det den landsbygruppa dei er «knytte» til treng kulturelt? Eller vil det vera mogleg å finna andre former for kontakt? Her avgrensar eg meg berre til å formulera spørsmålet for å gjera kameratane merksame på det, for å peika på dei røynsleane som er tilgjengelege frå Vest-Sibir (som kamerat Khodorovski gjorde meg merksam på), og for

å leggja fram denne kjempestore historiske kulturelle oppgåva i heile sitt velde.

Vi gjer så godt som ingen ting for landdistrikta utanom det offisielle budsjettet vårt eller utanfor offisielle kanalar. Sant nok forandrar naturen til det kulturelle tilhøvet mellom by og landsby i landet vårt seg automatisk og uunngåeleg. Under kapitalismen førte byen inn politisk, økonomisk, moralsk, fysisk osv. korrupsjon på landsbygda. I vårt tilfelle tek byane automatisk til å føra inn det beint motsette av dette på landsbygda. Men eg tek opp att: Alt dette skjer automatisk, spontant, og det kan betrast (og seinare aukast hundre gonger) med å gjera det medvite, metodisk og systematisk.

Vi vil ta til å gå framover (og vil då for visst gå hundre gonger snøggare framover) fyrst etter at vi har studert spørsmålet, etter at vi har skipa alle slag arbeidarorganisasjonar — og gjort alt for å hindra dei i å verta byråkratiske — for å ta opp saka, diskutera henne og få fart på sakene.

2. januar 1923

Pravda nr. 2

4. januar 1923

Underteikna: N. Lenin

Prenta i samsvar
med *Pravda*-teksten
etter gjennomgang av
stenografiske notat

OM KOOPERASJONEN⁴⁶

I

Det ser ut for meg som om vi ikkje er tilstrekkeleg merksame på den kooperative rørsla i landet vårt. Det er ikkje alle som skjønar at no, etter Oktoberrevolusjonen og heilt sett bort ifrå NEP (tvert om må ein i denne samanhengen seia på grunn av NEP), har den kooperative rørsla vår vorte svært viktig. Det er massevis av fantasi i draumane til dei gamle kooperatørane. Ofte er dei latterleg fantastiske. Men kvifor er dei fantastiske? Av di folk ikkje skjønar kor grunnleggjande, til botnar viktig den politiske kampen er som arbeidarklassen fører for å styrta herredømet til utbyttarane. Vi har styrta herredømet til utbyttarane, og mykje som var fantastisk, jamvel romantisk, jamvel banalt i draumane til dei gamle kooperatørane, vert no endefram røyndom.

Sidan den politiske makta ligg i hendene på arbeidarklassen, sidan denne politiske makta eig alle produksjonsmidla, vert faktisk den einaste oppgåva som står att for oss, å organisera folkesetnaden i kooperative selskap. Den sosialismen som tidlegare med full rett vart låtteleggjort og utsett for spott og forakt frå dei som heilt rett var overtydde om at det var naudsynt å føra klassekamp, kamp for den politiske makta osv., vil vinna måla sine automatisk når storparten av folkesetnaden er organisert i kooperativ. Men det er ikkje alle kameratane som skjønar kor veldig, kor uendeleg viktig det no er å organisera folkesetnaden i Russland i kooperative selskap. Med å setja i verk NEP gav vi ein

konsesjon til bonden som handelsmann, til prinsippet med privat handel. Dette er nett grunnen (tvert imot det ein del folk trur) til at den kooperative rørsle er så umåteleg viktig. Alt vi eigentleg treng under NEP er å organisera ei tilstrekkeleg stor mengd av folkesetnaden i Russland i kooperative selskap. No har vi nemleg funne fram til i kor stor grad private interesser, private forretningsinteresser, kan kombinerast med statleg overvaking og kontroll med desse interessene, i kor stor grad desse interessene skal underordnast dei felles interessene — dette som tidlegare sosialistar så ofte rende seg fast imot. Staten har makta over alle dei viktigaste produksjonsmidla, proletariatet har den politiske makta i sine hender, dette proletariatet er alliert med dei mange millionane små og svært små bøndene, proletariatet har ei sikker leiing over bøndene osb. — Er ikkje dette då alt som skal til for å byggja eit fullstendig sosialistisk samfunn frå kooperativa, frå kooperativa åleine, som vi tidlegare gjorde narr av som kremmarverksemd og som vi frå ein viss synsvinkel har rett til å ta for oss på den måten no, under NEP? Er ikkje dette alt som skal til for å byggja eit fullstendig sosialistisk samfunn? Det er enno ikkje det å byggja eit sosialistisk samfunn, men det er alt som trengst og er tilstrekkeleg for det.

Det er nett desse omstenda som vert undervurderte av mange av praktikarane våre. Dei ser ned på dei kooperative selskapa våre, og skjønar ikkje kor uvanleg viktige dei er, for det fyrste frå ein prinsipiell synsstad (produksjonsmidla er åtte av staten), og for det andre ut ifrå at dette er overgang til det nye systemet med dei midla som er dei *enklaste, lettaste og lettaste å godta for bøndene*.

Men dette er igjen grunnleggjande viktig. Ein ting er å leggja opp fantastiske planar for å byggja sosialismen gjennom alle slags arbeidarsamanslutningar. Noko heilt anna er å læra seg å byggja sosialismen i praksis på ein slik måte at kvar *einaste* småbonde kan ta del i han. Det er nett dette steget vi har nådd no. Og det er ingen

tvil om at vi dreg alt for lite fordel av det, no når vi har nådd det.

Vi gjekk for langt då vi innførte NEP, men ikkje av di vi let prinsippet om føretaks- og handelsfridom verta for viktige. Vi gjekk for langt av di vi tapte kooperativa av syne, av di vi no undervurderer kooperativa, av di vi alt tek til å gløyma kor enormt viktige kooperativa er frå dei to synsstadene vi har nemnt ovanfor.

Eg vil no by lesaren inn til å drøfta kva som kan og må gjerast praktisk på grunnlag av dette «kooperative» prinsippet. Med kva middel kan vi, og må vi ta til straks med å utvikla dette «kooperative» prinsippet slik at den sosialistiske tydinga i det vert klår for alle?

Kooperasjonen må organiserast slik politisk at han ikkje berre allment og alltid vil nytta godt av visse privilegier, men at desse privilegia må vera av reint materielt slag (ei gunstig bankrente osv.). Kooperativa må få statslån som er større, om berre lite grann, enn dei låna vi gjev private føretak, jamvel til tungindustri osv.

Eit samfunnssystem veks fram berre dersom det har finansiell stønad frå ein særskilt klasse. Vi treng ikkje nemna dei hundrevis av millionar rublar som det kosta då den «frie» kapitalismen vart fødd. Nett no må vi innsjå at det kooperative systemet er det samfunnssystemet vi no må gje meir enn vanleg stønad, og vi må verkeleg gje denne stønaden. Men det må vera stønad i den verkelege tydinga av ordet, dvs. det vil ikkje vera nok å tolka det slik at det tyder stønad til all slags kooperativ handel. Med stønad må vi meina hjelp til kooperativ handel der *verkeleg store massar av folkesetnaden faktisk tek del*. Visst er det ei rett form for stønad å gje bønder som tek del i kooperativ handel ein bonus. Men heile poenget er å få visse for grunnlaget for denne deltakinga, å få visse for medvitet bak henne, og få visse for kva verdi ho har. Når ein kooperatør dreg til ein landsby og opnar ei kooperativ forretning, tek folket strengt teke ikkje del i det i det heile, men til same tid vil

dei verta leidde av sine egne interesser og skunda seg å freista ta del i det.

Dette spørsmålet har og ei anna side. Frå synsstaden til den «opplyste» (i hovudsak lese- og skriveføre) europearen er det ikkje stort att vi kan gjera for å få absolutt alle til å ta del — ikkje passivt, men aktivt — i kooperativ verksemd. Strengt sett er det «berre» ein ting att som vi kan gjera, og det er å få folket vårt så «opplyst» at dei skjønar alle fordelane for alle som tek del i arbeidet til kooperativa og organiserer denne deltakinga. «Berre» dette. Noka anna hjelperåd trengst ikkje for å gå fram mot sosialismen. Men for å nå fram til dette «berre» må det skje ein verkeleg revolusjon — heile folket må gå igjennom ein periode med kulturell utvikling. Difor må regelen vår vera: Så lite filosofering og så lite akrobatikk som mogleg. I så måte er NEP eit framsteg, for det kan tilpassast nivået til den heilt vanlege bonden, og krev ikkje noko høgare av han. Men det vil ta ein heil historisk tidbolk å få heile folkesetnaden til å arbeida i kooperativa med hjelp av NEP. I beste fall kan vi nå fram til dette på eitt eller to tiår. Like fullt vil det verta ein historisk tidbolk for seg. Og utan denne historiske tidbolken, utan allmenn lese- og skrivekunnskap, utan ein skikkeleg mon effektivitet, utan at folkesetnaden får tilstrekkeleg øving i å tileigna seg skikken å lesa bøker, og utan det materielle grunnlaget for dette, utan at ein kan vera bra viss på å vera tryggja mot lat oss seia uår, hungersnaud osv. — utan dette vil vi ikkje vinna dei måla vi har sett oss. Det som gjeld no er å læra å kombinera det vide revolusjonære aksjonsfeltet, den revolusjonære entusiasmen vi har synt, og synt til overmål, og som er krona med full suksess — å læra å kombinera dette med (eg har mest hug til å seia) evna til å vera ein effektiv og dugande handelsmann, noko som greier seg fullt ut for den som skal vera ein god kooperatør. Med evne til å vera handelsmann meiner eg evna til å vera handelsmann med kultur. Lat dei russarane eller bøndene som innbiller seg at sidan dei driv handel er

dei gode handelsmenn, få dette klårt føre seg. For dette er slett inga klår fylgje. Dei driv handel, men det er langt ifrå at dei driv handel med kultur. No driv dei handel på asiatisk vis, men for å verta ein god handelsmann må ein handle på europeisk vis. Dei ligg ein heil tidbolck attende i dette.

Til konklusjon: Kooperativa må få ei rekkje økonomiske, finansielle og bankmessige privilegier. Det er på denne måten den sosialistiske staten vår må fremja det nye prinsippet som folkesetnaden må organiserast etter. Men dette er berre å skissera oppgåva allment. Det klårlegg ikkje og peikar ikkje ut i detalj heile innhaldet i den praktiske oppgåva, dvs. vi må finna kva form for «bonus» vi skal gje dei som sluttar seg til kooperativa (og kva vilkår vi skal gje han på), den forma for bonus vi skal nytta for å gje kooperativa tilstrekkelig stønad, den forma for bonus som vil skapa ein sivilisert kooperatør. Og når produksjonsmidla vert åtte av samfunnet, når proletariatet som klasse har sigra over borgarskapet, då vert systemet med siviliserte kooperatørar det sosialistiske systemet.

4. januar 1923

II

Kvar gong eg skreiv om den nye økonomiske politikken, siterte eg alltid den artikkelen om statskapitalismen som eg skreiv i 1918.* Dette har meir enn ein gong vekt tvil hos visse unge kameratar. Men tvilen deira galdt i hovudsak abstrakte politiske punkt.

* «Om «venstre»barnestrekar og den småborgarlege mentaliteten» (1918) i Lenin, *Samla verk*, eng. utg. band 27, s. 323—54. — Red.

Det verka for dei som om nemninga «statskapitalisme» ikkje kunne nyttast om eit system der arbeidarklassen åtte produksjonsmidla, der arbeidarklassen hadde den politiske makta. Men då la dei ikkje merke til at eg nytta nemninga «statskapitalisme» *for det fyrste* for å knyta stillinga vår nett no historisk saman med den stillinga eg tok under usemja mi med dei såkalla venstre-kommunistane. Eg argumenterte og den tida for at statskapitalismen ville vera overlegen i høve til økonomien vår nett då. Det var viktig for meg å syna sammenhengen mellom ein vanleg statskapitalisme og den uvanlege, jamvel svært uvanlege, statskapitalismen som eg viste til då eg gjorde lesaren kjent med den nye økonomiske politikken. *For det andre* var det praktiske føremålet alltid viktig for meg. Og det praktiske føremålet med den nye økonomiske politikken vår var å leiga ut konsesjonar. Slik tilhøva var, ville konsesjonar i vårt land utan tvil vore ei rein form for statskapitalisme. Slik var det eg argumenterte om statskapitalisme.

Men saka har og ei anna side som kan gjera det naudsynt med statskapitalisme, eller i det minste å jamføra med han. Det er spørsmålet om kooperativ.

I den kapitalistiske staten er kooperativ utan tvil kollektive kapitalistiske institusjonar. Heller ikkje er det noka tvil om at under dei økonomiske vilkåra som rår hos oss no, når vi kombinerer private kapitalistiske føretak — men berre på grunnlag av at jorda er nasjonalisert, og berre på grunnlag av at staten til arbeidarklassen har kontrollen med føretak av eit heilskapleg sosialistisk slag (produksjonsmidla, jorda der føretaket ligg og føretaket som heilskap høyrer staten til), vil spørsmålet reisa seg om ei tredje form for føretak, kooperativa, som før ikkje vart sett som nokon sjølvstendig type som skil seg grunnleggjande frå dei andre. Under privatkapitalismen skil kooperative føretak seg frå kapitalistiske føretak, liksom kollektive føretak skil seg frå private føretak. Under statskapitalismen skil koope-

relative føretak seg frå statskapitalistiske føretak, for det fyrste av di dei er privatføretak, og for det andre av di dei er kollektive føretak. Under det systemet vi har no, skil kooperative føretak seg frå privatkapitalistiske føretak av di dei er kollektive føretak, men dei skil seg ikkje frå sosialistiske føretak dersom den jorda dei ligg på og produksjonsmidla høyrer staten til, dvs. arbeidar-klassen.

Desse omstenda vert ikkje tekne nok med i vurderinga når kooperativa vert diskuterte. Det vert gløymt at som fylgje av særdraga ved det politiske systemet vårt, får kooperativa ei heilt ut særskilt tyding. Om vi ser bort ifrå konsesjonane, som elles ikkje har utvikla seg i noko vidare omfang, fell kooperasjonen nestan alltid fullt saman med sosialismen under våre tilhøve.

Lat meg forklåra kva eg meiner. Kvifor var planane til dei gamle kooperatørane, frå Robert Owen og frametter, fantastiske? Av di dei drøymde om å forma om det samfunnet dei levde i til sosialisme med fredelege middel utan å ta med i rekninga slike grunnleggjande spørsmål som klassekampen, at arbeidarklassen skulle ta den politiske makta, at herredømet til utbyttarklassen skulle styrtast. Dette er grunnen til at vi gjer rett i å sjå på denne «kooperative» sosialismen som fullstendig fantastisk. Det er rett å sjå noko romantisk og jamvel banalt i draumen om å forma om klassefiendar til klas-sesamarbeidarar og klassekrig til klassefred (såkalla borgfred) med berre å organisera folkesetnaden i ko-operative selskap.

Utan tvil hadde vi rett sett ut ifrå den grunnleggjande oppgåva i desse tider, for sosialismen kan ikkje byggjast opp utan ein klassekamp om den politiske makta i staten.

Men sjå korleis tilhøva har forandra seg no når den politiske makta ligg i hendene på arbeidarklassen, no når den politiske makta til utbyttarane er styrta og alle produksjonsmidla (utanom dei som arbeidarstaten fri-villig gjev over til utbyttarane i form av konsesjonar ut i

frå nærare sette vilkår og for ei viss tid) vert åtte av arbeidarklassen.

No har vi rett til å seia at for oss vil den reine veksten i kooperasjonen (med det «vesle» unntaket som er nemnt ovanfor) seia det same som at sosialismen veks, og til same tid må vi vedgå at det har skjedd ei radikal tillemping i heile synet vårt på sosialismen. Den radikale tillempinga er denne: Tidlegare la vi, og måtte vi leggja, hovudvekta på den politiske kampen, på revolusjonen, på å vinna politisk makt, osb. No forandrar hovudvekta seg, og ho skiftar over på fredeleg, organisatorisk, «kulturelt» arbeid. Eg burde seia at vekta vert lagt over på utdanningsarbeidet, om det ikkje var for dei internasjonale tilhøva våre, om det ikkje var for at vi må kjempa for stillinga vår i verdsråkestokk. Men om vi ser bort ifrå dette og avgrensar oss til interne økonomiske tilhøve, er det visst at hovudvekta i arbeidet vårt vert lagt over på utdanning.

Vi står framfor to hovudoppgåver, som utgjer heile tidbolken. Det er å omorganisera statsmaskineriet vårt, som er fullstendig nyttelaust, og som vi tok over i heilskap frå tidbolken føreåt. — Gjennom dei siste fem åra med kamp omorganiserte vi det ikkje noko omfattande, og vi kunne det heller ikkje. Den andre oppgåva er utdanningsarbeid mellom bøndene. Og det økonomiske føremålet med dette utdanningsarbeidet mellom bøndene er å organisera dei i kooperative selskap. Der-som alle bøndene hadde vore organiserte i kooperativ, ville vi no ha stått med bae føtene på sosialistisk grunn. Men å organisera alle bøndene i kooperative selskap føreset kulturell standard mellom bøndene (nett mellom bøndene som den overveldande massen), noko ein i røynda ikkje kan nå fram til utan ein kulturrevolusjon.

Motmennene våre har stendig vekk fortalt oss at vi var tankelause då vi sette oss føre å planta inn sosialismen i eit land som ikkje hadde tilstrekkeleg kultur. Men dei vart leidde på villspor med at vi tok til frå andre enden i høve til den teorien føreskreiv (teorien til alle slags

pedantar), for i vårt land gjekk den politiske og sosiale revolusjonen før kulturrevolusjonen, nett den kulturrevolusjonen vi like fullt no står andsynes.

Denne kulturrevolusjonen ville no vera nok til å gjera landet vårt til eit fullstendig sosialistisk land, men han byr oss på uhorvelege vanskar av reint kulturelt (for vi er ikkje lese- og skriveføre) og materielt slag (for skal vi ha kultur, må vi ha nådd ei viss utvikling for dei materielle produksjonsmidla, må vi ha eit visst materielt grunnlag).

6. januar 1923

Fyrst prenta i *Pravda*
nr. 115 og 116
26. og 27. mai 1923.
Underteikna *N. Lenin*

Prenta i samsvar med
Pravda-teksten etter
gjennomgang av
stenografiske notat

REVOLUSJONEN VÅR

(Apropos oppteikningane til N. Sukhanov)

I

Eg har nyleg sett igjennom oppteikningane Sukhanov har gjort om revolusjonen. Det som slår ein mest er pedanteriet til alle dei småborgarlege demokratane våre og til alle heltane i Den andre internasjonale. Dei er alle sær sars reddvorne, og når det kjem til det minste avvik frå den tyske modellen, stengjer jamvel den beste av dei seg inne bak atterhald — men sett bort ifrå dette særdraget som er sams for alle småborgarlege demokratar, og som dei har lagt for dagen til overmål gjennom heile revolusjonen, er det den slaviske etterapinga deira av fortida som slår ein mest.

Dei kallar seg alle marxistar, men det dei legg i marxismen er håplaut pedantisk. Dei har ikkje greidd i det heile å forstå kva som er det avgjerande i marxismen, nemleg den revolusjonære dialektikken. Dei har ikkje ein gong greidd å skjøna dei endeframme utsegnene til Marx om at i revolusjonære tider krevst det at ein er så tøyeleg og smidig som berre råd.* Dei har ikkje ein gong makta leggja merke til t.d. dei utsegnene Marx kom med i breva sine — eg trur det var i 1856 — der han uttrykkjer von om at ein bondekrig i Tyskland, som kunne skapa ein revolusjonær situasjon, ville gå saman med arbeidarrørsla.** Dei unngår jamvel denne

* Det er sannsynleg at Lenin her tenkjer på utsegnene til Marx i «Borgarkrigen i Frankrike» og i brevet hans til Kugelmann 12. april 1871 (sjå Marx-Engels, *Werke* b. 17 s. 342 og b. 33 s. 205).

** Sjå brevet frå Marx til Engels 16. april 1856 i Marx-Engels, *Werke* b. 29 s. 47

endeframme utsegna og går rundt og ikring henne som katten kring den varme grauten.

Åtferda deira avslører at dei er feige reformistar som er redde for å vika av frå borgarskapet, for ikkje å seia å bryta med det, og til same tid løyner dei feigskapen med retorikk og skryt av villaste slag. Men jamvel frå ein reint teoretisk synsstad er det slåande at dei alle fullstendig manglar evne til å gripa dei fylgjande marxistiske synsmåtane: Fram til no har dei sett at kapitalismen og det borgarlege demokratiet i Vest-Europa har fylgd ein fast utviklingsveg, og dei kan ikkje tenkja seg at denne vegen kan takast som modell berre *mutatis mutandis**, berre med visse endringar (som tyder svært lite sett ut ifrå den allmenne utviklinga til verdshistoria).

For det fyrste revolusjonen som er knytt ihop med den fyrste imperialistiske verdskrigen. Ein slik revolusjon var nøydd til å avsløra nye særdrag eller variasjonar, som fylgje av krigen sjølv, for verda har aldri sett ein slik krig i ein slik situasjon. Vi ser at etter krigen har borgarskapet i dei rikaste landa fram til denne dag vore ute av stand til å gjenoppretta «normale» borgarlege tilhøve. Like fullt trudde, og trur framleis, reformistane våre — småborgarar som gjer eit nummer av at dei er revolusjonære — at normale borgarlege tilhøve er grensa (så langt skal du gå og ikkje lenger). Og jamvel det dei tenkjer seg som «normalt» er særst stivbeint og snevert.

For det andre er dei heilt framande for den ideen at medan verdshistoria som heilskap utviklar seg etter allmenne lover, så er det på ingen måte utelukka, men tvert om sannsynleg at visse periodar i utviklinga legg for dagen særmerke anten i forma eller i sjølve gangen i utviklinga. Til dømes fall det dei ikkje inn at sidan Russland står på grenselina mellom dei siviliserte landa og dei landa som denne krigen for fyrste gong har drege for godt inn i den siviliserte krinsen — alle dei ikkje-

*. *Mutatis mutandis* — (lat.) med dei naudsynte endringane. — Red.

europpeiske landa i Austen — kunne og måtte Russland verkeleg leggja for dagen visse heilt særmerkte drag. Jamvel om desse særdraga sjølvsagt er i samsvar med den allmenne lina for verdsutviklinga, skil dei den russiske revolusjonen frå dei revolusjonane som gjekk føre seg i dei vest-europpeiske landa, og innfører visse delvis nye drag etter som revolusjonen går framover mot landa i Austen.

Då det vest-europpeiske sosialdemokratiet utvikla seg, lærte dei seg til dømes eit umåteleg stivbeint argument utanåt. Det var argumentet om at vi enno ikkje er modne for sosialismen, at — slik visse «lærde» herrar mellom dei formulerte det — dei objektive økonomiske vilkåra for sosialismen ikkje finst i vårt land. Ingen av dei kjem på å spørja: Men kva med eit folk som fann seg att i ein revolusjonær situasjon slik som den som vart skapt gjennom den fyrste imperialistiske krigen? Kunne ikkje dette folket som var påverka av at stoda var vonlaus, kasta seg ut i ein kamp som i det minste kunne by det ein eller annan sjanse for å tryggja at sivilisasjonen skulle utvikla seg vidare jamvel under noko uvanlege vilkår?

«Utviklinga av produktivkreftene i Russland har ikkje nådd eit nivå som gjer sosialismen mogleg.» Alle heltane i Den andre internasjonale, sjølvsagt medrekna Sukhanov, slår på stortromma for denne påstanden. Dei harpar stendig på denne tvillause påstanden i alle toneartar, og trur at dette er det avgjerande kjennemerket på revolusjonen vår.

Men kva så — om situasjonen dreiv Russland inn i den imperialistiske verdskrigen som femnde om alle dei meir eller mindre mektige landa i Vest-Europa, og gjorde at landet fekk sjå opptakten til dei revolusjonane som modnast eller delvis alt hadde teke til i Austen? — Kva så om denne situasjonen førte med seg omstende som sette Russland og utviklinga av Russland i ei stilling som gjorde det mogleg for oss å nå fram til nett den samanslutninga av ein «bondekrig» og arbeidarrørsla

som ingen mindre marxist enn Marx sjølv i 1856 peika på som ei mogleg utsikt for Preussen?

Kva så om den fullstendige vonløysa i stoda gav støyt til at arbeidarane og bøndene gjorde ti gonger hardare innsats, og såleis gav oss høve til å skapa dei grunnleggjande føresetnadene for sivilisasjon på ein annan måte enn i dei vest-europeiske landa? Har det forandra den allmenne utviklingslina i verdshistoria? Har det forandra dei grunnleggjande tilhøva mellom dei grunnleggjande klassane i alle dei landa som vert dregne eller har vorte dregne inn i den allmenne utviklingsleia til verds-historia?

Om det trengst eit særskilt kulturelt nivå for å byggja sosialismen (sjølv om ingen kan seia nett kva dette særskilte «kulturelle nivået» er, for det er ulikt i alle dei vest-europeiske landa), kvifor kan ikkje vi ta til med fyrst å vinna fram til føresetnadene for dette særskilte kulturelle nivået på ein revolusjonær måte, og så, med hjelp av arbeidar- og bonderegjeringa og sovjetsystemet gå vidare til å nå framom dei andre nasjonane?

16. januar 1923

II

De seier at sivilisasjon er naudsynt for å byggja sosialismen. Framifrå. Men kvifor kunne vi ikkje fyrst skapa slike føresetnader for sivilisasjon i vårt land som å jaga vekk godseigarane og dei russiske kapitalistane, og så ta til å gå framover mot sosialismen? Kvar, i kva bøker har de lese at slike variasjonar i den rekkjefylgja dei historiske hendingane til vanleg kjem i er utillatelege og umoglege?

Eg trur det var Napoleon som skreiv: «*On s'engage et puis ... on voit.*» Fritt attgjeve tyder det: «Kast dykk

fyrst inn i slaget, og sjå så kva som hender.» Vel, vi kasta oss fyrst inn i slaget i oktober 1917, og etterpå fekk vi sjå slike detaljar i utviklinga (frå synsstaden til verdshistoria var dei heilt klårt detaljar) som freden i Brest, den nye økonomiske politikken, og så frametter. Og no kan det ikkje vera nokon tvil om at vi i hovudsak har sigra.

Sukhanov'ane våre, for ikkje å nemna sosialdemokratar som står endå lengre til høgre, drøymmer ikkje eingong om at revolusjonar ikkje kan gjerast på anna vis. Dei europeiske spissborgarane våre drøymmer ikkje eingong om at dei komande revolusjonane i austerlanda, der folkesetnaden er langt større og dei sosiale vilkåra langt meir varierte, tvillaust vil syna endå større særmerke enn den russiske revolusjonen.

Det treng knappast seiast at ei lærebok som var skriven etter Kautskys liner i si tid var noko svært nyttig. Like fullt er tida no inne til å gje slepp på den ideen at ei slik lærebok såg alle utviklingsformene i den komande verdshistoria på førehand. Tida er inne til å seia at dei som trur slikt berre er toskar.

17. januar 1923.

Fyrst prenta i *Pravda*
nr. 117, 30. mai 1923
Underteikna: Lenin

Prenta i samsvar med
avisteksten, med
rettingar i dei stenografiske
notata etter instruks frå
Lenin

KORLEIS VI BØR OM- ORGANISERA ARBEIDAR- OG BONDEINSPEKSJONEN

(Tilråding til den tolvte partikongressen).⁴⁷

Det kan ikkje rå tvil om at arbeidar- og bondeinspeksjonen byr på uhorvelege vanskar for oss, og at vi enno ikkje har vunne over desse vanskane. Eg trur dei kameratane som freistar vinna over vanskane med å nekta for at arbeidar- og bondeinspeksjonen er nyttig og naudsynt, tek feil. Men eg nektar ikkje for at dei problema statsapparatet vårt byr oss på og oppgåva med å gjera det betre er særst vanskelege, at det er langt ifrå at dei er løyste, og at dei er yttarst påtrengjande.

Med unntak av folkekommissariatet for utanrikssaker er statsapparatet vårt stort sett ei etterlevning frå fortida, og det har knapt gått igjennom noka vesentleg forandring. Det er berre pussa lett på utvendig, men på alle andre måtar er det ei heilt typisk levning etter den gamle statsmaskinen vår. Skal vi så finna ein metode for verkeleg å fornya det, trur eg vi må venda oss til borgarkrigen vår for å finna røysler.

Korleis gjekk vi fram då det såg mest kritisk ut i borgarkrigen?

Vi konsentrerte dei beste partikreftene i den raude hæren. Vi mobiliserte dei beste arbeidarane våre, vi søkte etter nye krefter ved dei djupaste røtene til diktaturet vårt.

Eg er overtydd om at vi må gå til dei same kjeldene for å finna midla for å omorganisera arbeidar- og bondeinspeksjonen. Eg rår til at den tolvte partikongressen vår vedtek fylgjande plan for omorganiseringa. Han

grunnar seg på å utvida den sentrale kontrollkommissjonen vår ein del.

Plenumsmøta i sentralkomiteen i partiet vårt legg alt for dagen ein tendens til å utvikla seg til ein slags øvste partikonferanse. Dei vert gjennomsnittleg ikkje haldne oftare enn ein gong annankvar månad, medan rutinearbeidet, som vi veit, vert utført på vegne av sentralkomiteen av politbyrået, organisasjonsbyrået, sekretariatet, osb. Eg trur vi bør fylgja den vegen vi på denne måten har slege inn på til endes, og gjera plenumsmøta i sentralkomiteen endeleg om til øvste partikonferansar som kjem saman ein gong annankvar månad i lag med den sentrale kontrollkommissjonen. Den sentrale kontrollkommissjonen bør slåast saman med hovudorganet i den omorganiserte arbeidar- og bondeinspeksjonen etter fylgjande retningslinjer:

Eg gjer framlegg om at kongressen vel 75 til 100 nye medlemmer til den sentrale kontrollkommissjonen. Dei bør vera arbeidarar og bønder, og bør gå igjennom same finsiktinga i partiet som vanlege medlemmer i sentralkomiteen av di dei skal få dei same rettane som medlemene i sentralkomiteen.

På den andre sida må talet på dei som arbeider i arbeidar- og bondeinspeksjonen setjast ned til tre eller fire hundre personar. Dei må plukkast ut særskilt på grunnlag av at dei er samvitsfulle og har kunnskapar om statsapparatet vårt. Dei må og gå igjennom ei særskilt prøve i kunnskapane sone om prinsippa for vitenskapleg arbeidsorganisasjon allment, og for administrativt arbeid, kontorarbeid osb. særleg.

Etter mi meining ville det vera til nytte for både arbeidar- og bondeinspeksjonen og den sentrale kontrollkommissjonen å slå saman dei to institusjonane på denne måten. På eine sida vil arbeidar- og bondeinspeksjonen såleis få ein så stor autoritet at han for visst ikkje vil liggja under for folkekommissariatet for utanrikssaker. På den andre sida vil sentralkomiteen vår i lag med den sentrale kontrollkommissjonen endeleg slå

inn på vegen mot å verta ein øvste partikonferanse, noko han i røynda alt har teke til med. Han bør fylgja denne vegen til endes slik at han vert i stand til å fylla oppgåvene sine skikkeleg på to måtar: Når det gjeld å organisera seg og arbeida metodisk, føremålstenleg og systematisk *sjølv*, og når det gjeld å halda oppe kontaktar med dei breie massane med hjelp av dei beste arbeidarane og bøndene våre.

Eg kan sjå for meg ei innvending som beinveges eller omveges kan koma frå dei krinsane som gjer statsapparatet vårt gamaldags, dvs. frå dei som går sterkt inn for at den noverande fullstendig umoglege, usømeleg førerevolusjonære forma vert halden ved lag. (Tilfeldigvis har vi no eit av dei sjeldne høva i historia då vi kan slå fast kor lang tid som er naudsynt for å få i stand radikale sosiale endringar. No ser vi klårt *kva* som kan gjerast på fem år, og *kva* som treng mykje lengre tid.)

Den innvendinga eg ser for meg er at den endringa eg gjer framlegg om ikkje vil føra til anna enn kaos. Medlemene i den sentrale kontrollkommissjonen vil driva omkring frå ein institusjon til ein annan og ikkje vita kvar, kvifor og til kven dei skal venda seg, dei vil føra oppløysing med seg overalt, og forstyrre dei tilsette i rutinearbeidet deira osb., osb.

Eg trur den vondlyndte kjelda til denne innvendinga er så opplagt at det er mest bortkasta å svara på henne. Det seier seg sjølv at presidiet i den sentrale kontrollkommissjonen, folkekommissæren for arbeidar- og bondeinspeksjonen og kollegiet hans (og i tillegg — i dei sakene det gjeld — sekretariatet i sentralkomiteen vår) vil måtta ta i bruk år med uthaldande arbeid for å få organisert kommissariatet skikkeleg og å få det til å verka som det skal i samarbeid med den sentrale kontrollkommissjonen. Etter mitt syn kan (og bør) folkekommissæren for arbeidar- og bondeinspeksjonen, så vel som heile kollegiet, verta sitjande og rettleia arbeidet til heile arbeidar- og bondeinspeksjonen, medrekna arbeidet til alle dei medlemene av den sentrale kontroll-

kommisjonen som vil verta «sette under hans kommando». Dei tre eller fire hundre tilsette i arbeidar- og bondeinspeksjonen som etter planen min skal vera att, bør på den eine sida utføra reine sekretæroppgåver for dei andre medlemene av arbeidar- og bondeinspeksjonen og for dei medlemene i den sentrale kontrollkommisjonen som kjem i tillegg. På den andre sida bør dei vera svært dugande, særskilt utvalde, særleg pålitelege og godt betalte, slik at dei kan sleppa den verkeleg ulykkelige stillinga (for ikkje å ta i for sterkt) som tenestemenene i arbeidar- og bondeinspeksjonen er i no.

Eg er viss på at med å skjera ned på talet på dei som arbeider i arbeidar- og bondeinspeksjonen til det eg lausleg har peika på, vil effektiviteten til personalet og kvaliteten på alt arbeidet deira auka stort. På det viset vert folkekommissæren og medlemene av kollegiet i stand til å konsentrera kreftene sine fullstendig om organiseringsarbeidet og på å betra effektiviteten i det systematisk og stendig, noko som er absolutt vesentleg for arbeidar- og bonderegjeringa vår og for sovjetsystemet vårt.

På den andre sida trur eg og at folkekommissæren for arbeidar- og bondeinspeksjonen bør arbeida med delvis å slå ihop og delvis å samordna dei høgare institusjonane for arbeidsorganisasjon (Sentralinstituttet for arbeid, Instituttet for vitenskapleg arbeidsorganisasjon osv.) som det no ikkje er færre enn tolv av i republikken vår. Overdriven einsretting og eit konsekvent ynskje om å slå saman vil verka skadeleg. Tvert om er det som trengst her ein fornuftig og formålstenleg mellomveg mellom å slå ihop alle desse institusjonane og å setja skikkeleg grenser for dei, men slik at ein tillet eit visst sjølvstende for kvar av dei.

Vår eigen sentralkomite vil utan tvil ikkje vinna noko mindre på denne omorganiseringa enn arbeidar- og bondeinspeksjonen vil. Han vil vinna av di han vil få større kontakt med massane og av di arbeidet hans vil verta meir velorganisert og effektivt. Det vil då verta

mogleg (og naudsynt) å innføra ein strengare og meir ansvarleg framgangsmåte for å førebu møta i politbyrået, der eit fast tal av medlemene i den sentrale kontrollkommissjonen bør ta del. Dette må fastsetjast anten for ein fast periode eller i ein organisatorisk plan.

Når det skal fordelast arbeid til medlemene i den sentrale kontrollkommissjonen, må folkekommissæren for arbeidar- og bondeinspeksjonen saman med presidiet i den sentrale kontrollkommissjonen leggja på dei skuldnaden å anten ta del i møta i politbyrået for å gå igjennom alle dei dokumenta som har å gjera med saker som vert lagde fram for dei på ein eller annan måte, eller å nytta arbeidstida si til teoretiske studiar, til å studera vitskaplege metodar for å organisera arbeidet, eller til å ta praktisk del i arbeidet med å rettleia og forbedra statsmaskineriet vårt frå dei høgare statsinstitusjonane til dei lågare lokale organa, osb.

Som fylgje av denne reformen vil medlemene i sentralkomiteen og den sentrale kontrollkommissjonen vera langt betre informerte og betre budde på møte i politbyrået. (Alle dokumenta som har å gjera med dei sakene som skal diskuterast på desse møta, må sendast til alle medlemene i sentralkomiteen og den sentrale kontrollkommissjonen ikkje seinare enn dagen før møtet i politbyrået, utanom i heilt tvingande saker der det må finnast særskilte metodar for å informera medlemene av sentralkomiteen og den sentrale kontrollkommissjonen og for å løysa desse sakene. I tillegg til dei politiske fordelane trur eg òg vi vil få den fordelan at innverknaden til reint personlege og tilfeldige faktorar i sentralkomiteen vil minka, og dette vil redusera faren for splittingar.

Sentralkomiteen vår har vakse til ei strengt sentralisert gruppe med høg autoritet, men dei vilkåra denne gruppa arbeider under, står ikkje i samsvar med denne autoriteten. Den reforma eg tilrår bør hjelpa til å fjerna denne veikskapen. Medlemene i den sentrale kontrollkommissjonen, der eit fast tal på medlemene vil ha til

skuldnad å ta del i alle møta i politbyrået, vil måtte skipa ei tett samansett gruppe. Denne gruppa må ikkje la autoriteten til nokon, utan unntak, korkje til generalsekretæren eller til nokon annan medlem av sentralkomiteen, hindra dei i å stilla spørsmål, få stadfesta dokument, og allment sett skaffa seg full informasjon om alle ting og utøva den strengaste kontroll over at sakene vert skjøtta på skikkeleg vis.

I Sovjetrepublikken vår er sjølv sagt det sosiale systemet grunna på at to klassar, arbeidarane og bøndene, samarbeider. I denne ordninga får no «NEP-folka», dvs. borgarskapet, lov til å ta del på visse vilkår. Der som det veks fram alvorleg klasseusemje mellom desse klassane, vil ei splitting vera uunngåeleg. Men grunnlaget for ei slik splitting er ikkje uunngåeleg i det sosiale systemet vårt, og det er den viktigaste oppgåva til sentralkomiteen og den sentrale kontrollkommisjonen, så vel som til partiet som heilskap, å vakta svært nøye på slike omstende som kan gje opphav til splittingar og å koma dei i forkjøpet. I siste omgang vil lagnaden til republikken vår nemleg avhenga av kor vidt bondemassane vil gå saman med arbeidarklassen og vera lojal mot alliansen med han, eller om dei vil la «NEP-folka», dvs. det nye borgarskapet, få driva ein kile mellom dei og arbeidarklassen, for å splitta dei bort frå arbeidar-klassen. Di klårare vi ser dette alternativet, di klårare alle arbeidarane og bøndene våre forstår det, di betre er sjansane for at vi vil unngå ei splitting som kan verta livsfarleg for Sovjetrepublikken.

23. januar 1923

Pravda nr. 16

25. januar 1923

Underteikna: *N. Lenin*

Prenta i samsvar med
maskinskriven kopi av
dei stenografiske notata,
retta opp etter avisteksten

BETRE FÆRRE, MEN BETRE

Når det gjeld å betra statsapparatet vårt, bør arbeidar- og bondeinspeksjonen etter mi meining korkje ta sikte på kvantitet eller forhasta seg. Fram til no har vi tenkt så lite igjennom og vore så lite merksame på om statsapparatet er effektivt, at det no ville vera heilt rett og rimeleg om vi la særleg vinn på å tryggja at det vert organisert grundig, og samla saman ein medarbeidarstab i arbeidar- og bondeinspeksjonen som verkeleg var på høgde med tida, dvs. ikkje låg etter den beste vest-europeiske standarden. For ein sosialistisk republikk er dette vilkåret sjølv sagt for smålate. Men røynslene våre frå dei fyrste fem åra har verkeleg fylt hovuda våre med mistillit og skepsis. Desse eigenskapane vil uvilkårleg stikka hovudet fram når vi t.d. høyrer folk som breier seg alt for mykje og for lausmunna om «proletarisk» kultur. Til å byrja med burde vi vera nøgde med retteleg borgarleg kultur, til å byrja med burde vi vera glade for å sleppa unna dei grovare slaga førborgarleg kultur, dvs. byråkratisk kultur eller liveigenskapskultur osb. Når det gjeld kulturen, er det særskadeleg å ha det travelt og nytta åtgjerder som femner om alt. Mange av dei unge skribentane og kommunistane våre burde læra seg dette grundig.

Når det gjeld statsapparatet bør vi såleis no dra den konklusjonen frå dei røynslene vi har fått, at det ville vera betre å gå saktare fram.

Statsapparatet vårt er ei så syrgjeleg, for ikkje å seia jammerleg sak at vi fyrst må tenkja svært grundig over

korleis vi skal kjempa mot desse manglane. Vi må hugsa på at desse manglane har røtene sine i fortida, som sjølv om ho er styrta, enno ikkje er overvunnen og enno ikkje er vorten til ein kultur som er svunnen inn i ei fjern fortid. Eg trekkjer med vilje fram kulturspørsmålet, for i desse sakene kan vi berre rekna som verkeleg oppnådd det som har vorte uløysande knytt til kulturen vår, til samfunnslivet vårt, til vanane våre. Vi kunne seia at det gode i samfunnssystemet vårt ikkje har vorte skikkeleg studert, forstått og tileigna. Det er gripe snøgt, det har ikkje vorte stadfesta eller prøvd, ikkje sanna gjennom røynsle og forankra osb. Sjølvsaft kunne det ikkje vera annleis i ein revolusjonær tidbolk, då revolusjonen gjekk framover med ein slik halsbrekkande fart at vi på fem års tid gjekk over frå tsarismen til sovjetsystemet.

Det er på tide vi gjer noko med det. Vi må syna sunn skepsis når det gjeld for rask framgang, når det gjeld skryt osb. Vi må tenkja på å kontrollera dei framskritta som vi kunngjer kvar time og gjer kvart minutt, og så kvart sekund prova at dei er dårleg grunna, overflatiske og misforståtte. Det mest skadelege her ville vera å ha det travelt. Det mest skadelege ville vera å lita på at vi i det minste veit noko, eller at vi sit inne med særleg mange av dei elementa som er naudsynte for å byggja eit verkeleg nytt statsapparat, eit som verkeleg fortener å kallast sosialistisk, sovjetisk osb.

Nei, det skortar latterleg på eit slikt apparat, og jamvel på elementa til det, og vi må hugsa på at vi ikkje bør forhasta oss med å byggja det, og at det vil ta mange, mange år.

Kva element har vi for å byggja dette apparatet? Berre to. For det fyrste arbeidarane som er heilt oppslukte av å kjempa for sosialismen. Desse elementa har ikkje fått tilstrekkeleg opplæring. Dei kunne ha hug til å byggja eit betre apparat for oss, men dei veit ikkje korleis det skal gjerast. Dei kan ikkje byggja noko apparat. Dei har enno ikkje utvikla den kulturen som krevst til

dette, og det er kultur som krevst. Ein kan ikkje oppnå noko når det gjeld dette med å gjera sakene med bråhast, med storm, med fart og kraft, eller allment sett med nokon av dei beste menneskelege eigenskapane. For det andre har vi element av kunnskap, utdanning og skolering, men dei er latterleg utilstrekkelege jamført med alle andre land.

Her må vi ikkje gløyma at vi har alt for lett for å kompensera (eller innbilla oss at vi kan kompensera) kunnskapsmangelen vår med iver, hastverk osb.

For å fornya statsapparatet vårt må vi for kvar pris gje oss i kast med for det fyrste å læra, for det andre å læra og for det tredje å læra. Deretter må vi sjå til at lærdomen ikkje vert daude ord eller moterette slagord (vi må vera ærlege og vedgå at dette skjer svært ofte hos oss), at lærdomen verkeleg skal verta til kjøt og blod, at han verkeleg og fullt ut vert ein berande del av samfunnslivet vårt. Kort sagt må vi ikkje koma med krav som er sette fram av det borgarlege Vest-Europa, men krav som passar og høver for eit land som har lagt i veg for å utvikla seg til eit sosialistisk land.

Dei konklusjonane ein kan dra av det som her er sagt er desse: Vi må gjera arbeidar- og bondeinspeksjonen til ein verkeleg eksemplarisk institusjon, til eit instrument for å betra på statsapparatet vårt.

For at det skal få det høge nivået vi ynskjer, må vi fylgja regelen: «Ta mål av tyet sju gonger før du klypper.»

For å få til dette må vi nytta ut det aller beste av det som finst i samfunnssystemet vårt, og nytta det ut så varsamt, gjennomtenkt og med så mykje kunnskap som råd for å byggja opp det nye folkekommissariatet.

For å få til dette må ikkje dei beste elementa vi har i samfunnssystemet vårt — nemleg for det fyrste dei framskridne arbeidarane og for det andre dei verkeleg opplyste elementa som vi kan gå god for ikkje vil setja ord framfor handling og ikkje vil ytra eit einaste ord som går mot samvitet deira — vika attende frå å vedgå

nokon som helst vanske og ikkje vika attende frå nokon kamp for å nå fram til det målet dei har sett alvorleg opp for seg.

Vi har kjasa i fem år med å freista betra statsapparatet vårt, men det har vorte berre kjas som har synt seg nyttelaust i desse fem åra, eller jamvel gagnlaust eller jamvel skadeleg. Dette kjaset skapte inntrykk av at vi gjorde noko, men i røynda stengde det berre for institusjonane og hjernane våre og skapte rot.

Det er på høg tid det vert ei forandring.

Vi må fylgja regelen: Betre færre, men betre. Vi må fylgja regelen: Betre å få godt menneskemateriell på to eller jamvel tre år, enn å skunda seg i arbeidet utan von om å få noko i det heile.

Eg veit det vil verta hardt å halda denne regelen og gjera bruk av han under våre vilkår. Eg veit at den motsette regelen vil tvinga seg fram gjennom tusen smutthol. Eg veit at det vil måtte setjast i verk overlag hard motstand, at det vil krevjast fordømt harde evner til å halda ut, at i det minste arbeidet på dette feltet dei fyrste åra vil verta helvetes hardt. Like fullt er eg overtydd om at berre gjennom eit slikt strev, vil vi verta i stand til å nå måla våre. Og det er berre med å nå desse måla vi vil skapa ein republikk som verkeleg fortener sovjetnamnet, sosialistnamnet, og så frametter.

Mange lesarar trudde truleg dei tala eg gav att som illustrasjon i fyrste artikkelen min var for små.* Eg er viss på at det vert gjort mange utrekningar for å prova at dei er det. Men eg trur vi må setja ei sak over alle slike og andre utrekningar. Det er trongen vår til å nå fram til verkeleg førebiletleg kvalitet.

Eg trur den tida endeleg har kome då vi må arbeida på verkeleg alvor for å betra på statsapparatet vårt, og i dette kan det knappast vera noko som er meir skadeleg enn hastverk. Det er grunnen til at eg vil koma med ei klår åtvaring mot å blåsa opp tala. Etter mitt syn bør vi

* «Korleis vi bør omorganisera arbeidar- og bondeinspeksjonen», sjå s.246 i dette bandet av Lenin: *Utvagte verker i 12 bind*.

tvertom vera ekstra sparsame med tal i denne saka. Lat oss seia ope frå at folkekommissariatet for arbeidar- og bondeinspeksjonen for tida ikkje har den minste autoritet. Alle veit at ingen andre institusjonar er dårlegare organiserte enn dei som ligg under arbeidar- og bondeinspeksjonen vår, og at vi under tilhøva no ikkje kan venta noko av dette folkekommissariatet. Vi må ha dette heilt klårt føre oss dersom vi verkeleg ynskjer å skapa ein institusjon på nokre år som for det fyrste vil vera ein mønsterinstitusjon, for det andre vil vinna den absolutte tilliten til alle, og for det tredje prova for alle og kvarmann at vi verkeleg har rettferdiggjort arbeidet til ein institusjon som er sett så høgt som den sentrale kontrollkommisjonen. Etter mi meining må vi straks og ugjenkalleleg avvisa alle allmenne tal for kor mange som skal arbeida på eit kontor. Vi må velja ut dei som skal arbeida for arbeidar- og bondeinspeksjonen særleg omhugsamt og berre på grunnlag av svært streng prøving. Ein må verkeleg spørja: Kva nytte har det å skipa eit folkekommissariat som held det gåande på eitkvart vis, som ingen har det minste tillit til, og ingen legg vekt på kva seier? Eg trur viktigaste føremålet med å setja i gang det omdanningsarbeidet vi no tenkjer oss, er å unngå alt dette.

Dei arbeidarane vi vervar som medlemer av den sentrale kontrollkommisjonen må vera uklanderlege kommunistar, og eg trur det enno står att ein god del å gjera med å læra dei metodane og måla for arbeidet deira. Vidare må det vera eit fast tal sekretærar til å hjelpa til med dette arbeidet, og dei må setjast på tredobbelt prøve før dei vert utnemnde til stillingane sine. Til sist må dei tenestemennene som vi unntaksvis godtek beinveges som tilsette i arbeidar- og bondeinspeksjonen tilfreds-
stille fylgjande krav:

For det fyrste må ei rekkje kommunistar ha tilrådd dei.

For det andre må dei gå igjennom ei kunnskapsprøve om statsapparatet vårt.

For det tredje må dei gå igjennom ei prøve om grunn-
draga i teorien om statsapparatet vårt, i grunndraga for
styring, kontorrutinar osv.

For det fjerde må dei arbeida i slikt nært samspel
med medlemene i den sentrale kontrollkommisjonen og
med sitt eige sekretariat at vi kan gå god for arbeidet til
heile apparatet.

Eg veit at desse krava er uvanleg strenge, og eg er
svært redd for at fleirtalet av «praktikarane» i
arbeidar- og bondeinspeksjonen vil seia at desse krava
er umoglege å setja ut i praksis, eller dei vil driva gjøn
med dei. Men eg spør kven som helst av dei som no leier
arbeidar- og bondeinspeksjonen, eller kven som helst
som har med det organet å gjera, kor vidt dei, med han-
da på hjartet, kan fortelja meg det praktiske føremålet
med eit folkekommissariat som arbeidar- og bondein-
speksjonen. Eg trur dette spørsmålet kan hjelpa dei å
vinna att sansen sin for proporsjonar. Anten har det in-
gen ting for seg å setja i verk endå ei av dei talrike om-
skipingane vi har hatt av denne håplause saka,
arbeidar- og bondeinspeksjonen, eller så må vi verkeleg
ta til å arbeida, med langsame, vanskelege og uvanlege
metodar og med å setja desse metodane på prøve om att
og om att, for å skapa noko som verkeleg er eit føredø-
me, noko som vil vinna respekten til alle og kvarmann
for det som vert gjort, og ikkje berre på grunn av rang
og tittel.

Om vi ikkje væpnar oss med tolmod, om vi ikkje set
av fleire år til denne oppgåva, kan vi heller la vera å ta
fatt på henne i det heile.

Etter mi meining bør vi velja ut ei minstemengd av
dei høgare arbeidsforskinsinstitutta osv. som vi har
køkt ihop i slik hast, sjå kor vidt dei er skikkeleg orga-
niserte, og la dei få halda fram å arbeida, men berre på
ein måte som samsvarar med det høge nivået til den mo-
derne vitskapen og gjev oss alle fordelane av han. Om
vi gjer det, vil det ikkje vera utopisk å vona at vi innan
nokre år vil ha ein institusjon som vil vera i stand til å

fylla oppgåvene sine, arbeida systematisk og stendig med å betra på statsapparatet vårt, ein institusjon som har tilliten til arbeidarklassen, til Russlands Kommunistiske Parti og til heile folkesetnaden i republikken vår i ryggen.

Grovarbeidet med dette kan takast til straks. Dersom folkekommissariatet for arbeidar- og bondeinspeksjonen godtek den planen som no er lagt fram for omskipinga, kan det no ta steg for å førebu seg og arbeida metodisk og utan hast til oppgåva er fullført, og ikkje dryga med å endra på det som alt er gjort.

Kvar halvhjarta løysing ville vera særskadeleg i denne saka. Ei åtgjerd som grunnar seg på andre vurderingar når det gjeld kor stor staben i arbeidar- og bondeinspeksjonen skal vera, ville i røynda grunna seg på dei gamle byråkratiske vurderingane, på gamle fordomar, på det som alt er fordømt, er gjort til allmenn lått, osb.

Eigentleg er saka denne:

Anten provar vi no at vi verkeleg har lært noko om å organisera staten (det er inga synd å ha lært noko på fem år), eller så provar vi at vi ikkje er tilstrekkeleg modne for det. Om det siste er tilfelle, bør vi heller la vera å ta fatt på oppgåva.

Eg trur at med det menneskemateriellet vi har til rådvelde, vil det ikkje vera ublygt å tru at vi har lært nok til at vi skal kunne byggja om i det minste eitt folkekommissariat systematisk. Sant nok vil dette eine folkekommissariatet måtta verta modell for heile statsapparatet vårt.

Vi bør med ein gong gjera kjent at det skal haldast ein konkurranse i å setja ihop to eller fleire lærebøker i arbeidsorganisasjon allment, og i særskilt styring. Vi kan ta ei bok som Jermanski alt har gjeve ut som grunnlag, jamvel om det i parentes må seiast at han tydelegvis sympatiserer med mensjevismen og ikkje høver til å setja ihop lærebøker for sovjetsystemet. Vi kan og leggja til grunn den boka Kertsjentsev nyleg gav ut, og nokre av dei andre lærebøkene som finst kan og vera til nytte i delspørsmål.

Vi bør senda ei rekkje velutdanna og samvitsfulle folk til Tyskland eller til Storbritannia, for å samla ihop litteratur og studera dette spørsmålet. Eg nemner Storbritannia i tilfelle det vert umogleg å senda folk til USA eller Canada.

Vi bør nemna opp ein kommisjon for å dra opp det førebels programmet for å undersøkje dei som er kandidatatar til å arbeida i arbeidar- og bondeinspeksjonen, og like eins for kandidatatar til den sentrale kontrollkommisjonen.

Desse og tilsvarande åtgjerder vil sjølvstykke ikkje føra med seg nokon vanskar for folkekommissæren eller for kollegiet i arbeidar- og bondeinspeksjonen eller for presidiet i den sentrale kontrollkommisjonen.

Samstundes må det nemnast opp ein førebuande kommisjon for å velja ut kandidatatar til medlemskap i den sentrale kontrollkommisjonen. Eg vonar at vi no vil verta i stand til å finna fleire enn nok kandidatatar til dette ombodet mellom dei røynde medarbeidarane i alle administrasjonsorgana, så vel som mellom studentane på dei høgare sovjetskulane. Det vil neppe vera rett å sjå bort ifrå nokon kategori på førehand. Vi vil truleg måtte gje forrang til ei blanda samansetjing i denne institusjonen, som skal kombinera mange eigenskapar og gode sider av ulikt slag. Fylgjeleg vil det krevja ein god del arbeid å setja opp lista over kandidatatar. Til dømes ville det vera det minst ynskjelege om staben i det nye folkekommissariatet var sett saman av folk av berre eitt slag, lat oss seia berre av tenestemenn, eller om det stengde ute folk lat oss seia av tenestemenn, eller om det stengde ute folk av propagandistslaget eller folk som har som fremste eigenskapen at dei er omgjengelege eller har evner til å trengja inn i krinsar som det ikkje er heilt vanleg at tenestemenn av dette slaget får innpass i, osb.

* * *

Eg trur eg vil kunne gje best uttrykk for det eg meiner om eg jamfører planen min med ein plan over akademiske institusjonar. Under leiing av presidiet sitt skal medlemene av den sentrale kontrollkommisjonen systematisk gå igjennom alle papira og dokumenta frå politbyrået. Vidare bør dei dela tida si rett mellom ulike oppgåver når det gjeld å granska rutinane til institusjonane våre, alt frå dei svært små og privatåtte kontora til dei høgste statsinstitusjonane. Og til sist bør funksjonane deira femna om å studera teori, dvs. teorien om organisering av det arbeidet dei set seg føre å ta til med, og praktisk arbeid under rettleiing anten av eldre kameratar eller av lærarar i dei høgare institutta for arbeidsorganisasjon.

Eg trur likevel ikkje dei vil verta i stand til å avgrensa seg til akademisk arbeid av dette slaget. I tillegg vil dei måtte bu seg på arbeid som eg ikkje vil dryga med å kalla trening i å fanga — eg vil ikkje seia kjeltringar, men noko som liknar på det, og å arbeida ut særskilte knep for å skjerma for rørsleane sine, tilnærmingsmåtane sine osb.

Dersom det vart lagt fram slike framlegg i vest-europeiske statsinstitusjonar ville dei vekkja forferdeleg motvilje, ei kjensle av moralsk harme osb. Men eg har tiltru til at vi ikkje har vorte så byråkratiske at vi er i stand til det. NEP har enno ikkje lykkast i å vinna slik respekt at det får nokon av oss til å verta sjokkerte over tanken på at nokon kan verta tekne. Sovjetrepublikken vår er bygd opp så nyleg og det ligg framleis slike haugar av gamalt tømmer rundt omkring at det knapt vil falla nokon inn å verta sjokkerte over den tanken at vi ville granska dei med hjelp av knep, med hjelp av undersøkingar som stundom rettar seg mot heller fjerne kjelder eller om store omvegar. Og jamvel om det skulle falla nokon inn å verta sjokkerte over dette, kan vi vera visse på at eit slik menneske ville gjera seg sjølv til lått.

Lat oss vona at den nye arbeidar- og bondeinspeksjonen vår vil gje slepp på det franskmennene kallar *pru-*

derie, noko vi kan kalla å vera latterleg fin på det, eller å gjera seg latterleg viktig, for det vil overlata spelet fullstendig til sovjet- og partibyråkratiet vårt. Lat det i parentes seiast at vi har byråkratar i partikontora så vel som i sovjetkontora.

Når eg lengre oppe sa at vi må studera og studera hardt i institutta for høgare arbeidsorganisasjon osv., meinte eg på ingen måte med det «studiar» på klasseromsvis. Heller ikkje avgrensa eg meg til tanken å studera berre på klasseromsvis. Eg vonar at ikkje ein einaste ekte revolusjonær vil mistenkja meg for å nekta — i dette tilfellet — å forstå «studiar» på den måten at det femner om å ty til eitkvart halvvittig knep, listig påhitt, eit lite fantestykke eller noko av det slaget. Eg veit at i dei støe og alvorlege statane i Vest-Europa ville ein slik tanke setja støkk i folk, og at ikkje ein einaste sømeleg tenestemann ville gå med på å drøfta han eingong. Eg vonar like fullt at vi enno ikkje har vorte så byråkratiske som det, og at diskusjonen om denne tanken mellom oss ikkje vil gje opphav til noko meir enn morskap.

Kvifor skulle vi så ikkje kombinera nytte med moro? Kvifor ikkje ty til eitkvart humoristisk eller halvhumoristisk knep for å dra fram i dagen noko latterleg, noko skadeleg, noko halvlatterleg, halvskadeleg, osv.?

Det tykkjest for meg som om arbeidar- og bondeinspeksjonen vil vinna svært mykje om han set seg føre å gå igjennom desse tankane, og at lista over tilfelle der den sentrale kontrollkommisjonen og kollegaene deira i arbeidar- og bondeinspeksjonen har vunne nokre av dei mest strålande sigrane sine, vil verta ikkje så reint lite forlenga av storverka til medlemene av den framtidige arbeidar- og bondeinspeksjonen og den sentrale kontrollkommisjonen, på felt det ikkje er heilt bra å nemna i pyntelege og støe lærebøker.

* * *

Korleis kan ein partiinstitusjon smeltast saman med ein sovjetinstitusjon? Er det ikkje noko som ikkje sømer seg i eit slikt framlegg?

Eg stiller ikkje spørsmålet på eigne vegne, men på vegne av dei eg ymta frampå om då eg ovanfor sa vi hadde byråkratar i partiinstitusjonane våre så vel som i sovjetinstitusjonane.

Men kvifor skulle vi så ikkje smelta saman desse to dersom det er i interessa til arbeidet vårt? Ser vi ikkje i det heile at ei slik samansmelting har vore svært gagnleg når det gjeld folkekommissariatet for utanrikssaker der det vart gjennomført alt frå starten? Diskuterer ikkje politbyrået mange både meir og mindre viktige spørsmål ut ifrå synsstaden til partiet når det gjeld dei «trekka» vi bør gjera for å svara på «trekka» til framande makter for å koma lat oss seia sløgskapen deira i forkjøpet, for ikkje å nytta meir nedsetjande uttrykk? Er ikkje denne lite stivbeinte samansmeltinga av ein sovjetinstitusjon og ein partiinstitusjon ei kjelde til at politikken vår vinn stor styrke? Eg trur det som har prova at det er så nyttig, det som har vorte ein slik fast del av utanrikspolitikken vår og har vorte så vanleg at det ikkje lenger gjev opphav til nokon tvil på dette området, det vil i det minste høva like godt (faktisk trur eg det vil høva langt betre) for statsapparatet vårt som heilskap. Funksjonane til arbeidar- og bondeinspeksjonen dekkjer statsapparatet vårt som heilskap, og verksemda der bør verka inn på kvar einaste statsinstitusjon utan unntak: dei lokale, dei sentrale, forretningsinstitusjonane, dei reine administrasjonskontora, utdanningsinstitusjonane, arkiva, teatra osb. — kort sagt alle utan unntak.

Kvifor skulle så ikkje ein institusjon der verksemda spanner over eit så vidt felt og som i tillegg krev så uvanleg fleksible former, få lov til å setja i verk denne særskilte samansmeltinga av ein partikontrollinstitusjon og ein sovjetkontrollinstitusjon?

Eg ser ikkje noko som er til hinder for det. Og ikkje berre det. Eg trur ei slik samansmelting er den einaste

garantien for at arbeidet vårt vil lykkast. Eg trur all tvilen om dette stig opp frå dei mest støvete krokane i administrasjonskontora våre, og at dei ikkje fortener anna handsaming enn å verta ledde ut.

* * *

Endå ein tvil: Er det formålstenleg å kombinera utdanningsverksemd med embetsverksemd? Eg trur det ikkje berre er formålstenleg, men naudsynt. Allment sett har vi trass i den revolusjonære haldninga vår andsynes den vest-europeiske statsforma late ei rekkje av dei mest skadelege og latterlege fordømane hennar få smitta oss. Til ein viss grad har dei kjære byråkratane våre smitta oss med dei med overlegg, for dei rekna med at dei kunne nytta desse fordømane til å halda fram å fiska i rørt vatn. Og dei fiska verkeleg i dette rørte vatnet i så stor utstrekning at berre dei som var blinde av oss ikkje makta sjå i kor stor mon denne fiskinga gjekk føre seg.

På alle område med sosiale, økonomiske og politiske tilhøve er vi «forferdeleg» revolusjonære. Men når det gjeld respekten for eit embete, når det gjeld å halda seg til formene og sedvanane i kontorstyringa, vik «revolusjonismen» ofte plassen for rutine av det mest keisame slaget. Gong på gong har vi vore vitne til det svært interessante fenomenet at eit stort sprang framover i samfunnslivet har fått fylgje av ein forunderleg engsteleg nøling kvar gong det vert gjort framlegg om den minste forandring.

Dette er naturleg, for dei djervaste stega frametter vart tekne på eit felt som lenge var reservert for teoretiske studiar, som vart fremja i hovudsak og jamvel mest berre i teorien. Når russaren var innanfor husets fire veggar, fann han trøyst frå den dystre byråkratiske røyndomen i uvanleg djerve teoretiske konstruksjonar. Dette er grunnen til at desse uvanleg djerve teoretiske konstruksjonane i vårt land har fått ein uvanleg einsidig karakter. Teoretisk vågemot i allmenne konstruksjonar

gjekk hand i hand med ei forunderleg engsteleg nøling når det gjeld visse svært små reformer i kontorrutinar. Det vart arbeidd ut ein stor altfemnande jordbruksrevolusjon med eit vågemot ein ikkje finn maken til i noko anna land, men til same tid klikka fantasien då det var snakk om å arbeida ut ei kontorreform av tiande rang. Dei same allmenne grunnsetningane som gav så strålende resultat når dei vart nytta på allmenne problem, vart ikkje nytta når det galdt denne reforma. Fantasien eller tolmodet mangla.

Det er grunnen til at dristig vågemot i kvardagslivet no i forbausande mon går hand i hand med angst i tanken jamvel når det kjem til dei minste forandringane.

Eg trur dette har hendt i alle verkeleg store revolusjonar, for verkeleg store revolusjonar veks fram frå motseiingane mellom det gamle, mellom det som er retta inn på å utvikla det gamle, og det svært abstrakte som strevar etter det nye, som må vera så nytt at det ikkje inneheld den minste smådel av det gamle.

Og di bråare revolusjonen kjem, di lenger vil mange av desse motseiingane vara.

* * *

Det allmenne draget ved livet vårt no er det følgjande: Vi har knust den kapitalistiske industrien og gjort vårt beste for å jamna med grunnen dei mellomalderlege institusjonane og godseigareigedomane, og såleis skapt små og svært små bønder, som fylgjer leiinga til proletariatet av di dei trur på resultata av det revolusjonære arbeidet deira. Det er likevel ikkje lett for oss å halda det gåande til den sosialistiske revolusjonen har sigra i meir utvikla land berre med hjelp av denne tillita. Særleg under NEP er det slik at økonomien tvingar arbeidsproduktiviteten til dei små og svært små bøndene til å halda seg på eit særst lågt nivå. I tillegg sette den internasjonale situasjonen og Russland attende og sette i det store og heile arbeidsproduktiviteten til folket ned til eit nivå som ligg monaleg under det det var før krigen.

Dels med vilje og dels umedvite gjorde dei vest-europeiske kapitalismaktene alt dei kunne for å setja oss attende, for å nytta ut borgarkrigselementa i Russland til å spreia så mykje øydelegging i landet som mogleg. Det var nett denne vegen ut av den imperialistiske krigen som tyktest ha mange fordelar. Dei argumenterte om lag på fylgjande vis: «Om vi ikkje lykkast i å styrta det revolusjonære systemet i Russland, skal vi i alle høve hindra at det utviklar seg fram mot sosialismen.» Og frå sin synsstad kunne dei ikkje argumentera på nokon annan måte. Til sist vart problemet løyst halvveges. Dei greidde ikkje styrta det nye systemet som revolusjonen hadde skapt, men dei greidde hindra det i å ta det steget framover straks som ville ha rettferdiggjort spådomane til sosialistane, som ville ha sett sosialistane i stand til å utvikla produktivkreftene med kjempefart, til å utvikla alle dei utvegane som til saman ville ha fått i stand sosialismen. Sosialistane ville då ha prova for heile verda at sosialismen har kjempekrefter buande i seg, og at menneskeslekta no har gått inn i eit nytt utviklingssteg med heilt uvanleg lysande utsikter.

Det systemet for internasjonale tilhøve vi no har fått, er eit system der ein europeisk stat, Tyskland, vert slavebunden av dei sigrande landa. Vidare er ei rekkje statar, dei eldste statane i Vesten, som fylgje av at dei sig-ra, i den stillinga at dei kan gje sume uviktige konsesjonar til dei undertrykte klassane sine — konsesjonar som same kor uviktige dei er, like fullt set den revolusjonære rørsle i desse landa attende og skaper noko som liknar ein «sosial fred».

Til same tid har ei rekkje land i Austen, India, Kina osv., gått fullstendig av sporet som fylgje av den siste imperialistiske krigen. Utviklinga deira har avgjort gått over på allmenne europeiske kapitalistiske liner. Den allmenne europeiske gjæringa har teke til å verka inn på dei, og det er no klårt for heile verda at dei har vorte dregne inn i ein utviklingsprosess som må føra til ei krise i heile verdskapitalismen.

Nett no står vi såleis andsynes spørsmålet: Vil vi med bondeproduksjonen vår i liten og svært liten målestokk, og i den øydelagde tilstanden vi no er i, kunna halda ut heilt til dei vest-europeiske kapitalistiske landa fører utviklinga si mot sosialismen til endes? Men dei fører henne ikkje til endes slik vi venta det før. Dei fører henne ikkje til endes med at sosialismen gradvis får «modnast», men ved at nokre land utbyttar andre, ved å utbytta det fyrste landet som vart overvunne i den imperialistiske krigen, kombinert med å utbytta heile Austen. På den andre sida hadde Austen nett som ei fylgje av den fyrste imperialistiske krigen for visst vorte drege inn i den revolusjonære rørsle, for visst vorte drege inn i den store malstraumen til den revolusjonære rørsle i verda.

Kva taktikk peikar denne stoda på for vårt land? Klårt og tydeleg denne: Vi må vera særst varsame slik at vi held oppe arbeidarstyret vårt og held på dei små og svært små bøndene under leiarskapen og autoriteten til arbeidarstyret. Vi har den fordelan at heile verda no går over til ei rørsle som må gje opphav til ein sosialistisk verdsrevolusjon. Men vi arbeider under dei uheldige omstenda at imperialistane har lykkast i å splitta verda i to leirar. Og denne splittinga er gjort endå meir innfløkt gjennom at det er særst vanskeleg for Tyskland, som verkeleg er eit land med ei framskriden, kultivert kapitalistisk utvikling, å koma seg på føtene. Alle kapitalismaktene i det som vert kalla Vesten, hakkar på Tyskland og hindrar det i å reisa seg. På den andre sida har heile Austen, med sine hundremillionvis av utbytta arbeidande menneske som er sette attende til den ytste grensa for menneskeleg lidning, vorte tvinga inn i ei stilling der den fysiske og materielle styrken deira ikkje kan jamførast med den fysiske, materielle og militære styrken til nokon av dei langt mindre vest-europeiske statane.

Kan vi berga oss frå den komande konflikten med desse imperialistiske landa? Kan vi vona på at dei indre

motsetningane og konfliktane mellom dei framgangsrike imperialistiske landa i Vesten og dei framgangsrike imperialistiske landa i Austen vil gje oss eit pusterom nummer to slik dei gjorde fyrste gongen, då kampanjen til den vest-europeiske kontrarevolusjonen for å stø den russiske kontrarevolusjonen braut saman som fylgje av motsetningar i leiren til dei kontrarevolusjonære i Vesten og i Austen, i leiren til dei austlege og vestlege utbytтарane, i leiren til Japan og USA?

Eg trur svaret på dette spørsmålet bør verta at saka avheng av for mange faktorar, og at vi kan spå om resultatet av kampen som heilskap berre av di kapitalismen sjølv til sjuande og sist utdannar og trenar det store fleirtalet av folkesetnaden på kloten til denne kampen.

I siste omgang vil resultatet av kampen verta avgjort av at Russland, India, Kina osv. tel eit overveldande fleirtal av folkesetnaden på kloten. Og dei siste åra er det dette fleirtalet som har vorte drege inn i kampen for frigjering med uvanleg fart, så når det gjeld dette, kan det ikkje vera den minste tvil om kva det endelege resultatet av kampen i verda vil verta. I så måte er det heilt og fullt sikkert at sosialismen vil sigra fullstendig.

Men det som interesserer oss er ikkje at ein fullstendig siger for sosialismen er uunngåeleg, men den taktikken som vi, Russlands Kommunistiske Parti, den russiske sovjetregjeringa, må fylgja for å hindra at dei vest-europeiske kontrarevolusjonære statane knuser oss. For å tryggja eksistensen vår fram til den neste militære konflikten mellom det kontrarevolusjonære imperialistiske Vesten og det revolusjonære og nasjonalistiske Austen, mellom dei mest siviliserte landa i verda og dei orientalsk tilbakeliggjande landa som like fullt utgjer fleirtalet, må dette fleirtalet verta siviliserte. Vi er heller ikkje siviliserte nok til å gå rett over til sosialismen, jamvel om vi har dei politiske føresetnadene for det. Vi må nytta fylgjande taktikk, eller fylgja fylgjande politikk for å berga oss sjølve.

Vi må streva etter å byggja opp ein stat der arbeidara-
ne held ved lag leiinga av bøndene, der dei held ved lag
tillita frå bøndene, og der dei med å syna den største
sparsemd fjernar kvart einaste spor av sløsing frå sam-
funnstilhøva våre.

Vi må redusera statsapparatet vårt til den ytste grad
av sparsemd. Vi må bannlysa alle spor av sløsing frå
det, dette som det har vorte så mykje att av frå tsar-
Russland, frå tsar-Russlands byråkratiske kapitalistiske
statsmaskin.

Vil ikkje dette verta eit trangsynt bondestyre?

Nei. Om vi passar på at arbeidarklassen held ved lag
leiarskapen sin over bøndene, vil vi, med å nytta så stor
sparsemd som mogleg i det økonomiske livet til staten
vår, verta i stand til å nytta kvar einaste innsparing vi
gjer til å utvikla den maskinelle storindustrien vår, til å
utvikla elektrifiseringa, hydraulisk utvinning av torv, til
å fullføra Volkhov-kraftanlegga⁴⁸, osb.

I dette, og i dette åleine, ligg vona vår. Fyrst når vi
har gjort dette, vil vi — biletleg tala — kunne koma oss
frå den eine hesten til den andre. Vi kan koma oss frå
bondeøyken, den stakkarslege musjigkampen, frå spa-
rehesten som er tilmåta for eit utarma bondeland, og
over på den hesten som proletariatet søkjer etter og må
søkja etter; hesten til den maskinelle storindustrien, til
elektrifiseringa, til Volkhov-kraftstasjonen osb.

På denne måten er det eg i tankane bind ihop den all-
menne planen for arbeidet vårt, politikken vår, taktik-
ken vår og strategien vår, med funksjonane til den om-
organiserte arbeidar- og bondeinspeksjonen. Det er det-
te som etter mi meining rettferdiggjjer den uvanlege om-
sorga, den uvanlege merksemda vi må syna arbeidar- og
bondeinspeksjonen når det gjeld å lyfta han til eit uvan-
leg høgt nivå, å gje han ei leiing med same rettar som
sentralkomiteen, osb., osb.

Og det som rettferdiggjjer dette er berre at vi reinsar
regjeringsmaskinen vår tvers igjennom, at vi reduserer
til det ytste alt som ikkje er fullstendig naudsynt i han.

Då vil vi vera visse på at vi vil kunne halda det gåande. I tillegg vil vi kunne halda det gåande ikkje på nivået til eit småbondeland, ikkje på eit nivå med altfemnande trangsyn, men på eit nivå som går stadig fram mot ein maskinell storindustri.

Dette er dei høge oppgåvene eg drøymmer om for arbeidar- og bondeinspeksjonen vår. Dette er grunnen til at eg legg planar for at det partiorganet som har høgaste autoritet skal smeltast saman med eit «vanleg» folkekommissariat.

2. mars 1923

Pravda nr. 49

4. mars 1923

Underteikna: *N. Lenin*

Prenta i samsvar med
maskinskreven kopi av
stenografnotat, retta opp etter
avisteksten

NOTAR PERSONREGISTER

NOTAR

1. *Den tiande kongressen til RKP(b)* — vart halden i Moskva frå 8. — 16. mars 1921. På kongressen tok det del 694 delegatar med røyste- og talerett og 296 delegatar berre med talerett. Dei representerte 772 521 partimedlemer. På kongressen vart det mellom anna drøfta desse sakene: Meldinga frå sentralkomiteen, overgangen til natural-skatt frå innleveringsplikta, den økonomiske rolla til fagforeiningane, spørsmålet om partioppbygginga, dei næraste oppgåvene for partiet i det nasjonale spørsmålet osv.

Lenin opna partikongressen og stod i leiinga for heile arbeidet. Han gav melding om den politiske verksemda til sentralkomiteen og talte om overgangen frå innleveringsplikta til naturalskatten. Han talte om einskapen i partiet og om det anarko-syndikalistiske avviket. Han kom med framlegg til dei viktigaste resolusjonane.

Kongressen synte særleg merksemd til spørsmålet om einskapen i partiet. Lenin avslørte og kom med skarp kritikk av dei anti-marxistiske synspunkta til opposisjonsgruppene. Resolusjonen «*Om einskapen i partiet*» vart vedteke etter framlegg frå Lenin. Denne resolusjonen gav ordre om at alle fraksjonar og grupper som ville svekja partieinskapen straks skulle oppløysast. Kongressen gav sentralkomiteen makt til å ekskludera jamvel medlemer i sentralkomiteen frå partiet om dei dreiv med fraksjonsverksemd.

Kongressen vedtok også etter framlegg frå Lenin: «*Om det syndikalistiske og anarkistiske avviket i partiet vårt*». Dette resolusjonsframlegget avslørte synspunkta til «arbeidaropposisjonen» som eit uttrykk for småborgarleg anarkistisk vakling. Det vart vedteke at ein ikkje kunne driva med propaganda for anarko-syndikalistiske idear og samstundes vera medlem i partiet.

Kongressen gjorde ei oppsummering av diskusjonen om rolla til fagforeiningane i den økonomiske utviklinga og fordømde ideane til trotskistane, «arbeidaropposisjonen», «dei demokratiske sentralistane» og andre opportunistiske retningar. Med overveldande fleirtal vart det vedteke ei plattform som slo fast at fagforeiningane var ein skule i kommunisme og at det måtte setjast i verk naudsynte tiltak for å utvikla demokratiet i fagforeiningane.

Ein kommisjon som stod under leiing av Lenin utarbeidde kongressvedtaka når det gjaldt nasjonalitetspolitikken til partiet under dei nye vilkåra. Dette var spørsmålet om å få vekk den faktiske ulikskapen mellom folka som hadde vore undertrykt i det tsaristiske Russland. Det var spørsmålet om å trekkja dei med i den sosialistiske oppbygginga. Det var Stalin som la fram meldinga om det nasjonale spørsmålet. Kongressen fordømde avvika frå partilina i det nasjonale spørsmålet. Det var på den eine sida stormaktssjåvinismen (den stor-russiske sjåvinismen) og på den andre sida den lokale nasjonalismen. Kongressen fordømde både desse avvika som skadelege og farlege for kommunismen og den proletariske internasjonalsismen. Samstundes retta kongressen hovudslaget mot stormaktsinnstillinga. Denne vart trekt fram som hovudfaren, som leivningar av ei innstilling til nasjonalitetane som likna på den dei stor-russiske sjåvinistane viste overfor dei ikkje-russiske folka under tsar-veldet. (Sjå *SUKP(b)s historie*, Forlaget Oktober 1974, side 265 — 270.) s. 11

2. *Den 5. allukrainske partikonferansen* — vart halden i Kharkov i november 1920. Berre 23 eller 7 prosent av dei 316 delegatane røysta for plattformen til «arbeidaropposisjonen». s. 11

3. «*Arbeidaropposisjonen*» — ei anarko-syndikalistisk fraksjonsgruppe som fyrste gongen stod fram i september 1920 på den 9. partikonferansen. I diskusjonane om fagforeiningane i 1920 og 1921 stod ho fram som ei open fraksjonsgruppe. «Arbeidaropposisjonen» kravde at ein «felles-russisk kongress av produsentar» og ikkje den sosialistiske staten skulle stå i leiinga for økonomien. Gruppen stod vidare for oppfatninga at den høgste organisasjonsforma til arbeidarklassen ikkje skulle vera partiet, men fagforeiningane. Den tiande kongressen til RKP(b) dømde «arbeidaropposisjonen» og slo fast at det ikkje var mogleg å propagandere anarko-syndikalistiske idear samstundes som ein var medlem av det kommunistiske partiet. s. 11

4. «*Dei demokratiske sentralistane*» — stod fyrste gongen fram på den åttande kongressen til RKP(b) i mars 1919. Då erklærte dei seg usamde med dei leninistiske prinsippa om oppbygginga av partiet og sovjeta. «Dei demokratiske sentralistane» var mot at partiet skulle ha ei leiande rolle i sovjeta og i fagforeiningane. Dei var mot at einskilde personar skulle leia foretak, og dei meinte at leiarane i industrien ikkje skulle ha noko personleg ansvar. Dei kravde fridom for fraksjonar og grupperingar i partiet. «Dei demokratiske sentralistane» hadde ingen innverknad på massane av partimedlemmer. I 1923 gjekk gruppa i oppløysing, og leiarane danna ei blokk med trotskistane. Leiarane for denne gruppa var Sapronov, Ossinski og Smirnov. På den niande kongressen vart dei stødde av Rykov og Tolski. s. 11

5. *Mytteriet på Kronstadt* — ein kontrarevolusjonær aksjon mot sovjetmakta. Dette mytteriet vart organisert av kvitegardistar i samband med sosialrevolusjonære og mensjevikar og tok til den 28. februar 1921. I leiinga for mytteriet stod kvitegardistar som samarbeidde med dei sosialrevolusjonære, mensjevikane og representantar for framan-de statar. Motstandarane av sovjetmakta nytta denne gongen ein ny taktikk. Målet deira, å attreisa kapitalismen, søkte dei å skjula bak parolen: «Sovjet utan kommunistar». Kontrarevolusjonen freista nytta at dei småborgarlege massane var misnøgde med tilhøva i den unge sovjetstaten. Ein stor del av matrosane på krigsskipa i Kronstadt tok del i mytteriet. Mannskapa her var nye og rekruttert i hovudsak frå bønder som enno ikkje var herda i revolusjonen, og som var sær s misnøgde med innleveringsplikta. Dei gamle matrosmannskapa var sende til fronten og den bolsjevikiske organisasjonen i Kronstadt i denne perioden var difor sterkt svekt. Desse tilhøva gjorde det mogleg for dei kontrarevolusjonære å innta Kronstadt. Opprørarane truga no Petrograd. Den internasjonale kontrarevolusjonen gledde seg over sigeren. Men fienden jubla for tidleg. Mytteriet vart slått ned av sovjet-troppane. Delegatane frå den 10. partikongressen tok og del i kampen mot opprørarane. Den 18. mars var mytteriet knust. (Sjå *SUKP(b)s historie*, Forlaget Oktober 1974, side 261—263.) s. 12

6. *Diskussioni Listok* (Diskusjonsbulletinen) — eit diskusjonsblad utgjeve av sentralkomiteen i partiet etter vedtak i partiets niande all-russiske konferanse i september 1920. Det kom ut to nummer før den 10. kongressen. s. 13

7. Resolusjonen «*Om det syndikalistiske og anarkistiske avviket i partiet vårt*». (Sjå note 1.) s. 14

8. Etter vedtak frå tiande kongressen vart punkt 7 i resolusjonen «*Om einskapen i partiet*» ikkje offentleggjort på det tidspunktet. Den 13. partikonferansen i januar 1924 fordømde fraksjonsverksemda til Trotski og tilhengarane hans og bestemde at punkt 7 skulle verta gjort kjent. s. 15

9. *Den tredje kommunistiske internasjonale, Komintern* — ein in-ternasjonal revolusjonær proletarisk organisasjon som samla kommunistiske parti frå ulike land. Komintern eksisterte frå 1919—1943. Det vart naudsynt å oppretta Den tredje internasjonale etter splittinga i arbeidarrørsla etter den siste verdskrigen. Den andre inter-nasjonale braut saman etter at dei opportunistiske leiarane hadde svike sosialismen. Lenin var svært leiande i å grunnleggja Den kom-munistiske internasjonale. Den fyrste kongressen vart halden i Mos-kva frå 2. — 6. mars 1919 og vedtok eit manifest til arbeidarane i ver-da. Her vart det peika ut at Komintern ville fylgja ideala til Marx og

Engels slik dei var uttrykte i *Det Kommunistiske Partis Manifest*. Komintern gjenoppretta og styrkte banda mellom dei arbeidande folka i alle land og hjelpte til å avsløra opportunismen i den internasjonale arbeidarrørsla. Komintern konsoliderte dei unge kommunistiske partia og utforma strategien og taktikken til den internasjonale kommunistiske rørsla. I mai 1943 vedtok eksekutivkomiteen i Komintern å oppløysa Den kommunistiske internasjonale. s. 16

10. *Den allrussiske transportarbeidarkongressen* — vart halden i Moskva frå den 22. — 31. mars 1921. Hovuddelen av dei over 1000 delegatane var kommunistar. Det var sentralkomiteen i partiet som hadde kalla kongressen saman. Dei to fagforeiningane for jernbane- og sjøtransportarbeidarane hadde vortne slegne saman i september 1920. I leiinga for denne samanslutninga stod ein sentralkomite, den såkalla Tsektran. Kongressen drøfta mellom anna meldinga frå denne sentralkomiteen. Han drøfta vidare meldinga frå folkekommissæren for kommunikasjonane, meldinga frå sentralrådet for elvetransportarbeidarane, kongressen drøfta lønstillhøva, matforsyningar og han drøfta spørsmål om den internasjonale samanslutninga av transportarbeidarar.

Trotskyistane som hadde hatt ein sterk posisjon i leiinga av Tsektran, vart drivne ut, og kongressen oppmoda transportarbeidarane til å ta aktivt del i gjenoppbygginga av den nasjonale økonomien. s. 20

11. *Naturalskatten* — vart gjort ferdig den 21. april 1921. Lenin hadde teke til å skriva artikkelen i mars 1921, rett etter den tiande partikongressen. Han meinte det var svært viktig å få denne artikkelen spreidd og gjort kjent så raskt som mogleg. I byrjinga av mai kom den ut som brosjyre. I 1921 vart artikkelen oversett til tysk, engelsk og fransk. Ein særskild resolusjon frå sentralkomiteen gav tilråding til alle partikomitear ute i distrikta om å nytta denne brosjyren når dei skulle forklåra den nye økonomiske politikken for det arbeidande folket. s. 38

12. *Novaja Zjizn* (Nytt liv) — ei dagsavis med mensjeviktendensar, organ for ei gruppe sosialdemokratar kjende som «internasjonalistane». Medlemane i gruppa var Martov-tilhengarar og intellektuelle med halvmensjevikiske tendensar utan å vera med i noka gruppering. *Novaja Zjizn* vakla heile tida mellom «forsonarane» og bolsjevikane.

Avisa vart gjeve ut i Petrograd frå april 1917. Etter Oktober-revolusjonen tok ho eit fiendsleg standpunkt mot sovjetregjeringa og vart forbode 1. juli 1918.

Vperjod (Framover) — ei dagsavis som vart utgjeve i Moskva frå mars 1917. Ho var eit leiande mensjevik-organ med mellom anna Martov, Dan og Martynov som redaktørar. Den 10. mai 1918 vart avisa forbode av den all-russiske ekstraordinære kommisjonen for kon-

trarevolusjonær aktivitet. Redaktørane vart sette for domstol. Den 14. mai vart avisa utgjeve på nytt under namnet *Vsegda Vperjod* (Alltid Framover). Ho vart til slutt heilt forbode i februar 1919. s. 45

13. Lenin tenkjer her på planen om å elektrifisera RSFSR. Denne planen vart utarbeidd av ein statleg kommisjon med dei beste vitenskapsmennene og spesialistar i heile landet. Planen vart utgjeven som ein brosjyre på Den 8. allrussiske sovjetkongressen og vart vedteke der. s. 63

14. *Den åttande partikongressen* — vart halden i Moskva frå den 8. — 23. mars 1919. Deltakarar var 301 delegatar med fulle røysterettar og 102 med rådgjevande røyst. Desse møtte for over 313 000 partimedlemar.

Kongressen drøfta fylgjande spørsmål: 1. Melding frå sentralkomiteen, 2. Programmet til RKP(b), 3. Danninga av Den kommunistiske internasjonale, 4. Den militære situasjonen og den militære politikken, 5. Arbeidet på landsbygda, 6. Organisasjonsspørsmål og 7. Val til sentralkomiteen. Lenin heldt opnings- og slutt-talane på kongressen, gav meldinga frå sentralkomiteen og meldingane om partiprogrammet, arbeidet på landsbygda og den militære politikken. Hovudproblemet kongressen stod overfor var det nye partiprogrammet. Dette var utarbeidd under leiing av Lenin. Kongressen godkjende utkastet til Lenin og forkasta dei anti-bolsjevikiske framlegga frå Bukharin.

Kongressen stødde òg programmet til Lenin når det galdt det nasjonale spørsmålet, og han forkasta framlegga frå Pjatakov og Bukharin om å fjerna punktet om nasjonanes rett til sjølvråde frå partiprogrammet.

Eit anna hovudspørsmål var haldninga overfor mellombøndene. I talane sine, særskilt i meldinga om arbeidet på landsbygda, gjorde Lenin greie for den nye politikken til partiet. Det var no naudsynt å koma fram til ein solid allianse mellom arbeidarklassen og mellombøndene. Denne alliansen måtte vera grunnlagd på stønad frå dei fattige bøndene og på kamp mot kulakkane, med proletariatet i leiinga for alliansen. Fram til den åttande kongressen hadde partiet stort sett stått for ein politikk som tok sikte på å nøytralisera dei mellomstore bøndene. Denne politikken gjorde det mogleg å vinna krigen mot dei kvitegardistiske kontrarevolusjonære og dei utanlandske intervensjonistane.

Spørsmålet om oppbygginga av den raude hæren var eit viktig punkt på kongressen. Den såkalla «militære opposisjonen» stod fram på kongressen mot sentralkomiteen. Med i denne opposisjonen var representantar for dei knuste «venstrekomunistane», men òg folk som aldri hadde teke del i nokon opposisjon, men som var misnøgde med Trotski og den arrogante leiinga hans av hæren. Lenin og Stalin

gjekk sterkt imot den «militære opposisjonen», som forsvarte gerilja-metodar i hæren og gjekk imot at det skulle byggast opp ein regulær raud hær. Opposisjonen var òg imot å nytta militærspesialistar og dei var mot den jernharde disiplinen som er naudsynt i alle hærar. Mistaka til Trotski vart òg kritisert. I spørsmålet om oppbygginga av partiet og sovjeta vart framlegget frå den opportunistiske gruppa til Sapronov og Ossinski vist attende. Denne gruppa gjekk imot at partiet fortsatt skulle ha ei leiande rolle i arbeidet i sovjeta. Vedtaket om partiorganisasjonen slo fast at det var naudsynt å heve krava til medlemskap i partiet for dei som ikkje hadde arbeidar- eller bondebakgrunn. Dette vart gjort for å betra den sosiale samansetjinga i partiet. Det vart såleis vedteke å gjennomføra ein nyregistrering av alle partimedlemar innan 1. mai 1919. Dette var byrjinga til den fyrste reinsinga av partirekkjene. (Sjå *SUKP(b)s historie*, Forlaget Oktober 1974, s. 242—246.) s. 64

15. *To-og-ein-halv-internasjonale* (offisielt Det internasjonale forbundet av sosialistiske parti) var ein internasjonal organisasjon av sentristiske sosialistparti og grupper, som hadde vorte drevne ut av *Den andre internasjonale* av dei revolusjonære massane. Han vart danna på ein konferanse i Wien i februar 1921. Samstundes som dei kritiserte *Den andre internasjonale* fylgte leiarane i To-og-ein-halv-internasjonale ein opportunistisk splittingspolitikk og gjorde alt dei kunne for å hindra den veksande innverknaden til kommunistane mellom massane i arbeidarklassen. s. 70

16. Lenin tenkjer her på den mensjevikiske emigrantavisa *Sotsialistisjeski Vestnik* (Det sosialistiske sendebudet). Denne avisa vart grunnlagt av L. Martov. Ho vart gjeve ut i Berlin frå 1921 og seinare i Paris. s. 74

17. *Den tredje kongressen til Den kommunistiske internasjonale* — vart halden i Moskva 22. juni—12. juli 1921. Dei 605 delegatane (291 med fulle røysterettar og 314 med rådgjevande røyst) representerte 103 organisasjonar frå 52 land. Det var 48 kommunistiske parti, 8 sosialistiske parti, 28 ungdomsforbund, 4 syndikalistiske organisasjonar, 2 opposisjonelle kommunistiske parti (Tysklands Kommunistiske Arbeidarparti og Spanias Kommunistiske Arbeidarparti) og 13 andre organisasjonar. Dei 72 delegatane frå *Russlands Kommunistiske Parti (bolsjevikane)* vart leidd av Lenin.

Kongressen diskuterte den økonomiske verdskrise og dei nye oppgåvene for Den kommunistiske internasjonale. Andre viktige spørsmål som vart drøfta på kongressen, var meldinga om verksemda til eksekutivkomiteen i Den kommunistiske internasjonale (Ekki), den organisatoriske oppbygginga av dei kommunistiske partia, taktikken til Den kommunistiske internasjonale og fagforeiningsspørsmål. Lenin vart vald som æresformann på kongressen. Den tredje kongressen

hadde stor innverknad på danninga og utviklinga av dei unge kommunistiske partia. Lenin kjempa både mot sentristisk avvik og «venstre»-dogmatisme, pseudo-revolusjonært «venstre»-preik og sekterisme. Den revolusjonære marxismen kom seg på dette viset vekk frå «venstre»-faren.

I historia til den kommunistiske verdsrørsla er den tredje kongressen kjent for at han utarbeidde den grunnleggjande taktikken til dei kommunistiske partia og slo fast oppgåva med å vinna massane over på proletariatet si side. Kongressen styrkte einskapen i arbeidarklassen og einskapen mellom arbeidarklassen og det arbeidande folket. Hovudideen i alle vedtaka på kongressen fant uttrykk i parolen «Fram til massane». Kongressen utarbeidde grunnlaget for einskapsfronttaktikken og forkasta «teorien om offensiven», som gjekk ut på at kommunistiske parti skulle føra ein offensiv taktikk utan omsyn til om det arbeidande folket stødde det kommunistiske partiet eller om det fanst objektivt grunnlag for revolusjonær verksemd. s. 82

18. *Amritsar* — eit industrisenter i Punjab i India der britiske troppar 13. april 1919 skaut på eit massemøte som protesterte mot det kolonialistiske terrorveldet. Om lag 1000 vart drepne og 2000 sára. Denne massakren førte til folkeleg oppstand i Punjab og andre provinsar som vart brutalt slege ned av dei britiske kolonialistane. s. 84

19. *Den åttande allrussiske sovjetkongressen av arbeidar-, bonde-, raude hær- og kosakkrepresentantar* — vart halden i Moskva 22.—29. desember 1920. 2537 delegatar var på kongressen. Av dei hadde 1728 fulle røysterettar medan 809 hadde berre rådgjevande røyst. 91,7% av det totale talet på delegatar var kommunistar, 2,7% var kommunist sympatisørar, 3,9% var partilause, 0,3% mensjevikar, 0,3% bundistar, 0,15% venstre-sosialrevolusjonære, 0,15% anarkistar og 0,8% var frå andre parti. Kongressen synte den veksande autoriteten til det kommunistiske partiet og det politiske samanbrotet til dei småborgarlege partia, som hadde avslørt seg som anti-sovjetiske og kontrarevolusjonære.

Kongressen kom saman då krigen mot den framande intervensjonen og indre kontrarevolusjon vart avslutta med siger og då den økonomiske fronten framstod som «hovudsaka og det viktigaste» (Lenin). Kongressen drøfta fylgjande saker: Meldinga om verksemda til den sentrale allrussiske eksekutivkomiteen og rådet av folkekommissærar, elektrifiseringa av Russland, omdanninga av industrien og transportvesenet, utviklinga av jordbruksproduksjonen og korleis ein skulle stø jordbruket, kampen for å gjera sovjetorgana meir effektive og kvitta seg med byråkratiske metodar. Desse problema vart handsama i tre seksjonar: industri, jordbruk og sovjetadministrasjonen.

Lenin leidde arbeidet på kongressen. På plenumsmøtet 22. desember gav han melding om verksemda til den sentrale allrussiske ekseku-

tivkomiteen og rådet av folkekommissærer. Den 23. desember summerte han opp debatten. Med overveldande fleirtal vedtok kongressen resolusjonen om meldinga til Lenin og godkjende verksemda til regjeringa. Kongressen gjekk samstundes mot eit framlegg frå dei småborgarlege delegatane, som hadde kome med anti-sovjetiske innlegg.

Kongressen vedtok ein plan for å elektrifisera landet (GOELRO) etter initiativ og instruksar frå Lenin. Dette var den fyrste langsiktige økonomiske planen i sovjetstaten, og Lenin kalla han «det andre partiprogrammet». Eit anna hovudspørsmål som var oppe på kongressen var eit lovutkast om tiltak for å styrkja og utvikla bondejordbruket. Dette hadde vore vedteke av rådet av folkekommissærer i desember 1920. Lenin stod på at denne lova var «det som hundrevis av dekret og lovutkast til sovjetmakta var sentrert rundt».

Kongressen vedtok ein omfattande resolusjon for å betra og omorganisera heile sovjetapparatet for å gjera det i stand til å gå over til fredeleg økonomisk oppbygging. Tilhøva mellom sentrale og lokale maktorgan og administrative organ vart regulert. Kongressen diskuterte omorganiseringa av heile systemet med den økonomiske styringa i samsvar med dei nye økonomiske oppgåvene. s. 89

20. *Poslednije Novosti* (Siste Nytt) — ei emigrantavis, organ for det kontrarevolusjonære partiet av konstitusjonelle demokratar, som vart gjeve ut i Paris frå april 1920 til juli 1940. Redaktør var P. N. Miljukov. s. 91

21. *Kommunistisjeski Trud* (Kommunistisk arbeid) — ei dagsavis utgjeve av Moskva-komiteen til RKP(b) og Moskva-sovjetet av arbeidrarar og bonderepresentantar frå 18. mars 1920. Den 20. februar 1922 tok ho namnet *Rabotsjaja Moskva* (Moskva-arbeidaren) og den 1. mars 1939 tok ho namnet *Moskovski Bolsjevik* (Moskva-bolsjeviken), og sidan februar 1950 har namnet vore *Moskovskaja Pravda* (Moskva-sanninga). s. 91

22. *Mensjevikane* — dei som støtta det småborgarlege, opportunistiske straumdraget innanfor Russlands sosialdemokratiske arbeidarparti (RSDAP) og var reiskapen for borgarleg innverknad mellom arbeidarane. Namnet, som tyder «medlemer av mindretalet», skriv seg frå Den andre kongressen til RSDAP i 1903, frå vala til dei sentrale organa i partiet som vart haldne på slutten av kongressen. Mensjevikane var i mindretal, medan dei revolusjonære sosialdemokratane leidd av Lenin, var i fleirtal (ordet «bolsjevik» tyder «medlem av fleirtalet»). Under revolusjonen 1905—07 var mensjevikane imot at proletariatet skulle ta leiinga i revolusjonen, dei var imot forbundet mellom arbeidarklassen og bøndene, dei gjekk inn for ei semje med det liberale borgarskapet og var for at det skulle ha leiinga i revolu-

sjonen. I reaksjonsåra (1907—10) som fylgde etter at revolusjonen var slege ned, forkynte mensjevikane likvidasjonisme, dvs. dei ville avskipa det revolusjonære partiet til proletariatet som arbeidde illegalt.

Under den fyrste imperialistiske verdskrigen fylgde mensjevikane den same lina som dei opportunistiske leiarane i Den andre internasjonalen, som sentristane Kautsky & Co. Deira politikk var å taka fråstand frå revolusjonen og stilla inn klassekampen under krigen for ikkje å hindra «deira» regjering i å taka del i den imperialistiske krigen.

Den borgarleg-demokratiske februarrevolusjonen i 1917 førte til at det vart skipa ei dobbelmakt i Russland — borgarskapets diktatur gjennom den provisoriske regjeringa, og proletariatets og bøndenes diktatur gjennom sovjeta. Mensjevikane og dei sosialrevolusjonære (sjå note 23) gjekk inn i den provisoriske regjeringa, støtta den imperialistiske politikken ho fylgde og stridde mot den proletariske revolusjonen som heldt på å veksa seg sterk. Innanfor sovjeta fylgde mensjevikane den same politikken med å støtta den provisoriske regjeringa og skilja massane frå den revolusjonære rørsle.

Etter Oktoberrevolusjonen vart mensjevikane eit ope kontrarevolusjonært parti som organiserte og tok del i samansverjingar og oppreistar som hadde som mål å styrta sovjetmakta. s. 92

23. *Sosialrevolusjonær* — medlem av eit småborgarleg parti som kom til i 1901—02, då einskilte narodnik-grupper og -sirklar slo seg saman (Den sosialrevolusjonære unionen, Partiet for dei sosialrevolusjonære og andre).

Dei sosialrevolusjonære skilde ikkje mellom proletariatet og småeigarane, dei sletta over klasseskilnadene mellom bøndene og gjekk imot at proletariatet spelar ei leiande rolle i revolusjonen. Deira synsstadar var ei blanding av narodnik-idear og revisjonisme. For å nytta eit uttrykk frå Lenin, så freista dei «å bota riftene i narodnik-ideane med bitar frå moderne opportunistisk 'kritikk' av marxismen». (Lenin, «Sosialismen og bøndene» (1905) i *Samla verk*, eng. utg. 1965, band 9, s.310.)

Bolsjevikpartiet reiv sløret av freistnadene frå dei sosialrevolusjonære på å gøyma seg bak ei sosialistisk maske, og det førte ein fast strid mot dei for å få innverknad mellom bøndene. Bolsjevikane synta at den terroristiske taktikken til dei sosialrevolusjonære var til skade for arbeidarrørsle. Likevel gjekk bolsjevikane, i visse høve, inn i mellombels semjer med dei i striden mot tsarismen. Under den fyrste russiske revolusjonen braut høgrefløyen mellom dei sosialrevolusjonære ut og skipa det legale Folkesosialistpartiet som sto nær kadettane i politiske synsstadar. Venstrefløyen skipa det halv-anarkistiske maximilistforbundet. I perioden med Stolypin-reaksjonen forfall det sosialrevolusjonære partiet ideologisk og organisatorisk, og under den fyrste verdskrigen vart dei fleste av medlemene sosialsjåvinistar.

Etter februarrevolusjonen i 1917 var dei sosialrevolusjonære saman med mensjevikanane og kadettane hovudstommen i den kontrarevolusjonære borgar- og godseigarregjeringa, der leiarane var sosialrevolusjonære (Kerenski, Avksentjev, Tsjernov). Seint i november 1917 skipa venstrefløya i partiet Det sjølvstendige venstresosialrevolusjonære partiet. I ein freistnad på å halde på innverknaden sin mellom bøndene anerkjende dei sosialrevolusjonære sovjetmakta formelt og gjekk inn i ein avtale med bolsjevikanane, men snart gjekk dei over til å stri mot dei.

Under den utanlandske intervensjonen og borgarkrigen tok dei sosialrevolusjonære del i kontrarevolusjonær undergravingsverksemd, dei støtta aktivt intervensjonistane og kvitegardistgeneralane, dei tok del i kontrarevolusjonære samansverjingar og organiserte terroristiske aksjonar mot leiarane i sovjetregjeringa og i det kommunistiske partiet. Etter borgarkrigen heldt dei sosialrevolusjonære fram med dei fiendslege handlingane mot sovjetstaten, både innanlands og mellom kviteemigrantane. s. 92

24. *Tysklands Kommunistiske Arbeidarparti* — vart danna i april 1920 av «venstre»-kommunistar som hadde vorte ekskluderte frå Tysklands Kommunistiske Parti ved Heidelberg-kongressen i 1919. Partiet deltok på den tredje kongressen til Den kommunistiske internasjonale, men retta seg ikkje etter oppfordringane frå Komintern om å arbeida for einskap i den tyske kommunistiske rørsle. Partiet heldt fram med splittingsverksemda si og vart ekskludert frå Komintern. s. 93

25. *Freden i Brest-Litovsk* — vart undertekna av Sovjet-Russland og kvadrupel-alliansen (Tyskland, Austerrike-Ungarn, Bulgaria og Tyrkia) 3. mars 1918. Denne fredstraktaten vart godkjend 15. mars av den ekstraordinære fjerde allrussiske sovjet-kongressen. Fredsvilkåra var svært harde for Sovjet-Russland. Tyskland og Austerrike-Ungarn fekk kontrollen over Polen, over nesten heile det baltiske området og delar av kvite-Russland. Ukraina vart skilt frå Sovjet-Russland og var avhengig av Tyskland. Tyrkia fekk byane Kars, Batum og Ardagan.

Traktaten vart undertekna takk vera ein stor innsats frå Lenin si side mot framferda til Trotski og «venstre-kommunistane». Traktaten var eit klokt politisk kompromiss. Han gav Sovjet-Russland eit fredelig pusterom og gjorde det mogleg for landet å demobilisera den gamle hæren som heldt på å falla saman og å få den nye raude hæren på beina. Freden gjorde det mogleg å setja i gong den sosialistiske oppbygginga og få i stand ei samling av styrkane for å bu seg på den kommande striden mot den indre kontrarevolusjonen og framand intervensjon. Etter at monarkiet i Tyskland vart avskaffa i revolusjonen i november 1918, gjorde den allrussiske sentrale eksekutivkomiteen slutt på røvarfreden i Brest. s. 94

26. Lenin tenkjer her på det kontrarevolusjonære opprøret til *Det tsjekkosllovakiske regimentet*. Dette opprøret vart inspirert av Ententen, og mensjevikanane og dei sosialrevolusjonære hadde kjennskap til det. Regimentet var sett saman av tsjekkiske og slovakiske krigsfangar og vart danna i Russland før Oktoberrevolusjonen. Sommaren 1918 var det meir enn 60 000 mann i dette regimentet (i Russland i det heile var der om lag 200 000 tsjekkiske og slovakiske krigsfangar). Etter opprettinga av sovjetstyret var det ententemaktene som tok over finansieringa av regimentet. Thomas Masaryk, president i Den tsjekkosllovakiske nasjonalforsamlinga, proklamerte at korpset var ein del av den franske hæren, og representantane for Ententen reiste spørsmålet om å evakuera regimentet til Frankrike. Sovjetregjeringa sa seg samd i denne evakueringa på det vilkåret at dei russiske soldatane i Frankrike òg vart gjevne løyve til å koma heim. Ein avtale vart undertekna den 26. mars 1918 og regimentet vart gjeve høve til å forlata Russland via Vladivostok under føresetnad av at det gav frå seg våpna sine og fjerna dei kontrarevolusjonære russiske offiserane i leiinga si. Men den kontrarevolusjonære leiinga i regimentet braut avtalen med sovjetregjeringa når det gjaldt å gje frå seg våpna sine og provoserte fram eit væpna opprør i slutten av mai. Dei opererte i nær kontakt med kvitegardistane og kulakkane, og dei kvite tsjekkarane okkuperte store område i Ural, rundt Volga og i Sibir. Overalt sette dei opp eit borgarleg styre.

Den 11. juni, rett etter at opprøret braut laus, appellerte den sentrale eksekutivkomiteen for tsjekkosllovakiske kommunistiske grupper i Russland til soldatane i regimentet. Dei synta at opprøret hadde eit kontrarevolusjonært siktemål og oppmoda dei tsjekkiske og slovakiske arbeidarane og bøndene til å gå saman med dei tsjekkosllovakiske einingane i den raude hæren. Størstedelen av dei tsjekkiske og slovakiske krigsfangane var for sovjetmakta og lot seg ikkje lura med på anti-sovjetisk propaganda frå den reaksjonære leiinga i regimentet. Mange av soldatane nekta å kjempa mot Sovjet-Russland når dei forstod dei hadde vorte ført bak lyset. Nestan 12 000 tsjekkarar og slovakar slutta seg til den raude hæren.

Volga-området vart frigjort av den raude hæren hausten 1918. Kvite-tsjekkarane vart heilt slegne ned tidleg i 1920. s. 94

27. *Mistaka til «venstre»-kommunistane* — var at dei hadde oppfordra arbeidarklassen til aksjonar utan at tilhøva var mogne til det. Det tyske borgarskapet nytta desse mistaka til å provosera arbeidarane til væpna aksjon på ei tid som ikkje høva. Ein arbeidaroppreist braut ut i sentral-Tyskland i mars 1921. Oppreisten vart ikkje stødd av arbeidarane i andre industriområde og resultatet vart at trass i ein heroisk kamp vart oppreisten raskt knust. (Sjå Lenins: «Tale til forsvar for taktikken til Den kommunistiske internasjonale» og hans: «Eit brev til dei tyske kommunistane», i Lenin, *Samla Verk*, band 32, side 468—77 og 512—23.) s. 97

28. *Reinsinga av partiet* — vart gjennomført i andre halvdel av 1921 på grunnlag av resolusjonen om «*Problem i utviklinga av partiet*» på den 10. kongressen til RKP(b). Under reinsinga vart nesten 170 000 menneske, d.v.s. nesten 25 prosent av alle medlemene, ekskludert frå partiet. Dette gav partiet ei betre sosial samansetjing, det styrkte disiplinen, gav partiet høgare prestisje mellom arbeidarane og bøndene som ikkje var med i partiet, og gjorde partiet fri frå element som sette det i dårleg lys. Den ideologiske og organisatoriske einskapen i partiet vart auka. s. 103

29. Tanken på å kalla saman ein såkalla «arbeidarkongress» vart lagt fram av P.B. Akselrod og stødd av andre mensjevikar. Han hadde som mål å få representantar frå ulike arbeidarorganisasjonar saman og grunnleggja eit legalt, breitt «arbeidarparti», som skulle inkludera sosialdemokratlar, sosialrevolusjonære og anarkistar. I røynda ville dette ha vore det same som å oppløysa RSDAP og erstatta det med ein ikkje-parti organisasjon. s. 104

30. *Kadettane* — medlemmer av det konstitusjonelt-demokratiske partiet. Det var det viktigaste borgarlege partiet i Russland og talerøyr for det liberale monarkistiske borgarskapet. Det vart skipa i oktober 1905. *K.* sa seg å vera demokratlar og kalla seg «partiet for folket sin fridom». På det viset freista dei å få oppslutnad mellom bøndene. Målet deira var å halda på tsarismen i form av eit konstitusjonelt demokrati. Seinare vart *k.* partiet for det imperialistiske borgarskapet. Under fyrste verdskrigen var *k.* aktive hjelpesmenn for utanrikspolitikken til tsarregjeringa som gjekk ut på å annektera nye område. Då den borgarleg-demokratiske revolusjonen kom i februar 1917, freista dei å berga monarkiet. *K.* hadde ei leiande stilling i den borgarlege provisoriske regjeringa og førte ein anti-folkeleg, kontrarevolusjonær politikk som vart godteken av dei britiske, franske og amerikanske imperialistane. Etter at den sosialistiske Oktoberrevolusjonen hadde sigra, organiserte *k.* kontrarevolusjonære samansverjingar og oppreistar mot sovjetrepublikken. s. 104

31. *Basel-manifestet* — vart vedteke av Den andre internasjonale den 25. november 1912 av den ekstraordinære internasjonale sosialistiske kongressen, som satt saman i Basel 24.—25. november 1912. Dette manifestet åtvara folka mot at krigen truga og det oppmoda arbeidarane i alle land til å føra ein fast kamp for fred mot denne røvarkrigen. Manifestet hadde eit punkt frå resolusjonen til Stuttgartkongressen i 1907, som Lenin hadde formulert, der det stod at dersom ein imperialistisk krig braut ut, måtte sosialistar nytta den økonomiske og politiske krise som krigen fekk fram, til å fremja kampen for den sosialistiske revolusjonen.

Leiarane i Den andre internasjonale røysta for å vedta anti-

krigsmanifestet. Men då krigen braut laus gløymde dei dette slik dei gløymde alle dei andre vedtaka frå dei internasjonale sosialistiske kongressane, om kampen mot krig, og dei slutta opp om dei imperia-listiske regjeringane sine. s. 114

32. *Rolla og oppgåvene til fagforeiningane under den nye økonomiske politikken*, vart drøfta på eit plenumsmøte i sentralkomiteen i Russlands Kommunistiske Parti (bolsjevikane), den 28. desember 1921. Utkastet til vedtaket om fagforeiningane som vart vedteke av sentralkomiteen, vart skreve av Lenin. Tesane frå 12. januar 1922 vart drøfta av politbyrået i sentralkomiteen som samrøystes vedtok dei og utan vidare tillegg sende dei over til den 11. partikongressen. Her vart dei samrøystes vedtekne. s. 127

33. *Den ellevte kongressen til RKP(b)* — vart halden i Moskva frå 27. mars til 2. april 1922.

Kongressen kom saman eit år etter at borgarkrigen var slutt og landet hadde gått over til fredeleg økonomisk utvikling. Føremålet med kongressen var å summera opp resultata av det fyrste året med den nye økonomiske politikken og streka opp den vidare planen for sosialistisk oppbygging. Dette var den siste partikongressen der Lenin deltok. 522 delegatar var til stades med fulle røysterettar og 165 delegatar med rådgjevande røyst. Kongressen drøfta fylgjande saker: 1. Politisk melding frå sentralkomiteen, 2. Organisasjonsmelding frå sentralkomiteen, 3. Melding frå revisjonskommisjonen, 4. Melding frå den sentrale kontrollkommisjonen, 5. Melding frå Den kommunistiske internasjonale, 6. Fagforeiningane, 7. Den raude hæren, 8. Den økonomiske politikken, 9. Resultata av reinsinga av partiet og den fylgjande styrkinga av partirekkjene og meldinga om arbeidet med ungdomen og om pressa og propagandaen og 10. Val til sentralkomiteen og den sentrale kontrollkommisjonen. Lenin opna kongressen, heldt den politiske meldinga til sentralkomiteen i RKP(b), ein tale ved avslutninga av dette punktet og ein tale ved avslutninga av kongressen. s. 142

34. *Den internasjonale økonomiske finanskongressen*, Genova-kongressen, vart halden frå 10. april til 19. mai 1922. England, Frankrike, Italia, Belgia, Japan og andre kapitalistiske land og Sovjet-Russland deltok. Konferansen kom saman for å slå fast tilhøva mellom den kapitalistiske verda og Sovjet-Russland. Då konferansen vart opna la sovjetdelegasjonen fram eit omfattande program for gjenoppbygginga av Europa og ein plan for allmenn nedrusting. Dette framlegget vart ikkje vedteke av konferansen.

På konferansen la sovjetdelegasjonen fram ei erklæring som Lenin og rådet av folkekommissærar hadde godkjent, der det mellom anna vart sagt: «Den russiske delegasjonen sannkjenner — tru mot prinsip-

pa i kommunismen — at i den noverande epoken som gjer det mogleg at det gamle sosiale systemet kan eksistera samstundes med det nye systemet som held på å veksa fram, så er økonomisk samarbeid mellom statar som representerer desse to eigedomssystema heilt naudsynt for den økonomiske gjenoppbygginga i heile verda.»

Genova-konferansen klarte ikkje å løysa problema som stod framfor han. Sovjetdelegasjonen gjekk hardt imot freistnadene frå imperialismaktene på å leggja ein kolonistatus på Sovjet-Russland ved å etablera kontroll over sovjetfinansar osv. s. 142

35. *Fattigbondekomitear* — vart oppretta etter eit dekret av den all-russiske sentrale eksekutivkomiteen 11. juni 1918. (Om organiseringa av dei fattige på landsbygda og korleis ein skulle forsyne dei med brød, naudsynte artiklar og jordbruksreidskapar). Desse fattigkomiteane hadde til oppgåve å få oversyn over matreservane på bondebruka og å få fram i dagen matoverskotet på kulakkbruka. Dei skulle hjelpe dei sovjetiske matforsyningsorgana med å konfiskera dette overskotet og å forsyne dei fattige bøndene med mat på kostnad av kulakkbøndene. Dei skulle fordela jordbruksreidskapar og fabrikkvarer osv. Men den viktigaste praktiske verksemda deira strekte seg over alle delar av arbeidet på landsbygda, og dei vart sentra og organ for det proletariske diktaturet på landsbygda. Dei spela ei stor rolle i kampen mot kulakkveldet ved omfordelinga av konfiskert jord og ved å levera matvarer til arbeidarsentra og til den raude hæren. Organiseringa av desse komiteane var eit viktig skritt i utviklinga av den sosialistiske revolusjonen på landsbygda. Dei hadde mykje å seia for vinna dei mellomstore bøndene for sovjetmakta. Mot slutten av 1918, etter å ha gjort ferdig oppgåvene sine, vart fattigbondekomiteane slegne saman med sovjeta på landsbygda. s. 159

36. Lenin tenkjer her på artikkelen til Matias Rakosi: «Den nye økonomiske politikken i Sovjet-Russland», som tek føre seg brosjyren av Otto Bauer: «Der Neue Kurs» i Sovjet-Russland («Den nye politikken» i Sovjet-Russland, utgjeve i Wien i 1921). Artikkelen til Rakosi kom fyrst i mars 1922 i magasinet *Den kommunistiske internasjonale* nummer 20. *Den kommunistiske internasjonale* var organ for eksekutivkomiteen i Den kommunistiske internasjonale og vart utgjeve på russisk, tysk, fransk, engelsk, spansk og kinesisk. Det fyrste nummeret kom ut den 1. mai 1919, og det siste nummeret kom ut i 1943 då Komintern vart nedlagt. s. 164

37. *Sokolnikov-kommisjonen* — kommisjonen for blanda selskap under arbeids- og forsvarsrådet. Denne kommisjonen vart oppretta etter vedtak i Arbeids- og forsvarsrådet 15. februar 1922. Formann i kommisjonen var Sokolnikov. s. 165

38. *Smena Vjek* — var tittelen på ei samling artiklar som vart utgjevne i Prag i 1921. Seinare vart det namnet på ei tidsskrift utgjeve i Paris frå oktober 1921 til mars 1922. *Smena Vjek* var talerøyr for ei særskilt politisk retning som utvikla seg mellom intellektuelle kvite emigrantar i 1921 og som i ei viss mon vart stødd av dei gamle borgarlege intellektuelle som ikkje emigrerte av ulike årsaker.

Dei kapitalistiske elementa i Sovjet-Russland vakna til live att i ei viss utstrekning etter at den nye økonomiske politikken vart innført. Tilhengarane av denne retninga såg at framand militærintervensjon ikkje kunne knusa sovjetstyret og dei tok no til å verta talsmenn for å samarbeida med sovjetregjeringa. På den måten håpte dei at sovjetstaten ville få ei borgarleg fornying. NEP-politikken såg dei som ei utvikling fram mot attreisning av kapitalismen. Nokre av dei var budd på å samarbeida med sovjetregjeringa lojalt og verkeleg fremja den økonomiske fornyinga i landet. Men størstedelen tok opent parti for kontrarevolusjonen. s. 168

39. *Alexander Todorski* — skreiv ei bok som vart utgjeve i 1918 av Sovjet-eksekutivkomiteen i Vesjegansk. Namet på boka var Eit år med gevær og plog. Lenin snakkar om denne boka i artikkelen «Eit lite bilete illustrerar store problem» (1918) i *Samla Verk*, eng. utg., band 28, side 386—89. s. 172

40. *Den sentrale prøvingskommisjonen* — vart oppretta den 25. juni 1921 av sentralkomiteen i RKP(b). Denne kommisjonen skulle leia arbeidet til lokale prøvingskommisjonar medan partiet vart reinsa. Kommisjonen hadde 5 medlemmer. s. 191

41. *Arbeidar- og bondeforsvarsrådet* — vart oppretta av den allrussiske sentrale eksekutivkomiteen 30. november 1918. Dette var for å gjennomføra dekretet frå 2. desember 1918 som erklærte at den sovjetiske republikken var ein militærleir. Lenin vart formann i rådet. Det fekk ekstraordinære fullmakter for å mobilisera alle ressursane i sovjetstaten for forsvar i den sær s vanskelege tida. Rådet var det høgste militære og økonomiske, og planleggingssenteret i republikken under intervensjonen og borgarkrigen. Det kontrollerte òg verksemda til det revolusjonære militærrådet og andre militære organ.

Vedtak i dette rådet var bindande for alle sovjetinnbyggjarar såvel som for sentrale og lokale regjeringsorgan. Tidleg i april 1920 vart det omorganisert til *Arbeids- og forsvarsrådet*. Etter eit vedtak av den 8. allrussiske sovjetkongressen i desember 1920, tok det til å verka som ein regjeringskommisjon med ansvar for å koordinera arbeidet til alle økonomiske organ. Det var nedlagt i 1937. s. 193

42. *Den fjerde kongressen til Den kommunistiske internasjonale* — vart halden frå 5. november til 5. desember 1922. Kongressen opna i Petrograd men vart frå 9. november flytta over til Moskva. 408 delgatar deltok. 343 hadde fulle røysterettar og representerte 58 kommunistiske organisasjonar i ulike land. Dette var den siste kongressen medan Lenin enno levde. Han var sjølv aktiv i mykje av forarbeidet til kongressen og stod i leiinga for delegasjonen til RKP(b).

Den 13. november leste Lenin meldinga si: «Fem års russisk revolusjon og utsiktene for verdsrevolusjonen». Denne meldinga leste han på tysk. Vedtaka på kongressen var til stor hjelp i kampen mot høgrevolusjonistiske, sektariske og dogmatisk avvik i den internasjonale kommunistiske rørsla. Dei gjorde det lettare å forma dei kommunistiske partia om til marxist-leninistiske parti av eit nytt slag. s. 204

43. Dette uttrykket vart nytta i *Rudin* av Ivan Turgenjev. Mannen som nyttar det i boka heiter Pigasov og var kvinnehatar. Han nekta for at kvinna kunne tenkja logisk, og sa : «Ein mann kan til dømes seia at to gonger to ikkje er 4, men 5 eller 3,5, men ei kvinne vil kunna seia at to gonger to er eit talglys». s. 217

44. *Dei svarte hundre* — var monarkistiske bandar som vart danna av tsarpolitiet for å kjempa mot den revolusjonære rørsla. Dei myrda revolusjonære, gjekk til åtak på progressive intellektuelle og organiserte jødiske pogromar. s. 219

45. *Den internasjonale fredskongressen i Haag* — vart halden av den internasjonale Amsterdam-føderasjonen av fagforeiningar frå 10. til 15. desember 1922. Kongressen vart kalla saman som eit resultat av krava frå arbeidarklassen om å kjempa for å hindra at ein ny krig i verda skulle bryta laus. Revolusjonære fagforeiningar og kooperativ hadde òg kravd at ein delegasjon frå Sovjet-Russland skulle bedast inn til kongressen. Eit framlegg frå sovjetdelegasjonen om å gå inn for eit sams handlingsprogram mot krigsfaren vart røysta ned av dei opportunistiske fleirtalet på kongressen. s. 221

46. *Om kooperasjonen* — vart gjort kjend 26. juni 1923. I denne artikkelen utvikla Lenin den kooperative planen sin for å dra bøndene med i oppbygginga av sosialismen. For at sosialismen skulle sigra på landsbygda, var det naudsynt å gå over frå einskilde småbruk til kooperative produksjonssamanslutningar. Desse tankane til Lenin om den kooperative samanslutninga av bondemassane vart vedteke som ei hovudoppgåve for arbeidet på landsbygda etter den 13. partikongressen, som vart halden frå 23. til 31. mai 1924. s. 232

47. Artiklane «Korleis vi bør omorganisera arbeidar- og bondeinspeksjonen» og «Betre færre, men betre» — vart skrivne av Lenin framfor den tolvte partikongressen. Den tolvte partikongressen til RKP(b) vart halden frå den 17. til 25. april 1923. Alle framlegga som Lenin hadde kome med i desse to artiklane vart godkjende av kongressen. Kongressen vedtok òg ein resolusjon: «Om oppgåvene til arbeidar- og bondeinspeksjonen og den sentrale kontrollkommissjonen», og at desse to organa skulle slåast saman. s. 246

48. Kraftverkprosjektet på Volkhov-elva var det fyrste av dei store vasskraftstasjonene i Sovjetunionen. Bygginga av dette prosjektet vart starta i 1918, men arbeidet kom ikkje skikkeleg i gang før 1921 etter borgarkrigen. I 1926 var prosjektet ferdig. s. 268

PERSONREGISTER

ADORATSKI, Vladimir Viktorovitsj (1878—1945): Framstående marxistisk propagandist, kjent sovjetisk vitenskapsmann. s. 91

AXELROD, Pavel Borisovitsj (1850—1928): Russisk sosialdemokrat. Tok del i grunnlegginga av Gruppen for frigjøring av arbeidet, den første marxistiske gruppa i Russland. Slutta seg til *Iskra* — mindretallet på den andre kongressen til RSDAP i 1903. Vart seinare ein av leiarane for mensjevikane. Han var leiar for Likvidatorane i reaksjonsåra 1907—10, dvs. dei mensjevikane som stod for lina med å likvidera, tilintetgjera proletariatets revolusjonære illegale parti. Under fyrste verdskrigen var han sentrist, dvs. han dekte det sosialsjåvinistiske standpunktet sitt under «venstre»-frasar om kamp mot krigen, frasar som skulle føra arbeidarklassen bak lyset. I røynda stødde Axelrod krigen. Etter Oktoberrevolusjonen budde han i utlandet og ga stønad til den væpna intervensjonen mot Sovjet-Russland. s. 104

BAUER, Otto (1882—1938): Framstående austerrisk sosialdemokrat og ein av leiarane for Den andre internasjonale. Ein av ideologane bak teorien om «kulturelt og nasjonalt autonomi». Han var utanriksminister i Den austerriske republikken (1918). Motstandar av den revolusjonære rørsla. s. 164, 185

BEBEL, August (1840—1913): Ein av grunnleggjarane og forgrunnsfigurane i det tyske sosialdemokratiet og Den andre internasjonale. Var opphaveleg dreiar av fag. Kjempa energisk mot revisjonismen og reformismen i den tyske arbeidarrørsla. s. 91, 118

BOGAJEVSKI, Mitrofan Petrovitsj (1881—1918): Framstående leiar for kontrarevolusjonære Don-kosakkar. s. 51

BUKHARIN, Nikolai Ivanovitsj (1888—1938): Medlem av Russlands sosialdemokratiske arbeidarparti (RSDAP) frå 1906. Under fyrste verdskrigen gjekk han imot Lenin i spørsmålet om imperialismen, staten og den nasjonale sjølvrådetretten. I 1917 hevda han at det var

umogleg for den sosialistiske revolusjonen å kunne sigra i Russland. Etter den sosialistiske Oktoberrevolusjonen gjekk han fleire gonger mot generallina til partiet. I 1918 var han leiar for anti-partigruppa av «venstrekommunistar». I 1920—21 stødde han Trotski i diskusjonen om fagforeiningane, og frå 1928 var han ein av leiarane for høgreavviket i partiet. I 1937 vart han ekskludert frå partiet for anti-parti-verksemda si. s. 47, 49f.

CAVAIGNAC, Luis Eugene (1802—1857): Fransk general og borgarleg polititar. Forsvarsministar 1848. Fekk diktatorisk makt til å slå ned junioppbreisten som Paris-arbeidarane starta i 1848, og gjorde det med blodig villskap. s. 42, 70

DAN, (Gurvitsj), Fjodor Iljetsj (1871—1947): Russisk sosialdemokrat, mensjevikleiar. Leiar for ei utanlandsk likvidatorgruppe under reaksjonsåra (1907—10). Etter februarrevolusjonen i 1917 var han medlem av eksekutivkomiteen i Petrogradsovetet, der han støtta den borgarlege provisoriske regjeringa. Etter Oktoberrevolusjonen gjekk han aktivt mot sovjetmakta og vart vist bort frå landet i 1922 for kontrarevolusjonær verksemd. s. 73

DENIKIN, Anton Ivanovitsj (1872—1947): General i tsarhæren. I 1919 oppretta han eit borgarleg godseigardiktatur i Sør-Russland og Ukraina, med stønad frå fransk, britisk og amerikansk imperialisme. Sommaren og hausten 1919 starta han ein offensiv mot Moskva, men vart slegen av den raude hæren. Tidleg i 1920 var Ukraina frigjort. s. 32, 79, 125

GHE, A. Y. (1879—1919): Russisk anarkist, ga stønad til sovjetmakta etter Oktoberrevolusjonen. s. 45

HILLQUIT, Morris (1869—1933): Amerikansk sosialist, advokat. Han var tilhengar av marxismen, men gjekk sidan over til reformismen og opportunisten. s. 110

HILFERDING, Rudolf (1877—1914): Ein av dei opportunistiske leiarane og teoretikarane for det tyske sosialdemokratiet og Den andre internasjonale. s. 110

JERMANSKI, Osip Arkadijevitsj (1866—1941): Mensjevikisk sosialdemokrat. Meldte seg ut av mensjevikpartiet i 1921 og dreiv seinare med vitskapleg forskningsarbeid i Moskva om organisasjonsteori. s. 258

JUDENITSJ, Nikolai Nikolaievitsj (1862—1933): Russisk tsaristisk general. Ein av hovudmennene bak kontrarevolusjonen etter oktober 1918. I 1919 freista han to gonger å ta Petrograd, men vart slegen av den raude hæren. Etter det vart han kvite-emigrant. s. 29, 32, 125

KAMENEV, Leo Borisovitsj (Rosenfeld) (1883—1936): Tok del i den russiske sosialdemokratiske rørsle frå 1901 og slutta seg til bolsjevikanne etter RSDAPs 2. kongress i 1903. I reaksjonsåra (1907—10) stod han på ei forsoningsline overfor likvidatorane, otsovistane og trotskistane. Etter februarrevolusjonen i 1917 gjekk han imot apriltesane til Lenin og vegen mot den sosialistiske revolusjonen. I oktober 1917 sveik han saman med Sinovjev vedtaket til sentralkomiteen om å setja i gong den væpna oppstanden. Etter den sosialistiske Oktoberrevolusjonen sette han seg gong på gong imot den leninistiske politikken til partiet. I 1925 organiserte han og Sinovjev «den nye opposisjonen» mot oppbygginga av sosialismen, og i 1926 var han aktiv i den trotskistisk-sinovjevske kapitulantlyblokk. Han vart ekskludert frå partiet i 1934 for anti-partiverksemda si. s. 177 ff., 192

KARELIN V.A. (1891—1938): Ein av grunnleggjarane av Det venstresosialrevolusjonære partiet i 1917. I juli 1918 var han med på organiseringa av opprøret til dei venstresosialrevolusjonære mot sovjetmakta. s. 45

KAUTSKY, Karl (1854—1938): Ein av leiarane og teoretikarane i det tyske sosialdemokratiet og Den andre internasjonale. Han var fyrst marxist og arbeidde med å gje ut dei etterletne verka til Marx og Engels. Kritiserte Bernsteins revisjonisme i 1890-åra. Seinare renegat og teoretikar for ein avart av opportunismen, nemleg sentrismen (kautskyanismen). Han vende seg mot dei revolusjonære under den fyrste verdskrigen og stødde borgarskapet i krigen. Han kjempa mot bolsjevikanne under Oktoberrevolusjonen og vart ein leiande fiende av den sosialistiske sovjetstaten. Sjå Lenin, *Den proletariske revolusjonen og renegaten Kautsky* (1918), Forlaget Oktober 1975 og *Imperialismen*, (1916), *Utalgte verker i 12 bind*, b. 6, Forlaget Oktober 1976 s. 54, 74 f., 110, 245

KERENSKI, Aleksander Fjodorovitsj (1881—1970): Sosialrevolusjonær. Med i den borgarlege provisoriske regjeringa i Russland frå februar 1917, og leiar for ho frå juli 1917. Førte ein anti-folkeleg politikk ved å halda fram med den imperialistiske krigen. Han let storborgarskapet og godseigarane halda på makta og undertrykte revolusjonen. Etter den sosialistiske Oktoberrevolusjonen levde han i utlandet. s. 26 f., 47, 51, 70, 167

KERTSJENTSEV, (Lebedev), Platon Mikhailovitsj, (1881—1940): Medlem i RSDAP frå 1904, bolsjevik. Historikar og skribent. Etter Oktoberrevolusjonen var han sovjetisk statstenestemann og partifunksjonær. s. 258

KHODOROVSKI, I. N. (1885—1940): Medlem i RSDAP frå 1903. Hadde oppgåver i partiet og militære og administrative jobbar etter Oktoberrevolusjonen. s. 229 f.

KOLTSJAK, Aleksander Vasiljevitsj (1873—1920): Tsaradmiral. Oppkasta seg til eineherskar av Russland i 1920, og leidde kontrarevolusjonen i Sibir med stønad frå USA, Storbritannia og Frankrike. Dei kontrarevolusjonære troppane hans rykka fram mot Sovjet-Russland frå aust, gjennom Ural og vart slegne av den raude hæren tidleg i 1920. s. 26, 29, 32, 70, 79, 125

KORNILOV, Lavr Georgievitsj (1870—1918): Tsaristisk general og monarkist. Kommandant for Petrograd militærområde frå mars 1917, øvstkommanderande i juli-august 1917. I august leidde han eit kontrarevolusjonært opprør, etter Oktoberrevolusjonen leidde han kvitegarden — «den frivillige hæren». s. 70

KRASIN, Leonid Borisovitsj (1870—1926): Framståande sovjetisk statstenestemann. Han tok del i den sosialdemokratiske rørsle frå 1890-åra, var bolsjevik. Frå 1919 arbeidde han som diplomat. I 1921 vart han folkekommissær for utanrikshandelen. s. 177 ff.

LEVI, Paul (1883—1930): Tysk venstresosialdemokrat, medlem av Spartakusforbundet, medlem av sentralkomiteen i Tysklands kommunistiske parti og delegat på Kominterns andre kongress. I 1921 vart han ekskludert frå partiet for partifiendsleg verksemd. s. 97

LONGUET, Jean (1876—1938): Sentristisk leiar i det franske sosialistpartiet og Den andre internasjonale. Han skreiv flittig i fransk og internasjonal sosialistpresse. I 1930-åra gjekk han inn for aksjonseinskap mellom sosialistar og kommunistar mot fascismen. s. 110

MACDONALD, James Ramsay (1866—1937): Britisk politiskar, ein av dei som skipa og leia arbeidarpartiet. Sentrist under fyrste verdskrigen. Statsminister i ei rekkje arbeidarpartiregjeringar. s. 74, 110

MAISKI, Ivan (f. 1884): Sovjetisk diplomat og historikar, mensjevik fram til 1918, medlem av kommunistpartiet sidan 1921. Han var ambassadør i London frå 1932 til 43. s. 26, 75

MARTOV, L. (Tsederbaum, Juli Osipovitsj) (1873—1923): Mensjevikleiar. Leiar for det opportunistiske mindretalet på den andre kongressen til RSDAP (1903). Under fyrste verdskrigen var han sentrist. Etter Oktoberrevolusjonen fiendsleg mot sovjetregjeringa. I 1920 emigrerte han til Tyskland. s. 70, 73 ff., 95, 110

MILJUKOV, Pavel Nikolaievitsj (1859—1943): Ein av leiarane for Kadettpartiet. Utanriksminister i den borgarlege provisoriske regjeringa i 1917. Ville halda fram med den imperialistiske krigen. Tok aktivt del i det kontrarevolusjonære Kornilov-opprøret i august 1917.

Etter Oktoberrevolusjonen var han med på fleire av intervensjonane mot sovjetstaten. *s. 29 ff., 34, 73 ff., 90 f., 99*

NAPOLEON I (1769—1821) (Napoleon Bonaparte): Frå Corsica. *N.* var offisersutdanna og gjorde karriere i den franske revolusjonshæren. Førte så ei rekke hærtog utanfor Frankrike (Austerrike, Egypt, Italia). Gjorde statskupp og utnemde seg sjølv til «fyrstekonsul» i november 1799, og i 1804 let han seg utropa til keisar. Under leining av Napoleon låg Frankrike i krig med Austerrike, England og Russland mest samanhangande frå 1799 til 1814, då Napoleon vart tvinga til å gå av. Ein freistnad på å ta makta att i 1815 leid endeleg nederlag i slaget ved Waterloo.

N. moderniserte hæren og bygde det franske statsapparatet kraftig ut. Han grunnfesta borgarskapets diktatur i Frankrike. *s. 42, 76*

ORDJONIKIDZE, Grigori Konstantinovitsj (1886—1937): Medlem av RSDAP sidan 1903. Ein framstående leiar i kommunistpartiet og sovjetregjeringa. Frå 1921 var han med i sentralkomiteen i partiet. Medlem av politbyrået frå 1930. *s. 183*

OLDENBORGER, Vladimir Vasilijevitsj (1863—1921): Russisk ingeniør for vatnforsyninga. *s. 139*

PILSUDSKI, Josef (1867—1935): Reaksjonær statsmann i det borgarlege godseigarstyrte Polen, fascistisk diktator. I 1920 organiserte han krigen mellom Polen og sovjetstaten. *s. 125*

POINCARÉ, Raymond (1860—1934): Fransk borgarleg politiskar og statsmann. Krigshissar. Fleire gonger minister og kansellipresident. Fransk president frå 1913 til 1920. *s. 176*

RAKOSI, Matyas (1891—1971): Ungarsk kommunist, folkekommissær i regjeringa til Bela Kun etter revolusjonen i Ungarn i 1919. Medlem av eksekutivkomiteen i Komintern 1920—24, sat fengsla i 30-åra for den revolusjonære verksemda si, sett fri i 1940 og sendt til Sovjetunionen. I 1945 vart han generalsekretær for det kommunistiske partiet i Ungarn og leidde oppbygginga av sosialismen i landet til han vart styrta av kontrarevolusjonen i 1956 og deportert til Sovjetunionen. *s. 163*

ROSJKOV, Nikolai Aleksandrovijsj (1868—1927): Historikar og skribent, mensjevikisk leiar for februarrevolusjonen og viseminister for post og telegraf i den borgarlege provisoriske regjeringa. Han var fiendsleg mot Oktoberrevolusjonen. Etter 1922 trekte han seg ut av politikken og dreiv med pedagogisk forskningsarbeid. *s. 73*

RYKOV, Aleksei Ivanovitsj (1881—1938): Medlem av RSDAP frå 1899, stod på ei forsoningsline overfor likvidatorane, trotskistane og otsovistane. Etter februarrevolusjonen i 1917 gjekk han imot vegen partiet sette opp for den sosialistiske revolusjonen. Han hadde fleire viktige stillingar etter Oktoberrevolusjonen, men gjekk gong på gong imot den leninistiske politikken til partiet. I november 1917 ville han ha ei koalisjonsregjering med mensjevikane og dei sosialrevolusjonære. I 1928 var han saman med Bukharin leiar for høgreavviket i partiet. I 1937 vart han ekskludert for handlingane sine retta mot partiet. s. 192 f.

SOKOLNIKOV, Grigori Iakovlevitsj (1888—1939): Medlem av RSDAP sidan 1905. Etter Oktoberrevolusjonen hadde han fleire viktige oppgåver i statsadministrasjonen. På den 14. kongressen til SUKP(b) i 1925 slutta han seg til «den nye opposisjonen». Etter det var han med i Trotski-Sinovjev-blokka. I 1936 vart han ekskludert frå partiet for den partifiendslege verksemda si.

SUKHANOV, N (Gimmer, Nikolai Nikolajevitsj) (f. 1882): Økonom og skribent, mensjevik. I 1917 vart han medlem av eksekutivkomiteen i Petrogradsovjet. Han ga aktiv stønad til den borgarlege provisoriske regjeringa. Etter Oktoberrevolusjonen gjekk han inn i den mensjeviske gruppa til Martov. s. 241 ff.

TSJERNOV, Viktor Mikhailovitsj (1876—1952): Ein av leiarane og teoretikarane i det sosialrevolusjonære partiet. Etter februarrevolusjonen i 1917 vart han jordbruksminister i den borgarlege provisoriske regjeringa. Han organiserte harde straffetokt mot bønder som tok godseigarjord. Etter den sosialistiske Oktoberrevolusjonen var han ein av hovudmennene i anti-sovjetiske opprør. I 1920 drog han til utlandet og heldt fram med dei anti-sovjetiske handlingane sine derfrå. s. 70, 73 ff., 95, 110

TSJURUPA, Alexander Dimitrijevitsj (1870—1928): Medlem av RSDAP sidan 1898. I slutten av 1921 vart han oppnemd som viseformann i rådet av folkekommissærar og arbeids- og forsvarsrådet. s. 192 f.

TURATI, Filippo (1857—1932): Reformistisk leiar for den italienske arbeidarrørsla. Ein av grunnleggjarane av Det italienske sosialistpartiet, og leiar for høgrefløya. Stod for ei klassesamarbeidsline mellom proletariatet og borgarskapet. s. 110

URQUHART, John Leslie (1874—1933): Britisk finans- og industriherre. Styremedlem i mange russiske selskap. Ein av organisatorane av den kontrarevolusjonære striden mot sovjetmakta i 1918—20. I 1921—22 dreiv han forhandlingar med sovjetregjeringa og freista få tilbake eigedomane sine som konsesjonar. s. 213

USTRJALOV, N. V.: Advokat. Tok aktivt del i striden mot sovjetregjeringa etter Oktoberrevolusjonen. Minister i regjeringa til Koltsjak. Sjefsideolog for bladet *Smena Vjek* medan han var emigrant i 1921. s. 169

VALK: Mensjevik, ein av aktivistane i det kontrarevolusjonære Kronstadt-opprøret i 1921. s. 73

WILHELM II (Hochenzollern) (1859—1941): Tysk keisar og konge av Prøyssen. s. 192

WRANGEL, Pjotr Nikolaievitsj, baron (1878—1928): General og rabiat monarkist i den tsaristiske hæren. Under den framande militære intervensjonen og borgarkrigen leidde han kontrarevolusjonen i Sør-Russland. Han var leigesvein for dei engelsk-franske og dei amerikanske imperialistane. Frå april til november 1920 var han øvstkommanderande for dei kvitegardistiske hærstyrkane i det sørlege Russland. Etter at dei hadde vorte knuste av den raude hæren, flykta han til utlandet. s. 29, 78, 94, 125

DEN NYE SOVJETSTATEN

Då Oktoberrevolusjonen sigra i 1917, gjekk imperialistane straks til åtak på sovjetstaten. Fyrst i 1921 — etter fleire års utmattande krig — vert dei slegne attende. Dei mektige kapitaliststatane har tapt inntil vidare.

Men Sovjet-Russland er utarma. Kaos og hungersnaud trugar med å gjera det imperialistane ikkje makta: å knekka den unge arbeidarstaten.

I kvass strid mot trotskistane utformar Lenin den nye økonomiske politikken — NEP — for å tryggja kvile og få tid til å byggja opp landet. I artikkelen *Om naturalskatten* syner han at NEP er eit naudsynt tilbaketog for å samla krefter til å skapa ein mektig sosialistisk industri. Sovjetmakta måtte utvikla handel og industri i kvass konkurranse med kapitalismen. Berre slik kunne sosialismen byggjast i Sovjet-Russland.

LENIN: UTVALGTE VERKER

Overgangen til fredeleg arbeid med å gjenoppbyggja nasjonaløkonomien. Dette bandet er det tolvte i Lenin-serien frå Forlaget Oktober. Lenins skrifter er ein del av sjølvge grunnlaget for den revolusjonære teorien til arbeidarklassen, difor høyrer desse 12 banda heime i bokhylla hos alle klassemedvitne arbeidarar og andre revolusjonære.



ISBN 82-7094-991-4

Kr. 38,-